1. Omorganisering av arbeidsoppgåvene, slik at dei tilsette følger ei sak i si heilheit uavhengig om det er statlege eller kommunale tenester
2. Kompetanseheving på økonomisk rettleiing, med særleg fokus på overgangane frå arbeidsinntekt til dagpengar og frå sjukepengar til arbeidsavklaringspengar (som representerer eit stort inntektstap)
3. Kompetanseheving på arbeidsretting, slik at vi får ei raskare avklaring og får fleire ut i inntektsbringande arbeid
4. Flytte fokus frå skadereuserande tiltak til forebygging

### **Kulturavdelinga**

Faste planlagde overføringar er gjort, men ikkje alt av tilskot, refusjonskrav og leige krav er ført på dei ulike tenesteområda då ein ligg noko etter i utsendingar av krav. Kulturhuset har noko høgt forbruk på lønn grunna ekstra leige av vikarar / hjelp, ekstrahjelp, reinhald (helg) og overtid, høge kostnadar (forbruk) på straum og få eigne arrangement med positivt utfall, som gjer at kulturhuset ligg noko etter i nettobudsjetten. For å kunne spare inn på drifta for resten av året for kulturhuset, må ekstra lønnsutgifter (overtid, innleige ekstra, m.v.) unngåast, kjøpestopp for alle ikkje 100% nødvendige driftspostar og håpe på auke i utleigeinntektene, også eigne arrangement. Kulturhuset har elles noko høgt forbruk på lønn pga etterslep av feil avlønning frå 3 tidlegare år,

sluttavtale person, overtid, ekstra mannskap i høve slutta personale og innleige av sjukevikar, samt overforbruk på nokre driftspostar og mindreinntekt i høve til utleige / arrangement som totalt sett gjer at kulturhuset ligg noko etter i nettobudsjettet. Stopp i drifta for Fritidsbadet gjev lågare straumforbruk gjennom kulturhuset, men også lågare refusjonskrav til Fritidsbadet. Biblioteket ligg pr. dato i rute. Skal det sparast inn på drifta av biblioteket, må ein ta vikarmidlane, mediebudsjettet (innkjøp bøker, DVD og anna for utlån) noko som i praksis vil seie innkjøpsstopp for haustsemesteret, og inventarbudsjettet, der ein har halde att for å utstyre den planlagde utvidinga av barneavd. i høve oppussing av biblioteket. Ungdomsseksjonen ligg godt innanfor i høve budsjettet. Dei kan spare inn ved å redusere aktiviteten og ulike innkjøp til drifta. Frivilligsentralen ligg på overforbruk på ein del postar. For å redusere overforbruket og kanskje spare inn på drifta, har ein sagt opp vakt og alarmteneste, TV-lisens og Sunnmørsposten, og vil prøve å knipe på ein del driftspostar. Er noko usikker i høve straum då ein ikkje kjenne behovet for forbruk i nye lokaler. Kulturkontoret kan spare inn i drifta for hausten ved å redusere aktiviteten, redusere forbruket på ulike driftspostar og kursdeltaking utover det heilt nødvendige. Kulturkontoret ligg elles godt innanfor budsjetterte rammer. Totalt kan det gå mot eit meirforbruk på omlag kr 300.000,-.

### **Utviklingsavdelinga**

Hovudårsak til det positive avviket mellom rekneskap og budsjett er mindreforbruk på kjøp av varer og tenester (utgift) og meir inntekter på byggesak og oppmåling. Totalsituasjonen er bra. Utviklingsavdelinga vil nå målet på 3% under gjeldande budsjett - dvs eit mindreforbruk på omlag kr 170.000,-.

### **Anleggs- og driftsavdelinga**

Pr. 31.08.2013 syner rekneskapen, justert for etterslep på interne føringar m.m., at det er små avvik i forhold til periodisert budsjett. Samla sett kan ein ikkje sjå at det ligg an til store avvik i forhold til budsjett på årsbasis.

### **Eigedomsavdelinga**

Reinhaldsavdelinga ser ut til å kunne haldesi ramme. Når det gjeld vedlikehald er situasjonen litt annaleis. For at denne delen av avdelinga skal kunne halde si ramme er ein avhengig av å forskyve det planlagde vedlikehaldet ut i tid då det syner seg at hastesakene aukar og det reiser med ein stadig større del av vedlikehaldspotten.

### **Samhandlingsreforma**

Vi betaler framleis inn månadlege forskott til Helse Midt Norge. Trass i at det no har gått 2/3 av 2013 har vi enno ikkje fått avrekning for 1 tertial

2013 og vi har heller ikkje motteke ei endeleg avrekning for rekneskapsåret 2012. Difor er det umogeleg å seie om avsette budsjettmidlar i 2013 er nok til å dekke kommunen sine overføringar til Helse Midt Norge. Uansett har vi ikkje midlar å nytte til samhandlingsreforma ut over overføringane.

### **Skatt, ramme, finans, tilskot**

Det er fleire faktorar som er eigna til bekymring på dette området og det er dei same faktorane som ein har rapportert om i lengre tid..

Skatt/ramme: Vi budsjetterte med 253,2 i skatteinntekter i 2013. Dei reelle skatteinntektene vil kanskje bli på omlag 240,0 mill kr. Med ein inntektssvikt her på 13,2 mill kr (per 31.08.2013 er den på 12,0 mill kr) vil ein få meir i rammetilskott enn budsjettert. Med ei skatteinntekt på 240,0 mill kr vil kommunen få ein samla inntektssvikt her på 5,0 mill kr.

Utbytte Tussa: Dette vil bli nær 5,6 mill kr mindre enn budsjettert

Momskompensasjon investeringar: Her har vi budsjettert med ei driftsinntekt på 2,75 mill kr. Per 31.08.2013 er inntekta her omlag 0,80 mill kr. Slik det ser ut med omsyn til investeringsprosjekt som er oppstarta vil ikkje inntektene her auke vesentleg fram mot årsskiftet og i alle fall ikkje nå opp til det ein har budsjettert med. Kanskje blir inntektssvikten her 1,5 mill kr ?

Pensjon: Vi har budsjettert med eit pensjonsavvik minus amortisering av pensjonsavvik på netto 7,5 mill kr ("inntekt"). Om dette slår til veit vi lite om før vi passerer nyttårsskiftet.

Rasjonalisering/tenestekutt/effektivisering. Her budsjetterte vi med midre kostnadar på 1,0 mill kr. Det har hittil i år ikkje blitt utført budsjettendringar som syner om denne prosessen er oppstarta og om ikkje har vi ein sprekk på 1,0 mill kr her.

Totalt usikre postar utgjer då truleg minst 13,0 mill kr.

På den positive sida ser vi at vi kan få litt lavare renteutgifter enn budsjettert og om ein ikkje får ein børsnedgong i siste tertial vil vi også få meirinntekter her. Totalt kan desse to postane utgjere omlag 2,0 mill kr. Det vil seie mindreinntekter/meirutgifter på totalt 11,0 mill kr.



Økonomiavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/49
		Arkiv:	256

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
175/13	Formannskapet	15.10.2013
	Kommunestyret	24.10.2013

### SØKNAD OM AUKE AV KOMMUNAL GARANTI

#### Tilråding frå rådmannen:

1. Herøy kommune vil yte ein kommunale lånegaranti (simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon) på inntil 31,0 mill kr til Stemmedalen Vasslag SA (auke på 11,0 mill kr i høve til K-sak 2013/30).
2. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

#### Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Fylkeshuset 6404 MOLDE  
Vest Kontrollutvalssekretariat 6149 ÅRAM  
Søre Sunnmøre Kommunerevisjon  
Økonomiavdelinga, her

## **Vedlegg:**

- [Diverse vedlegg frå Stemmedalen Vasslag](#)

## **Saksopplysningar:**

I K-sak 2013/30 vedtok Herøy kommune å kunne yte ein sjølvskuldnarkausjon/simpel kausjon på inntil 20,0 mill kr til Stemmedalen Vasslag SA. Lånet skulle nyttast til ulike utbyggingar og utbetringar knytt til vasslaget sitt leidningsnett og til nytt reinseanlegg samt betaling av ei fordring til Herøy kommune.

No har det kome til nye anlegg som Stemmedalen Vasslag SA må vere med å koste. Dette gjeld bl.a. nytt leidningsanlegg i den planlegde gangvegen frå Kalveneset til Torsethøgda, samt å innfri eksisterande lån i lokal bank. Totalt utgjør dette eit lånebehov på NOK 31,0 mill kr.

Som ein ser av søknaden planlegg Stemmedalen Vasslag SA eit vannbehandlingsanlegg i Aspevika til om lag 10,2 mill kr, leidningsanlegg i Tjørvågane til om lag 5,0 mill kr (auka omfang i høve til tidlegare søknad), utsleppsleidning til 1,2 mill kr (redsert i høve til tidlegare søknad) og eit høgdebasseng på Leikong til 3,2 mill kr, leidning til Tosethøgda på om lag 2,8 mill kr, leidning Prestegardsmyra til 0,6 mill kr, eit SD-anlegg til 0,3 mill kr samt sanering av gjeld til Herøy kommune (1,76 mill kr og innløyising av lån i Nordea (3,3 mill kr). Til desse summene kjem det frådrag for statstilskott samt tillegg av reservepost og finanskostnader.

Stemmedalen Vasslag SA har frå 2. halvår 2013 sett opp det årlege gebyret til kr 6.250,- per år (inkl mva). Det er det laget treng i gebyrinntekter for å forsvare auka rente- og avdragskostnader i tida som kjem forutsett at ikkje rentenivået aukar i tida som kjem.

Renta på dagens lån i Nordea er om lag dobbelt så høg som det Stemmedalen Vasslag kan oppnå i t.d. Kommunalbanken noko som gjera at rentekostnadane berre her vil bli resusert med vel kr 100.000,- per år.

## **Kommunal lånegaranti**

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

"Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varigheit. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Stemmedalen Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar og bedrifter i området Sandvika-Leikong. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som Vasslaget tek opp bør ha ei nedbetalingstid på maksimalt 40 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primæroppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten v/Fylkesmannen i Møre og Romsdal godkjenne vedtaket før det blir effektuert.

### **Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti**

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 31,0 mill kr. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primæroppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Rådmannen meiner ved å ruste opp Stemmedalen Vasslag SA sitt renseanlegg og leidningsnett som omsøkt vil kommunen sine innbyggjarar og verksemder få eit betre tilbod enn dei har i dag.

I garantisummen på 31,0 mill kr ligg det inne ein føresetnad om at Stemmedalen Vasslag SA betaler ei uteståande fordring til Herøy kommune på 1,76 mill kr.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 31,0 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 98,0 mill kr.

### **Vurdering og konklusjon:**

#### Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa. Med dei skisserte tiltaka får abonnentane reinsa vatn frå godkjent reinseanlegg og mykje av dei eldste vassrøra (eterneitt) vert skifta ut.



Konsekvensar for beredskap:

Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrere vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett ha på drifta då gebyra aukar monaleg dei neste 3-4 åra og Herøy kommune har mange abonnement i Stemmedal Vasslag SA.

Fosnavåg, 30.09.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Geir Egil Olsen  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

**VS: 532052 Stemmedalen Vasslag. Kommunal garanti**

Jarl Martin Møller

**Sendt:** 11. september 2013 13:29**Til:** Geir Egil Olsen**Vedlegg:** Vedlegg 1.pdf (7 kB) ; Vedlegg 2.pdf (14 kB)

---

Bakgrunnsmateriale for sak om auka garanti til Stemmedalen.

Helsing

**JARL MARTIN MØLLER**  
Utviklingsleiar

70 08 13 69 / 97 50 67 61

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)**Fra:** Lars Saga [mailto:Lars.Saga@asplanviak.no]**Sendt:** 11. september 2013 13:19**Til:** Jarl Martin Møller**Kopi:** Arild Moldskred; Kato Koteng**Emne:** 532052 Stemmedalen Vasslag. Kommunal garanti

Hei:

I sak 2013/49 ble det gitt en garanti på 20 mill kr (basis i et lån på 18 mill) til vannverksutbyggingen 2013-14. Det ønskes nå at denne utvides til 31 mill kr, jfr vedlegg 1. Årsaken er i hovedsak følgende:

- Ønske om å sanere gammelt privatbanklån og gjeld til kommunen
- Tiltak som ikke var forutsett på søknadstidspunktet

Renten på lån har stor betydning for abonnentenes gebyr. Men en overslagsmodell basert på 100% inndekking av vasslagets utgifter har vi utført gebyrberegninger for 3 situasjoner (Beregning 1 er vedlagt):

2.5 % rente. Tilsvarende Kommunalbanker per i dag

3.9 % rente. Oppgitt ved henvendelse til privat bank tidligere i år basert på kommunal garanti

6.0 % rente. Lån uten sikkerhet/garanti lik det vasslaget har i dag

	2.50 %	3.90 %	6.10 %
Gebyr for 1/1 andel i år 2015 inkl mva	6350	6980	7980

Gebyret i vasslaget i dag er kr 6250 inkl mva (innført fra 2. halvår 2013). Som tabellen viser har dermed allerede vasslaget praktisk talt økt gebyrene til det nivå som må til etter prognosene.

Til sammenligning har en bolig tilknyttet Herøy Vasslag på 200 m<sup>2</sup> et gebyr på kr 3280 for 2013.


Ta kontakt om det er behov for flere opplysninger.

Med vennlig hilsen

**Lars Saga**  
Vann og Miljø



Mob/dir: 93 05 77 73, Sentralbord: 417 99 417  
[lars.saga@asplanviak.no](mailto:lars.saga@asplanviak.no) - [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)  
Asplan Viak AS, Enenvegen 2a, 6416 Molde

 Tenk miljø før du skriver ut

KOSTNADER UTBYGGING 2013-14

Oppdragsgiver: Stemmedalen Vasslag SA  
Oppdragsnr: 532052

Nr	Element	Kostnad	Opprinnelig	Endring	Merknad
1	Ledningsanlegg Tjørågene	5 000 000	3 180 000	1 820 000	Noe økt omfang
2	Utslippsledning	1 200 000	2 960 000	-1 760 000	(kun i sjø. Land inkl over)
3	Ledning Torsethøgda	2 800 000	0	2 800 000	Ikke tatt med tidligere
4	Vannbehandlingsanlegg	10 180 000	10 180 000	0	
5	SD-anlegg	300 000	300 000	0	
6	HB Leikanger	3 200 000	3 200 000	0	Inkluderes i vannbehandlingsanlegget
7	Sanering av gammelt lån Nordea	3 300 000	0	3 300 000	Ikke tatt med tidligere
8	Sanering av gjeld til kommunen	1 760 000	0	1 760 000	Ikke tatt med tidligere
9	Ledning Prestegardsmyra	600 000	0	600 000	Ikke tatt med tidligere
<b>Sum</b>		<b>28 340 000</b>	<b>19 820 000</b>	<b>8 520 000</b>	
	Reserve	5 %	1 417 000		
<b>Sum inkl reserve</b>		<b>29 757 000</b>			
	Statstilskudd		-1 982 000		
	<b>Lånebehov</b>		<b>27 775 000</b>		
	Sikkerhet for renter og omkost	10 %	2 777 500		
<b>Sum garanti</b>			<b>30 552 500</b>		

Anlegg		Nr	Ferdig år	Anlegg/sted	Kostnad kr	Tilskudd kr	Kostnad netto kr	Type anlegg	Avskriv år	kr/år	2 014	2 015	2 016	2 017	2 018
1	2000 Bygg ( kap 1100+1260)				0 Div				10	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
2	2000 Diverse				0 Div				10	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
3	2008 Bil			57 919					5	11 584	11 584	11 584	11 584	11 584	11 584
4	2008 Hovedledning Tjørnvåg			3 239 361					40	80 984	80 984	80 984	80 984	80 984	80 984
5	2010 Hovedledning Stemmedalen			901 772					40	22 544	22 544	22 544	22 544	22 544	22 544
6	2011 Boligfelt Dragsundet/industri			800 000					40	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
7	2012 Ledningsarbeider Tjørnvåg			371 658					40	9 291	9 291	9 291	9 291	9 291	9 291
8	2013 Ledning Tjørnvåg Del 1			1 591 000	159 100				40	35 798	35 798	35 798	35 798	35 798	35 798
9	2013 Ledning Tjørnvåg, Kommune			1 760 000					40	44 000	44 000	44 000	44 000	44 000	44 000
10	2013 Ledning Prestegardmyra			600 000					40	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
11	2014 Ledning Tjørnvåg Del 2			1 591 000	159 100				40	35 798	35 798	35 798	35 798	35 798	35 798
12	2014 VBA Aspevika			10 180 000	1 018 000				20	458 100	458 100	458 100	458 100	458 100	458 100
13	2014 Utslippsledning			2 960 000	296 000				40	66 600	66 600	66 600	66 600	66 600	66 600
14	2014 SD-anlegg			300 000	30 000				5	54 000	54 000	54 000	54 000	54 000	54 000
15	2014 HB integreres i VBA			3 200 000	320 000				40	72 000	72 000	72 000	72 000	72 000	72 000
16	2014 Ledning Torsethøgda			2 840 000					40	71 000	71 000	71 000	71 000	71 000	71 000
17	2015 Utskifting rest AC			800 000					40	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
18	2016 Utskifting rest AC			800 000					40	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
19	2017 Utskifting rest AC			800 000					40	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Sum				32 782 710	1 982 200	30 810 510					289 201	1 046 689	1 055 115	1 075 115	1 095 115

Avskrivninger		Gjeld per 2013	
		3 300 000	3 300 000
		3 791 900	23 839 800

Samlet gjeld (gjelden er ikke redusert for avdrag i perioden)		Rente		Rentekostnad	
		7 091 900	26 339 800	27 139 800	28 739 800
		2.50 %	2.50 %	2.50 %	2.50 %
		177 298	658 495	678 495	698 495

Tariff	Avgift	Antall	Omregnet	2014	2015	2016	2016	2017
5	0.5	46	23					
10	1	355	355					
11	2	11	22					
12	3	8	24					
14	4	4	16					
15	5	3	15					
16	6	2	12					
114	14	1	14					
116	16	1	16					
120	20	1	20					
Andeler fra Leikanger			206					
<b>Antall</b>		<b>432</b>	<b>723</b>	<b>725</b>	<b>727</b>	<b>729</b>	<b>731</b>	<b>733</b>

Tilknytingsgebyr  
Nye andeler per år

10 000 kr  
2 stk

20 000    20 000    20 000    20 000    20 000

Gebyr i 2014

5000 kr    omtrent

**Stemmedalen Vasslag BA**  
**Prognose - utvikling av gebyr**

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Utgifter</b>					
Avskrivninger	289 201	1 046 699	1 055 115	1 075 115	1 095 115
Renter	177 298	658 495	678 495	698 495	718 495
Driftskostnader	1 144 000	2 007 000	2 007 000	2 007 000	2 007 000
Fra fond/underskudd					
<b>Sum</b>	<b>1 610 499</b>	<b>3 712 194</b>	<b>3 740 610</b>	<b>3 780 610</b>	<b>3 820 610</b>
<b>Inntekter</b>					
Tilknytinger	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Salg av vann					
Andre					
Dekkes av årsgebyr	1 590 499	3 692 194	3 720 610	3 760 610	3 800 610
<b>Sum inntekter</b>	<b>1 610 499</b>	<b>3 712 194</b>	<b>3 740 610</b>	<b>3 780 610</b>	<b>3 820 610</b>
<b>Abbonenter (1/1)</b>	725	727	729	731	733
<b>Dekningsgrad</b>	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %
<b>Pris per (1/1) abonnent</b>	2194	5079	5104	5144	5185
<b>Pris per (1/2) abonnent</b>	1097	2539	2552	2572	2593
<b>Økning i %</b>		132 %	0 %	1 %	1 %

**Pris per abonnent i 2015 ekskl mva:** **kr 5079** inkl **6348**

Type	2014	2015	2016	2017	2018
<b>Eks drift</b>					
5000 Lønn	250 000	600 000	600 000	600 000	600 000
5010 Feriepenger	25 000	60 000	60 000	60 000	60 000
5050 Styrehonorar	100 000	60 000	60 000	60 000	60 000
5400 Arbeidsgiveravgift	30 000	70 000	70 000	70 000	70 000
5410 Arbeidsgiveravgift feriepenger	2 000	10 000	10 000	10 000	10 000
5920 Yrkeskadeforsikring	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
5990 Annen personellkostnad	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
6200 Marmor/CO2	0	0			
6300 Leie lokaler	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
6340 Lys og varme	100 000	100 000	100 000	100 000	100 000
6360 Renhold	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
6365 Slamtømming	25 000	25 000	25 000	25 000	25 000
6510 Verktøy	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
6540 Inventar	2 000	2 000	2 000	2 000	2 000
6570 Arbeidsklær	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
6600 Vedlikehold bygg	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
66XX Vedlikehold ledningsnett	150 000	150 000	150 000	150 000	150 000
6700 Revisjon	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
6705 Regnskap	120 000	120 000	120 000	120 000	120 000
6750 Vannanalyser	80 000	100 000	100 000	100 000	100 000
6790 Annen tjeneste	50 000	50 000	50 000	50 000	50 000
6900 Telefon	15 000	15 000	15 000	15 000	15 000
70XX Bil	40 000	40 000	40 000	40 000	40 000
71XX Reise/diett	10 000	10 000	10 000	10 000	10 000
7320 Reklame	5 000	5 000	5 000	5 000	5 000
7500 Forsikring	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
7790 Andre	20 000	20 000	20 000	20 000	20 000
Drift nytt VBA (betjening tatt med under lønn)		350 000	350 000	350 000	350 000
Ledningskart og planer. Div	0	100 000	100 000	100 000	100 000
<b>SUM</b>	<b>1 144 000</b>	<b>2 007 000</b>	<b>2 007 000</b>	<b>2 007 000</b>	<b>2 007 000</b>





HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/7
		Arkiv:	143

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
176/13	Formannskapet	15.10.2013
	Kommunestyret	24.10.2013

### KOMMUNEPLANEN FOR HERØY 2013-2025 - SAMFUNNSDELEN - SLUTTHANDSAMING AV PLAN

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, *Kommuneplan for Herøy 2013-2025, Samfunnsdel*, datert 03.10.2013.

#### Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Statens vegvesen, region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE

Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal, postboks 185 sentrum, 5804 BERGEN

Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 6080 Gurskøy

Kystverket, postboks 1502, 6025 ÅLESUND

Noregs- vassdrags og energidirektorat, region vest, Naustdalsvn. 1B, postboks 53  
6801 FØRDE

Forsvarsbygg, postboks 405, sentrum, 0103 OSLO

## Vedlegg

- 1 Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdel
- 2 Innspel ved offentlig ettersyn

## Saksopplysningar

### Utdrag frå kommuneplanen sin samfunnsdel:

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt øvste leiande dokument og skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen sin samfunnsdel tek føre seg langsiktige målsettingar, politikarane sine utvalde satsingsområder for utvikling av lokalsamfunnet og gjennomgåande perspektiv dei ynskjer kommunen skal arbeide etter for å nå måla. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika ut seks gjennomgåande perspektiv og fem satsingsområde som kommunen ynskjer skal prioriterast i planperioden.

#### Seks gjennomgåande perspektiv:

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

#### Fem satsingsområde:

- Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling
- Infrastruktur
- Kompetanse og næringsutvikling
- Rekruttering, busetting og inkludering
- Barn, unge og identitetsbygging

### Herøy sin visjon:

«Herøy – ei båtlengd føre». På det første møtet i «forsight-prosjektet» var Herøy sin visjon tema og ein vurderte grunnlaget for visjonen og om ein vedkjem seg visjonen slik det er vedteken. Ein fekk der stadfesta frå dei frammøtte at det er ein offensiv visjon og at den knyt saman Herøy si historie og framtid som skaper både identitet og styrkar felleskjensla.

### Herøy sin misjon:

«Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i» er *misjonen* til kommunen eller hovudmålsettinga. Målsettinga utfyller visjonen og talar til innbyggjarane i kommunen og seier noko om korleis vi ynskjer å bli oppfatta blant våre eigne innbyggjarar, men også korleis vi ynskjer å bli oppfatta av dei som ikkje bur her.

### Målsettingar for lokalsamfunnet og Herøy kommune

Målsettingane er slik kommunen ynskjer at innbyggjarane skal oppleve kommunen som lokalsamfunn og der kommunen som organisasjon spelar ei viktig rolle.

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.

- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

### **Nasjonale forventningar til kommunal planlegging**

Med innføring av plan- og bygningslov av 2008 kom kravet om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med *nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga*.

Med utgangspunkt i at dei nasjonale forventningane skal bidra til ei planlegging som fremjar berekraftig utvikling, fokuserer dei nasjonale forventningane på fylgjande tema:

- Klima og energi.
- By- og tettstadsutvikling.
- Samferdsel og infrastruktur.
- Verdiskaping og næringsutvikling.
- Natur, kulturmiljø og landskap.
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

### **Generell kommentar til innkomne fråsegn i høyringsperioda:**

Kommunen ynskjer å rette fokus inn mot satsingsområde og vidare utvikling i komande planperiode. Kommunen vil derfor ikkje gjengi funn eller SOFT-analyser i andre rapportar i samfunnsdelen då ein har full tilgang til desse dokumenta frå kommunen si heimeside eller ved å rette førespurnad til kommunen. Ein påpeikar likevel i samfunnsdelen at desse dokumenta ligg til grunn for mål, strategiar og tiltak i samfunnsdelen.

Ein meiner også at somme av merknadane er forhold som må avklarast i eigne planar (td. kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar osv.) og ikkje gjennom samfunnsdelen då den har fokus mot dei store linjene og satsingane og ikkje på detaljane i kommuneplanlegginga.

### **Fråsegn frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, 9.9.2013, utdrag:**

Fylkesmannen ynskjer at det er med ei vurdering av sterke og svake sider ved dagens situasjon og truslar og moglegheiter i framtida samt ei evaluering av om resultatmåla i gjeldande plan er nådd. Rammevilkår og utviklingstrekk i kommunesamfunnet som dannar rammene for den kommunale planlegginga kan vere positivt å ta med som utfylland informasjon.

Ein ynskjer også ei drøfting kring korleis landbruket sine produksjonsareal vert ivareteke når nye byggjeområde skal planleggast og fylkesmannen forventar at samfunnsdelen omhandlar korleis kommunen vil leggje til rette for kva posisjon landbruksnæringa skal ha i Herøy kommune.

Samfunnsdelen bør også seie noko korleis kommunen vil oppnå målet om å vere ei trygg kommune med god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.

### **Kommentar til fråsegna:**

Kommunen legg til grunn dokumentet «Herøy 2025»(foresightanalysen) som grunnlag for arbeidet der ein ser nettopp på truslar og moglegheiter for Herøy. Kommunen ynskjer ikkje å gjengi den i samfunnsdelen, men ynskjer å fokusere på satsingsområda for kommuneplanen. Det er også gjort ei evaluering av gjeldande kommuneplan som har blitt presentert for formannskapet og kommunestyret.

Konklusjonen var i korte trekk at over 50% av tiltaka vart gjennomført og planen har såleis vore eit godt styringsverktøy for samfunnsutviklinga. I samfunnsdelen er det lagt til eit nytt avsnitt der ein vurderer dokumentet «nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging» opp mot samfunnsdelen.

Samfunnsdelen har inkludert landbruket sin verdi for kommunen dei gjennomgåande perspektiva «verdiskaping» og «miljø og klima».

Samfunnsdelen har også teke med meir informasjon om korleis kommunen vil vere ei trygg kommune for innbyggjarane.

### **Fråsegn frå Møre og Romsdal fylkeskommune, 30.8.2013, utdrag:**

Fylkeskommunen ser utfordringane ved å kople samfunnsdelen mot arealdelen og vil at kommunen skal gå lenger i å seie korleis mål skal nåast og til å drøfte alternative vegar som kan føre fram til målsettingane.

Fylkeskommunen saknar også eit større fokus på arealutfordringane i kommunen samt ei vurdering av kva bustadreserve kommunen har i godkjende planar.

Arbeidsinnvandrarar med lita/ingen lokal tilknytning bør drøftast i samfunnsdelen og ein bør vurdere å leggje til rette for denne gruppa.

Fylkeskommunen meiner kommunen bør drøfte inngåande problemstillinga til «strandsona» og forholdet mellom naust, fritidsbustadar og ålmenne interesser i strandsona.

Samfunnsdelen og strategiane innanfor satsingsområde «heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling» må ikkje vere i strid med Fylkesdelplan for senterstruktur og andre nasjonale og regionale føringar.

Fylkeskommunen ynskjer at kommunen vurderer ulike alternativ for å leggje til rette for å betre kollektivtransporten i kommunen.

Fylkeskommunen presiserer at akvakulturnæringa er ei viktig kystnæring på linje med fiskeri og maritim industri.

Vilkår for barn og unge i planlegging skal vurderast i alle saker og særskilt når det gjeld fysisk og sosial infrastruktur. Samfunnsplanen bør drøfte kva sosial infrastruktur betyr for lokalsamfunnet og avklare kven som er ansvarleg for drift og vedlikehald av kvartals- og områdeleikeplassar. Samfunnsdelen bør også drøfte *korleis* medverknad frå barn og unge bør sikrast.

### **Kommentar til fråsegna:**

Kommunen har i samfunnsdelen gjort forsøk på å halde planen kortfatta, men samtidig ta opp i seg relevante problemstillingar i dei aktuelle satsingsområda og gjennomgåande perspektiva. Samfunnsdelen skisserer derfor forslag til tiltak for å nå målsettingane, men er ikkje uttømande i forhold til dei ulike alternative løysingane.

Kommuneplanen sin samfunnsdelen tek ikkje opp i seg dei konkrete utfordringane knytt til arealbruken i kommunen. Mykje av dette må avklarast i kommuneplanen sin arealdel. Kommunen har registrert utfordringane knytt til det å ha ein utdatert arealdel og ynskjer no å rette fokus framover.

Samfunnsdelen tek føre seg utfordringane som arbeidsinnvandrarar står ovanfor i satsingsområde «rekruttering, busetting og inkludering». Kommunen vil også vurdere om ein kan nytte «utpeikingsretten» som ligg i plan- og bygningslova § 17-3 til å krevje at det skal byggjast eit visst antal billegare bustadar berekna på

«førstegangskjøparar» eller grupper med lågare eigenkapital som inngang til bustadmarknaden.

Samfunnsdelen vil ikkje gå inn i detaljane knytt til arealbruken i strandsona ut over at dei strategiane og tiltaka som kommunen er nedfelt i samfunnsdelen.

Samfunnsdelen tek opp i seg utfordringar knytt til eldre sjøbuder i kommunen under satsingsområde «heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling». Andre forhold må avklarast gjennom kommuneplanen sin arealdel.

Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser ein ei stor utfordring når daglegvarebutikkane vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område. Kommunen meiner ein må sjå på kva fysiske omgjevnadar som dannar sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva. Kommunen støttar prinsippet om at detaljhandel som skaper sentrumsaktivitet skal leggjast til sentrum, men den samla arealbruken i sentrum og tilgjengeleg areal må leggje føringar for utviklinga vidare.

I samfunnsdelen har kommunen lagt føringar for at bustadar, skular og trafikkgenererande næring vert etablert i tilknytning til eksisterande kollektivtrasear i kommunen. Kommunen legg såleis dei store linjene for samfunnsutviklinga og vidare må ein gjennom arealdelen, kommunedelplanar og detaljplanar vurdere dei ulike alternativa for å betre kollektivtransporten.

Innanfor satsingsområde «kompetanse og næringsutvikling» er akvakultur inkludert som ei viktig kystnæring på lik linje med marin og maritim industri.

Barn og unge er ein sentral del i Herøy sin samfunnsdel og er både eit gjennomgåande perspektiv og eit satsingsområde. Fysisk og sosial infrastruktur for barn og unge vil vidare avklarast gjennom kommuneplanen sin arealdel. Det same gjeld forholdet til drift og vedlikehald av leikeplassar. I samfunnsdelen er det trekt fram rolla til Barnerepresentanten og kommunen sitt ansvar for å trygge barn og unge sin vilkår i planlegging.

#### **Fråsegn frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor, 4.9.2013, utdrag:**

Landbruket si rolle er praktisk talt fråværande og planen legg ikkje vekt på verdien av å halde fram med eit aktivt landbruk i kommunen.

#### **Kommentar til fråsegna:**

I gjennomgåande perspektiv for «Verdiskaping» og «Miljø og klima» er det blitt lagt til avsnitt i tråd med fråsegna frå landbrukskontoret.

#### **Fråsegn frå Fiskeridirektoratet, 11.7.2013, utdrag:**

Fiskeridirektoratet ynskjer at det vert sagt noko meir konkret om moglegheiter, planar og tiltak for næringsaktiviteten som kommunen ynskjer.

Fiskeridirektoratet ynskjer også at aktuelle og viktige tema i Nasjonale forventningar vert vurdert tematisk.

Som eit minimum anbefalar Fiskeridirektoratet at konkrete strategiar og tiltak retta mot næringa vert nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel.

#### **Kommentar til fråsegna:**

Samfunnsdelen til Herøy er tydeleg på at ein ynskjer å leggje til rette for auka verdiskaping og næringsaktivitet i kommunen. Dette gjeld alle næringar, både

landbasert og sjøbasert. Konkrete løysingar for næringslivsutviklinga bør avklarast gjennom «strategisk næringsplan» (kommunedelplan) og samfunnsdelen legg til grunn dei store linjene og ei vidare utvikling av næringane.

Det er lagt til eit nytt avsnitt i samfunnsdelen som tek føre seg forholdet mellom samfunnsdelen og dei «Nasjonale forventningane».

Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel legg kommunen dei store linjene for næringsutvikling og vidare konkretisering av utviklinga innanfor dei ulike næringane må ein vurdere i strategisk næringsplan.

**Fråsegn frå Kystverket, 2.9.2013, Statens vegvesen, 30.8.2013, Noregs, vassdrags- og energidirektorat, 18.7.2013:**

Kystverket, Statens vegvesen og NVE hadde ingen særlege merknadar til forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

## Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Satsingsområde og tiltak		Tiltak som vil ha føringar for arealdelen
<b>Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling</b>		
1	Arkitektkonkurranse og reguleringsplan for <i>Byutviklingsprosjektet</i> skal realiserast i planperioden	
2	Kommunen skal legge til rette for etablering av nytt omsorgssenter	X
3	Det skal leggst til rette for kjøpesenter i sentrum	X
4	Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum	
5	Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er forbeholdt detaljhandel	
6	Det skal leggst til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg	
7	Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknytning til sentrum og sjøen	X
8	Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg	
9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde	
10	Utvikle «lokket» ved allmeningskaia til å bli ein urban leikeplass	
11	Gjere delar av sentrum bilfritt	
12	Det skal leggst til rette for bustadbygging i alle bygdelag	X
13	Etablere eit eldresenter i sentrum	
14	Bygge ungdomsbustadar i sentrum	X
15	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje egne behov	
16	Det skal leggst til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg	X
17	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken	
18	Utvikle kai og strandområdet på Leikong	X
19	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt	X
20	Opparbeide trapp frå Ura til Heid	X
21	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet	X
22	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknytning til dei årlege festivalane	
<b>Infrastruktur</b>		
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg – Ålesund	X
2	Etablere djupvasskai i Fosnavåg	X
3	Skape ei meir framtidretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya	X
4	Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen	X
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling	
6	Arbeide for ei realisering av Hafast	
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet	X
8	Vurdere innføring av hamneavgift	
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum	
10	Mudring og miljøoppyrdding av Fosnavåg hamn	
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune	
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinneset og bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset	X
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg	
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald	
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg	
16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa	X

17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka	
18	Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn	
19	Organisere reinhald i sentrum	
20	Planlegge og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen	
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne	
22	Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar»	
23	Tilrettelegging for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte	X
24	Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for mennesker med nedsett funksjonsevne	
<b>Kompetanse og næringsutvikling</b>		
1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen	
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund	
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner	
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige	
5	Etablere felles næringshage/inkubator for unge gründerar	
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler	
7	Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen	
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring	X
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen	
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen	
11	Behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov	
12	Styrke spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «næringsssjef»	
13	Legge til rette for gode næringsareal	X
14	Bevare og vidareutvikle havbruksnæringa	X
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft	
16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg	
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse	
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden	
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter	
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter	
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor	
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule	
23	Ta i bruk området sør for Fv. 654 i Myrvåg til massedeponi/næringsføremål	
<b>Rekruttering, busetting og inkludering</b>		
1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad	
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandraran har med seg frå heimlandet	
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen	
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandraran	
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg	
6	Langsiktig satsing på ungdommen som framtidig arbeidskraft og kompetanse	
7	Etablere ein vennskapsby i td. Litauen, Latvia, Estland eller Polen	
8	Tilflyttarar skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene	X
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag	X
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast	X



11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring	
12	Talet på arbeidsinnvandrarak som vel å busette seg i kommunen skal aukast	
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheiter for stipend og andre ordningar	
14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring	
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS	
16	Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingselevar frå andre land	
17	Meir aktiv oppfølging av Herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning	
<b>Barn, unge og identitetsbygging</b>		
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell	
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge	
3	Kommunen skal intervernere tidleg der barn og unge har problem	
4	Rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane	
5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule	
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane	
7	Utarbeide tiltak for å imøtekome krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg	
8	Styrke spesialiseringa for vern av barn	
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarar og førskulelærarar	
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barns oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet	
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule	
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablerar ein indentitetskjenle til kommunen	
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattetid	
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen	
15	Styrke yrkesretteiinga i skulen mot lokale bedrifter	
16	Ny skule i området ved Blåhaugen	
17	Rekruttere fleire mannlege rollemodellar i barnehage og skule	
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule	
19	Etablere moderne badeplassar	

### Vurdering:

Planen slik han ligg føre er eit samla resultat av ein lang og brei medverknadsprosess både internt i kommunen og eksternt ut mot innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar mfl..

Samfunnsdelen legg ikkje opp til ei ansvarleggjering av einskilde avdelingar/sektorar for vidareføring av tiltak nemnt i planen. Noko vil liggje til kommunen å realisere og andre tiltak vil liggje til det private initiativ. Ved neste revidering av planen må ein evaluere måloppnåinga for å sjå om det er framdrift på dei ulike tiltaka. Eit verktøy som kan setjast inn ved neste revidering kan vere å ansvarleggjere ulike avdelingar/sektorar for framdrift på dei tiltak i samfunnsdelen som naturleg høyrer heime til den avdelinga.

Kommunestyret bør gje høve til at Samfunnsdelen, etter den er godkjend, kan gjevast ein ny design og utforming så lenge innhaldet ikkje vert endra. Dette gjev høve til å utforme «kortversjon» eller brosjyrar av kommuneplanen sin samfunnsdel som vil vere meir tiltalende enn slik ha ligg føre i godkjenninga.

### Konsekvensar for folkehelse:

Planen legg opp til at folkehelsa skal verte eit gjennomgåande perspektiv for kommunen og fleire av tiltaka i planen vil kunne få positive konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Nokre av tiltaka i planen legg opp til utbygging av teknisk infrastruktur og vil kunne ha konsekvensar for drifta i kommunen ved auka belastning på driftsavdelinga.

**Konklusjon:**

Rådmannen rår til at kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-15, *Kommuneplan for Herøy 2013-2025, Samfunnsdel*, datert 03.10.2013.


Fosnavåg, 03.10.2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

# Kommuneplan for Herøy 2013-2025



## Samfunnsdel

Sist revidert 03.10.2013  
Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn  
27.6.2013, K-sak 79/13  
Offentleg ettersyn: 05.07.2013 – 06.09.2013

Kommuneplanen er vedteken i Kommunestyret  
xx.xx.2013, K-sak xx/13

PlanID 1515 201295



## Forord

Kommuneplanens samfunnsdel er eit overordna styringsverktøy for Herøy kommune, og er utarbeida i samsvar med nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dette dokumentet skal rullerast i kvar kommunestyreperiode, og er dermed eit viktig lokalpolitisk instrument som legg føringar for andre juridisk bindande kommuneplanar.

Det ligg ei brei samfunnsinvolvering bak denne overordna kommuneplanen, og den har i seg "folkesjela" til Herøysamfunnet. Dette gjer det spesielt spennande å omsette planane til daglegdagse handlingar, og som rådmann ser eg fram til dette arbeidet.

Herøysamfunnet blir aldri betre enn det kvar einskild bidreg med i kvardagen. Dersom kvardagane våre er bra, blir livet godt. La oss saman gjere vår ambisjon om å vere ei båtlengd føre til ein realitet.

Fosnavåg 2. oktober 2013

Erlend Krumsvik  
Rådmann



## **Innholdsliste**

Forord .....	2
Kommuneplanarbeidet 2011-2013 .....	4
"Herøy – ei båtlengd føre" .....	4
"Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i" .....	5
Ytre krefter som påverkar Herøy .....	5
Overordna mål for kommunen .....	5
Styringsprinsipp for kommunen .....	6
Målsettingar for lokalsamfunnet og Herøy kommune .....	6
Nasjonale forventningar til kommunal planlegging .....	6
Seks gjennomgåande perspektiv .....	7
Universell utforming .....	7
Folkehelse .....	7
Barn og unge .....	7
Likestilling .....	8
Verdiskaping .....	8
Miljø og klima .....	9
Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling .....	10
Satsingsområde: Infrastruktur .....	11
Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling .....	12
Satsingsområde: Rekruttering, busetting og inkludering .....	14
Satsingsområde: Barn, unge og identitetsbygging .....	15
Vegen vidare, frå samfunnsdel til handling .....	17
Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel .....	18



## Kommuneplanarbeidet 2011-2013

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt øvste leiande dokument og skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

*Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016* gir ei skildring av utfordringane i Herøysamfunnet og avklarar kommunen sitt planbehov i planperioden. Kommuneplanen sin samfunnsdel tek med seg nokre av desse elementa og sett fokus på dei. Kommunen pliktar å ta stilling til om kommuneplanen eller delar av den skal reviderast ein gong kvar kommunestyreperiode som ein del av arbeidet med revidering av den kommunale planstrategien.

Kommuneplanen sin samfunnsdel tek føre seg dei langsiktige målsettingane, politikarane sine utvalde satsingsområder for utvikling av lokalsamfunnet og bruker gjennomgåande perspektiv for å sikre at nokre utvalde tema er gjennomgåande i den kommunale verksemda. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika ut seks gjennomgåande perspektiv og fem satsingsområde som kommunen ynskjer skal prioriterast i planperioden.

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er det gjennomført eit "foresightprosjekt" der kommunen engasjerte Berrefjord & Thomassen som prosessleiar og ansvarleg for utarbeiding av grunnlagsdokument for arbeidet. Det vart gjennomført tre "dialogmøter" der medverknad var sentralt. Det vart sendt ut eigen invitasjon til kommunestyremedlemene, alle råd og utval, grendelag, næringsliv og det vart annonsert på internett og i avisa. Resultatet av "foresightprosjektet" er rapporten *Herøy 2025* som viser potensialet for Herøysamfunnet i 2025 med deltakarane sine forslag til målsettingar og tiltak.

Rapporten *Herøy 2025* var gjenstand for diskusjon i kommunestyret 7.5.2012 der politikarane og næringslivet som møtte vart utfordra på innhaldet i rapporten og fekk oppgåver knytt til å konkretisere innhaldet og prioritere det dei meinte var dei viktigaste satsingsområda. Det same vart gjort i rådmannen si leiargruppe 12.6.2012 der leiarane hadde førebudd seg på innhaldet og tok ein diskusjon knytt opp mot innhaldet i rapporten. Leiarane fekk høve til å kome med skriftlege innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel i etterkant av leiarmøtet. Basert på dokumenta *Herøy 2025*, *innspel frå kommunestyret 7.5* og *innspel frå leiargruppa 12.6* har ein utarbeidd forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Med dette som bakgrunn har ein valt dei fem satsingsområda, (1) *heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling*, (2) *infrastruktur*, (3) *kompetanse og næringsutvikling*, (4) *rekruttering busetting og inkludering* og (5) *barn, unge og identitetsbygging*. Ein har plukka ut seks gjennomgåande perspektiv, (1) *universell utforming*, (2) *folkehelse*, (3) *barn og unge*, (4) *likestilling*, (5) *verdiskaping* og (6) *miljø og klima* som skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

### "Herøy – ei båtlengd føre"

Herøy kommune sin visjon tek utgangspunkt i båten. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Det å vere "ei båtlengd føre", har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande på den internasjonale marknaden. Visjonen er ikkje retta mot næringslivet, men er ein visjon for organisasjonen og kommunen som heilskap og som gjennomsyrrer Herøyyværingen på alle samfunnsområde.

Visjonen til Herøy kommune skal vere offensiv og har forankring i det marine og maritime, den knyt saman historie og framtid, den skal skape identitet, styrke felleskjensla og mane til å skape noko nytt. Visjonen skal vere framtidsretta og Herøy kommune skal liggje i forkant av utviklinga, men ikkje alltid vere i fremste rekke på alle tenesteområde. Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant og kvar andre kan drage utviklinga vidare.



## *"Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i"*

Kommunen sin misjon er å vere attraktiv for turistar, busetting og tilby attraktive arbeidsplassar. Misjonen kan seiast å vere ei oppsummering av arbeidet som vert lagt ned når det gjeld omdømearbeid, organisasjonsutvikling, tenesteutvikling og utvikling av lokalsamfunnet.

Dette kan ikkje kommuneorganisasjonen greie på eiga hand, men treng samarbeid med næringslivet, offentlege myndigheiter, forskning og utdanning og frivillige organisasjonar. Kommunen ynskjer å leggje til rette for tverrfagleg samarbeid både i kommuneorganisasjonen og ut mot næringslivet, FoU og lag og organisasjonar.

### *Ytre krefter som påverkar Herøy*

Herøy og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre står overfor utfordringar knytt til sterke samfunnskrefter som står utanfor lokalsamfunnet sin kontroll. Desse drivkreftene utviklar seg og vil fortsetje å utvikle seg i distriktskommunane sin disfavour.

- Lite tilgang til kompetent arbeidskraft innanfor barnehage, skule, tekniske fag, helse og eldreomsorg.
- Fram mot 2040 vil det verte nesten dobbelt så mange personar over 67 år i Noreg og færre i arbeidsfør alder som skal finansiere velferdstilbodet.
- Sentraliseringsprosessar der storbyregionane trekker til seg ein stor del av unge, høgt utdanna menneske.
- Den særnorske kostnadsutviklinga som pressar konkurranseutsette næringar.
- Kompetanseutfordringar innan statlege institusjonar, der spesialiseringsskrava, teknologiutviklinga og konkurransen om dei toppkvalifiserte trekker til seg spesialisthelsetenester, høgskule- og universitetstenester til dei store institusjonane i dei store befolkningssentera.
- Utfordrande kommunal berekraft ved auka ansvars- og risikooverføring til kommunane, samt fleire rettighetsstyrte tenester.

### *Overordna mål for kommunen*

Herøy kommune er ein tenesteleverandør i lokalsamfunnet som leverer dei tenestene som alle innbyggjarane i kommunen på eit eller anna tidspunkt i livsløpet vil ha behov for. Herøy kommune vil vidareføre dei overordna målsettingane for kommuneorganisasjonen og samfunnet som var utarbeidd i førre kommuneplan: **Trivsel, miljø, samhald og nyskaping.**

Innbyggjarane i Herøy skal trivast og trivselsskapande tiltak er kanskje det viktigaste for kommunen sine innbyggjarar. Kommunen vil arbeide for å realisere tiltak som skaper sosiale møtestadar og aktivitet i sentrum etter at butikkane er stengde. Eit sterkt og aktivt sentrum vil vere med på å skape samfunnsutvikling og vere svært viktig i arbeidet med å auke trivselen til innbyggjarane. Eit sterkt sentrum vil kunne skape sterke bygder og vere kjerna i samfunnsutviklinga.

Herøy er i sterk utvikling og har vore det dei siste åra. Med slik utvikling er det viktig at det skjer på ein måte som tek omsyn til dagens behov, men ikkje øydelegg grunnlaget for framtidige generasjonar. Kommunen må søkje å skape ei økologisk berekraft, i tråd med økosystema sine funksjonar og produksjon, ei økonomisk berekraft som inneber å bruke ressursar på ein slik måte at ein også har ressursar i framtida og ei sosial berekraft som føreset akseptable levekår for alle.

Samhald og samhandling vil vere viktig for Herøy både mellom innbyggjarane, innbyggjarar og kommunen, næringsliv og lag og organisasjonar og i kommuneadministrasjonen. Kommunen skal vere ein smidig og aktiv tenesteleverandør i dette arbeidet og styrkje service- og tenestetilbodet i kommunen. Regionalt samhald og interkommunalt samarbeid vil også verte viktigare for å fremje regionen sitt tilbod.

I konkurranse med andre vil nyskaping vere sentralt for å liggje «ei båtlegg føre». Dette gjeld i det private næringslivet, men også i organisasjonslivet og kommunen sin administrasjon. I den kommunale tenesteproduksjonen vil det å utvikle nye produkt, nye aktivitetar, nye samhandlingsmåtar og auke effektiviteten vere viktig for at kommunen skal vere attraktiv for innbyggjarar og næringslivet.



## *Styringsprinsipp for kommunen*

Styringsprinsippa byggjer på dei overordna måla og Herøy kommune vil nytte fylgjande styringsprinsipp som rammer for korleis ein skal arbeide vidare: **Samhandling, kommunikasjon, medverknad, nytenking.**

Kommunen skal vise evne til samhandling innanfor kommunestyret, på tvers av parti og vallister, i kommunen, i avdelingane og mellom avdelingane, mellom kommunen og innbyggjarane, mellom kommunen og næringslivet, mellom kommunen og nabokommunar, mellom kommunen og andre regionale styresmakter.

Kommunen skal vere tydeleg i sin kommunikasjon mellom avdelingane i kommunen, ut mot innbyggjarane, næringslivet, nabokommunane og mot regionale- og statlege instansar. Kommunen ynskjer å bruke eit tydeleg språk då det er ein føresetnad for samhandling og reell medverknad i utviklingsprosessar.

Kommunen skal gjennom medverknad vere open for dialog med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar, regionale- og statlege instansar med mål om å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutvikling på lang sikt. Kommunen ynskjer å fremme ein medviten frivilligpolitikk der samspelet mellom kommunen og dei frivillige lag og organisasjonar står sentralt. Det gode liv i lokalsamfunnet vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane og tilfører lokalsamfunnet store verdiar.

Kommunen skal vere nytenkande for å fremje innovative løysingar. Kommunen må vere nyskapande og vurdere nye produkt, nye tenester, ny bruk av ressursar, nye organisasjonsformer og ny kompetanse innan sine fagfelt. Nytenking skal ikkje avgrensast til leiarane, men gjennom medverknad skal alle tilsette ha moglegheit til å fremje nye løysingar for å skape ein mest mogleg effektiv organisasjon.

## *Målsettingar for lokalsamfunnet og Herøy kommune*

Målsettingane er slik kommunen ynskjer at innbyggjarane skal oppleve kommunen som lokalsamfunn og der kommunen som organisasjon spelar ei viktig rolle.

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

## *Nasjonale forventningar til kommunal planlegging*

Med innføring av plan- og bygningslov av 2008 kom kravet om at regjeringa kvart fjerde år skal utarbeide eit dokument med *nasjonale forventningar til den regionale og kommunale planlegginga*. Med utgangspunkt i at dei nasjonale forventningane skal bidra til ei planlegging som fremjar berekraftig utvikling, fokuserer dei nasjonale forventningane på fylgjande tema:

- Klima og energi.
- By- og tettstadsutvikling.
- Samferdsel og infrastruktur.
- Verdiskaping og næringsutvikling.
- Natur, kulturmiljø og landskap.
- Helse, livskvalitet og oppvekstmiljø.

Som ein ser av innhaldet i forventningsdokumentet frå regjeringa er dei tema som er nemnt i stor grad samanfallande med det som kommunen har lagt til grunn i sin samfunnsdel. Kommunen tek i dette dokumentet ikkje stilling til alle «forventningane» til regjeringa, men som ein les ut av samfunnsdelen er fleire av elementa som er påpeika i *nasjonale forventningar* også ein del av kommunen sine vurderingar og satsingar, men flytta til eit lokalt nivå. Som døme kan ein nemne regjering si satsing





## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

innan by-og tettstadsutvikling at ein skal «fortette i sentrum og langs kollektivknytepunkt». Kommunen tek denne foyentninga og satsar på at *busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen* (Henta frå handlingsdel, tema: Infrastruktur punkt:4). Mange av dei forventningane frå regjeringa til kommunen er såpass spissa at dei må få si avklaring i eigne kommunedelplanar eller temaplanar. Som døme på dette kan det nemnast at regjeringa innan temaet klima og energi forventar at kommunane tek omsyn til klimautfordringar og norsk energiomleggingspolitikk. Det skal leggest til rette for redusert energibruk og klimagassutslepp, energieffektivisering, utbygging av fornybar energi og tilpassing til klimaendringane. For Herøy kommune er dette tema som må avklarast gjennom Kommunedelplan *Klimaplan for Herøy*. Det vert elles vist til konsekvensutgreiing og ROS-analyse gjort i samband med revidering av kommuneplanen.

### **Seks gjennomgåande perspektiv**

Gjennom planprosessen har ein kome til at det er behov for å setje ned nokre perspektiv for kommunen som skal vere gjennomgåande i satsingsområda til kommunen og all kommunal aktivitet. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og sektorane.

#### *Universell utforming*

Universell utforming handlar om å skape eit meir inkluderande samfunn. Føremålet er å auke mennesket sine moglegheiter for samfunnsdeltaking ved å lage produkt, tenester, kommunikasjonsmidlar og fysiske omgjevningar tilgjengelege og inkluderande for alle. Kravet om å inkludere prinsippet om universell utforming i alt planarbeid er heimla i føremålsparagrafen til plan- og bygningsslova, § 1-1.

Herøy kommune vil bruke prinsippet om universell utforming ved td. utforming av nye bygg, bruk av kommunikasjonsmidlar og opparbeiding av fysiske områder for å auke individet si moglegheit for samfunnsdeltaking og medverknad. Kommunen bør gå føre med eit godt eksempel ved planlegging, prosjektering og gjennomføring av prosjekt og oppmode det private næringslivet til å også gjere dette til «sitt eige» perspektiv i sine prosjekt.

#### *Folkehelse*

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga sin helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidningar, eller som vernar mot ytre helsetrugsar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa (Helse- og omsorgsdepartementet).

Kommunen må ha ei tverrfagleg tilnærming til folkehelseperspektivet og gi folkehelse større merksemd i all kommunal forvaltning. Innbyggjarane må ta meir ansvar for eiga helse og kommunen må bidra med tilrettelegging der det vil ha størst samfunnsnytte.

Herøy kommune vil at folkehelse skal vere eit sentralt perspektiv i alle kommunal verksemd. Arbeidet vil rette seg mot å betre forholda for innbyggjarane som vil resultere i fleire leveår med god helse og redusere sosiale forskjellar i befolkninga.

#### *Barn og unge*

Trygge og gode oppvekstmiljø og moglegheiter for fritidsaktivitet er naudsynt for å sikre barn og unge gode levekår og utviklingsmoglegheiter i barndomen. Undersøkingar viser at det er ein klar samanheng mellom trivsel i kommunen og ynskje om å busette seg i kommunen i framtida.

I dei rikspolitiske retningslinjene for barn og unge er det kravd at kommunen skal sikre at barn og unge får gode oppvekstvilkår ved å vurdere konsekvensar for barn i all planlegging, foreta ei samla vurdering av oppvekstmiljø, innarbeide mål og tiltak i kommuneplanen og sikre at barn og unge får moglegheit til å medverke i planprosessar. Kommunen har også plikt til å utarbeide retningslinjer, føresegner eller vedtekter om omfang og kvalitet av areal og anlegg for barn og unge og skal sikrast der barn og unge vert berørt. Kommunen skal i tillegg rette spesiell merksemd mot krav til fysisk utforming av areal, anlegg og nærmiljø som skal brukast av barn og unge (Miljøverndepartementet).



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

Kravet om at det skal takast omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgjevnadane er heimla i formålsparagrafen til plan- og bygningslova, § 1-1.

Barn og unge sine vilkår er viktig for at kommunen skal vere attraktiv for unge vaksne i etableringsfasen. Tilgang til leikeplassar og sosiale møtestadar er viktig for alle bustadområde og noko som familiar verdset ved vurdering av kvar ein skal etablere seg. Kommunen vil sikre at planar ivaretek barn og unge sine behov ved å leggje til rette for tilgjengeleg areal for leik. Eigarskap av leikeplassane i kommune må vurderast i kvar einskild sak.

Herøy kommune vil arbeide for at barn og unge skal utvikle ein lokal identitet og auke trivselen i kommunen. Kommunen ynskjer å skape framtidig bulyst ved at barn og unge får auka deltaking og innverknad på eige oppvekstmiljø og skal derfor sikrast medverknad i alt planarbeid som vedkjem dei. Barnerepresentanten i Herøy vil ha eit vesentleg ansvar for å sørge for at barn vert høyrte i dei sakene som vedkjem barn og unge.

### *Likestilling*

I kommuneplanen for 2002-2012 var "kvinner" eitt av seks satsingsområde kommunen. I tida frå 2002 til 2012 har det blitt gjort mykje for å fremje likestillingsperspektivet og kvinner si rolle i lokalsamfunnet. *Herøyløftet* har vore eit av dei viktigaste prosjekta for likestilling og har fått tildelt Møre og Romsdal fylkeskommune sin likestillingspris i 2011 for sitt arbeid. *Herøyløftet* sette særleg fokus på at den kjønnsdelte arbeidsmarknaden har bidrege til at færre jenter enn gutar ser på Herøy som ein framtidig bustad. Grunnen til dette er todelt. For det første har moglegheitene innan hovudnæringane sjøfart og fiskeri vore lite synlege for dei utanfor kommunen. For det andre har mangel på kompetansearbeidsplassar vore ei utfordring då det viser seg at fleire kvinner enn menn tek lengre utdanning og mangel på slike arbeidsplassar bidreg til at kvinner ikkje ser Herøy som ein potensiell arbeidsstad. Kvinner sin posisjon i samfunnet står sentralt i likestillingsperspektivet og Herøy kommune ynskjer å rette særskild merksemd mot dette temaet.

Likestilling er eit omgrep som tradisjonelt har blitt koplta til likestilling mellom kvinner og menn, men likestilling er meir samansett enn som so og bør heller brukast som eit samleomgrep for fleire ulike forhold. Ei generell forståing av omgrepet kan vere at «likestilling betyr likeverdige menneskelige utviklingsmoglegheiter for alle». Innanfor denne forståinga av likestilling hamnar derfor all forskjellsbehandling med bakgrunn i kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, alder, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold.

Herøy kommune vil arbeide for at likestilling er eit perspektiv som vert praktisert i all kommunal verksemd og prinsippet vil gjelde i alle saker som gjeld tilsetjing, sikring av medverknad og inkludering av særskilde grupper, utjamning av lønsforskjellar mellom kvinner og menn og kommunen vil arbeide for å skape ein kjønnsbalanse i organisasjonen samla og i dei ulike avdelingane.

### *Verdiskaping*

Næringslivet i Herøy er ein sentral del av næringsklynga innanfor marin og maritim verksemd med fleire sentrale bedrifter. Kommunen har tradisjon for samarbeid med næringslivet om felles prosjekt som lokalsamfunnet nyt godt av. Mange av næringslivsaktørane i Herøy er store internasjonale aktørar som treng langsiktig tilgang til areal og naturressursar som grunnlag for berekraftig vekst og utvikling. Omsynet til næringsutvikling er derfor teke inn i det kommunale planarbeidet som eit eige satsingsområde for å sikre ei langsiktig utvikling i tråd med næringslivet sitt behov.

Landbruksnæringa i Herøy er økonomisk sett liten samanlikna med andre næringar, men har ein svært stor verdi for bevaring av natur – og kulturlandskapet som pregar Herøy og som gjer at innbyggjarane vel å busette seg i kommunen. Kommunen legg til rette for at tilflyttarar kan busette seg både i sentrum og på bygdene. Mykje av kvaliteten som bygdene har kjem av at det framleis er eit aktivt landbruk som gjev dei rette kvalitetane til område. Landbruksnæringa i Herøy står såleis for store sosiale og økologiske verdiar som kommunen ynskjer å halde på.

Herøy er ei kommune med fleire tettstadar som må utviklast saman med Fosnavåg for å tilby innbyggjarane grunnleggande lokale handels- og servicebehov og legge til rette for attraktive bustadområde. Herøy har sterke og engasjerte bygdesamfunn som har klare ambisjonar om si eiga



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

utvikling. Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for at bygdene kan fortsetje utviklinga og vere eit fundament for verdiskapinga i kommunen.

Herøy kommune vil leggje til rette for ei auka verdiskaping i kommunen ved å samarbeide med næringsliv og bygdelag om felles prosjekt og støtte opp under prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet utan at det går på bekostning av lokale eller regionale samfunnsinteresser.

### *Miljø og klima*

Landbruks- natur og friluftsområda (LNF) i Herøy er ein viktig faktor for både sysselsetting, verdiskaping, busetting og rekreasjon som kommunen er ansvarleg for å verne om. I eit langsiktig perspektiv må kjerneområda for landbruk og kulturlandskap sikrast mot nedbygging "bit for bit". Det er av stor verdi at næringsgrunnlaget for eit aktivt landbruk sikrast og vi veit at kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk.

Herøy har store areal som fell innanfor definisjonen "strandsone" og kommunen er i *statlige retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen* plassert i kategori "områder med mindre press på arealene", som er den kategorien som er minst restriktiv i forhold til bygging i strandsona (Miljøverndepartementet). Det er eit generelt forbod mot bygging i 100-metersbeltet, men kommunen kan tillate bygging dersom det ligg føre konkrete vurderingar som tilseier at omdisponering av areal ikkje er i konflikt med nasjonale eller regionale interesser. Kommunen har derfor moglegheit til å inkludere strandsona i sine planar for utvikling av samfunnet og kan tillate bygging i strandsona etter det er gjort konkrete vurderingar ut frå dei lokale forholda.

Kommunen har eit ansvar for å ta omsyn til klimaendringar ved å planlegge for å redusere konsekvensane av framtidige klimaendringar. I planlegginga må derfor kommunen sikre at konsekvensar for miljø og samfunn vert skildra og at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til dette i planarbeidet. Kommunen vil i all kommunale verksemd sørge for at tiltak som kan få konsekvensar for miljø og klima vert utgreidd på ein forsvarleg måte i tråd med aktuelt lovverkt og retningslinjer. Kommunen vil arbeide for at det skal takast omsyn til miljø og klima i all planlegging, prosjektering og gjennomføring av tiltak



## Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling

Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet og skal vere det naturlege sentrum for innbyggjarar i Herøy. Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde og for at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengig av eit sentrum som og utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurd. Ein kan ikkje sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde, men at utvikling er fellesnemnaren og at det er to sider av same sak.

Kommunen ynskjer byutvikling og handelsstanden spelar her ei sentral rolle. Handelsstanden er ikkje berre butikkane og vareutvalet, men dei skapar også aktivitet «mellom bygga» i Fosnavåg. Dei fungerer som velferdstilbod og møtestadar i sentrum og det vil vere viktig å ta omsyn til omgjevnadane til butikklokala når ein tenkjer byutvikling og ikkje bygger dei inne, men legg vekt på at handelsstanden får vise sitt innhald ut mot gata.

For samfunnsutviklinga vil det vere viktig for Herøy at ein kan etablere komplementære senter til Fosnavåg. Ein er avhengig av å kunne utvikle Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset som ein naturleg del av Fosnavåg og Myrvåg bør utviklast som ein satellitt til Fosnavåg som kan dekke basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy ved å leggje til rette for sal av detaljhandel og plasskrevjande varer. Kommunen ynskjer at detaljhandel primært skal etablerast i Fosnavåg, men på grunn av mangel på tilgjengeleg areal og funksjonelle bygg ser ein ei stor utfordring når daglegvarebutikkane vert stadig meir arealkrevjande og Fosnavåg ikkje kan tilby slike område. Nasjonale føresegn for sentrumsutvikling seier at ein ikkje skal etablere detaljhandel over 3000m<sup>2</sup> utanfor sentrum og det same seier den regionale delplan for kjøpesenter. Kommunen meiner ein må sjå på kva fysiske omgjevnadar som dannar sentrum og ta avgjersler lokalt ut frå desse tilhøva. Kommunen støttar prinsippet om at detaljhandel som skaper sentrumsaktivitet skal leggjast til sentrum, men den samla arealbruken i sentrum og tilgjengeleg areal må leggje føringar for utviklinga.

Runde er den mest kjende staden i kommunen i turismesamanheng og kommunen legg til rette for at det kan etablerast turismeretta næringsverksemd i tilknytning til "Fuglefjellet". Kommunikasjonsaksen til Runde er i dag slik at turistane ikkje treng å køyre via kommunesenteret Fosnavåg når dei skal til Runde. Dersom det vart lagt til rette for meir turismeretta verksemd i Fosnavåg kunne det ført til positive ringverknadar som auka omsetning som hadde auka eksistensgrunnlaget til bedriftene i sentrum.

Helse- og omsorgssektoren står ovanfor store oppgåver i framtida då det stadig vert fleire eldre over 80 år som har behov for pleie- og omsorgstenester. Alderssamansettinga i kommunen vil bli endra og kompleksiteten i oppgåveløysninga vil auke og det må i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidlig innsats og rehabilitering. I tillegg vil samhandlingsreforma, den generelle samfunnsutviklinga og den medisinske utviklinga gi kommunen nye oppgåver også for yngre aldersgrupper. Kommunen må planlegge for ein kapasitetsauke både når det gjeld personell og bygningsmessige ressursar.

Herøy skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar. Gjennom utarbeiding av overordna risiko- og sårbarheitsanalyser, beredskapsplanar, kriseplanar og generell beredskap i kommunen. Kommunen vil også ved detaljreguleringar vurdere potensiell fare gjennom konsekvensutgreiing eller risiko- og sårbarheitsanalyser.

I Herøy har *Herøy Næringsforum* vore ein aktiv pådrivar for prosjekt og tiltak som vil gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet på kort og lang sikt. Gode dømer på slike prosjekt er Sunnmørsbadet, konsertsal, kino og nytt hotell som alle vil stå klare i 2014. Næringslivet har såleis gjort store grep og til slutt vil det vere fleire tilbud til innbyggjarane i Herøy. Bakgrunnen for at næringslivet bidreg i så stor grad i samfunnsutvikling er eit ynskje om å styrke humankapitalen i kommunen og dette fører til at kommunen må legge til rette for bustadutvikling og næringslivsvekst i heile kommunen.

Kommunen har svært mange område som fell inn under definisjonen «strandsone». Herøy er ei kommune med ei sterk maritim historie og dette medfører mange områder med sterke



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

nausttradisjonar i dei ulike bygdene. Kommunen ser likevel at bruken av nausta har endra seg frå den tradisjonelle bruken med oppbevaring av båt, fiskevegn og anna fiskerelatert utstyr til opphald og overnatting. Bruken har endra seg i retning av at naustet i dag er ein stad der ein kan tilbringe fritid og feriar. Kommunen ynskjer å hindre i «bit-for-bit»-nedbygging av strandsona til ulike føremål gjennom å sette av areal til naust, fritidsbustadar og næring der det allereie er etablert denne type tiltak.

Sjøbuder har i lange tider vore eit utbreitt innslag langs kysten på vestlandet som har vore brukt både ved lossing av fisk og bøting av garn og fiskevegn. Denne bruk av sjøbuder er ikkje lenger aktuell då fiskebåtar i dag lossar ved større fiskemottak og får garn og fiskevegn ved eigne notbøteri. Kommunen har derfor fleire område med gamle sjøbuder som står til forfall der ein må finne ein ny bruk for desse slik at vi kan halde på dei unike sjøbudmiljøa som representerer historia til Herøy.

*Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.*

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar.
- Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.
- Myrvåg skal utviklast til å vere ein satellitt til Fosnavåg og dekkje basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil at Eggesbønes og Myklebust skal utviklast som ein del av Fosnavåg.
- Kommunen vil arbeide for å ha tilstrekkeleg kommunal bygningsmasse tilgjengeleg.
- Kommunen ynskjer næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.
- Kommunen vil leggje til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg.
- Kommunen ynskjer at det vert etablert område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
- Kommunen vil leggje til rette for auka bustadbygging i heile kommunen.

## **Satsingsområde: Infrastruktur**

Med omgrepet *Infrastruktur* meiner vi det som tradisjonelt kallast teknisk infrastruktur. Med *infrastruktur* meiner vi derfor strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere, som til dømes vegsystem til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele/fibernet. Sosial infrastruktur fell ikkje inn under vår bruk av omgrepet.

For eit lokalsamfunn som Herøy er den daglege mobiliteten strategisk viktig for dei busette i kommunen. Kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen og i regionen bør samsvare best med aksane som styrkar komplementariteten for kommunane. Sagt på ein annan måte så bør ein styrkje kommunikasjonen mellom dei kommunane som utfyller kvarandre best og gjere det lettare å pendle mellom kommunane. Herøy kommune støttar arbeidet med *Kyststamvegen* og ein ferjefri E39 og meiner dette vil blant anna utvide regionale arbeidsmarknadar og vidareutvikle ein robust region med eit næringsliv i verdsklassa.

Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Herøy kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.

Herøy er utfordra når det gjeld kollektivtransporten i kommunen. Kollektivtransporten er avgjerande for busette og reisande som ikkje har andre tilbod og ein må gjere kollektivløysingane så attraktive og tilgjengelege at fleire vel kollektive løysingar då dette er eit miljøvenleg og framtidretta alternativ. Med dette som bakgrunn må derfor kommunen søkje å leggje til rette for bustadar i nærleiken til fylkesvegar og kommunale vegar for å støtte grunnlaget for kollektivtrafikk i kommunen.

Herøy er ein langstrakt kommune med fleire øyar som er knytt saman med bruer. Fleire av bruene i kommunen er gamle og byr på utfordringar med dagens trafikksituasjon. Kommunen må arbeide for at



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

regionale myndigheiter startar reguleringsarbeid for å ruste opp dei bruene som er i dårlegast stand og som utgjør flaskehalsar for trafikken

Kommunen har saman med Statens vegvesen ansvar for å planlegge gode og trygge gangvegsamband i kommunen og særleg i tilknytning til skulane. Kommunen vil sette fokus på trygge gang- og sykkelveggar, særleg mot skulane, i komande planperiode.

Kommunen har hurtigrutekai i Torvik og dette er eit viktig knutepunkt både for turistar og andre reisande. Hurtigruta kan vere ein god alternativ reisemåte for utflytta Herøyværingar som bur i Bergen og Trondheim og det vil vere viktig for kommunen å halde på den attraksjonen som Hurtigruta er i dag.

*Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.*

Målsettingar for Herøy kommune:

- Fosnavåg som kommunesenter skal styrkast.
- Kommunikasjonsaksar i kommunen og mot nabokommunane skal betrast.
- Kollektivtilbod i kommunen skal styrkast.
- Kommunen skal ha trygge vegsamband på land og farleier til sjøs.
- Kommunen skal ha offentleg avlaupsnett knytt til dei større bustadsentera.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil arbeide for trygge farleier med gode hamner.
- Kommunen vil arbeide for framtidretta kryssingar av fjordane.
- Kommunen ynskjer at vegstandarden i kommunen skal vere god.
- Kommunen vil samarbeide med nabokommunane om felles prosjekt som fremjar kommunikasjonen mellom kommunane.
- Kommunen vil arbeide for ei realisering av ein ferjefri kyststamveg.
- Kommunen ynskjer at det etablerast gangstiar som fremjar folkehelsa.
- Kommunen ynskjer å skape ei kopling mellom Vågsholmen og sentrum.
- Kommunen ynskjer at bustadar, skular, trafikkgenererande næring vert etablert i tilknytning til eksisterande kollektivtrasear i kommunen.

## **Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling**

Herøy kommune har færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Dette er ei utfordring når både det offentlege og det private næringslivet etterspør formal kompetanse til sine stillingar. Nye arbeidsplassar vert, uansett kvar dei er lokalisert, stadig meir kompetanseintensive.

Herøy har ein stor del utanlandsk arbeidskraft som arbeidar i kommunen innan fleire ulike fagfelt. Då lønnsnivået i Noreg ligg høgare enn andre land i Europa ser ein at arbeidsinnvandrarar med kompetanse frå heimlandet tek jobbar som ikkje krev utdanning i Noreg då dei tenar betre som ufaglært arbeidskraft enn dei ville gjort innan sitt fagfelt i heimlandet. Kommunen har kompetansen tilgjengeleg i kommunen, men som kanskje ikkje vert nytta til det fulle på grunn av utfordringar knytt til språk eller kjennskap til miljøa. Det kan liggje ein ressurs i tilflyttarar innan til dømes utdanning og ingeniørkompetanse etc.

Næringslivet er skildra som sterkt, solid og internasjonalt orientert, med fleire vitale og vekstkraftige forretningsmiljø knytt til akvakultur, fiskeri, offshoreverksemd, marin næring, maritim industri og shipping. Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (Science, Technology, Engineering and Mathematics) og innanfor administrasjon og leiing.

Herøy kommune er saman med 11 andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla *Maritimt Møre*. Kommunane som er ein del av *Maritimt Møre* er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven og det er her den maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar,



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

utnytting av stordriftsfordelar, ein god ressursbase i ein godt utvikla arbeidsmarknad. Dette er med å gjere den maritime klynga til ei sterk og robust klynge med gunstig kommunikasjonar og evne til å rekruttere kompetent arbeidskraft.

I Herøy har *Herøy Næringsforum* vore ein aktiv pådrivar for prosjekt og tiltak som vil gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet på lang sikt. Bakgrunnen for at næringslivet bidreg i så stor grad i samfunnsutviklinga er eit ynskje om å styrke humankapitalen i kommunen og at næringslivet kan få tak på den kompetansen dei treng. Regional differensiert arbeidsgjevaravgift (RDA) har vore eit viktig og målretta distriktspolitisk verkemiddel som Herøy har nytta godt av. RDA-midlane er basert på at bedrifter med høgare lønnskostnader enn 15,1 millionar kroner har fått eit tillegg på arbeidsgjevaravgifta. I Herøy gjeld dette i hovudsak 8-10 av dei største private selskapa i kommunen.

Herøy kommune ynskjer å vere i forkant av samfunnsutviklinga innan helse og omsorg og ynskjer å vere oppdatert på fag og ha tilgang på moderne hjelpemiddel. Samhandling både mellom avdelingar og interkommunale prosjekt er sentralt for å finne felles løysingar i og mellom kommunane. Kommunen og nasjonen sett under eitt har utfordringar knytt til rekruttering av helsepersonell og i Herøy arbeidar kommunen for å rekruttere, behalde og utvikle den naudsynte kompetansen. Kommunen har fleire tilsette i alderen 50-60 og ein står snart ovanfor eit generasjonsskifte innan helse- og omsorgssektoren som gjer at ein vil få store utfordringar knytt til å fornye arbeidsstokken. Ein må vurdere bruk av ny kompetanse og samarbeidet med utdanningssystemet Herøy vidaregåande skule vil spele ei stadig viktigare rolle for å få tilgang på kvalifisert kompetanse lokalt

Herøy kommune ynskjer ei tydeleg satsing den neste perioden på kultur- og reiselivsnæringa. Kultur- og reiselivsnæringane er eit næringsområde med stort potensiale og utviklinga viser at Herøy sakkar akterut på dette området. Herøy vil derfor satse på ei utvikling som omfattar både det innhaldsmessige og det kulturelle aspektet ved desse næringane. Kulturhuset i Herøy vil spele ei viktig rolle for bla. kulturskulen, biblioteket, lag og organisasjonar og frivilligheita.

*Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.*

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune, med sine fagmiljø, skal vere attraktiv nok til å tiltrekke seg den arbeidskrafta det er behov for.
- Herøy kommune skal auke antal kompetansearbeidsplassar og antal høgare utdanna.
- Herøy kommune skal auke antal turistar og turismeretta aktivitetar i kommunen.
- Herøy skal vere leiande innan fiskeri- og offshorenæringa i landet.
- Herøy kommune skal arbeide for å behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule.
- Kommunen skal ha god drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse.
- Kommunen skal vidareutvikle industriområdet i Myrvåg og leggje til rette for auka næringsaktivitet.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil satse på å bygge sterke fagmiljø i organisasjonen.
- Kommunen ynskjer å skape ei kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansmiljøa i Volda og Ålesund.
- Kommunen ynskjer å satse på å auke antal høgt utdanna kvinner til kommunen.
- Kommunen ynskjer å satse på miljøvenleg turismeretta næring for å auke verdiskapinga i kommunen.
- Kommunen ynskjer at linjer og utdanningsprogram ved Herøy vidaregåande, retta mot næringslivet og det offentlege i Herøy og deira behov for arbeidskraft, vert oppretthaldt og vidareutvikla.
- Kommunen vil vere innovative ved å ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorgssektoren.
- Kommunen ynskjer å leggje til rette for gode næringsareal i Myrvåg og på Mjølstadnes for å auke verdiskapinga.



## Satsingsområde: Rekruttering, busetting og inkludering

Herøy har, pr. 1.1.2013, 8 847 innbyggjarar og har hatt ei jamn auke dei siste åra. For at Herøy kommune skal ha grunnlag for ei sentrums- og samfunnsutvikling er ein avhengig av at denne trenden held seg oppe gjennom auka rekruttering og tilflytting til kommunen. Herøy har ei målsetting om 10 000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ei ambisiøs målsetting, men om trenden frå siste åra held seg oppe er ein ikkje langt i frå å nå dette målet. Statistisk materiale viser at befolkninga «legg på seg» i dei eldre aldersgruppene og held seg på same nivå for unge menn, medan den indikerer nedgang for kvinner mellom 30-40 år

Talet på nyoppførte bustader varierer ein del frå år til år. I perioden 1.7.2011 – 26.9.2013 er det oppført 73 nye bustadar i kommunen. Det er i same periode gjeve 93 igangsettingstillatelse for bygging. I lys av dette har kommunen ut frå ei behovsvurdering prioritert reguleringsplanar for bustadbygging i relevante område. Ein går ut frå eit behov på om lag 45 bustader i året samla i kommunen.

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Utan innvandring ville Herøy hatt folketalsnedgang siste åra og ein må ta omsyn til at Herøysamfunnet vert stadig meir multikulturelt og ein har innbyggjarar med andre tradisjonar og vanar enn dei som er etnisk norske. Per 1.1.2013 var det totalt 814 registrerte innvandrarar i Herøy, noko som utgjer litt over 9 % av befolkninga. Herøy kommune har mest innvandring frå Litauen, Estland, Polen og Lativa og det er i størst grad arbeidsinnvandring det er tale om. Kommunen må vurdere om ein kan nytte «utpekingsretten» som ligg i plan- og bygningslova § 17-3 til å krevje at det skal byggjast eit visst antal billegare bustadar berekna på «førstegangskjøparar» eller grupper med lågare eigenkapital som inngang til bustadmarknaden.

Rekruttering er viktig både for det private næringslivet, kommunen som organisasjon og kommunen som lokalsamfunn. Det vil vere viktig å sjå rekruttering som eit verkty som kan skape meir busetting i kommunen. For at kommunen skal vere attraktiv for tilflytting er det fleire faktorar som må vere på plass der tilgang til attraktive jobbar og tilgang til tomter er dei viktigaste føresetnadane for tilflytting og busetting. Andre faktorar som vil vere med å bidra til å etablere Herøy som ei attraktiv kommune er ein tilgjengeleg bustadmarknad, barnehage- og skuletilbod og kommunen sine forbindelsar til nabokommunar og større byar.

Kommunen har som målsetting at det skal vere mogleg å busette seg i alle bygdelag i kommunen. Herøy er samansett av fleire bygdelag som alle har sine kvalitetar og som ynskjer å leggje til rette for at unge skal få moglegheit til å flytte attende til heimbygda etter endt utdanning. Der det er mest busetting er i aksen frå Frøystad til Kvalsund, altså omlandet til Bergsøya. For at Fosnavåg skal vere det kommunesenteret som innbyggjarane ynskjer, bør kommunen ha som målsetting å doble antal busette i sentrum. Dette vil truleg føre med seg auka aktivitet i sentrum på ettermiddag- og kveldstid og auke grunnlaget for næringane i sentrum.

Herøy kommune ynskjer å ligge langt framme i arbeidet med inkludering og ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for å ta vare på sine innbyggjarar og vere eit samfunn som kjenneteiknast av å vere open, raus og tolmodig mot sine medmenneske. Herøy kommune har derfor starta to prosjekt som skal auke kunnskapen om dette temaet. Eitt prosjekt er *Likestilte kommuner* som er omtala tidlegare og det andre er *Bulystprosjektet*. *Bulyst* har som føremål å auke kunnskapen knytt til innvandrarar sin kultur og bidra til å starte prosjekt som vil skape eit meir inkluderande samfunn. Kommunen har lenge fremja eit ynskje om å etablere eit regionalt senter for mangfald og inkludering i kommunen som kan vere med å auke kunnskapen til det offentlege og private næringslivet knytt til dette temaet.

*Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.*

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune skal ha 10 000 innbyggjarar innan 2020.
- Alle bygdelag i Herøy kommune skal ha tilgjengelege bustadområde.
- Ein skal auke antal innbyggjarar i Fosnavåg sentrum.





## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

- Herøy kommune skal vere aktivt ute og promotere seg som ei attraktiv kommune med attraktive arbeidsplassar.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil at det skal vere attraktive tomter i alle bygdelag.
- Kommunen ynskjer å fremje arbeids-, bu- og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg.
- For at framandspråklege betre skal inkluderast i samfunnet ynskjer ein å tilby ei god norskopplæringa i gode lokale.
- Kommunen ynskjer ei vaksenopplæring som er gratis også for arbeidsinnvandrarar.
- Kommunen ynskjer langsiktig satsing på ungdomen som framtidig arbeidskraft og kompetanse.
- Kommunen vil auke kunnskapen knytt til andre kulturar og arbeidsinnvandring.
- Kommunen vil vere aktivt ute og promotere kommunen med å nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå arbeidstakarar frå andre europeiske land, der ein startar med dei baltiske landa.

### **Satsingsområde: Barn, unge og identitetsbygging**

Barn og unge er i Herøy kommune sin samfunnsdel både eit satsingsområde og eit gjennomgåande perspektiv. Barn og unge som gjennomgåande perspektiv er knytt til mellom anna barn og unge sine rettar til medverknad i prosessar som angår dei og krav til fysisk utforming av oppvekstmiljø og oppvekstvilkår. Barn og unge som satsingsområde rettar seg meir mot påstanden at «trivsel i kommunen aukar sjansen for tilbakeflytting».

Herøy har fem barneskular (1.-5.), ein kombinert skule (1.-10.), ein ungdomskule (8.-10.) og ein friskule (1.-10.). I Herøy er det totalt 10 barnehagar der fire av desse er offentlege.

Herøy kommune har ei målsetting om at det skal vere kvalitet i barnehagen og at foreldre og born vert møtt på ein slik måte at dei opplever barnehagen som den beste plassen å vere og beste plassen å lære. Brukarundersøkingane viser at brukarane opplever god kvalitet i barnehagen, men for at kommunen i eit lengre perspektiv skal oppretthalde denne kvaliteten er ein avhengig av å rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle dei pedagogiske stillingane samt å vidareutvikle den kompetansen dei tilsette har i dag.

Innanfor skulesektoren har Herøy kommune utfordringar knytt til fysisk skulemiljø for inneklima og universell utforming. Fleire av skulane i Herøy har manglar og vil krevje langsiktige investeringar for å nå krava i *Forskrift om miljøretta helsevern*. Stadig fleire minoritetsspråklege elevar krev store ressursar for å imøtekomme behovet for tilrettelagd norskopplæring og dette igjen fører til utfordringar knytt til integrering og inkludering i samfunnet.

Herøy har eitt aktivt bibliotek med web-basert bibliotekskatalog og transportordning. Det er organisert samarbeid mellom skulebibliotek og folkebiblioteket der ein får god kontakt med barn og unge. Biblioteket er oppteken av å utvikle seg som møtestad og sosial arena der ein legg til rette for lesing og kunnskap.

Herøy kommune vil betre oppvekstvilkåra til barn og unge både gjennom kvalitet i barnehagen og skulen. Dette vil medføre oppgradering av skulebygg og styrking av barnehagar. I oppsedinga vil ein auke barn og unge sin kunnskap om kultur og næringsliv lokalt for å styrka identitetskjensla til barn og unge i Herøy. Scenaria som kom fram under «foresight-møta» var mellom anna at i 2025 hadde Herøy kommune full kompetansedekning i barnehagane, fleire profesjonar i barnehagane, færre skular, moderne skulebygg, skule med fleire språkval og høgkompetent lærarstab med dei beste lærartalentane.

*Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.*

Målsettingar for Herøy kommune:

- Skulen skal bidra til at barn og unge får tilstrekkeleg kunnskap, samt utviklar identitet til lokalmiljøet, med tanke på seinare jobb i heimeregionen.



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

- Barnehagen som den beste staden å vere og lære.
- I Herøy kommune skal skulane og barnehagane oppfylle krava til fysisk utforming i *forskrift om miljøretta helsevern*.
- Herøy folkebibliotek skal vidareutviklast til å verte ein møtestad og sosial arena.
- Kommunen skal sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt: Tryggleik, Mangfald, Kvalitet, Førebygging og Kompetanse.
- Herøy kommune skal ha full barnehagedekning.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen ynskjer samarbeid mellom barnehage og skule for å inkludere tilflyttarane sine barn på ein god måte.
- Kommunen vil ha god dekning av helsetenester for barn og unge.
- Kommunen ynskjer å arbeide for tidleg intervensjon for barn og unge med problem.
- Kommunen ynskjer å auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette.
- Kommunen ynskjer at utdanningstilbodet skal ha kvalitet i alle ledd.



## Vegen vidare, frå samfunnsdel til handling

Kvifor har ikkje mine innspel blitt teke med i samfunnsdelen?

Kvar er mine innspel frå «foresight-møta»?

Kvar er dei innspela som gjeld kulturlivet?

Kvar er innspela frå kommunestyret og rådmannen si leiargruppe?

For fleire av lesarane vil kanskje målsettingane og strategiane i samfunnsdelen vere generelle og lite konkrete og ein kan raskt stille spørsmålet; har ikkje kommunen teke våre innspel på alvor?

Fleire av innspela som har kome inn gjennom «foresightprosjektet» vil først kome fram i kommuneplanen sin handlingsdel, i kommunedelplanar og sektorane sine verksemdsplanar. Innspela som har kome inn gjennom heile prosessen både skriftleg til kommunen og gjennom møta i «foresightprosjektet» har spelt ei viktig rolle i utviklinga av samfunnsdelen. I denne planen fokuserer vi derimot på dei overordna målsettingane for kommunen og dei strategiske vegvala vi gjer for dei neste 12 åra. Målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel skal speglast i kommuneplanen sin arealdel og gjennom kommuneplanen sin handlingsdel. Vidare skal handlingsdelen konkretiserast gjennom kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Intensjonen bak denne prosessen er at mål og tiltak som vert gjennomført årleg i dei ulike avdelingane i kommunen er ein del av ein «raud tråd» som er med på å styre oss i retning av dei målsettingane som står i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det øvste leiande dokumentet for kommunen og er førande for kva kommune vil satse på i planperioden. Samfunnsdelen er gjeldande for 12 år, men skal takast opp til drøfting og det skal vurderast om planen i si heilheit eller delar skal reviderast kvart fjerde år gjennom arbeidet med revideringa av *Planstrategi for Herøy kommune. Handlingsdelen av Samfunnsdelen* er den kortsiktige delen av kommuneplanen og skal innehalde tiltak for dei neste fire åra. Målsettingar, strategiar og tiltak i kommuneplanen sin samfunnsdel skal vidareførast i kommunedelplanar, temaplanar og verksemdsplanar i dei ulike sektorane. Alle avdelinga som vert berørt av målsettingar, strategiar eller tiltak i kommuneplanen skal rapportere gjennom årsrapportane korleis ein har arbeidd for å nå dei ulike punkta eventuelt om det har kome inn andre prosjekt som har blitt prioritert før tiltaka i samfunnsdelen.



## Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsettingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsettingane i planen.

Satsingsområde og tiltak		Tiltak som vil ha føringar for arealdelen
Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling		
1	Arkitektkonkurranse og reguleringsplan for <i>Byutviklingsprosjektet</i> skal realiserast i planperioden	
2	Kommunen skal legge til rette for etablering av nytt omsorgssenter	X
3	Det skal leggast til rette for kjøpesenter i sentrum	X
4	Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum	
5	Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er forbeholdt detaljhandel	
6	Det skal leggast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg	
7	Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknytning til sentrum og sjøen	X
8	Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg	
9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde	
10	Utvikle «lokket» ved allmeningskaia til å bli ein urban leikeplass	
11	Gjere delar av sentrum bilfritt	
12	Det skal leggast til rette for bustadbygging i alle bygdelag	X
13	Etablere eit eldresenter i sentrum	
14	Byggje ungdomsbustadar i sentrum	X
15	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje egne behov	
16	Det skal leggast til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg	X
17	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken	
18	Utvikle kai og strandområdet på Leikong	X
19	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt	X
20	Opparbeide trapp frå Ura til Heid	X
21	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet	X
22	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknytning til dei årlege festivalane	
Infrastruktur		
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg – Ålesund	X
2	Etablere djupvasskai i Fosnavåg	X
3	Skape ei meir framtidretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya	X
4	Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen	X
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling	
6	Arbeide for ei realisering av Hafast	
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet	X
8	Vurdere innføring av hamneavgift	
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum	
10	Mudring og miljøopprydding av Fosnavåg hamn	
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune	
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinneset og bru	X



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

	over Frøystadvågen til Mjølstadneset	
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg	
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald	
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg	
16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa	X
17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka	
18	Utbetne kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn	
19	Organisere reinhald i sentrum	
20	Planlegge og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen	
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne	
22	Betne tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar»	
23	Tilrettelegging for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte	X
24	Kommunen vil arbeide for å gjere sentrum meir tilgjengeleg for mennesker med nedsett funksjonsevne	
<b>Kompetanse og næringsutvikling</b>		
1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen	
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund	
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner	
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige	
5	Etablere felles næringshage/inkubator for unge gründerar	
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler	
7	Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen	
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring	X
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen	
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen	
11	Behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov	
12	Styrke spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «næringsssjef»	
13	Legge til rette for gode næringsareal	X
14	Bevare og vidareutvikle havbruksnæringsa	X
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft	
16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg	
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse	
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden	
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter	
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter	
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor	
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule	
23	Ta i bruk området sør for Fv. 654 i Myrvåg til massedeponi/næringsføremål	
<b>Rekruttering, busetting og inkludering</b>		
1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad	
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarak har med seg frå	



## Kommuneplanen for Herøy 2013-2025, samfunnsdel

	heimlandet	
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen	
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandrarane	
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg	
6	Langsiktig satsing på ungdommen som framtidig arbeidskraft og kompetanse	
7	Etablere ein vennskapsby i td. Litauen, Latvia, Estland eller Polen	
8	Tilflyttarar skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene	X
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag	X
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast	X
11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring	
12	Talet på arbeidsinnvandrarar som vel å busette seg i kommunen skal aukast	
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheiter for stipend og andre ordningar	
14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring	
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS	
16	Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingslevar frå andre land	
17	Meir aktiv oppfølging av Herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning	
<b>Barn, unge og identitetsbygging</b>		
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell	
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge	
3	Kommunen skal intervernere tidleg der barn og unge har problem	
4	Rekruttere personar med førskulelæruddanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane	
5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule	
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane	
7	Utarbeide tiltak for å imøtekomme krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg	
8	Styrke spesialiseringa for vern av barn	
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarar og førskulelærarar	
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barns oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet	
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule	
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablerar ein indentitetskjenne til kommunen	
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattestid	
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen	
15	Styrke yrkesrettleiinga i skulen mot lokale bedrifter	
16	Ny skule i området ved Blåhaugen	
17	Rekruttere fleire mannlige rollemodellar i barnehage og skule	
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule	
19	Etablere moderne badeplassar	



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	03.07.2013	45413/2013/KOMMUNEPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	30.08.2013

## Herøy kommune - kommuneplan - samfunnsdel - fråsegn ved offentlig ettersyn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Generelt

Dokumentet er lettlest og godt strukturert. Det er lett å orientere seg i plana, og det er gledelig at modellen med gjennomgåande perspektiv er nytta. Det er nytta relevant statistikk og grunnlagsmateriale, og det er tydeleg at det har vore eit omfattande arbeid med medverknad bak utarbeiding av planen.

### Planfagleg vurdering

Planen er basert på gode drøftingar, og det ligg tydeleg mykje godt arbeid til grunn for plandokumentet. Vi ser imidlertid at det vil kunne vere utfordrande å koble planen til praktisk gjennomføring, fordi *strategiane i fleire tilfelle i realiteten er målformuleringar*. Vi vil sterkt oppfordre kommunen til å gå lenger i å seie *korleis* mål skal oppnåast, og til å drøfte kva alternative vegar som kan føre fram til, til dømes, målet om å auka talet høgt utdanna kvinner i regionen. Det er særskilt viktig at plana vert eit reelt arbeidsreiskap for både administrasjon og politikarar, og at den kan nyttast som underlag for konkrete val og prioriteringar i anna arbeid. Også koblinga mot til dømes økonomiplanen kunne vore tydelegare framheva for fleire område.

Herøy kommune er på fylkestoppen i antal dispensasjonar frå kommuneplanen, og vi hadde difor forventa eit større fokus på korleis arealutfordringane i kommunen skal løysast. Samfunnsplanen skal gjere greie for dei behov og utfordringar kommunen står ovanfor i perioden som kjem, og trekke "dei store linjene" for kva prioriteringar ein skal gjere. Korleis ein skal nytte eller verne strandsona er eit døme, vidare også korleis ein skal leggje til rette for barn, unge, arbeidsinnvandrarar og kvinner. Koblinga mot arbeidet med arealdelen burde vore langt tydelegare, og bør danne grunnlaget for arealdisponering i plankart. Vi saknar også ei utgreiing om kva bustadreserve ein har i gjeldande/ godkjente planer. Det bør også omtalast korleis kommunen har handtert dei konfliktene som har vore i gjeldande periode, og kva erfaringar ein har gjort som kan vere nyttige for komande periode og ny plan.

Vi vil i denne samanhengen peike på sluttrapporten til Miljøverndepartementet si undersøking av korleis innsigelsesinstituttet påverkar det lokale sjølvstyret, laga av AsplanViak med dato 2012-06-20. Her er mellom anna kommunen sitt ansvar som arealmynde særskilt framheva som sentral for å redusere tal plansaker som vert møtt med motsegn frå andre mynde. Miljøverndepartementet har også utarbeidd nye

retningslinjer for motsegner i plansaker etter plan- og bygningslova, i rundskriv T-2/13. Her vil vi trekke fram punkt 2.1.2 om kommunen si rolle i plansaker.

Ei stor utfordring for kommunen, og regionen elles, er det høge talet på arbeidsinnvandrarar. Desse sørger for vekst i folketalet, men også skjeivheit i befolknings-samansettinga. Dersom ein kan få desse til å busette seg med familiane sine, vil ein kunne få positive verknader på sikt. Her meiner vi at å tilrettelegge for rimelege bustader med gode vilkår også for barn, kan spele ei viktig rolle både for attraktivitet og for integrering. Det er viktig å hugse at desse arbeidarane har lita/inga lokal tilknytting, og at dei typisk vil busette seg sentralt i høve arbeid og fritid. Dette kan gjere det aktuelt å prioritere nokre særskilte område for utbygging av bustadtyper denne gruppa etterspør. Kva rolle kommunen skal spele i denne samanhengen bør difor drøftast. Behandlinga av framlegg til ny arealdel i regionalt planforum i Ålesund 28.8.2013 viste at dette ikkje er drøfta i samband med arealbruken i kommunen.

Bruk av strandsona bør også drøftast breiare, for å forankre arealbruken ein legg opp til i arealdelen. I framlegget til ny arealplan som har vore drøfta i regionalt planforum er svært mykje sentrums- og bustadnær strandsona foreslått nedbygd. Vi saknar ei meir heilskapleg tilnærming til problematikken, der ein mellom anna burde diskutert verdien av strandsona til rekreasjonsføremål opp mot behovet for naust og fritidsbustader. Sjølv om Herøy har som mål å tilby sjønære bustader og fritidsbustader, bør ein drøfte om ein kan halde fram med dagens praksis med fragmentert utbygging. Sentralt er spørsmålet om eksisterande naust skal kunne få endra status til fritidsbustader, og om det er område som er særskilt eigna for fortetting. Ein bør også drøfte om "sjønært" også kan gje rom for til dømes ein kyststi, og om ei større satsing på fellesanlegg kan gje positive verknader for både næringsliv og miljø. Ei strandsonkartlegging burde vere høgt prioritert i kommunen, og inngå som ein naturleg del av kunnskapsgrunnlaget for satsinga på sjønær turistverksemd. Det er også naudsynt å drøfte endringar i behova til fiskerinæringa, der ein mellom anna ser på kva areal- og funksjonsbehov den moderne fiskaren har. I framlegg til ny arealdel har ein brukt omgrepet "sjøbud" for å møte det ein meiner er krava til oppbevaringsplass for fiskarar. Under behandlinga i regionalt planforum kom det fram at dette er ein utdatert tenkemåte, og at moderne fiskarar i større grad har behov for industrilokale i arealkategorien "næring". Dette er kunnskap som bør drøftast i samfunnsplanen, og slik legge føringar for utarbeiding av arealdelen.

Sjølv om nokre drøftingar vi etterspør kan verke å vere på "mikronivå", og i praksis vere mest relevante ved detaljplanlegging, bør likevel dei overordna vurderingane vere tilgjengelege og synlege i plandokumenta. Dette skaper større føreseielegheit og vil kunne bygge opp under planar om større, heilskaplege arealplanar på eit seinare tidspunkt.

I høve strategiane for å nå målsetting om *heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling* vil vi vise til gjeldande Fylkesdelplan for senterstruktur og det arbeidet som er igangsett for å revidere denne. Strategiane må ikkje vere i strid med korkje nemnte senterstrukturplan eller andre nasjonale eller regionale føringar, og generelt saknast nettopp heilskaplege vurderingar kring "vegar til målet".

#### **Kulturminne og kulturmiljø**

I nasjonale foyentningar er "Natur, kulturmiljø og landskap" spesielt løfta fram som eit av seks hovudtema. Under Miljø og klima står det at "*Natur- og kulturlandskap i Herøy er ein viktig faktor for både sysselsetting, verdiskaping, busetting og rekreasjon som kommunen er ansvarleg for å verne om*", men elles tek forslaget i liten grad omsyn til kulturminne og kulturmiljø.



Herøy har mange kulturhistoriske attraksjonar, særleg knytt til sin maritime kulturarv. Kulturminne og kulturmiljø som dei ulike fyrstasjonane, handelstaden på Flåvær og dei mange gravrøysene på Løsetstranda - der det no er planar om filmminnspeling - kan skape identitet og tilhørslse, generere auka besøk og gje grunnlag for kunnskap, opplevingar og verdiskaping. Kommunen har også eit ansvar for ei berekraftig utvikling, og å forvalte sine kulturminne og kulturmiljø som ein ikkje-fornybar ressurs.

Herøy kommune starta i 2012 eit prosjekt med registrering av lokale kulturminne, der ein mellom anna har inkludert skulen i arbeidet. Registreringane vil vere tilgjengelege på [www.kulturminnesok](http://www.kulturminnesok.no), og målet med arbeidet er å utarbeide ein tematisk kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. I samarbeid med kommunane utarbeidar Møre og Romsdal fylkeskommune også ein regional delplan for kulturminne og kulturmiljø av nasjonal og regional verdi. Samla vil dette arbeidet gje ei langt betre oversikt over kulturminnebestanden i kommunen, og eit betre grunnlag for ei berekraftig forvaltning.

### **Folkehelse**

Ei bevisstgjering og eit arbeid rundt oppfølging av folkehelselova blir viktig i den komande planperioden. Til dømes vert det mellom anna viktig å tenke folkehelse innanfor både barnehage, skule, arealplanlegging og eldreomsorg. Helse vert skapt på alle arenaer i livet.

Det er viktig å ha fokus på kva for verdi og innverknad dei enkelte satsingsområda i kommuneplana sin samfunnsdel har for *helse* til innbyggjarane i kommunen. Kommunen kan til dømes ha fokus på; å legge til rette for gode val for eiga helse i kvardagen og sjå på korleis ein kan skape helsefremjande miljø på ulike arena i nærmiljøet for alle aldersgrupper og med ulike ferdigheiter.

Herøy kommune omtalar at helse- og omsorgssektoren, grunna endringar i demografisk utvikling, står overfor store oppgåver i framtida. Fokus på førebygging, tidleg innsats og rehabilitering er omtalt i teksten og bør også med i målsettingane i planen.

Under satsingsområde rekruttering, busetting og inkludering, er kommunen inne på viktige helsefremmande faktorar; "vere eit samfunn som kjenneteiknast av å vere open, raus og tolmogd mot sine medmenneske". Slike verdiar er viktig for helse til innbyggjarane.

Grunnlaget for god helse vert lagt tidleg i livet. Det er viktig å arbeide for gode levevanar for barn på ulike arenaer som barnehage, skule og SFO. Det er positivt at Herøy kommune er opptekne av rekruttering av personar med førskulelærerutdanning til pedagogiske stillingar i barnehagane. Det er ønskeleg at kunnskapsnivået om mellom anna fysisk aktivitet og kosthald er på eit høgt nivå for tilsette i både barnehage, skule og SFO.

Vi gjer merksam på at fylkeskommunen arbeider med Regional delplan for folkehelse og at [www.kommunetorget.no](http://www.kommunetorget.no) har mange tips i høve folkehelse og planlegging.

### **Samferdsel**

Planen har fleire gode målsettingar og strategiar for infrastruktur/samferdsle i kommunen. Vi vil tilrå at kommunen også drøftar korleis ein kan leggje til rette for å nå målsettinga om å betre kollektivtilbodet. Døme her kan vere bestillingstransport, gjennomgang og prioritering for oppgradering/etablering av haldeplassar, informasjon osv. Skal ein få eit godt kollektivtilbod krev det mellom anna at ein gjer prioriteringar i arealpolitikken: bustadar, skular, trafikkgenererande næring osv. må etablerast i tilknytning til dei eksisterande kollektivtraseane.

### **Akvakultur**

Herøy har eit av Noregs største lakseslakteri og ein del akvakulturverksemd for øvrig, men akvakultur er ikkje omtalt. Vi vil oppmode kommunen om å ta med akvakultur som ei viktig kystnæring på linje med fiskeri og maritim industri.

Akvakulturnæringa er ei næring som krev kompetansearbeidsplassar, og ei næring som tiltrekker både kvinner og menn med høgare utdanning. I tillegg skaper den store ringverknader gjennom leverandørindustrien, sjå SINTEFS ringverknadsanalyse for havbruksnæringa i Møre og Romsdal (15.05.2012).

### **Barn og unge**

Barn og unge sine vilkår er viktige å ivareta for å halde kommunen attraktiv for noverande og framtidig ungdom. Samfunnsplanen bør i større grad drøfte kva for fortrinn og utfordringar kommunen har i dag. Det er viktig å merke seg at vilkåra for barn og unge må vurderast i alle saker, og særskilt når det gjeld fysisk og sosial infrastruktur. Eksempelvis vil vi nemne at leikeplassar og attraktive møteplassar vert prioritert høgt av familiar på bustadjakt, og at opplevinga av eigen oppvekst er viktig for lokal identitet og tilhøyrse. Samfunnsplanen bør i større grad drøfte kva slik sosial infrastruktur betyr for lokalsamfunna, og korleis kommunen vil prioritere barn og unge sine vilkår i plansaker. I dette kan også ligge eigarskap for kvartals- og områdeleikeplassar, der det er naudsynt med avklaring av kven som skal ha ansvar for drift og vedlikehald av slike plassar (som oftast skal tene fleire ulike bustadfelt og utbyggarar). Vi ser det i utgangspunktet som naturleg at kommunen tek dette ansvaret.

Det vil også vere relevant å drøfte rikspolitiske retningslinjer for planlegging for barn og unge, og særskilt det som går på medverknad i saker som vedkjem barn og unge. Kommunen si særskilte ordning for ivaretaking av barn og unge sine interesser bør også presenterast. Omtalen som ligg i planen i dag, er meir omtale av gjeldande forskriftskrav enn omtale av Herøy sin praksis eller mål. Heilt konkret bør til dømes siste setning i omtalen av barn og unge på side 7 seie *korleis* medverknad skal sikrast.

### **Konklusjon**

Det ligg mykje godt arbeid i samfunnsplanen, og vi vil gje ros for eit lettlest og godt tilgjengeleg dokument. Vi har i uttalen vår peika på nokre område der det kan vere behov for utdjuping, og vi ser eit særskilt behov for å gjere skillet mellom strategiar og mål for perioden tydelegare. Eit gjennomgåande spørsmål er *korleis* ein vil realisere mål. Sjå elles fagvise merknader ovanfor.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
fylkesplansjef

Johnny Loen  
plansamordnar

Fagsaksbehandler

Automatisk freda kulturminne: Kristoffer Dahle

Kulturminne frå nyare tid: Toril Moltubakk

Samferdsel: Jonas Midtbø

Akvakultur: Cecilie Flatnes

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr. 2012/7	Saksb. OMR
10 SEPT. 2013	
Ark kode P 143	
Ark kode S	Dok nr. 258

**Herøy kommune. Kommuneplan 2013 - 2025 – samfunnsdelen. Fråsegn til offentlig ettersyn.**

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

**GENERELT**

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel (jf. PBL §11). Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og legge retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale myndigheiter til grunn. Det kan vidare utarbeidast kommunedelplan for bestemte område, tema eller verksemdsområde. Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal følgjast opp i løpet av komande fireårsperiode, og reviderast årleg. Økonomiplan etter kommunelova § 44 kan inngå i handlingsdelen.

Kommuneplanen vil med dette som utgangspunkt kunne få eit langsiktig og strategisk perspektiv og slik kunne vere eit viktig politisk styringsreiskap for kommunen. Gjennom heilskaplege vurderingar på tvers av sektorar, grenser og styringsnivå vil kommuneplanens samfunnsdel ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunen som samfunn og som organisasjon.

Samfunnsdelen skal skildre kva for mål og delmål innanfor dei ulike sektorane kommunen vil prioritere i planperioden. Som del av grunnlagsarbeidet til samfunnsdelen har kommunen gjennomført eit «foresightprosjekt» som munna ut i rapporten «Herøy 2025». På bakgrunn av denne rapporten har kommunen peika på dei viktigaste satsingsområda. Kommunen har valt å vidareføre dei overordna målsetjingane i førre kommuneplan: *trivsel, miljø, samhold og nyskaping*. I handlingsdelen har kommunen prioritert fem satsingsområde: 1) heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling, 2) infrastruktur, 3) kompetanse og næringsutvikling, 4) rekruttering, busetting og inkludering og 5) barn, unge og identitetsbygging.

God lokal planlegging er avgjerande for å sikre ei framtidsretta og berekraftig utvikling og for å nå dei nasjonale miljømåla. Planen kan i større grad gjere greie for viktige rammevilkår og utviklingstrekk for kommunesamfunnet i spennet mellom det lokale og det globale. Det bør visast til konkrete nasjonale og regionale føringar som har betydning for den kommunale planlegginga, og korleis desse grip inn i dei overordna målsetjingane og satsingsområda i kommuneplanen. På nokre område ser vi også behovet for meir utfyllande bakgrunnsinformasjon og funn frå «foresightprosjektet». Med dette som

utgangspunkt vil det kunne leggest opp til ei meir utfyllande drøfting av sterke og svake sider ved dagens situasjon, og truslar og muligheiter knytt til framtidig situasjon. Planen kan med fordel ha med ei evaluering av om, og i kva grad, resultatmåla i gjeldande kommuneplan er oppnådd.

Eit viktig prinsipp i plan- og bygningslova er den tette koplinga mellom samfunnsdelen og arealdelen, der samfunnsdelen er det overordna plandokumentet. Til dømes vil demografiske tilhøve og utviklingstrekk legges føringar for framtidig utbyggingsmønster. Ei rekkje av tiltaka som er opplista i handlingsdelen gjeld konkrete arealbruksdisponeringar. Vi legg til grunn, at sjølv om desse er omhandla i samfunnsdelen, må den overordna arealbruken avklarast i samband med rullering av arealdelen til kommuneplanen.

### **Natur- og miljøvern**

Miljø- og klimaspørsmål er globale utfordringar, men som krev lokal oppfølging for å bli omsett i resultat. Berekraftig utvikling har eit langsiktig perspektiv, der hovudmålet er å sikre behova til dagens generasjonar, utan at framtidige generasjonar dermed blir sett i fare. Det inneber langsiktige, gode val for å ivareta dei verdiar som ligg i jordbruksareal, biologisk mangfald, vassdrag, kulturlandskap, fortidsminner og kulturarv.

Vi er nøgd med at miljø er løfta fram som ei overordna målsetjing, og at økologisk berekraft skal leggest til grunn i samfunnsutviklinga. Det vert lagt konkrete føringar for at det skal takast omsyn til miljø og klima i all planlegging, prosjektering og gjennomføring av tiltak.

*Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging* skal leggest til grunn i planarbeidet. Samordna areal- og transportplanlegging, med effektiv arealutnytting og korte transportavstandar, gir dei største klima- og miljøgevinstane. Høg arealutnytting i tettstadane reduserer presset på omlandet slik at både landbrukets produksjonsareal og tilgjengelege natur- og friluftsområde kan ivaretakast. Korleis desse areala skal kunne ivaretakast for fellesskapet i framtida, når nye byggeområde skal planleggast, bør drøftast. Presset på strandsona i kommunen er høgt, og framtidig arealbruk/utnytting av desse områda burde vore drøfta nærare i planen. Dei skjerpa krava i plan- og bygningslova § 1-8 og dei statlege planretningslinjene for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen skal leggest til grunn.

### **Landbruk**

Vi registrerer at samfunnsdelen etter det vi kan sjå ikkje seier eitt ord om kommunen si landbruksnæring. I august 2013 var det 60 som søkte om produksjonstilskot i kommunen, noko som tilseier at landbruk betyr noko både for verdiskaping, matproduksjon, sysselsetjing, busetjing, skjøtsel av areal m.m. Samfunnsdelen er med og dannar bakgrunn for mellom anna arealdelen i kommuneplanen, som igjen er avgjerande viktig for kva rammer næringa skal leve innanfor. Vi meiner at samfunnsdelen bør gi viktige signal om kva ønsker og forventningar kommunen har til landbruksnæringa i kommunen.

Sjølv om landbruksnæringa i Herøy økonomisk sett betyr lite i høve til dei maritime næringane, er landbruket viktig både for arealforvaltning, jordvern, attgroing, kulturlandskap, busetjing m.m. Vi forventar at samfunnsdelen omhandlar korleis kommunen vil legge til rette for at også landbruksnæringa har ei framtid i kommunen.

### **Samfunnstryggleik**

Ei målsetting i kommuneplanen sin samfunnsdel er at Herøy kommune skal «... *vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar*». Kommuneplanen seier ikkje noko om *korleis* den vil leggje til rette for at kommunen skal oppnå dette målet. Fylkesmannen meiner at kommuneplanen sin samfunnsdel bør sei noko om *korleis* kommunen vil sørge for ein trygg kommune med god beredskap, som skildra i målsettinga. Her kan ein mellom anna vise til kommunen sine styringsdokument for samfunnstryggleik, som til dømes risiko- og sårbarheitsanalysar, arealplanar, beredskapsplanar osv.

### **Barn og unge**

Barn og unge er både eit satsingsområde og eit gjennomgåande perspektiv i samfunnsdelen. Det er viktig at dette vert følgt opp, slik at beslutningsprosessar som vedkjem born og unge blir lagt til rette og organisert slik at denne gruppa blir gjevne høve til medverknad.

### **Helse**

Kommunenens planarbeid er også regulert av lov om folkehelsearbeid av 24.06.2011 nr. 29, der formålet er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmer folkehelse. For å sikre dette, må kommunen mellom anna skaffe seg naudsynt oversikt over helsetilstanden i befolkninga.

Fylkesmannen vil gjere merksam på at det gjeld krav til universell utforming i lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne av 21.06.2013 nr. 61, kapittel 3. Dette gjeld både i høve til den delen av kommunen si verksemd som er retta mot ålmenta og i høve til IKT og bygningar/anlegg m.v.

### **KONKLUSJON**

Herøy kommune har med framlegget til kommuneplan 2013 – 2025 lagt eit godt grunnlag for vidare planarbeid. Det har vore lagt opp til ein open og inkluderande planprosess, og innhaldsmessig er planen både ryddig og oversiktleg. Den framlagte samfunnsdelen vil vere eit godt utgangspunkt for eit overordna styringsverktøy for kommunen. Vi viser elles nærare til kommentarane over.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)  
samordnar

Astrid Buset  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

### **Fagsaksbehandlar**

Landbruk: Kari Bjørnøy, tlf. 71 25 81 22  
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15  
Helse: Eilin Reinaas, tlf. 71 25 84 18

**Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund



FISKERIDIREKTORATET

6

Herøy kommune  
Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Mrk. Utviklingsavdelinga

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		Saksbehandler:	Ole Einar Jakobsen
Reg nr: 2012/7	Saksbehandler:	Telefon:	94135463
15 JULI 2013		Seksjon:	Region Møre og Romsdal forvaltningsseksjon
Ark kode P: 143	Vår referanse:		13/9238
Ark kode S:	Deres referanse:		2012/7
J nr:	Vår dato:		11.07.2013
Saksseksjon:	Deres dato:		03.07.2013

## HERØY KOMMUNE - SVAR PÅ OFFENTLIG ETTERSYN OG HØRING AV KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL 2013-2025

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal viser til e-post datert 3.7.2013 med oversendingsbrev og høringsutkast til kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025. Vi viser også til vår tidligere uttalelse til planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel datert 15.7.2011.

Fiskeridirektoratet har som oppgave å arbeide for at fiskeri- og havbruksnæringsens interesser blir ivaretatt i planprosessen ved kommuneplanarbeid. Generelt er det i hovedsak i forbindelse med arealdelen til kommuneplanen vi kommer med omfattende uttale, men vi har også noen innspill til samfunnsdelen.

Innledningsvis vil vi bemerke at vi finner det positivt at vår uttalelse datert 15.7.2011 er vurdert og tatt til følge. Ut fra teksten i kommuneplanens samfunnsdel registrerer vi at kommunen har tatt høyde for våre innspill.

### **Innspill til kommuneplanens samfunnsdel:**

Samfunnsdelen er det overordnede styringsdokumentet i kommunen, og skal også legges til grunn ved senere arbeid med arealplan, handlingsprogram, kommunedelplaner og sektorplaner.

Med bakgrunn i dette kunne det ut fra vårt ståsted med fordel vært sagt noe mer konkret om muligheter, planer og konkrete tiltak for den næringsaktivitet kommunen ønsker å satse på og tilrettelegge for. Det hadde også vært gunstig om planen inneholdt en analyse av alternative strategier for fremtidig utbyggingsmønster, spesielt med tanke på hvordan det er mulig å unngå nedbygging av strandsonen og for å danne et grunnlag for prioriteringer i arealdelen, for eksempel knyttet til arealbehov for ulike funksjoner, næringer og bolig- og



næringspolitikk. Tema som næringsområder, hyttebygging og småbåthavner kan med fordel vurderes med tanke på blant annet miljøspørsmål som kan påvirke hvilket arealbehov kommunen har, samt i forhold til matproduksjon i sjø. Spesielt siden kommunen ønsker at det blir etablert flere områder for fritidsbebyggelse med tilknytning til sjø.

Slik vi leser høringsutkastet kommer vurderingene av aktuelle og viktige tema i "Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging" relativt uklart frem. Det hadde styrket samfunnsdelen om disse kom klart frem og ble tematisk vurdert.

Etter vår vurdering er det positivt dersom det synliggjøres på en tydelig måte hvilke strategier i kommuneplanens samfunnsdel som berører arealdelen, og at det går tydelig frem hvilke konsekvenser ulike arealbruk vil gi.

Kystsonen er svært verdifull og attraktiv for rekreasjon og næringsvirksomhet, men er samtidig veldig sårbar. En forutsetning for kystsonens verdi er at den er ren, levende og mangfoldig. Grundig planlegging er en forutsetning for at menneskelig aktivitet i så liten grad som mulig skal påvirke kystsonen og livet i sjøen negativt. Dette er spesielt viktig ved blant annet planlegging av bolig- og hyttetomter på land i tilknytning til sjø, småbåthavner, havneanlegg, industriområder og vann- og avløpsnett.


Plan- og bygningsloven pålegger kommunene å ivareta statlige interesser og mål. Vi vil også minne om at Møre og Romsdal fylke har uttalt at man skal satse innen fiskeri og havbruk, og at fylket anser det som en viktig oppgave å medvirke til vekst og utvikling i fiskeri- og havbruksnæringen. I Fylkesplan 2013-2016 for Møre og Romsdal fylke uttales det blant annet at *"Havbruk, kraftbasert prosessindustri og landbruk er næringer som treng langsiktig tilgang på naturressursar. Det er viktig å sikre krafttilgang og areal som kan gje grunnlag for berekraftig vekst"*. Etter vår oppfatning gir dette klare signal til kommunene om hva regionalt nivå vektlegger.


Fiskeri- og havbruksnæringen er avhengig av at egnede arealer er tilrettelagt i plansammenheng for fiskeri- og akvakulturvirksomhet, og at kommunene har klare og forutsigbare strategier og mål for næringene. Fiskerimyndighetene har som målsetting å bidra til en positiv utvikling av fiskeri- og havbruksnæringen. Når det gjelder kommunenes mål og strategier anbefaler vi derfor som et minimum at eventuelle målsettinger knyttet til bevaring og/eller et eventuelt ønske om videreutvikling av fiskeri- og havbruksnæringen, samt konkrete strategier og tiltak rettet mot næringene også nedfelles i samfunnsdelen i kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal forutsetter at Herøy kommune ivaretar fiskeri- og havbruksnæringens ulike interesser i planarbeidet. Vi har ingen ytterligere

merknader til forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2013-2025 for Herøy kommune.

Med hilsen

  
Sverre Ola Roald  
regiondirektør

  
Ole Einar Jakobsen  
fung. seksjonssjef

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Kystverket Midt-Norge

Fylkeshuset  
Postboks 1502

6404 MOLDE  
6025 ÅLESUND



Herøy kommune

Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Telefon: 700 84 670

Adresse: 6080 Gurskøy

E-post: [kontor@landbrukskontoret.no](mailto:kontor@landbrukskontoret.no)

Heimeside: [www.landbrukskontoret.no](http://www.landbrukskontoret.no)

Dykkar ref: 2012/7 UTV/ OMR

Vår ref: AKL

Dato: 04.09.2013

## Innspel til kommuneplan for Herøy 2013-2025 - samfunnsdelen

Landbruket si rolle er praktisk talt fråverande og planen legg ikkje vekt på verdien av å halde fram med eit aktiv landbruk i kommunen.

Under punktet *Miljø og klima* er kulturlandskapet nemnt som *ein viktig faktor for sysselsetting, verdiskaping, busetting og rekreasjon som kommunen er ansvarleg for å verne om*. Planen har likevel ingen strategi på korleis ein skal ta i vare kulturlandskapet.

Kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk og landbruksnæringa er avhengig av å ha eit ressursgrunnlag for å ha ei aktiv drift. Difor må det vere ei av målsettingane i planen å sikre kjerneområda for landbruk og kulturlandskap som er definert i arealdelen i kommuneplanen.

Framlegg til nytt fyrste avsnitt under punktet *Miljø og klima*:

Landbruks- natur og friluftsområda (LNF) i Herøy er ein viktig faktor for både sysselsetting, verdiskaping, busetting og rekreasjon som kommunen er ansvarleg for å verne om. I eit langsiktig perspektiv må kjerneområda for landbruk og kulturlandskap sikrast mot nedbygging "bit for bit". Det er av stor verdi at næringsgrunnlaget for eit aktivt landbruk sikrast og vi veit at kulturlandskapet vert skapt av eit aktivt landbruk.

Med helsing

  
Anne Kathrine Løberg  
Landbrukssjef



Wfu.

Statens vegvesen

Herøy kommune  
Utviklingsavdelinga  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE	
RÅDMANNEN	
Reg nr: 2012/7	Tilskott: (E) OMR
- 6 SEPT. 2013	
Ark kode P: 143	OMR
Ark kode S:	
J nr:	255
Kassasjon:	

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Hallvard Sæverud - <tomt>

Vår referanse:  
2011/106338-005

Dykkar referanse:  
2012/7

Vår dato:  
30.08.2013

### Kommuneplan for Herøy kommune 2013 - 2025 - Samfunnsdel - Utlegging til offentlig ettersyn - Uttale

Viser til skriv av 28.6.2013 frå Herøy kommune.

Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel 2013 – 2025.

Frå Statens vegvesen si side har vi ikkje særlege merknader til planframlegget, men for ordens skuld presiserer vi at vurderingar og avklaringar i høve til arealbruken i kommunen må gjerast i tilknytning til rulleringa/revideringa av kommuneplanen sin arealdel.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

*Götte Baiermann*  
for Ole Jan Tønnesen  
seksjonsleiar

*Hallvard Sæverud*  
Hallvard Sæverud

Kopi: Fylkeskommunen  
Fylkesmannen

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Fylkeshuset  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Båtsfjordveien 18  
9815 VADSØ  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52



**KYSTVERKET**  
Midt-Norge

Herøy kommune (Møre og Romsdal)  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

HERØY KOMMUNE  
RADMANNEN

2012/7 Saksbeh. OMK

- 6 SEPT. 2013

143

257

Dykkar ref: 2011/3111-9 Vår ref: 2011/3111-9 Arkiv nr: Saksbehandlar: Tormod Hjørungnes Engen Dato: 02.09.2013

### Fråsegn - Offentleg ettersyn - Kommuneplan for Herøy 2013 - 2025 - Samfunnsdelen - Møre og Romsdal fylke

Vi viser til dykkar høringsbrev datert 27.06.2013 vedlagt framlegg til samfunnsdel av kommuneplan for Herøy 2013 – 2025.

Kystverket er **kysten sin etat for samferdsle**. Som ansvarleg for sikring og ferdsla i hamner, leder og kystfarvatn er Kystverket ein **sentral aktør i forvaltning og utvikling av kystsona**. Kystverket arbeider målbevisst for å etablere gode navigasjonstilhøve i våre kystfarvatn, fremje ei berekraftig utvikling av kystsona og bidra til ein konkurransedyktig sjøtransport.

Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med *Lov om havner og farvann* av 17. april 2009 nr 19 mm. Føremålet med lova er å leggje tilhøva til rette for ei best mogleg planlegging, utbygging og drift av hamner og trygge ferdsla.

#### Vår vurdering

Framlegg til Herøy kommuneplan sin samfunnsdel 2013 – 2025 gir ein god og lettfatteleg framstilling av mål og prioriteringar for Herøysamfunnet. Den synest å ha vore gjennom ein grundig prosess med brei deltaking. Herøy er ei maritim kommune med mykje av eksisterande næring og verdiskaping knytt til sjø, hamner og farleier. Kystverketer er såleis nøgd med at kommunen i sitt satsingsområde "infrastruktur" har som strategi å trygge farleier med gode hamner.

Med helsing

Børre Tennfjord  
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:				
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN	
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE	
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404	MOLDE	

#### Midt-Norge - Plan- og kystforvaltningsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no
Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 970 237 372

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson



Noregs  
vassdrags- og  
energidirektorat



Herøy kommune  
Postboks 274  
6099 FOSNAVÅG

*Utv. avd.*

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr <i>2012/7</i>	Saksbeh <i>OMR</i>
22 JULI 2013	
Ark kode P	<i>143</i>
Ark kode S	
J nr	Dok nr <i>251</i>
Kassasjon	

*Utskrift JHM*

Vår dato: 18 JULI 2013  
Vår ref.: NVE 201104045-7 rv/tes  
Arkiv: 323  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.: 2012/7

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## Fråsegn til offentlig ettersyn - Kommuneplan Herøy - Samfunnsdelen - 2013-2025 - Herøy kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 28.6.2013. Saka gjeld offentlig ettersyn av samfunnsdelen til kommuneplanen for 2013 -2025 i Herøy kommune.

NVE har ingen merknader til kommuneplanen.

Med helsing

  
Brigte Olav Samdal  
regionsjef

  
Terje Systad  
overingeniør

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)  
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

Region Midt-Norge  
Vestre Rosten 81  
7075 TILLER

Region Nord  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

Region Sør  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

Region Vest  
Naustdalsvn. 1B  
Postboks 53  
6801 FØRDE

Region Øst  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR



HERØY KOMMUNE  
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

## SAKSFRAMLEGG

-

---

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/7
		Arkiv:	143

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
177/13	Formannskapet	15.10.2013
	Kommunestyret	24.10.2013

### KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025 - AREALDELEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

#### Tilråding frå rådmannen:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Arealdel* skal leggest ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Sjå adresseliste siste side.

## Vedlegg

- 1 Arealdel 2013-2025 - Plankart Herøy kommune 03.10.2013
- 2 Herøy arealdel føresegner 08.10.2013
- 3 Herøy arealdel planomtale 03.10.2013
- 4 Herøy arealdel konsekvensutgreiing 03.10.2013
- 5 Herøy arealdel KU av nye område 02.10.2013
- 6 Risiko- og sårbarheitsanalyse Herøy
- 7 Kartvedlegg til risiko- og sårbarheitsanalyse

## Saksopplysningar

### Utdrag frå planomtale og konsekvensutgreiing:

Plan- og bygningslova (Pbl) § 11-1 fastset at kommunane skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommunen skal såleis ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk (jf. Pbl § 11-5).

I dette arbeidet har kommunen fått inn 239 forslag som går på konkrete arealføremålsendringar i noverande kommuneplan. Størsteparten av innspela går på endring frå LNF til bustadføremål. Arbeidsgruppa som har hatt ansvaret for å vurdere kvart einskild innspel har valt å gå vidare med 85 områder som har blitt konsekvensutgreidd. Innanfor eitt område kan det ligge fleire innspel og arbeidsgruppa har såleis valt å gå vidare med 108 innspel. Arbeidsgruppa har i denne prosessen vurdert at 131 innspel ikkje var innanfor kommunen sine satsingsområde eller det var for stor konflikt med nasjonale eller regionale interesser.

### Medverknad:

Gjennom arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel har kommunen gjennomført sju medverknadsmøter i ulike bygdelag. Dette var gjort for å orientere om planprosessen, gi informasjon om korleis ein skal gå fram for å kome med skriftlege innspel til arealplanen og for å skape dialog mellom innbyggjarane og kommunen.

Møta i bygdelaga vart gjennomført slik:

Runde og Remøy	8.3.2012	Moltu og Sandvika	9.5.2012
Leine, Frøystad og Bø	21.3.2012	Notøya, Stokksund og Tjørnvåg	23.5.2012
Nerlandsøya	18.4.2012	Myrvåg, Dragsund og Leikong	30.5.2012
Bergsøya	2.5.2012		

Det var ope for å kome med skriftlege innspel gjennom heile perioda det vart gjennomført bygdemøter og fram til 30.6.2012.

### Folketalsutvikling:

Herøy har sett seg eit mål om 10.000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ein høg ambisjon, men den er framleis mogleg å oppnå med rett satsing. Herøy kommune har hatt ei jamn auke i folketalet frå 1950 til i dag og folketalet er i dag på det høgaste det nokon gong har vore på 8.847 pr. 1.1.2013. Særleg siste åra har vist at Herøy har hatt sterk vekst på grunn av utanlandsk innvandring.



Herøy kommune har siste tre åra hatt ei befolkningsauke på 150 innb. i 2010, 194 innb. i 2011 og 120 innb. i 2012. Dette er ei auke som slår SSB sine prognosar for høg vekst. Ein kan ikkje rekne med at ei slik befolkningsauke skal halde fram, men kommunen må ta høgde for at det kan skje og planlegge med sikte på at alle som vil, kan busette seg i kommunen.

Talet på nyoppførte bustader varierer ein del frå år til år. I perioden 1.7.2011 – 26.9.2013 er det oppført 73 nye bustadar i kommunen. Det er i same periode gjeve 93 igangsettingstillatelsar for bygging. I lys av dette har kommunen ut frå ei behovsvurdering prioritert reguleringsplanar for bustadbygging i relevante område. Ein går ut frå eit behov på om lag 45 bustader i året samla i kommunen.

#### Konsekvensutgreiing:

Utgreiinga er gjort slik at alle områda har blitt kartfesta og sett opp mot nasjonale og lokale databasar og kunnskap. Dei nye byggeareala som er teke inn i planen har blitt konsekvensutgreidd på denne måten og ligg som eige vedlegg (sjå vedlegg 5). Det er nytta eit eige KU-skjema for alle dei nye byggjeområda der følgjande tema/moment er med i konsekvensutgreiinga:

- Støy og forureining (Sjå avsnitt 2.1 og 2.10)
- Sikring av jordressursar (2.2)
- Naturmangfald (2.3)
- Kulturminner og kulturmiljø (2.4)
- Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv (2.5 og 2.9)
- Transportbehov (2.6)
- Teknisk infrastruktur (2.7)
- Befolkningsutvikling og tenestebehov (2.11)
- Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (2.8)
- Strategi for framtidig arealbruk (2.12)

Gradering av konfliktpotensiale:

Negativ:	-	Utbygginga har negativ innverknad på omgjevningen
Liten:	0	Utbygginga har ingen eller liten innverknad på omgjevningen
Positiv:	+	Utbygging har positiv/ikkje negativ innverknad på omgjevningen

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema.

#### **Vurdering**

Kommuneplanen som ligg føre er eit samla resultat av ein lang prosess der ein har vore aktivt ute for å sikre medverknad frå alle grupper. Planen legg langsiktige føringar for vidare utviklinga i samfunnet og arealdelen har teke utgangspunkt i tiltak i *Kommuneplanen sin samfunnsdel* og gjort desse om til konkrete arealdisponeringar. Dette går særleg mot behov for nye bustadareal og areal for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

I kommuneplanprosessen har kommunen fått 239 innspel frå innbyggjarane og «arbeidsgruppa for arealdelen» har vurdert kvart enkelt innspel. Innspela og vurderingane som er gjort ligg ikkje ved saka, men vert lagt ut i Servicetorg og på kommunen si heimeside når saka er klar til politisk handsaming. På grunn av stor dokumentmengde og filstørrelse har ein ikkje lagt ved desse dokumenta, men viser til servicetorget og kommunen si heimeside for dei som er interessert.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova §§ 8-12 (henta frå vedlegg 4 konsekvensutgreiing):**

Herøy har fleire område som er bandlagt gjennom naturmangfaldlova (9 område, sjå planomtale). Bakgrunnen for at vi desse områda er verna er ut frå eit ynskje om å sikre berekraftig bruk og vern av naturen. Desse områda er av nasjonal verdi og ein ynskjer ikkje at det vert sett i gang tiltak innanfor området som kan forringe dei kvalitetane som verneforskrifta har som føremål å sikre. Innanfor eit verneområde skal all aktivitet som ikkje er unnateke søknadsplikt i verneforskrifta vere godkjende av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak innanfor område bandlagt gjennom naturmangfaldlova.

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget som har blitt lagt til grunn for konsekvensutgreiinga er rekna som god då ein har brukt tilgjengelege nasjonale databasar samt lokale data (sjå kap. 2.3 og 4 i konsekvensutgreiinga).

#### § 9 Føre-var prinsippet

Gjennom konsekvensutgreiingane har ein avdekka område der det kan vere eit verna eller sårbart naturmangfald har kommunen lagt krav om regulering over området for at ein skal avklare forholdet gjennom ei detaljregulering. Kommunen har såleis brukt føre-var prinsippet for å avklare forholda nærmare.

#### § 10 Samla belastning

Det vert ikkje lagt vesentleg større belastning på sårbare eller verna naturtypar då planforslaget ikkje legg opp til tiltak innanfor verna område.

#### § 11 Kostnadane ved miljøforringing

Tema er ikkje relevant for kommuneplanen sin arealdel. Dette må avklarast gjennom detaljregulering.

#### § 12 Miljøforsvarlege driftsmåtar

Tema er ikkje relevant for kommuneplanen sin arealdel. Dette må avklarast gjennom detaljregulering.

#### **Omsynsone landbruk og omsynsone kulturlandskap:**

Etter planforslaget var lagt fram for arbeidsgruppa 1.10.2013 kom Søre Sunnmøre Landbrukskontor med innspel om at kjerneområde for landbruk og kjerneområde for kulturlandskap måtte takast med i plan, enten som temakart eller direkte i kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen har gjort nokre avklaringar knytt til formuleringane i føresegn, planomtale og konsekvensutgreiing og teke inn kjerneområde for landbruk og kulturlandskap med i arealplanen som *omsynsone landbruk* og *omsynsone landskap*

#### **Konsekvensar:**

##### Konsekvensar for folkehelse:

Forslag til ny arealdel legg opp til ei heilskapleg tilnærming til folkehelseperspektivet. Ein har teke med seg element som td. etablering av turstiar i tilknytning til dei større bustadfelt og etablering av bustadar i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen. Tilgang til rekreasjonsareal for nye bustadområde har også vore tema som har blitt vurdert i «konsekvensutgreiingane».

##### Konsekvensar for beredskap:

Planforslaget i seg sjølv har ingen negative konsekvensar for beredskap. Forslag til arealdel legg opp til etablering av fleire bustadar, naust og fritidsbustadar i

kommunen som vil medføre at ein også må ha ein utvikling i forhold til beredskap som fyl utviklinga i lokalsamfunnet for at alle menneska som oppheld seg i kommune skal vere trygge.

Konsekvensar for drift:

Nokre av forslaga i planen kan medføre krav til utbygging av teknisk infrastruktur og vil kunne ha konsekvensar for drifta i kommunen ved auka belastning på driftsavdelinga.

Viser elles til konsekvensutgreiinga, vedlegg 4.

**Konklusjon:**

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Arealdel* skal leggest ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

Fosnavåg, 03.10.2013


Erlend Krumsvik  
Rådmann

Jarl Martin Møller  
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

**Adresseliste:**

Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Statens vegvesen, region midt	Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal	Postboks 185 sentrum, 5804 BERGEN
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	6080 Gurskøy
Kystverket	Postboks 1502, 6025 ÅLESUND
Noregs- vassdrags og energidirektorat, region vest	Naustdalsvn. 1B, postboks 53 6801 FØRDE
Forsvarsbygg	Postboks 405, sentrum, 0103 OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning	Postboks 3021 Lade, 7441 TRONDHEIM
Arbeidstilsynet Midt-Norge	Postboks 4720 Sluppen, 7468, TRONDHEIM
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk	Smårisevadet 20, 6065 ULSTEINVIK
Møre Bispedøme	Moldetrappa 1, 6415 MOLDE
Statkart	Elektronisk oversending
Statsbygg region Midt-Norge	Erling Skakkes gate 66, postboks 4433, Hospitalsløkkan 7418 TRONDHEIM
Statskog SF	Postboks 63 Sentrum, 7801 NAMSOS
Herøy Næringsforum	Postboks 69, 6099 FOSNAVÅG
Herøy Vasslag BA	Kvithaugsmyra, 6092 FOSNAVÅG
Stemmedalen Vassverk	6070 TJØRVÅG
Moltustranda Vassverk	6076 MOLTUSTRANDA
Kvalsvik Vassverk	6098 NERLANDSØY
Nerlandsøy Vassverk	6098 NERLANDSØY
Runde Vassverk	6096 RUNDE
Leikanger Vassverk	6080 GURSKØY
Runde Miljøsender	6096 Runde
Ungdomsrådet i Herøy	Her
Eldrerådet i Herøy	Her
Barnerepresentanten i Herøy	Her
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	Her



**TEGNFORKLARING**

- Nivenerve Framlegg
- Bebyggelse og arelegg (§11-7 NR.1)**
- Boligbebyggelse
- Frikolbebyggelse
- Sentrumkjerne
- Fornesbelegg
- Tjæsteblegg
- Fritids- og turistformål
- Flaustkavring
- Næringsbebyggelse
- Spesialaregg
- Andre typer bebyggelse
- Gate og umland
- Kombinert bebyggelse og arelegg
- Samferdselsarelegg og tek. inf. (§11-7 NR.2)**
- Havn
- Parkering
- Grønnsstruktur (§11-7 NR.3)**
- Flora
- Landbruk/natur- og kulturlandskap (§11-7 NR.5)**
- Landbruk/natur- og kulturlandskap samlet
- LMF areal
- LMF areal. Spesielt bolig- og nærings
- LMF areal. Spesielt fritidsbebyggelse
- Bruk og vern av sjø og vassdrag (§11-7 NR.6)**
- Bruk av sjø og vassdrag m. lth. strands
- Småbåthavn
- Fiske
- Arbeidstun
- Økologisk
- Fiskekultursted
- Kombinert landbruk og vassdrag
- Hanslystsoner (§11-8)**
- Farezone - Flar og skredfare
- Sjangerzone - Historisk og arkitektur
- Sikringssoner eller livs- og kultursoner
- Sikringssoner eller livs- og kultursoner
- Detaljeringssoner Reguleringsplan skal utarbeides
- Bestemmelelsesområde (§11-9)
- Kor av reguleringsplan
- Linje- og punktsymboler (PBL2008)**
- Planens avgrensing
- Grense for arealformål
- Farezonegrense
- Sikringssonergrense
- Boligsonergrense
- Detaljeringssonergrense
- Bestemmelelsesgrense
- Angittensyngrense
- Nivenerve Framlegg
- Hovding
- Hovding land
- Hovding bry
- Samlings
- Adkomstveg
- Gang- sykkelveg
- Gangveg
- Turistveg
- Statisk
- Fiske
- Angittensyngrense - Havn og landbruk
- Angittensyngrense - Havn og landbruk

Beskrivelse av tegnet med navn på planene  
 Kommunens plankontroll, Sag. 101  
 Kartprosjekt 1914 ved T. Lunde  
 Revisjonsnr. 1001/101

Kommuneplan for Herøy 2013-2025

Skala 1:10000

Arbeidsnr. 02/2013

SAKSBEHANDLING ETTER PLAN- OG BYGNINGSLOVEN	SAKSnr.	DATO	Stemte
<b>Kommunestyrets vedtak:</b>			
1. gangs behandling			
2. gangs behandling			
3. gangs behandling			
4. gangs behandling			
5. gangs behandling			
6. gangs behandling			
7. gangs behandling			
8. gangs behandling			
9. gangs behandling			
10. gangs behandling			
11. gangs behandling			
12. gangs behandling			
13. gangs behandling			
14. gangs behandling			
15. gangs behandling			
16. gangs behandling			
17. gangs behandling			
18. gangs behandling			
19. gangs behandling			
20. gangs behandling			
21. gangs behandling			
22. gangs behandling			
23. gangs behandling			
24. gangs behandling			
25. gangs behandling			
26. gangs behandling			
27. gangs behandling			
28. gangs behandling			
29. gangs behandling			
30. gangs behandling			
31. gangs behandling			
32. gangs behandling			
33. gangs behandling			
34. gangs behandling			
35. gangs behandling			
36. gangs behandling			
37. gangs behandling			
38. gangs behandling			
39. gangs behandling			
40. gangs behandling			
41. gangs behandling			
42. gangs behandling			
43. gangs behandling			
44. gangs behandling			
45. gangs behandling			
46. gangs behandling			
47. gangs behandling			
48. gangs behandling			
49. gangs behandling			
50. gangs behandling			
51. gangs behandling			
52. gangs behandling			
53. gangs behandling			
54. gangs behandling			
55. gangs behandling			
56. gangs behandling			
57. gangs behandling			
58. gangs behandling			
59. gangs behandling			
60. gangs behandling			
61. gangs behandling			
62. gangs behandling			
63. gangs behandling			
64. gangs behandling			
65. gangs behandling			
66. gangs behandling			
67. gangs behandling			
68. gangs behandling			
69. gangs behandling			
70. gangs behandling			
71. gangs behandling			
72. gangs behandling			
73. gangs behandling			
74. gangs behandling			
75. gangs behandling			
76. gangs behandling			
77. gangs behandling			
78. gangs behandling			
79. gangs behandling			
80. gangs behandling			
81. gangs behandling			
82. gangs behandling			
83. gangs behandling			
84. gangs behandling			
85. gangs behandling			
86. gangs behandling			
87. gangs behandling			
88. gangs behandling			
89. gangs behandling			
90. gangs behandling			
91. gangs behandling			
92. gangs behandling			
93. gangs behandling			
94. gangs behandling			
95. gangs behandling			
96. gangs behandling			
97. gangs behandling			
98. gangs behandling			
99. gangs behandling			
100. gangs behandling			

PLANENS TILBEHØRER AV: Utvalgte dokumenter

SAKSBEH: 0208

# KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025

## FØRESEGNER FOR KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL



Sist revidert 08.10.2013  
Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn  
xx.xx.20xx  
Offentleg ettersyn: xx.xx.xxxx – xx.xx.xxxx

Kommuneplanen er vedteken i Kommunestyret  
xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx

PlanID 1515 201250



## INNHALDSLISTE

1. GENERELT.....	3
2. UTBYGGINGSOMRÅDE (jf. Pbl §§ 11-7 nr. 1 og 11-9).....	3
2.1 Fellesføresegner .....	3
2.2 Risiko og sårbarheit (jf. Pbl § 4-3).....	3
2.3 Krav om reguleringsplan (jf. Pbl § 11-9 nr. 1).....	3
2.4 Sentrumsføremål (jf. Pbl § 11-9 nr. 1).....	3
2.5 Område for råstoffutvinning (jf. Pbl § 11-9 nr. 1) .....	4
2.6 Næringsområde (jf. Pbl § 11-9 nr. 1).....	4
2.7 Utbyggingsavtaler (jf. Pbl § 11-9 nr. 2).....	4
2.8 Handtering av overflatevatn (jf. Pbl § 11-9 nr. 3).....	4
2.9 Krav om rekkefølge (jf. Pbl § 11-9 nr. 4).....	5
2.10 Krav om utforming og lokalisering av bygg og anlegg (jf. Pbl § 11-9 nr. 5).....	5
2.11 Tiltak langs sjø og vassdrag (jf. Pbl §§ 1-8 og 11-9 nr. 5).....	5
2.12 Grad av utnytting (jf. Pbl § 11-9 nr. 5).....	6
2.13 Krav til uteareal (jf. Pbl § 11-9 nr. 5) .....	6
2.14 Funksjonskrav (jf. Pbl § 11-9 nr. 5).....	7
2.15 Naust (jf. Pbl § 11-9 nr. 5).....	7
2.16 Rorbu (jf. Pbl § 11-9 nr. 5) .....	8
2.17 Hytte, fritidsbustadar (jf. Pbl § 11-9 nr. 5) .....	8
2.18 Kombinert byggje- og anleggsføremål (jf. Pbl § 11-9 nr. 5) .....	9
2.19 Kulturminner og kulturmiljø (jf. Pbl § 11-9 nr. 7).....	9
3. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET (jf. Pbl § 11-7 nr.2).....	9
4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (jf. Pbl § 11-7 nr.5) .....	9
4.1 Unntak for byggjeforbodet i 100-metersbeltet (jf. Pbl § 11-11 nr. 2 og 4, jf. § 1-8).....	9
4.2 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 a).....	10
4.3 LNF-område der spreidd utbygging vert tillate (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 b) .....	10
5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (jf. Pbl §11-7 nr.6).....	11
5.1 Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF) .....	11
5.2 Område for natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur (NFFFA) .....	12
6. OMSYNSSONER (jf. Pbl § 11-8).....	12
7. DISPENSASJONAR.....	14
8. VEDLEGG.....	15



## 1. GENERELT

Arealdel av kommuneplanen er juridisk bindande, og skal leggjast til grunn ved all planlegging og sakshandsaming av enkeltsaker innan planområde.

Tiltak som kan vere til vesentleg ulempe for gjennomføring av planen skal avslåast.

Kommuneplanen er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova av 2008 (Pbl), § 11-5. Kommuneplanen sin arealdel viser hovudtrekka i arealdisponeringa, samt rammer, føresetnader og omsyn ved nye tiltak og ny arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel består av plankart, føresegner og planomtale, jf. Pbl § 11-5.

Føresegnene til arealdelen er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk, jf. Pbl § 11-6. Føresegnene er utheva med ramme. Øvrig tekst er å rekne som retningslinjer og er ikkje juridisk bindande, men av rådgjevande og informativ karakter.

Planomtalen (og tilhøyrande ROS) er ikkje juridisk bindande, men legg likevel viktige, retningsgjevande føringar for arealplanlegging og byggesakshandsaming i kommunen då dei presiserer kommunestyret sin politikk og ønskjemål for utviklinga i planperioden.

Reguleringsplanar vedtekne før kommuneplanen sin arealdel trer i kraft, inngår i det omfang som går fram av plankart. Reguleringsplanar som framleis skal gjelde, er vist som omsynssone, jf. Pbl § 11-8 f. Det inneber at eldre reguleringsplanar som ikkje inngår i omsynssone i arealdelen er vedtekne oppheva med heimel i Pbl § 12-12, jf. § 12-14.

Det skal leggjast vekt på synleggjering og ivaretaking av naturmangfaldet ved planlegging og utbygging. I samsvar med Naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde.

## 2. UTBYGGINGSOMRÅDE (jf. Pbl §§ 11-7 nr. 1 og 11-9)

### 2.1 Fellesføresegner

Frist for iverksetting av utbygging av godkjent byggeareal vert sett til fire år. Ved rullering av plan vil byggeareal som ikkje er utnytta bli tatt opp til ny vurdering.

### 2.2 Risiko og sårbarheit (jf. Pbl § 4-3)

Samfunnstryggleik og beredskap skal ivaretakast i arealplanlegginga.

Vurdering av risiko- og sårbarheit (ROS-analyse) skal inngå i reguleringsplanar og i byggesakshandsaming. Utreiing skal vere avgrensa til relevante problemstillingar.

Behov for avbøtande tiltak skal avklarast.

### 2.3 Krav om reguleringsplan (jf. Pbl § 11-9 nr. 1)

Innanfor areal merka # på plankartet, kan arbeid og tiltak som nemnt i Pbl § 20-1 (tiltak som krev søknad og løyve), samt frådelling til slike føremål ikkje finne stad før området inngår i godkjent reguleringsplan i samsvar med kommuneplanen.

### 2.4 Sentrumsføremål (jf. Pbl § 11-9 nr. 1)





For område avsett til sentrumsføremål kan det etablerast tiltak som forretning, næring, offentlig og privat tenesteyting, bustadar, kontor, kjøpesenter, hotell/overnatting og bevertning med tilhøyrande grøntareal.

For område avsett til sentrumsføremål kan ikkje tiltak settast i verk før godkjent reguleringsplan ligg føre.

Kommunesenteret i Herøy er definert gjennom ei avgrensing på kartet. Kommunesenteret i Herøy er Fosnavåg med det sentrum som viser på kartet.

Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset skal vere avlastningsområde for sentrum for arealkrevjande næringar.

Industriområde i Myrvåg skal vere ein satellitt til Fosnavåg og dekkje basisbehovet for innbyggjarane i indre del av Herøy med detaljhandel og plasskrevjande varer.

### **2.5 Område for råstoffutvinning (jf. Pbl § 11-9 nr. 1)**

Før nye område for råstoffutvinning (masseuttak) og massefylling (deponi) vert teke i bruk og ved utviding av eksisterande uttak, skal det ligge føre godkjent reguleringsplan.

Reguleringsplanen skal avklare mengd med masse som kan takast ut, uttaksperiode og krav til terrengbearbeiding når anlegget vert avslutta. Det skal utarbeidast reguleringsplan for alle nye uttak og fyllingar større enn "husbehov".

### **2.6 Næringsområde (jf. Pbl § 11-9 nr. 1)**

For område avsett til næring kan ikkje tiltak settast i verk før godkjent reguleringsplan ligg føre.

### **2.7 Utbyggingsavtalar (jf. Pbl § 11-9 nr. 2)**

Det kan i alle større plan- og byggesaker utarbeidast utbyggingsavtalar mellom kommunen og utbyggjar for utbygging av teknisk infrastruktur (veg, parkering, vatn og avløp, energi) og grøn infrastruktur (uteareal, gang- og turveg).

### **2.8 Handtering av overflatevatn (jf. Pbl § 11-9 nr. 3)**

Overflatevatn skal handterast ved kjelda med lokal infiltrasjon og fordrøyning. Ny utbygging skal ikkje medføre auka avrenning til vassdrag der det allereie er flaumproblem. Det vert sett krav om separate system for avløp og overvatn. Opne løysingar skal nyttast når det er mogleg.

Handtering av overflatevatn skal være et utgreiingstema ved alle planar for utbygging. Ny utbygging skal ikkje medføre auka utslepp til vassdrag i form av forureina stoff, herunder også partiklar og nærings salt, som kan påverke vasskvaliteten og biologien i heile eller deler av vassdraget negativt (jf. Norsk Vann – rapport 162/2008).



## 2.9 Krav om rekkefølge (jf. Pbl § 11-9 nr. 4)

I område som er sett av til byggeformål kan utbygging ikkje skje før godkjente tekniske infrastruktur (køyreveg, gang- og sykkelveg, avløp, kraft- og vassforsyning) er etablert og samfunnstenester (barnehage og skule) er dekt.

## 2.10 Krav om utforming og lokalisering av bygg og anlegg (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

### Estetikk

Ved utbygging skal det leggast vekt på estetisk utforming, tilpassing til landskap og terreng. Nye bygningar skal utformast i samsvar med eksisterande stadtypiske bygningar.

### Universell utforming

Prinsippa om universell utforming skal leggast til grunn ved alle plansaker, ved planlegging og utbygging av publikumsretta bygg, alle kommunale bygg og offentlege eller felles private anlegg og uterom.

Det skal greiast ut korleis desse omsyna er ivaretatt.

### Energi

Bygg skal plasserast og utformast med omsyn til lokale klimatiske tilhøve for å redusere samla energibruk.

### Støy

I samband med utarbeiding av reguleringsplanar og søknadspliktige tiltak som grensar mot industriområde med støyande verksemder, fylkesvegar, riksvegar og andre støykjelder skal støyforhold vurderast. Støyforhold skal oppfylle Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442). Avbøtande tiltak skal omtalast i regulerings- og byggesakene, samt innarbeidast i føresegnene til reguleringsplan.

### Universell utforming

For vurdering av universell utforming vert det vist til kriteria for tilgjenge nedfelt i teknisk forskrift, nasjonale retningslinjer og nasjonale føringar.

## 2.11 Tiltak langs sjø og vassdrag (jf. Pbl §§ 1-8 og 11-9 nr. 5)

I byggeområde er det ikkje tillate å gjennomføre tiltak etter Pbl § 1-6 inntil 20 meter frå strandlinja, dersom det ikkje anna er bestemt i reguleringsplan.

Langs breidda av vassdrag med årsikker vassføring skal det oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte, jf. vassressurslova § 11. Breidda på vegetasjonssona skal vurderast i samband med reguleringsplan.



#### Vilkår for nyetablering og utviding av havner

Båthavner med servicebrygge/slipp og sjønære opplagsområder skal være utstyrt med oljeskillar. Det skal leggst til rette for kjeldesortering av avfall i småbåthavner, og miljøfarleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Bryggeanlegg og bølgebrytarar bør utformast og plasserast med tanke på å oppretthalde tilstrekkeleg vassgjennomstrøyming for å oppretthalde god vasskvalitet.

Alle tiltak i sjø som t.d. bygging av kai, utfyllingar, utlegging av flytebrygger og leidningar i sjø, krev løyve etter Hamne- og farvasslova i tillegg til løyve etter plan- og bygningslova.

Ved planlegging i tilknytning til sjøareal, skal planane så tidleg som mogleg leggjast fram for Bergen Sjøfartsmuseum via Møre og Romsdal fylkeskommune, for uttale.

#### **2.12 Grad av utnytting (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)**

For bustadområde skal utnyttingsgrad reknast i % BYA (inkl. biloppstillingsplass og garasje) og utbyggingshøgde skal fastsetast i reguleringsplan.

Bustadområde for einebustad og tomannsbustad skal BYA vere maks. 30 %, for konsentrert småhusutbygging (kjede-, rekkehus) maks. 40 %, for lavblokker og blokker vert å fastsetje i kvar einskild sak.

Naust kan oppførast med bruksareal (BRA) inntil 60 m<sup>2</sup>. Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal.

Rorbu kan førast opp i to (2) etasjar med bruksareal (BRA) inntil 80 m<sup>2</sup> der 1.etasjen er utforma som eit tradisjonelt naust for oppbevaring av båt, fiskereiskap, båtutstyr, o.a., og der 2. etasjen er innreidd for overnatting og opphald.

Hytter, fritidsbustadar kan førast opp med bruksareal(BRA) inntil 100 m<sup>2</sup>.

Ved utrekning av utnyttta areal skal Miljøverndepartementet sin rettleiar for grad av utnytting leggst til grunn.

Det vert oppfordra til å vektlegge variert tomtestorleik, gode fellesareal og grøntområde utover minstekrava for å skape særprega og attraktive bustadområde.

I område med næringsbebyggelse og krav om reguleringsplan skal utnyttingsgrad fastsetjast i kvar enkelt sak.

#### **2.13 Krav til uteareal (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)**

##### Parkering

Krav til parkering er regulert gjennom vedlegg til føresegna, Parkeringsvedtekt for Herøy kommune.



### Leikeplass

Ved planlegging av bustadfelt skal det for kvar buening settast av min. 50 m<sup>2</sup> til leikeplass og andre friområde. Uteopphaldsareal for den enkelte buening skal etablerast i tillegg til leike- og friområde.

Leikeplassar og uteopphaldsareal skal ha tilfredsstillande støyforhold (maks. 55 dbA). Leikeplassane skal ha solrik plassering, vere skjerma mot forureining, trafikkfare og sterke elektromagnetiske felt. Areal brattare en 1:3 og areal for kvartalsleikeplassar og fellesleikeplassar smalare enn 10 meter skal ikkje reknast med.

Leikeplassar skal gje eit allsidig leiketilbod med følgjande oppdeling:

#### Nærleikeplass:

Alle bueningar skal innan gangavstand på 50 meter ha ein nærleikeplass med storleik på minst 200 m<sup>2</sup>. Maks. 20 bueningar kan være felles om leikeplassen som min. skal ha sandkasse, benk og noko fast dekke.

#### Kvartalsleikeplass:

Alle bueningar skal innan gangavstand på 250 meter ha ein kvartalsleikeplass med storleik på minst 1500 m<sup>2</sup>. Maks. 50 bueningar kan være felles om leikeplassen som skal leggjast til rette for varierte aktivitetar som til dømes balleik, aking, sykling og liknande.

#### Fellesleikeplass:

Ved ein samla utbygging over 150 bueningar skal det i tillegg etablerast eller leggjast til rette for ein fellesleikeplass. Leikeplassen med storleik på minst 3000 m<sup>2</sup> skal ligge i ein gangavstand på maks. 500 meter frå bustaden. Fellesleikeplassen skal leggjast til rette for balleik og andre aktivitetar som er plasskrevjande.

Før ferdigattest eller mellombels bruksløyve blir gitt, skal nærleikeplassen som buening tilhøyrrer vere opparbeidd.

Ved omdisponering av areal som i plan er avsett til felles areal og friområde skal det skaffast fullverdig erstatning.

Nærleikeplassar skal settast av i alle område der det vert etablert 5 eller fleire bueningar.

Kvartalsleikeplassar skal settast av i alle område der det vert etablert 20 eller fleire bueningar.

## **2.14 Funksjonskrav (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)**

I buområde på meir enn 10 bustadar kan kommunen ved oppstart av regulering nytte utpeikingsretten, jf. Pbl § 17-3, for å sikre at 5-10% av bueningane er tilpassa variert bustadbygging i forhold til standard og behov for spesielle bebuarar/brukargrupper. Antallet fastsettast i reguleringsføresegna.

## **2.15 Naust (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)**



Føresegna er gjeldande for einskildsaker og ved regulering av nye naustområde eller der føresegna til reguleringsplanane ikkje seier noko om storleik, form og funksjon.

Naust er definert som eit uisolert bygg til oppbevaring av båt og tilhøyrande reiskap/vegn. I naustområde kan det ikkje førast opp bygg anna enn i risikoklasse 1, jf. byggt teknisk forskrift § 11-2. Det er forbod mot å innreie rom/loft i naust- og sjøbuder til varig opphald.

Når naustgrupper får større samla areal enn 480 m<sup>2</sup>, skal det vere 8 m avstand til neste naustgruppe. Alternativ til 8 m avstand er brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60. Dobbeltnaust med storleik over 60 m<sup>2</sup> må ha brannskiljekonstruksjon som held klasse EI 60 mot andre naust.

Ferdig golv i naust skal plasserast i intervallet 1,5 – 2,5 over NGO kote 0 avhengig av terrengtilhøva på staden. Alle konstruksjonar under kote 2,7 skal dimensjonerast og utformast til å kunne tole påkjenningar ved stormflo.

Mønehøgde, rekna frå topp golv nærast sjøen, skal ikkje vere større enn 6,5 m eller kan tilsvare breidda på naustet.

Naust skal ha saltak med takvinkel i intervallet 30 – 40 grader.

Vindauga må vere av avgrensa storleik og samsvare med behovet knytt til naustfunksjonen. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av hovudplanet sitt bruksareal (BRA).

Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom naust og naustgrupper.

Det er ikkje tillate med gjerde/levegg eller andre stengsler i områda.

Naust skal vere i tradisjonell stil med trekledning og enkel utforming utan arker, kvister og andre takopplett, balkongar, altan, karnapp eller liknande fasadeelement som ikkje er i samsvar med naustet sin funksjon.

Fargebruken skal vere avdempa. Dette gjeld også på lister og annan detaljering.

## 2.16 Rorbu (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)

Mønehøgde rekna frå topp golv nærast sjøen skal ikkje vere større enn 6,5 m.

Ved oppføring av rorbuer som danner grupper på to eller fleire, kan kommunen krevje utarbeiding av reguleringsplan før løyve vert gitt.

Ved bygging av rorbuer legg ein vekt på at det framleis skal vere tilgjenge for ålmenta langs fjøra. Det skal vera mogeleg for ålmenta å ferdast framfor og mellom rorbuer.

Det er ikkje tillate med gjerde, levegg, platting eller andre stengsler i område for rorbuer som hindrar ålmenta sin tilgang til strandsona.

## 2.17 Hytte, fritidsbustadar (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)



Mønehøgda skal avgrensast til maksimalt 5,5 m og gesimshøgda til 4,0 m frå topp grunnmur / fundament

Det kan førast opp eitt uthus/anneks pr. hytteeining i storleik på inntil 15 m<sup>2</sup> BRA, mønehøgde inntil 3 m og gesimshøgde inntil 2,5 m. Avstand frå hytte maks 10 m.

Det kan lagast til terrasse/utegolv på inntil 30 m<sup>2</sup>.

Innlagt vatn føreset utsleppsløyve.

## **2.18 Kombinert byggje- og anleggsmål (jf. Pbl § 11-9 nr. 5)**

Innanfor areal avsett til kombinert byggje- og anleggsmål kan det leggjast til rette for forretning, næring og bustadar.

1.etasje/gateplan innanfor slike område bør avsettast til forretning eller kontor som er publikumsretta. Bustad/leiligheter bør etablerast på etasjer ovanfor.

## **2.19 Kulturminner og kulturmiljø (jf. Pbl § 11-9 nr. 7).**

Dersom det i samband med gravearbeid vert avdekt automatisk freda kulturminne, eller det viser seg at tiltaket kan verke inn på automatisk freda kulturminne, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservator orienterast for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Tiltak som rører ved kulturminne eller kulturminnet sine omgjevnader skal utformast med omsyn til kulturminnet. Tiltaket skal ha gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og med omsyn til tiltaket sin funksjon og tiltaket sine bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Endring av eksisterande byggverk, oppussing og rehabilitering skal ta omsyn til historisk, arkitektonisk eller annan kulturell aktivitet

## **3. VIKTIGE LEDD I KOMMUNIKASJONSSYSTEMET (jf. Pbl § 11-7 nr.2)**

Avkjørsler frå riks- og fylkesvegar skal leggjast, brukast og utformast i samsvar med den til ei kvar tid gjeldande vegnormal og rammeplan for avkjørsler, utarbeidd av Statens vegvesen.

Nye vegtraséar vist på arealdelen til kommuneplanen er retningsgivande. Detaljert linjeføring for samle-, tilkomst- og gangvegar skal avklarast i reguleringsplan.

## **4. LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFØREMÅL (jf. Pbl § 11-7 nr.5)**

### **4.1 Unntak for byggjeforbodet i 100-metersbeltet (jf. Pbl § 11-11 nr. 2 og 4, jf. § 1-8).**

I 100-meters beltet langs sjø kan eksisterande bebyggelse gjenreisast etter brann og storm.



Ny landbruksbebyggelse som er nødvendig for næringa, kan oppførast innan 100-meters beltet i særskilde tilfelle der det ikkje fins alternativ lokalisering på eigedommen. Dette omfattar også andre nødvendige bygningar, mindre anlegg og opplag for å oppretthalde det lokale landbruket, fiske, fangst og ferdsel på sjøen, jf. PBL § 11-11, nr. 4.

I turområde og ved badeplassar innanfor 100-meters beltet, kan ein tillate tiltak med tanke på tilrettelegging for ålmenn bruk og tilgjenge.

#### 4.2 Landbruk-, natur- og friluftsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 a)

Innafor LNF-område skal det ikkje tillast ny eller vesentleg utviding av bustad-, nærings- eller fritidsutbygging eller frådelling til slike formål. Forbodet gjeld ikkje utbygging som har direkte tilknytning til stadbunden næring.

#### 4.3 LNF-område der spreidd utbygging vert tillate (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 b)

Bustadtomter skal så langt det er råd ikkje plasserast på dyrka jord. Nye bygg skal så langt råd plasserast i nærområdet til eksisterande busetnad. Tomtene kan ha ein storleik på inntil 1,5 daa. Før byggjeløyve vert gitt, skal tiltaket vere avklara i høve til lov om kulturminne, jf. §§ 8 og 9. Tilfredstillande vassforsyning og kloakkløysing må dokumenterast. Tomt skal kartleggjast med omsyn til vegtrafikkstøy (jf. rettleiar T-1442) og skredfare, og eventuelle tiltak etablerast.

Innanfor desse nummererte områda kan spreidd bustad-, fritidshus tillast. Det kan gjerast frådelling med sikte på bygging innanfor fylgjande omfang:			
1. Skorpa	3 einingar	17. Tuftene	7 einingar
2. Kopperstad	7 einingar	18. Kalveneset	7 einingar
3. Vikane	6 einingar	19. Leikong	8 einingar
4. Voldsund	5 einingar	20. Raudvika	5 einingar
5. Sande	6 einingar	21. Kleppestranda	6 einingar
6. Torvik	3 einingar	22. Jøsok	10 einingar
7. Frøystad	5 einingar	23. Goksøyra 2	3 einingar
8. Arhaug	7 einingar	24. Aspevik	3 einingar
9. Bø	8 einingar	25. Runde	10 einingar
10. Vike	5 einingar	26. Remøya	5 einingar
11. Goksøyra	5 einingar	27. Espeset 2	3 einingar
12. Espeset	2 einingar	28. Måløya	3 einingar



13. Tarberg	6 einingar	29. Røyra	4 einingar
14. Slettebakke	4 einingar	30. Kleppane	4 einingar
15. Stokksund	6 einingar	31. Myrvåg	4 einingar
16. Stynehaugen	4 einingar		

For vatn og avløp vert det sett krav til teknisk utforming i følgje til ei kvar tid gjeldande forskrifter og regelverk.

Det er ein føresetnad at følgjande vilkår er oppfylte:

- 1) Frådeling og bygging på areal som er klassifisert som verdifull dyrka jord innanfor kjerneområde landbruk, skal unngåast.
- 2) Frådeling og bygging på areal som er klassifisert som verdifullt kulturlandskap innanfor kjerneområde landbruk skal dokumentere at det vert teke omsyn til landskap og landbruksdrift i området.
- 3) Lokalisering nær eksisterande busetting, eller samlokalisering av inntil 5 bustadar vert tilrådd.
- 4) Innanfor kvart område kan inntil 5 bustadar samlokaliseras utan plankrav. Krav til nærleikeplass skal stettast.
- 5) Ved avkøyring direkte frå fylkesveg skal eksisterande avkøyrslar nyttast. Det skal ligge føre løyve til avkøyrsløye frå Statens vegvesen.  
For kommunal veg skal det ligge føre avkøyrsløye frå kommunal vegmynde.  
For køyring på privat veg skal det ligge føre skriftleg vegrett frå heimelshavar (-ar) til vegen.
- 6) Frådeling skal berre skje i samsvar med veglova (§ 29) sine krav til byggegrense til offentleg veg: 50 m til fylkesveg, 15 m til kommuneveg og 15 m til gang- og sykkelveg. Alle avstandar målt frå midtline veg.
- 7) I LNF-område gjeld byggeforbod inntil 50 meter frå strandlinja til vassdrag.
- 8) Ved frådeling skal det haldast ein minsteavstand til eksisterande eller planlagde turveg/stiar/skiløyper på 20 m.
- 9) I alle frådelingssaker skal det innhentast uttale frå fylkeskommunen.
- 10) Frådeling skal ikkje skje i område som er registrert som viktig for biologisk mangfald, i område med spesielle naturtypar eller som er leveområde for sjeldne planter eller dyr, jf. Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune.
- 11) Ved frådeling innanfor mogleg risikoutsett areal, jf. ROS-analyse for kommunen, må ein kunne dokumentere akseptabel tryggleik gjennom detaljkartlegging og evt. avbøtande tiltak.
- 12) SB 28 vert avgrensa til å gjelde fritidsbustadar og ikkje bustadar.

## 5. BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG (jf. Pbl §11-7 nr.6)

### 5.1 Område for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv (NFFF)

Sjøareal avsett til ålmenn bruk. Akvakulturanlegg kan ikkje etablerast innanfor området.

I NFFF-område som grensar til område for akvakultur, kan forankring av akvakulturanlegg strekke seg inn i sone for NFFF, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, er utan bøyemarkering eller anna som kan vere till hinder for skipsfarten.





## 5.2 Område for natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur (NFFFA)

Sjøområde for natur, ferdsel, fiske, friluftsliv og akvakultur i kombinasjon. Lokalisering av akvakulturanlegg skal skje etter ei avveging der interessene for natur, ferdsel, fiske og friluftsliv ikkje vert vesentleg skadelidande. Avveginga skal skje i samband med konsesjonshandsaminga etter oppdretslova og saltvassfiskelova. Etter at konsesjon ligg føre, skal tiltakshavar sende melding til planutvalet i kommunen om dei konkrete utbyggingsplanane med kartfesting av anlegget.

### Område for akvakultur (A) og sjøbasert akvakultur (AS)

I desse sjøområda kan det etablerast anlegg for akvakultur. Samla merdvolum og/eller tal anlegg innan kvart område vert fastsett gjennom konsesjonshandsaming etter oppdrets- og saltvassfiskelova.

Nye akvakulturområde skal ikkje lokaliserast nærare enn 200 meter frå friluftsområde og badeplassar, jf. Pbl § 11-11 nr.6. Akvakulturanlegg skal ikkje lokaliserast nærare enn 50 meter frå land. Anlegg skal ikkje hindre eller sperre tradisjonelle ferdselsårer for småbåttrafikk.

Anlegg kan strekkje fortøyingar og forankringar ut i areal utanfor avsett til akvakulturområde, under føresetnad av at forankringa har tilstrekkeleg djupne, og ikkje er til hinder for skipsfarten og fri ferdsel langs strandsona.

### Hamneområde (H)

I desse sjøområda er det viktige interesser for skips- og båtferdsel i tilknytning til etablerte og planlagde hamneanlegg. Desse bruksinteressene skal ha prioritet. Nærare bruksreglar kan fastsetjast av kommunestyret etter hamnelova. For småbåthamner skal areal som inngår i bryggeanlegg omfattast av reguleringsplan.

## 6. OMSYNSSONER (jf. Pbl § 11-8)

Hensynssone skal vise hensyn og restriksjonar som har betydning for bruken av arealet. Utlegging av hensynssoner vil gjere kommunal planlegging meir føreseieleg ved at tiltakshavar er kjend med sona sin karakter før det blir fremma søknad om å gjennomføre tiltak. Hensynssonene vil vere eit grunnlag for å vurdere nye planinnspel eller gje rettleiing ved handsaming av dispensasjonssøknadar.

### Nedslagsfelt for drikkevatt (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)

Innanfor omsynssone som i plankartet er vist som nedslagsfelt for drikkevatt vert ikkje tiltak som kan føre til forureining av vassforsyningsssystemet tillate (Drikkevassforskrifta § 4).



Faresone for ras- og skredfare (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)

I samband med byggetiltak innanfor omsynssone for ras- og skredfare skal det gjerast eiga risikovurdering for å sikre trygg plassering av bygg. Kravet gjeld i samband med regulering av byggeområde, ved byggesaker innanfor LNF-spreidd busetting, og ved eventuelle dispensasjonssaker innanfor andre LNF-område.

Evt. avbøtande tiltak skal gå fram av risikovurderinga.

I sonene skal dei oppgjevne hensyna tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, byggje- og anleggstiltak.

Omsynsone landbruk og omsynsone kulturlandskap (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)

I sonene skal dei oppgjevne omsyna tilleggjast stor vekt ved spørsmål knytt til arealbruken, byggje- og anleggstiltak.

Dyrka jord som kan drivast på ordinær måte (maskinelt eller beitebruk) skal etter jordlova sin intensjon haldast i hevd.

I soner med særleg omsyn til kulturlandskapet må ikkje kulturminne som steingardar, rydningsrøyser, steinsette bekkefar o.a. fjernast eller forfalle. Det må ikkje gjerast planering, graving eller fylling som endrar landskapskarakteren eller i nemnande grad terrengprofilen utan at det er gjeve løyve til det.

Automatisk freda kulturminne (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)

Omsynssone for automatisk freda kulturminne (H730). Områda er freda i medhald av lov om kulturminner av 1978, jf. § 4. Tiltak eller arbeid innanfor desse områda utan løyve frå kulturminnemyndigheitene er ikkje tillate, jf. Kulturminnelovens §§ 3 og 8. Automatisk freda kulturminne som ligg innanfor områda vist som utbyggingsområde (bebyggelse og anlegg, samferdsel og teknisk infrastruktur) skal, med tilstrekkelig vernesone, jf. Kml § 6, bevarast gjennom bruk av omsynssone i kombinasjon med grøntområde/friområde eller liknande i framtidig område/detaljregulering.

Område med bandlegging etter naturvernlova (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)

I desse områda gjeld vernevedtaket med tilhøyrande verneforskrifter.

Område verna etter naturvernlova:

- Runde nordside: Runde fyr – Terneneset, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Runde vestside: Runde fyr – Moganaset, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Runde austside: Hellesteinen – Blåfjellet – Kløfjellet – Geita, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Fuglelivsfreding for øya Runde og tilgrensande sjøområde: Nordside av Remøya, Nordaustside av Nerlandsøya og minimumsavstand 2km frå Runde – verna 30.4.1981.
- Goksøymyrane naturreservat – verna 13.12.1996.
- Muleneset naturreservat – verna 28.5.2010.
- Myklebustvatnet naturreservat – verna 27.5.1988.
- Stokksund – Blikkvågane, fuglefredningsområde – verna 27.5.1988,
- Tjørnvågosen naturreservat – verna 8.11.2002.



Areal der reguleringsplan framleis skal gjelde(jf. Pbl § 11-8 pkt. f)

Omsynssone for område der reguleringsplan framleis skal gjelde er vist med omsynsone H 910. På plankartet er Planidenten vist.

Oversikt over kva planar som framleis skal gjelde og kva planar som skal opphevast går fram av vedlegg til føresegna.

## 7. DISPENSASJONAR

Kommunen kan jf. Pbl § 19-2, gi varig eller mellombels dispensasjon frå planen, men berre dersom omsynet til formåla i plan og føresegner ikkje vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved dispensasjon vere klart større enn ulempene, og det skal leggjast særleg vekt på helse, miljø, tryggleik, tilgjenge og på statlege og regionale rammer og mål.

Kommunen sitt høve til å gi dispensasjon er avgrensa. Dispensasjon krev grunngjeven søknad og det må liggje føre ei klar overvekt av omsyn som talar for dispensasjon. Planen representerer ein gjennomtenkt heilskap, og det skal difor ikkje vere kurant å få dispensasjon.

Før eventuell dispensasjon vert gitt, skal kommunen hente inn fråsegn frå regionale og statlege styresmakter som har interesse i området.



## 8. VEDLEGG

### Oversikt over godkjente reguleringsplanar

<b>Ikrafttreding</b>	<b>PlanID</b>	<b>Plannamn</b>
07.02.1968	196801	Nykrem
06.03.1969	196901	Kvalsund/Nerlandsøy
19.10.1973	197301	Bergsøy/Bendal
24.08.1976	197601	Trolldalen/Storneset
30.09.1976	197602	Frøystad
24.06.1977	197701	Kvalsvikeidet
07.02.1978	197801	Dragsund
17.12.1979	197901	Feirelia
06.07.1981	198101	Fosnavåg/Kleiva
11.05.1982	198201	Bø/Arhaug
22.12.1982	198202	Remøy
23.03.1986	198601	Eggesbønes/Grønhaugen
21.11.1986	198602	Eggesbønes alders- og sjukeheimsområde
27.03.1987	198701	Fosnavåg sentrum
22.05.1987	198702	Røyra
08.09.1989	198903	Jensholmen
14.12.1989	198902	Fiskerihamn Leinevika
13.09.1991	199101	Buholmlina
29.11.1991	199102	Veg Moltu-Tarberg
26.10.1992	199201	Myrvåg
18.12.1992	199202	Langeneset Runde
29.01.1993	199301	Leine 1
26.11.1993	199302	Veg Tuftene-Tjørvåg
26.11.1993	199303	Lisjebøvegen
27.05.1994	199401	Vike/Toftedal
10.04.1997	199701	Veg Sande grense-Tarberg
06.05.1997	199702	Myrvåg (sjukeheim m.m)
06.06.1997	199703	Grisholmen
21.11.1997	199704	Runde Bustadfelt
02.09.1998	199801	Holmsildkvartalet i Fosnavåg
06.11.1998	198801	Vikane
12.02.1999	199902	Mjølstadsneset
03.09.1999	199901	Hjelmeset
25.04.2000	200002	Kvithaugsmyra
15.12.2000	200001	Leinøy skule
09.03.2001	200101	Veg Mjølstadneset
28.05.2001	200102	Myklebuståsen
12.10.2001	200103	Bergshaugen



23.11.2001	200104	Fosnavåg sentrum
07.02.2002	200201	Herøy kyrke
03.07.2002	200202	Eggesbønes Aust
19.12.2002	200203	Remøy skuleområde
10.02.2005	200501	Parkeringsplass m.v ved Herøy kulturhus
01.09.2005	200502	Sunnfisk Eiendom gnr.34 Bnr.22
24.05.2006	200601	Remøy gravplass
02.11.2006	200602	Fosnavåg sentrumvestre del av hamneområdet
14.12.2006	200603	Runde Miljøsender
14.12.2006	200604	Røyra 2
25.01.2007	200701	Myklebustvatnet vest
28.06.2007	200702	Vålneset hyttefriluftsområde
07.09.2007	200204	Fosnavåg sentrum Huken ved Fosnavåg Brygge
22.11.2007	200703	Straumane småbåthamn
11.12.2008	200801	Kvalsund - Teige
05.03.2009	200901	Skotholmen
11.06.2009	200902	Torvik Resort
11.06.2009	200903	Huldal
22.10.2009	200904	Fosnavåg sentrum aust - parkeringsanlegg
10.12.2009	200905	Joakim-Marka sjukeheimsområdet Bergsøy
28.01.2010	201001	Hestholmen
25.02.2010	201002	Vågsholmen
25.02.2010	201003	FV18 Leine-Remøyholm
19.05.2011	201103	Budaneset
25.08.2011	201101	Gnr 34 Bnr 99,374-Sentrumsteigen m.fl
15.12.2011	201102	Gang og sykkelveg Torsethøgda-Kalveneset
26.01.2012	201201	Hotell og Konsertsal i Fosnavåg sentrum
26.01.2012	201202	Aspevika
23.02.2012	201205	Espeset 22/2
23.02.2012	201209	Myklebustvatnet vest gnr.37 bnr.380 mfl.
23.02.2012	201256	Hjelmeset 4
19.03.2012	201203	Rådhuskvartalet
22.03.2012	201204	Bustadfelt på gnr.37 bnr.12 og 17 mfl.
26.04.2012	200911	Campus Fosnavåg, del av gnr. 29 og 37
26.04.2012	201206	Gang og sykkelveg Hjelmeseth
26.04.2012	201207	Gnr 45 bnr 9 i Dragsund
26.04.2012	201208	Eggesbøjorda gnr. 382 m.fl
30.08.2012	201280	Koparstad 34-11
27.09.2012	201255	Tovågen bustadfelt
25.10.2012	201253	Feriesenter Røyra
25.10.2012	201279	Herøysenteret 37/384 mfl.
22.11.2012	201257	Planfri kryssing Frøystadskaret
04.12.2012	201251	Hjelmeset 2
04.12.2012	201283	Frøystad bustadfelt II



HERØY KOMMUNE - FØRESEGNER TIL AREALDELEN

---

28.02.2013	201252	Hjelmeseth3
25.04.2013	201246	FV 654-Ny innfartsveg til Fosnavåg
25.04.2013	201258	Indre Leine
25.04.2013	201266	Nærøykrysset- FV 18
27.06.2013	201263	Fosnavåg hamn



### **Parkeringsvedtekt for Herøy kommune.**

1. På eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter skal det sikrast areal for følgjande antal biloppstillingsplassar:
  - a. Bustadbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. bueining pluss 0,5 bil pr. bueining til gjesteparkering. Dersom samla antal bueiningar overstig 10 vert kravet til gjesteparkering redusert til 0,25 bil frå og med 11. bueining. For sjølvstendige einbustadtomter som ikkje samarbeider om felles parkeringsanlegg vil likevel kravet til gjesteparkering vere 1 bil pr. bueining. For hybelbygg er kravet 1 biloppstillingsplass pr. hybeleining utan krav til gjesteparkering.
  - b. Forretningsbygg skal ha oppstillingsplass på eiga tomt eller på fellesareal for fleire tomter for 1 bil pr. 50 m<sup>2</sup> golvflate BRA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
  - c. Industri-, verkstad- og lagerbygg skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 100 m<sup>2</sup> brutto golvflate BTA. For bilverkstader og servicestasjon er kravet 3 biloppstillingsplassar pr. 100 m<sup>2</sup> brutto golvflate BTA. I tillegg til dette kjem areal til inn- og utkøyring og naudsynt lasteareal for vare- og lastebilar.
  - d. Hotell skal ha oppstillingsplass for 2/3 bil pr. rom.
  - e. Restaurantar, kafear o.l. skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 sitjeplassar.
  - f. Skular og barnehagar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. tilsett. I tillegg skal vidaregåande skular ha oppstillingsplass for 1 bil pr. 10 elevar og barnehagar for 1 bil pr. 5 barn.
  - g. Sjuke- og aldersheimar skal ha oppstillingsplass for 1 bil pr. sengeplass.
  - h. Forsamlingslokale, her under kyrkjjer, bedehus, ungdomshus/grendahus, teater og kino, skal ha biloppstillingsplassar fastsett etter skjønn. Kravet skal likevel vere minst 1 biloppstillingsplass pr. 10 sitjeplassar.
  - i. For andre bygningar og anlegg skal talet på biloppstillingsplassar fastsetjast etter skjønn.
  - j. Nye naust- og sjøbudområde skal det stillast krav om parkeringsdekning på ½ bil pr. naust
2. For tilbygg/påbygg gjeld kravet i punkt 1 for dei deler av bygningar som arbeidet omfattar. Hovudombygging eller delvis ombygging krev ikkje fleire biloppstillingsplassar etter punkt 1 dersom bygninga etter ombyggingsarbeidet samla sett framleis skal nyttast til same formål som tidlegare.

Skal bygninga eller ein del av bygninga, etter hovudombygging eller delvis ombygging, nyttast til anna formål enn tidlegare, må det sikrast areal for nye biloppstillingsplassar dersom det nye bruksformålet, jfr. punkt 2, gjerdet naudsynt med fleire biloppstillingsplassar enn det tidlegare bruksformålet. Talet på nye biloppstillingsplassar skal setjast til differansen mellom det antal plassar som vert kravd etter punkt 1 og krav etter tidlegare bruksformål for same del av bygninga.
3. Kommunen kan samtykke i at det i staden for biloppstillingsplassar på eigen grunn eller på fellesareal vert innbetalt eit beløp pr. manglande plass for bygging av offentlege parkeringsanlegg. Kommunen kan krevje at tiltakshavar inngår avtale om betaling av nærare utrekna beløp før igangsetjingsløyve vert gjeve. Avtalen skal kunne tinglysast på eigedomen. Endeleg innbetaling av fastsett/avtalt beløp skal gjerast seinast når bygget/anlegget vert teke i bruk.




4. Beløp pr. manglande parkeringsplass er fastsett til kr 300.000. Denne summen står fast og vert regulert kvart år pr. 1. januar (første regulering 01.01.xxxx) i takt med endringa i Statistisk Sentralbyrå sin byggekostnadsindeks for veganlegg. Utgangspunktet for reguleringa er indeksen pr. 3. kvartal året før reguleringstidspunktet.



# KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025

## PLANOMTALE FOR KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL



Sist revidert 03.10.2013  
Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn  
xx.xx.20xx  
Offentleg ettersyn: xx.xx.xxxx – xx.xx.xxxx

Kommuneplanen er vedteken i Kommunestyret  
xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx

PlanID 1515 201250



## INNHALDSLISTE

1.	INNLEIING .....	3
1.1	Organisering av planarbeidet.....	4
1.2	Medverknad i planprosessen.....	4
2.	HOVUDMÅL.....	5
3.	PLANOMRÅDE OG PLANPERIODE.....	5
4.	FØRINGAR FOR PLANEN .....	5
4.1	Nasjonale og regionale føringar for kommuneplanarbeidet .....	5
4.2	Lokale føringar.....	6
5.	INNSPEL TIL REVIDERINGA.....	7
5.1	Merknadar til planarbeidet .....	7
6.	VERKNADAR AV PLANFORSLAGET .....	7
6.1	Utfordringar frå planprogrammet.....	7
6.2	Om utbyggingsområda .....	10
6.2.1	Krav om reguleringsplan (jf. Pbl 11-9 nr. 1).....	10
6.2.2	Krav om rekkefølgje (jf. Pbl § 11-9 nr. 4).....	10
6.2.3	Bebyggelse og anlegg (jf. Pbl 11-7 nr. 1) .....	10
6.2.4	Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 a).....	14
6.2.5	LNF-område der spreidd utbygging vert tillate (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 b)....	14
6.3	Omsynsone til kommuneplanen sin arealdel (jf. Pbl § 11-8).....	15
7.	VEDLEGG.....	18



## 1. INNLEIING

Plan- og bygningslova (Pbl) § 11-1 fastset at kommunane skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel.

Kommunen skal såleis ha ein arealplan for heile kommunen som viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk. Kommuneplanen sin arealdel skal angi hovudtrekka i arealdisponeringa og sette rammer og føringar for nye tiltak og ny arealbruk (jf. Pbl § 11-5).

Kommuneplanen sin arealdel omfattar plankart, føresegner, planomtale, konsekvensutgreiing og ROS-analyse, der det går fram korleis lokale, regionale og nasjonale mål og retningslinjer, samt overordna planar for arealbruk, er ivareteke. Av desse er det berre plankart og føresegna som vil vere juridisk bindande for kommunen.

Formålet med planen er at den skal vere eit styringsverktøy for både politikarar og administrasjon i den daglege drifta og forvaltninga av kommunen.

Gjeldande kommuneplan for Herøy vart vedteken i 2004 og er 9 år. Planen er ikkje gamal då kommuneplanar vert utarbeidd for å vare i 8-12 år og i somme tilfelle lenger, men på grunn av manglande revidering er planen no ikkje lenger i tråd med kommunen sin politikk for busetting og ein må såleis gjennomføre ei fullstendig revidering av planen.

Kommunen har vore på fylkestoppen i antal dispensasjonar frå kommuneplanen og såleis hatt utfordringar knytt til å skape ei tydeleg satsing for kvar kommunen ynskjer at ein skal auke busettinga. Herøy er på mange måtar privilegert i den forstand at vi har store areal der framtidige innbyggjarar kan busette seg i motsetnad til større kommunar der ein har arealknappheit og ein må føre ein langt strengare arealpolitikk. Ein annan grunn til at ein ikkje har valt å halde seg til arealplanen kan vere at den ikkje har vore revidert og såleis ikkje «i tråd» med sittande politikarar sine ynskjer og målsettingar. Kommunen er tydeleg på at kommuneplanen er politikarane sitt styringsreiskap, men er også tydeleg på at ein ikkje kan fange opp «alle» forhold gjennom ein planprosess og ein må ha moglegheit for å gje dispensasjonar, så fremt at søknadane ikkje er i vesentleg strid med nasjonale, regionale og lokale føringar.

Arbeidet med revidering av kommuneplanen vart starta med varsel om oppstart 22.6.2011, K-sak 79/11, med påfylgjande stadfesting av planprogrammet i møte 17.11.2011, K-sak 149/11.

Det vert stadig større fokus på risiko og sårbarheit og ein har gjennom denne prosessen utarbeidd ei eiga *Risiko- og sårbarheitsanalyse* (ROS) for kommunen for å tilfredstille dokumentasjonskravet i arbeidet med kommuneplanen. KommuneROSen ligg som eige vedlegg til kommuneplanen med tilhøyrande kartvedlegg (sjå vedlegg 6 og 7).

Gjennom arbeidet med kommunal planstrategi pliktar kommunen å vurdere om kommuneplanen eller delar av denne skal reviderast i komande kommunestyreperiode.



## 1.1 Organisering av planarbeidet

Arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel har vore organisert slik:

Prosjekteigar: Kommunestyret.

Styringsgruppe: Formannskapet.

Referansegruppe: Rådmannen si leiargruppe.

Arbeidsgruppe: Politisk og administrativt samansett gruppe: Arnulf Goksøyr (H) (leiar), Ann-Katrin Storøy (H), Olaug Andreassen (Ap), leiar for Utviklingsavdelinga, leiar for Anleggs- og driftsavdelinga og Landbrukssjefen. Det var også utnemnt seks vara for dei politiske deltakarane.

Sekretær: Planleggar, OMR og kartansvarleg AF.

## 1.2 Medverknad i planprosessen

Gjennom arbeidet med revidering av kommuneplanen sin arealdel har kommunen gjennomført sju medverknadsmøter i ulike bygdelag. Dette var gjort for å orientere om planprosessen, gi informasjon om korleis ein skal gå fram for å kome med skriftlege innspel til arealplanen og for å skape dialog mellom innbyggjarane og kommunen.

Møta i bygdelaga vart gjennomført slik:

Runde og Remøy	8.3.2012	Moltu og Sandvika	9.5.2012
Leine, Frøystad og Bø	21.3.2012	Notøya, Stokksund og Tjørvåg	23.5.2012
Nerlandsøya	18.4.2012	Myrvåg, Dragsund og Leikong	30.5.2012
Bergsøya	2.5.2012		

Det var ope for å kome med skriftlege innspel gjennom heile perioda det vart gjennomført bygdemøter og fram til 30.6.2012.

Planarbeidet er gjennomført av Utviklingsavdelinga med Formannskap som styringsgruppe og med ei tverrfagleg arbeidsgruppe med sterk politisk forankring. Arbeidsgruppa har teke stilling til alle innspela som har kome skriftleg og vurdert dei ut frå tema i *vurderingsskjema for innspel*.

Arbeidsprosessen med innspel har vore grundig for å sikre både ei politisk og administrativ forankring av vala som har blitt teke. Alle innspel har i første omgang blitt vurdert av sakshandsamar for kommuneplanarbeidet og vurdert ut i frå tema som står i *vurderingsskjema for innspel* med ei administrativ tilråding til arbeidsgruppa.

Arbeidsgruppa har vidare fått lagt fram alle innspel i møte med tilråding frå administrasjonen og gruppa har kome fram til sin eigen konklusjon om innspelet i si heilheit eller delar skal takast med i forslag til arealdel eller om det ikkje skal takast med. Administrasjonen har vidare utarbeidd eit forslag til arealdel ut frå dei føringane som arbeidsgruppa har gitt.



I dette arbeidet har kommunen fått inn 239 forslag som går på konkrete arealføremålsendringar i noverande kommuneplan. Størsteparten av innspela går på endring frå LNF til bustadføremål. Arbeidsgruppa som har hatt ansvaret for å vurdere kvart einskild innspel har valt å gå vidare med 85 områder som har blitt konsekvensutgreidd. Innanfor eitt område kan det ligge fleire innspel og arbeidsgruppa har såleis valt å gå vidare med 108 innspel. Arbeidsgruppa har i denne prosessen vurdert at 131 innspel ikkje var innanfor kommunen sine satsingsområde eller det var for stor konflikt med nasjonale eller regionale interesser.

## 2. HOVUDMÅL

Herøy kommune har som målsetting å vere *ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i*. Gjennom kommuneplanen ynskjer Herøy kommune å leggje til rette for ei utvikling som tek høgde for auka tilflytting og busetting og ei vidareutvikling av lokalsamfunnet, særleg med tilrettelegging av fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

Kommuneplanen har størst fokus på tilrettelegging av nye og utviding av eksisterande bustadområde for å dekkje det framtidige behovet. Kommunen har også lagt vekt på tilrettelegging av meir næringsareal i tilknytning til industriområdet i Myrvåg.

## 3. PLANOMRÅDE OG PLANPERIODE

Arealplanen omfattar heile kommunen medrekna sjøområde.

Planperioden skal vare fram til 2025. Kommunen skal ta stilling til om kommuneplanen eller delar av kommuneplanen skal rullerast kvart 4. år i samband med handsaming av *Planstrategi for Herøy kommune*.

## 4. FØRINGAR FOR PLANEN

For kommuneplanen sin arealdel vil det vere både nasjonale, regionale og lokale føringar som set rammene for planarbeidet. Under er det nemnt nokre av desse føringane som har vore viktige i denne revideringa.

### 4.1 Nasjonale og regionale føringar for kommuneplanarbeidet

Krav om at kommunane skal ha ein overordna arealplan er heimla i Plan- og bygningslova og planen skal utarbeidast etter prosessreglane i § 11.

I arbeidet har kommunen teke omsyn til dei retningslinjer og føringar som har vore gjeldande. Dette gjeld særleg dokumenta:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (Miljøverndepartementet 24. juni 2011).
- Miljøverndepartementet si rettleiing for arealdel til kommunedelplanen, T 1382
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (fastsett ved kgl.res. av 25. mars 2011).
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga, T 1442
- Klima- og energiplanlegging (Statleg retningslinjer av 4.september 2009).
- Universell utforming (Rundskriv T-5/99 Tilgjenge for alle).
- Barn og planlegging (Rundskriv T-1/95 Rikspolitiske retningslinjer).



- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i planlegginga (T2/ 08).
- Areal- og transportplanlegging (Rundskriv T-5/93 Rikspolitiske retningslinjer).
- Fylkesplan for Møre og Romsdal.
- Fylkesdelplan for senterstruktur.
- Fylkesdelplan for transport.
- Fylkesdelplan for elveoslandskap.
- Fylkesdelplan for strand og kystsoner.
- Gang- og sykkelvegstrategi for M&R.
- Kulturminnevern og planlegging etter plan og bygningslova, T-4/92.
- Strategi for jordvern, Møre og Romsdal fylke.

Arbeidet med kommuneplanen sin arealdel må også ta omsyn til dei lover og reglar som til ein kvar tid er gjeldande og har vore grunnlaget for dei temakart som er utarbeidd. Dei viktigaste lovane og forskriftene er:

- Plan- og bygningslova
- Forskrift om konsekvensutgreiingar
- Jordlova
- Konesjonslova
- Forureiningslova
- Vassressurslova
- Kulturminnelova
- Naturmangfaldlova og
- Veglova.

#### **4.2 Lokale føringar**

##### **Kommuneplanen sin samfunnsdel**

Kommuneplanen sin samfunnsdel peikar ut fylgjande satsingsområde for kommunen:

- Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling
- Infrastruktur
- Kompetanse og næringsutvikling
- Rekruttering, busetting og inkludering
- Barn, unge og identitetsbygging

Innanfor desse fem satsingsområda er det sett ned fylgjande målsettingar og strategiar som har føringar for kommuneplanen sin arealdel:

- Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.
- Kommunen ynskjer næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.
- Kommunen vil at Eggesbønes og Myklebust skal utviklast som ein del av Fosnavåg.
- Myrvåg skal utviklast til å vere ein satellitt til Fosnavåg og dekkje basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy.
- Kommunen ynskjer å legge til rette for gode næringsareal for å auke verdiskapinga.
- Kommunen vil leggje til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg.
- Kommunen skal vidareutvikle industriområdet i Myrvåg og leggje til rette for auka næringsaktivitet.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.



- Alle bygdelag i Herøy kommune skal ha tilgjengelege bustadområde.
- Kommunen ynskjer at det vert etablert område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
- Herøy kommune skal auke antal turistar og turismeretta aktivitetar i kommunen.
- Kommunen vil arbeide for framtidssrette kryssingar av fjordane.
- Kommunen ynskjer at det etablerast gangstiar som fremjar folkehelsa.

## 5. INNSPEL TIL REVIDERINGA

### 5.1 Merknadar til planarbeidet

	<b>Merknadar ved varsel om oppstart</b>	<b>Tema:</b>
6.9.2011	Møre og Romsdal fylkeskommune	Omsyn til automatisk freda kulturminne, barnetrakkregistrering, universell utforming.
6.9.2011	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Krav om KU, ROS-analyse, Kartfesting av støysoner, kulturlandskap, jordvern, universell utforming og levekår og utviklingstrekk.
29.8.2011	Noregs vassdrags- og energidirektorat	ROS-analyse, vassdrag med årsikker vassføring.
18.7.2011	Fiskeridirektoratet	Vilkår til nyetablering og utviding av hamner.
9.8.2011	Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum	Kulturminner frå steinalder under vatn.
22.8.2011	Avinor	Ingen merknad til planarbeidet.
22.8.2011	Arbeidstilsynet	Ingen merknad til planarbeidet.
19.8.2011	Forsvarsbygg	Ingen merknad til planarbeidet.

### Innspel frå private etter varsel om oppstart:

Sjå vedlegg 9.

## 6. VERKNADAR AV PLANFORSLAGET

### 6.1 Utfordringar frå planprogrammet

Planprogrammet som er vedteke, 17.11.2011, for planarbeidet skisserer nokre utfordringar knytt til arealbruken i kommunen:

#### **Beredskap og samfunnstryggleik**

Kommunen har ansvar for å sikre forsvarleg bruk og vern av areal og bygningar i kommunen. I arbeidet er det gjennomført ein *KommuneROS* som vil vere grunnlag for kommunal sakshandsaming i dei sakene der det vil vere relevant og skal sikre at



det ikkje vil verte gjennomført tiltak i område med fare for tryggleiken til innbyggjarane.

### **Kommunen som tilretteleggar og samfunnsutviklar**

Kommunen har rolla som tilretteleggar og samfunnsutviklar og gjennom å ha ein oppdatert arealdel vil ein ha eit betre grunnlag for å ta avgjerdslar som vil legge til rette for innbyggjarane og samfunnsutvikling.

Kommunen har ein stor del arbeidsinnvandrarak som busett seg i kortare eller lengre periode. Ein har tidlegare sett at arbeidsinnvandrarak kjøper eldre hus. Kommunen har ikkje vurdert å leggje til rette for «eigne område» med spesielt tilrettelagt bustadtypar for denne gruppa. Kommunen ynskjer å integrere arbeidsinnvandrarak på ein god måte og det å etablere eit eller fleire områder der ein «samlar» arbeidsinnvandrarak vil truleg ikkje vere positivt for betra inkludering i samfunnet.

Kommunen må vurdere om ein kan nytte «utpeikingsretten» som ligg i plan- og bygningslova § 17-3 til å krevje at det skal byggjast eit visst antal billegare bustadar berekna på «førstegangskjøparar» eller grupper med lågare eigenkapital som inngang til bustadmarknaden.

### **Kommunen som myndigheitsutøvar og forvaltar av fellesskapet sine verdjar**

Kommunen har fleire rolle og ei av dei er å leggje til rette for samfunnsutvikling gjennom tilrettelegging av areal til bustadar, fritidsbustadar, næring osv. Kommunen tildeler i denne prosessen grunneigarar retten til å realisere eigeedom i økonomisk fortjeneste. Dette er ein prosess som både vekker sterke kjensler hjå dei som både får utvikle sin eigeedom og dei som ikkje får høve til å utvikle sin eigeedom. I denne prosessen er det kommunen som står ansvarleg for at nye byggeområder vert lagt til dei områda som vil vere mest samfunnsnyttig og at områda har tilstrekkeleg med friareal til rekreasjon og friluftsliv og ikkje minst for å sikre barn og unge ei oppseding i gode og trygge område med bla. stilfredstillande gang- og sykkelveggar.

Parallelt med kommuneplanprosessen har det blitt gjennomført folkemøte i regi av Kulturavdelinga for å engasjere bygdelag og andre frivillige organisasjonar og utfordre dei på *folkehelseiltak* og *attraktive turløyper*. Det vart gjennomført ein arbeidskveld på Herøy kulturhus 6.12.2012 der alle lag og organisasjonar vart inviterte. Det vart utarbeidd over 30 forslag til turstiar, helseløyper og opparbeidde friluftsområde frå dei frammøtte. I vurderingane som er gjort knytt til kommuneplanen sin arealdel vil ein ta inn eit utval av desse løypene. Grunnen til at ein ikkje tek inn alle er at kommunen ynskjer ei meir «heilhjarta» satsing på nokre turstiar og får desse opparbeidd og ferdigstilt i motsetnad til at ein tek inn alle turstiar og får ei spreidd satsing.

### **Sentrumsnære tomter og leiligheiter**

Gjennom planprosessen har ein avdekkat at dei områda med mest frådeling og byggeaktivitet er i aksen frå Frøystad til Kvalsund, inkludert Leine. Dette viser at omlandet til Bergsøya og Bergsøya er dei mest attraktive områda for ny busetting. Gjennom arealdelen har ein lagt opp til å nytte eit nytt område i Fosnavåg til sentrumsføremål som vil leggje til rette for at ein kan etablere areal til bla. bustadføremål.

### **Sentrumsutvikling, urbant sentrum**

03.10.2013






Gjennom arealdelen har ein lagt opp til å nytte eit nytt område i Fosnavåg til sentrumsføremål som vil leggje til rette for at ein kan etablere areal til tenesteyting, forretning, bustadar, kontor, hotell/overnatting og bevertning med naudsynt grøntareal. Korleis området skal nyttast skal avgjerast gjennom eit eige Byutviklingsprosjekt som inneheld ein arkitektkonkurranse som skal leggje til rette for eit reguleringsarbeid. Arealet som er avsett viser berre moglegheitsrommet kommunen har og ikkje den konkrete utfyllingslinja for eit nytt landområde. Dette må avklarast gjennom ei detaljregulering.

### Folketalsutvikling

Herøy har sett seg eit mål om 10.000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ein høg ambisjon, men den er framleis mogleg å oppnå med rett satsing. Herøy kommune har hatt ei jamn auke i folketalet frå 1950 til i dag og folketalet er i dag på det høgaste det nokon gong har vore på 8.847 pr. 1.1.2013. Særleg siste åra har vist at Herøy har hatt sterk vekst på grunn av utanlandsk innvandring.

Utfordringa til kommunen ligg i å leggje til rette for dei tilflyttinga som SSB legg opp til i sine befolkningsframskrivingar. Om ein legg til grunn SSB sitt MMMM (middels vekst) alternativ vil Herøy kommune ha om lag 10 000 innbyggjarar i 2040. Om ein legg til grunn SSB til HHMH (Høg nasjonal vekst) vil ein ende på om lag 12 000 innbyggjarar på same tidspunkt. Herøy kommune har siste tre åra hatt ei befolkningsauke på 150 innb. i 2010, 194 innb. i 2011 og 120 innb. i 2012. Dette er ei auke som slår SSB sine prognosar for høg vekst. Ein kan ikkje rekne med at ei slik befolkningsauke skal halde fram, men kommunen må ta høgde for at det kan skje og planlegge med sikte på at alle som vil, kan busette seg i kommunen.

Talet på nyoppførte bustader varierer ein del frå år til år. I perioden 1.7.2011 – 26.9.2013 er det oppført 73 nye bustadar i kommunen. Det er i same periode gjeve 93 igangsettingstillatelse for bygging. I lys av dette har kommunen ut frå ei behovsvurdering prioritert reguleringsplanar for bustadbygging i relevante område. Ein går ut frå eit behov på om lag 45 bustader i året samla i kommunen.





## 6.2 Om utbyggingsområda

### 6.2.1 Krav om reguleringsplan (jf. Pbl 11-9 nr. 1)

I plankartet er det fleire områder med «krav om reguleringsplan». Dette er et plangrep som vert brukt for å sikre at eit område vert planlagt samla med tanke på teknisk infrastruktur som td. veg, vatn, avlaup. Desse områda skal regulerast i si heilheit, men sjølve utbygging av område kan gjerast i fleire byggjesteg.

Bruk av «krav om reguleringsplan» vert også brukt for dei områda der det kan liggje potensielle interessekonflikter som må avklarast. Gjennom ei detaljregulering kan ein gå meir i djupna på det aktuelle område og avklare eventuelle interesser på eit meir detaljert nivå.

### 6.2.2 Krav om rekkefølge (jf. Pbl § 11-9 nr. 4)

I kommuneplanen sin arealdel er det krav om rekkefølge innanfor område avsett til byggeføremål. Dette kravet siktar til utbyggingsrekkefølga i utbyggingsområde. Td. at teknisk infrastruktur som veg, vatn, avlaup og straum skal byggast ut før ein startar på bygningsmassen innanfor området.

Kommunen har vurdert om ein skal leggje inn rekkefølgekrav som peikar på kva utbyggingsområde som skal byggast ut først og sist. I prinsippet kan dette vere eit godt tiltak for å sikre at områda rund Bergsøya, der det er størst press, vert bygd ut før områda i dei ulike bygdelaga. I praksis vil det vere den private marknaden som styrer kvar det vert bygd ut og realisert først og sist då kommunen ikkje har teke på seg å byggje ut kommunale byggjefelt på fleire år. Kommunen har også ei målsetting om busetting i alle bygdelag og er såleis positive til at private utbyggjarar vil ta på seg å regulere og byggje ut enten det er sentrumsnært eller om det er i ei av våre bygder.

Kommunen har derfor valt å ikkje leggje inn rekkefølgekrav for kva område ein skal byggje ut først og sist i kommunen.

### 6.2.3 Bebyggelse og anlegg (jf. Pbl 11-7 nr. 1)

Kommunen har som målsetting å leggje til rette for busetting i alle delar av kommunen. Dette vert gjort gjennom etablering av nye bustadområde i dei fleste bygdelag. I kommuneplanen sin arealdel vert det ikkje teke stilling til kva type bebyggelse (td. frittliggjande bustadar og fleirmannsbustadar) som skal etablerast i området då dette må avklarast gjennom detaljreguleringsplanar der ein tek omsyn til bla. kringliggjande terreng, landskap og bebyggelse.

#### Bustadområde

Kommuneplanen inneheld fylgjande nye/utvida bustadområde:

Bustadområde (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)		daa			
			B 2	Kvalsund	84
B 1	Kvalsund	9	B 3	Kvalsund	190



B 4	Kvalsund	26	B 33	Stokksund	80
B 11	Remøya	144	B 37	Myrvågnes	80
B 13	Leine	3	B 38	Myrvåg	63
B 14	Leine	129	B 46	Leikong	19
B 16	Nærøya sør	46	B 49	Stokksund	32
B 16	Nærøya	9	B 50	Mjølstadnes	39
B 19	Bø / Arhaug	31	B 52	Bergsøya	4
B 20	Torvik	4	B 52	Bergsøya	94
B 21	Espeset	37	B 53	Bergsøya	184
B 22	Frøystadvågen	9	B 58	Bergsøya	25
B 28	Moltustranda	34	B 67	Bergsøya	2
B 29	Moltustranda	13	B 68	Bergsøya	10
B 30	Moltustranda	38		<b>Totalt antal daa</b>	<b>1456</b>
B 31	Sandvika	18			

Skildring av dei einskilde områda går fram av KU-vurderinga og vil ikkje bli gjengjeve her.

### Naust

Herøy er ei kommune med ei sterk maritim historie og dette medfører mange områder med sterke nausttradisjonar i dei ulike bygdene. Kommunen ser likevel at bruken av nausta har endra seg frå den tradisjonelle bruken med oppbevaring av båt, fiskevegn og anna fiskerelatert utstyr til opphald og overnatting. Bruken har endra seg i retning av at naustet i dag er ein stad der ein kan tilbringe fritid og feriar. Kommunen har derfor i denne kommuneplanen definert forskjellen mellom eit tradisjonelt naust og fritidsbustadar ved sjøen berekna på overnatting. På grunn av konflikt mellom nausteigarar som har forskjellig bruk av sine naust har ein sett behovet for å setje av områder til naust og andre områder til fritidsbustadar og unngå ei for sterk samanblanding av desse to føremåla.

Kommuneplanen inneheld følgjande nye eller utvida område for naust:

<b>Naust (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)</b>		<b>daa</b>	AN 3	Bergsøya	6
AN 1	Bergsøya	3	AN 4	Bergsøya	1
AN 2	Bergsøya	3	AN 5	Bergsøya	1



AN 6	Frøystadvågen	2	AN 20	Tjørnvåg	8
AN 7	Kalveneset	5	AN 21	Torvik	3
AN 8	Kvalsund	2	AN 22	Myrvågnes	4
AN 9	Leikong	3	AN 23	Notøya	1
AN 10	Leikong	3	AN 25	Remøya	6
AN 11	Jøsok	3	AN 26	Remøya	17
AN 12	Moltustranda	4	AN 27	Remøya (Sævikane)	1
AN 13	Moltustranda	13	AN 28	Bø	9
AN 15	Moltustranda	4	AN 29	Dragsund	10
AN 16	Moltustranda	8	AN 30	Espeset	3
AN 17	Sandvika	5	AN 31	Nærøya	2
AN 18	Sandvika	2		<b>Totalt antal daa</b>	<b>135</b>
AN 19	Stokksund	3			

Skildring av dei einssilde områda går fram av KU-vurderinga og vil ikkje bli gjengjeve her.

### Fritidsbustadar

Kommuneplanen inneheld fylgjande nye eller utvida område for fritidsbustadar (FB – Fritidsbustad, FH – Fritidsbustad hytte, FR – Fritidsbustad rorbu, FT – Fritidsføremaal turisme):

Fritidsbustadar (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)		daa			
FB 1	Kvalsund	8	FB 8	Leine	13
FB 2	Kvalsund	13	FB 9	Leine	1
FB 3	Kvalsvik	20	FB 10	Bø	31
FB 4	Kvalsvik	24	FB 11	Torvik	1
FB 5	Runde	8	FB 12	Røyra	5
FB 6	Remøya	8	FB 13	Sandvika	18
FB 7	Leine	3	FB 14	Moltustranda	11
			FB 15	Moltustranda	6
			FB 16	Tjørnvåg	52



FB 17	Djupvik	7	FT 4	Runde	4
FB 18	Dragsund	17	FT 5	Moltustranda	6
FB 19	Leikong	1	FT 6	Leine	3
FB 20	Leikong	1	FT 7	Aurvågane	23
FB 21	Leikong	7	FT 8	Runde	5
FB 22	Gjertneset	4	FH 1	Kvalsund	11
FT 1	Kvalsund	32	FR 1	Kvalsund	26
FT 2	Kvalsvik	2		<b>Totalt antal daa</b>	<b>373</b>
FT 3	Kvalsvik	2			

Skildring av dei ein skilde områda går fram av KU-vurderinga og vil ikkje bli gjengjeve her.

### Næringsføremål

Kommuneplanen inneheld fylgjande nye eller utvida område for næringsføremål:

Næringsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)		daa			
N 2	Kvalsund	5	N 7	Notøya	2
N 3	Dragsund	67	N 8	Sandvika	14
N 4	Dragsund	150	N 9	Sandvika	9
N 5	Mjølstadnes	13	N 11	Torvik	25
N 6	Mjølstadnes	23		<b>Totalt antal daa</b>	<b>308</b>

Skildring av dei ein skilde områda går fram av KU-vurderinga og vil ikkje bli gjengjeve her.

### Sentrumsføremål

Kommuneplanen inneheld fylgjande nye eller utvida område for sentrumsføremål:

Sentrumsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)		daa
S 1	Fosnavåg	122
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>122</b>

Skildring av dei ein skilde områda går fram av KU-vurderinga og vil ikkje bli gjengjeve her.

### Råstoffutvinning



Kommuneplanen inneheld fylgjande nye eller utvida område for masseuttak og massedeponi:

Råstoffutvinning (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)		daa
AN-D1	Dragsund	65
R2	Røyra	79
<b>Totalt antal daa</b>		<b>144</b>

Skildring av dei einssilde områda går fram av KU-vurderinga og vil ikkje bli gjengjeve her.

#### 6.2.4 Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 a)

Formålet femner om det meste av landarealet i kommunen utanom bygggeområda. Frådeling og spreidd utbygging av bustader, fritidshus og næringsbygg som ikkje er knytt til stadbunden næring er ikkje tillate.

Herøy kommune har mange landbrukseigedomar, men få aktive bønder. Interessene til dei som eig gardsbruk er ofte ikkje samanfallande med interessene til dei som driv aktivt jordbruk. Både frå fylke og nasjonalt hald vert det peika på at jordvern må takast omsyn til. Herøy har ei smal kystsona der jordbruk, busetnad og næring skal ha plass. Mykje spreidd busetnad gjev oppdelte areal som vil gje driftsutfordringar i forhold til effektiv produksjon. Det er viktig for kommunen og næringa at jordbruksareal og kulturlandskap vert halde i hevd for framtidig drift.

#### 6.2.5 LNF-område der spreidd utbygging vert tillate (jf. Pbl § 11-7 nr. 5 b)

Føresegna til kommuneplanen sin arealdel legg føringar for kor mange tomter som kan delast frå til spreidd bustad- og fritidshus.

I kommuneplanen sin arealdel frå desember 2004 vart det lagt inn 24 LNF-områder der spreidd utbygging vert tillate. Tabellen under syner kor mange tomter som kan delast frå, kor mange frådelinga som er gjort og kor mange frådelte tomter som er bebygd i perioden 2005-2013. Tabellen syner også nye område som er lagt til i kommuneplanen med antal tomter som kan delast frå innanfor områda.

Nr.	Namn	Antal tillate frådelingar i kommuneplanen frå 2004	Antal frådelte eigedomar	Antal eigedomar med bygg	Antal tillate frådelingar i ny kommuneplan
1.	Skorpa	5	2	1	3
2.	Kopparstad	7	0	0	7
3.	Vikane	7	1	0	6
4.	Voldsund	10	5	3	5
5.	Sande	7	1	1	6
6.	Torvik	7	4	3	3
7.	Frøystad	5	0	0	5



8.	Arhaug	7	½ inne	1	7
9.	Bø	10	2	1	8
10.	Vike	5	0	0	5
11.	Goksøyra	7	2	0	5
12.	Espeset	2	0	0	2
13.	Tarberg	7	1	1	6
14.	Slettebakke	7	0	0	4
15.	Stokksund	6	0	0	6
16.	Stynehaugen	4	0	0	4
17.	Tuftene	8	1	0	7
18.	Kalveneset	10	3	3	7
	Myrvåg	3	1	0	Endra til bustadføre mål
20.	Raudvika	6	1	1	5
21.	Kleppestranda	6	0	0	6
22.	Jøsok	10	0	0	10
	Kvalsund	6	7	4	Endra til bustadføre mål
24.	Aspevik	3	½ inne	0	3
	<b>Nye område</b>				
19.	Leikong				8
23.	Goksøyra 2				3
25.	Runde				10
26.	Remøya				5
27.	Espeset 2				3
28.	Måløya				3
29.	Røyra				4
30.	Kleppane				4
31.	Myrvåg				4
	<b>Totalt antal frådeler tillate i kommuneplanen</b>				<b>164</b>

### 6.3 Omsynsone til kommuneplanen sin arealdel (jf. Pbl § 11-8)

Plankartet skal skilje mellom arealbruksformål og omsynsone. Arealbruksformål seier kva arealet skal brukast til, t.d. byggeområde eller LNF. Omsynsone seier kva omsyn som må takast når arealet skal brukast i samsvar med plan

#### Nedslagsfelt for drikkevatt (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)

I plankartet er følgjande drikkevasskjelder synt med omsynsone:

- Igesundvatnet
- Mørkevattnet



- Stemmedalsvatnet

#### **Faresone for ras- og skredfare (jf. Pbl § 11-8 pkt. a)**

I plankartet er faresoner avmerka som omsynssoner. Mogleg rasutsette areal, jfr. NVE si skredfarekartlegging er lagt inn i arealdelen sitt plankart.

#### **Omsynsone landbruk og omsynsone kulturlandskap (jf. Pbl § 11-8 pkt. c)**

I eit overordna og langsiktig perspektiv er vern av produksjonsgrunnlaget for mat vært viktig, noko sentrale styresmakter har peika på i fleire utgreiingar og rundskriv. Det er sett sentrale mål for reduksjonen i avgang av dyrka jord. Likeeins er erkjenninga av kulturlandskapa si store verdi med omsyn til for kulturarv, trivsel og identitet så vel som oppleving og reiseliv vorten stadig sterkare.

Omsynsone landbruk og omsynsone kulturlandskap i arealdelen er dei to områda som i Herøy kommune vert definert som «kjerneområde for landbruk» og «kjerneområde for kulturlandskap». Det er avgjerande for oppretthalding av kulturlandskap at skjøtsel kan gjerast som del av jordbruksdrift i form av slått, beite eller åkerdrift. Omsynet til kulturlandskapet er såleis eit vesentleg argument for jordvern og oppretthalding av aktivt jordbruk.

#### **Automatisk freda kulturminne (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)**

Kulturminne gir oss innblikk i korleis menneska har levd og verka opp gjennom tidene. Kulturminne kan bli skjemma eller få redusert verdi, dersom ei utbygging ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til verna og verneverdige kulturminne. I kommunen er potensiale for funn av kulturminne høgt. Kommunen ønskjer eit «balansert» vern sett opp mot behov for samfunnsmessige utvikling.

Alle automatisk freda kulturminne (registrert i databasen Askeladden) er vist med to omsynssoner:

- Bevaring kulturminne (H570)
- Bandlegging etter kulturminnelova (H730)

Det er lagt inn i føresegna at dersom ein under byggjearbeid skulle avdekkje funn, skal arbeidet straks stansast og melding sendast til kulturminnestyresmaktene.

#### **Område med bandlegging etter naturmangfaldlova (jf. Pbl § 11-8 pkt. d)**

Fylgjande område er verna etter naturmangfaldlova og vist med omsynsone:

- Runde nordside: Runde fyr – Terneneset, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Runde vestsida: Runde fyr – Moganeset, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Runde austside: Hellesteinen – Blåfjellet – Kløfjellet – Geita, fuglefredningsområde – verna 30.4.1981.
- Fuglelivsfredning for øya Runde og tilgrensande sjøområde: Nordsida av Remøya, Nordaustsida av Nerlandsøya og minimumsavstand 2km frå Runde – verna 30.4.1981.
- Goksøymyrane naturreservat – verna 13.12.1996.
- Muleneset naturreservat – verna 28.5.2010.
- Myklebustvatnet naturreservat – verna 27.5.1988.





- Stokksund – Blikkvågane, fuglefredningsområde – verna 27.5.1988,
- Tjørvågosen naturreservat – verna 8.11.2002.

**7. VEDLEGG****Vedlegg 1**

Innspel frå private ved etter varsel om oppstart

<b>INNSPEL TIL AREALDEL AV KOMMUNEPLAN 2013-2025</b>					
Nr.	Namn på forslagstillar	Gnr.	Bnr.	Fleire bnr.	Dato for registrering
1	Joakim Myklebust	37	7	10 og 11	12.1.2012
2	Ragnvald L. Vågsholm	33	97	98 og 3	19.12.2011
3	Eldar Lillerovde	28	6		26.8.2011
4	Thor S Garvik	38	24	25	14.7.2011
5	Arne Espeseth	22	3		13.7.2010
6	Odd Arnvid Bø	16	8		12.1.2012
7	Per Odd Sande	14	3		2.1.2012
8	Frantzen maskinstasjon v/ Gustav Frantzen	-	-		11.1.2012
9	Gjert A. Nærø	-	-		7.12.2011
10	Grunneigarar på gnr. 5 på Teigane	5	65	14	28.12.2012
10	Grunneigarar på gnr. 5 på Teigane, utvida område	5	65	mfl	29.2.2012
11	Robert Storøy	58	3		9.1.2012
12	Opplysningsvesenets fond	58	1		23.9.2011 og
13	Bjørn Ove Endresen og Asmund Torvik.	53	13		29.11.2011
14	Ole Per Måløy	76	107		14.7.2010
15	Frantzen maskinstasjon v/ Gustav Frantzen	24	2	6 og 12	2.9.2011
16	Innspel frå kommunestyret	-	-		
17	Ola Leikanger, Leikong småbåtlag	76	73		21.11.2011
18	Innspel frå administrasjonen	14	11	13/9	18.11.2011
19	Aurvoll og Furesund AS	45	2	1	6.12.2011
20	Harry Muren	16	10		26.1.2012
21	Grunneigarane på indre Leine	-	-		25.1.2012
22	Per Arne Kopperstad	3	4	11	6.2.2012
23	Kent Haanes	79	1		8.2.2012
24	Anleggs- og driftsavdelinga	-	-		16.2.2012



25	Villum Schjelderup	14	11	13/9	15.2.2012
26	Ole Thorvald Riiser	26	16	77	23.1.2012
27	Boltholm Invest AS	45	24		17.2.2012
28	Karstein Sund	4	25		16.2.2012
29	Karstein Sund	4	25		16.2.2012
30	Oddvar Torvik	17	4	14	22.2.2012
31	Arnljot Worren	77	6		29.2.2012
32	Tor Rødseth	54	15		6.3.2012
33	Marton Voldsund	26	6	4, 10, 63, 5, mfl.	9.3.2012
34	Gunnar Remøy	12	38		14.3.2012
35	Oddbjørn Roseth	23	1	mfl	13.3.2012
36	Karin Nærø	24	12	15	18.3.2012
37	Berit Marie Kalland	19	3		17.3.2012
38	Sverre Kvalsund	5	15		22.3.2012
39	Kjartan Paulsen og Knut Petter Vike	36	2	4	28.3.2012
40	Kjartan Paulsen	36	2		28.3.2012
40	Oppsitjarar i Sørli	36	2		15.8.2012
40	Per Jarle Paulsen	36	2		26.6.2012
41	Paula Åse Bergsnes	19	25		22.3.2012
42	Cristoffer Bjørge	25	11	9	22.3.2012
43	Svenn Kvalsund	5	15		22.3.2012
44	Violet og Arnstein Andersen	45	1		19.3.2012
45	B.Tarberg AS	59	48	68	2.4.2012
46	Lise Nymark	16	111	112	26.3.2012
47	Oddmund Voldsund	13	83		25.3.2012
48	Hallgeir Frøystadvåg	21	2		10.4.2012
49	Oddbjørg og Inge Tråseth	16	6		2.4.2012
50	Andre Vågsholm	33	3		26.3.2012
51	Arne Karlson	7	11		2.5.2012
52	Signy Nerland	13	24		2.5.2012
53	Arnfinn Sporstøl	79	83	22	2.5.2012
54	Eldar Ove Voldsund	37	314		30.4.2012
55	Nils Peter Sævik, Harold Sævik mfl.	31	11		9.5.2012



56	Bjørnar Vik Moldskred	83	11		11.5.2012
57	Herøy Byggsenter AS	23	2		11.5.2012
58	Torbjørn Frode Teige	5	4		23.5.2012
59	Paul Myrvågnes Hildre	47	41	m.fl.	4.5.2012
60	Line og Kåre Strømsvik	12	17	294	11.4.2012
61	Audhild Kvalsvik	8	74		14.5.2012
62	Maron Kvalsund	4	34	260	15.5.2012
63	Åse Sævik Sætre	31	11		7.5.2012
64	Oluf Teige	5	1	16	24.5.2012
65	Kenneth Helde	40	64	43	20.5.2012
66	Paul Myrvågnes Hildre	47	7		25.5.2012
67	Stig Arne Sævik	11	133		30.5.2012
68	Terje Gjelseth	5	16	55	24.5.2012
69	Goksøyr Eigedom	9	45	67	4.6.2012
70	Jonny Leonard Sande	16	1		30.5.2012
71	Anne-Karin Hareide	48	6		31.5.2012
72	Margrethe og Bjarne Sævik	31	51	52, 156, 173	14.5.2012
73	Frank Roy Moltu mfl	60	414	415, 416, 417	14.6.2012
74	Kari Oddveig og Øivind Iversen	59	4		5.6.2012
75	Kari Oddveig og Øivind Iversen	59	4		5.6.2012
76	Lidvar Monsen	8	4		31.5.2012
77	Magnar Lillestøl	60	18		5.6.2012
78	Byggeneste AS for Magnar Lillestøl	60	74		5.6.2012
79	Byggeneste AS for Magnar Lillestøl	60	74		5.6.2012
80	Moltustranda småbåtforeining	60	2		5.6.2012
81	Knut H. Legernæs	40	27		5.6.2012
82	Sigurd V. Nygard	56	80		11.6.2012
83	Moltustrandingen	60	5		5.6.2012
84	Rolf Bjørnar Moltu	60	5		10.6.2012
85	Rolf Bjørnar Moltu	60	5		10.6.2012
86	Rolf Bjørnar Moltu	60	5		10.6.2012
87	Bjørn Perry Myrvåg	46	1		11.6.2012
88	Adolf-Petter Espeseth	22	3		18.6.2012
89	Kvadratbygg utbygging	37	189		12.6.2012



90	<b>Magnar og Kjetil Jøsok</b>	82	45	46	13.6.2012
91	<b>Arild Skram</b>	36	91		14.6.2012
92	<b>Karstein Sund</b>	4	5		19.6.2012
93	<b>Kjartan Berge</b>	29	4		20.6.2012
94	<b>Kåre Jensholm</b>	58	6		20.6.2012
95	<b>Leine småbåtlag</b>				18.6.2012
96	<b>Jon Gunnar Igesund for Oline Igesund</b>	35	28		15.6.2012
97	<b>Cato Aurstad og Siri Ann Aurstad</b>	40	7		20.6.2012
98	<b>Henry Steinsvik</b>	18	1		20.6.2012
99	<b>Per Kristian Frøysa</b>				20.6.2012
100	<b>Harald Igesund</b>	35	10	49 og 90	25.6.2012
101	<b>Johnny Sandvik</b>				27.6.2012
102	<b>Haldor Frøystadvåg</b>	19	9		26.6.2012
103	<b>Kjell Roger Nevstad</b>	48	10	11	22.6.2012
104	<b>Olav Lovis Tjervåg</b>				22.6.2012
105	<b>Bergtor Moltu</b>	60	1		23.6.2012
106	<b>Jan Sundnes</b>	25	7		23.6.2012
107	<b>Jorunn Leine</b>	38	193	192	27.6.2012
108	<b>Jan Reidar Gjerde</b>	40	5		27.6.2012
109	<b>Kari Smådal Turøy</b>	25	5		25.6.2012
110	<b>Børre K. Eide og Kari Mette Runde Eide</b>	9	12		26.6.2012
111	<b>Svein Otto Nykrem</b>	76	9	13	25.6.2012
112	<b>Jan Sundnes</b>	26	10		23.6.2012
113	<b>Tom-Rune With</b>	45	14		25.6.2012
114	<b>Westing AS, ved Geir Baade</b>	83	14		22.6.2012
115	<b>Joveig Djupvik</b>	50	3		26.6.2012
116	<b>Alf-Einar Sandvik</b>	59	6		24.6.2012
117	<b>Pål Ove Hånes</b>	79	2		26.6.2012
118	<b>Bergsøy IL</b>	34	165		25.6.2012
119	<b>Svein Nærø</b>	24	2		26.6.2012
120	<b>Lars Gunnar Larsen Graving og Transport</b>	53	5		25.6.2012
121	<b>Torbjørn Sævik</b>	27	15	82	26.6.2012
122	<b>Marte Sande</b>	14	8		25.6.2012



123	<b>Per Haldor Storøy</b>	58	3		26.6.2012
124	<b>Robert Voldnes</b>				
125	<b>Kjellmar Tarberg</b>	60	2	6	22.6.2012
126	<b>Kjellmar Tarberg</b>	62	5		22.6.2012
127	<b>Håkon Kopperstad</b>	3	1		28.6.2012
128	<b>Karl-Inge Voldasund og Dina Voldsund Djupvik (manglar det eit vedlegg?)</b>	14	2		26.6.2012
129	<b>Per Ola Kleppe og Ragnhild Kleppe</b>	83	1	88	6.6.2012
130	<b>Jostein Ryssevik</b>	60	104		25.6.2012
131	<b>Per Ola Kleppe og Per Åge Kleppe</b>	83	1	7	27.6.2012
132	<b>Gudrun Vattøy</b>	83	12		26.6.2012
133	<b>Gudrun Vattøy (Naust)</b>	83	12		26.6.2012
134	<b>Perry M. Remøy</b>	11	25	156	27.6.2012
135	<b>Perry M. Remøy</b>	11	103	24, 1-7, 140 og 102	27.6.2012
136	<b>Per-Hallstein Dahle</b>	19	2		27.6.2012
137	<b>Stine Voldsund</b>	13	108		27.6.2012
138	<b>GIL/v Vedlikehaldsgruppa for Lysløypa</b>				27.6.2012
139	<b>Sigbjørn Notøy</b>	48	8		28.6.2012
140	<b>Knut Ove Aspevik</b>	50	4	17	27.6.2012
141	<b>Harold Sævik</b>	31	22		27.6.2012
142	<b>Hilde Marie Brungot</b>	55	3		27.6.2012
143	<b>Aslaug og Roar Eide</b>	19	4		22.6.2012
144	<b>Leif Morten Igesund</b>	35	1		25.6.2012
145	<b>Inge Vattøy</b>	83	100		26.6.2012
146	<b>Erling-Johann Dragsund</b>	45	2		24.6.2012
147	<b>Beate og Ivar Ørstavik</b>	58	56		27.6.2012
148	<b>Arnstein Selvåg</b>	56	1		28.6.2012
149	<b>Arnstein Selvåg, seniorbustadar</b>	56	1		28.6.2012
150	<b>Arnstein Selvåg</b>	53	9		28.6.2012
151	<b>Solfrid Hildre og Paul Myrvågnes Hildre</b>	47	7		28.6.2012
152	<b>Bjarne Tarberg og Hallgeir Frøystadvåg</b>	21	2		27.6.2012
153	<b>Margareth Kvalsvik Jensen</b>	17	1		26.6.2012
154	<b>Hjalmar Kvalsund</b>	4	37		28.6.2012
155	<b>Odd Morten Berge</b>	29	87		29.6.2012



156	Kjell Olav Kleppe	82			28.6.2012
157	Paul Myrvågnes Hildre mfl	47	1	3, 4, 5, 37, 40, 423	28.6.2012
158	Hildur Lilleøy	56	8		29.6.2012
159	Per-Svenning Leine	26	3		29.6.2012
160	Paul Berge	29	88		28.6.2012
161	Johannes S. Eggesbø	38	2		28.6.2012
162	Inger Eggesbø	38	88		28.6.2012
163	Johannes S. Eggesbø	38	71		29.6.2012
164	Johannes S. Eggesbø	38	31		27.6.2012
165	Arne Ringstad mfl.	47	22	39, 4, 17	25.6.2012
166	Øystein Aurvåg	48	2		13.6.2012
167	Johannes Kvalsvik	7	6		29.6.2012
168	Ingrid Anne Berge	29	4	86, 87, 88	29.6.2012
169	Roger Kvalsund og Geir Kvalsund	4	36		28.6.2012
170	Stig Konrad Berge	29	5		29.6.2012
171	Sameiget Flusund	27	3		28.6.2012
172	Bjarne Kvalsvik				29.6.2012
173	Bjarne Kvalsvik	8	7		29.6.2012
174	Gjert A. Nærø	24	1	3, 9, 32 og gnr. 24/5	29.6.2012
175	Kjell Vike				29.6.2012
176	Fredrik Severin Fredriksen	23	1	3	28.6.2012
177	Ruth Sævik	11	23		29.6.2012
178	Ruth Sævik og Erling Remøy	11	101	104	29.6.2012
179	Gunnar Einar Remøy	12	38		28.6.2012
180	Jakob Kopperstad	3	5	12	29.6.2012
181	Jakob Kopperstad	3	5	12	29.6.2012
182	Asbjørn Almestad				29.6.2012
183	Roar Sandvik	59	1		29.6.2012
184	Oddmund Kvalsvik	9	8		30.6.2012
185	Jogeir Skorpen	60	73		26.6.2012
186	Oddvar Torvik (det aktuelle område er merka med X)	17	1		30.6.2012
187	Bjarne Kvalsvik mfl				30.6.2012



188	<b>Pål Ove Hånes</b>	79	31		28.6.2012
189	<b>Violet og Arnstein Andersen</b>	45	1		29.6.2012
190	<b>Johanne Vanvikaas</b>	10	19		26.6.2012
191	<b>Gro Brandal</b>	45	8		29.6.2012
192	<b>Erik Lind Dragsund og Irene Almenning</b>	45	4		29.6.2012
193	<b>Erik Lind Dragsund og Irene Almenning</b>	45	4		29.6.2012
194	<b>Wenche Skorpen og Jan Kenneth Bergsnes</b>	60	155		26.6.2012
195	<b>Jon Myrvågnes</b>	47	1	3, 4, 5, 37, 40, 41, 43	30.6.2012
196	<b>Anne Aasmo</b>	39	6		27.6.2012
197	<b>Robert Arnt Voldnes</b>	19	19		26.6.2012
198	<b>Erling Kleppestrand</b>	83	3		29.6.2012
199	<b>Oddmar Remøy</b>				29.6.2012
200	<b>Margrethe S. Steinsvik</b>	18	3		28.6.2012
201	<b>Egil Gjerdsbakk</b>				30.6.2012
202	<b>Tore Hasund</b>				28.6.2012
203	<b>Bjørn Inge Taklo</b>				30.6.2012
204	<b>Kenneth Lillerovde</b>	40	2	15	2.7.2012
205	<b>Marte Sande</b>	14	8		25.6.2012
206	<b>Marte Sande (bustadar)</b>	14	8		25.6.2012
207	<b>Per Åge Kleppe</b>	83	7		29.6.2012
208	<b>Oddvin Støylen</b>	83	6		3.7.2012
209	<b>Sollaug Teige</b>	9	21		24.7.2012
210	<b>Anton Runde</b>	9	10		17.7.2012
211	<b>Grunneigarar på Runde</b>				24.7.2012
212	<b>Odd Dybvik</b>	21	19	36	30.8.2012
213	<b>Helene Remøy</b>	12	1	12	6.9.2012
214	<b>Disp. Per Ove Hånes</b>	79	2		27.6.2012
215	<b>Disp. Gunnar Remøy</b>	12	38		16.5.2012
216	<b>Disp. Anne-Karin Garnes Hareide</b>	48	6		27.3.2012
217	<b>Endre Moltu Grønnhaug</b>	60	35		11.9.2012
218	<b>Even Remøy</b>	12	6	111, 91, 58	10.10.2012
219	<b>Harald Igesund</b>				19.10.2012
220	<b>Disp. Per Bjarne Vågsholm</b>	33	3		17.10.2012
221	<b>Linda Brevik</b>	11	24		19.10.2012






222	<b>Eilert-Geir Kvalsvik</b>	7	33	6, 16, 72 og 4	16.11.2012
223	<b>Arlid Hegedus</b>				27.11.2012
224	<b>Villa Smolt</b>				
225	<b>John Olav Teige</b>	5	3	5 og 14	15.11.2012
226	<b>John Olav Teige</b>	5	3	5 og 15	11.11.2012
227	<b>Marine Harvest</b>				1.11.2012
228	<b>Disp. Oddvar Torvik</b>	17	4		23.11.2012
229	<b>Unnateke offentlegheit jf. off. § 13</b>				
230	<b>Aleksander Zahl Tarberg</b>				26.11.2012
231	<b>Liv-Petra Vojje og Åge Juliebø</b>	60	6		11.1.2013
232	<b>Sporstøl Arkitekter AS</b>	56	73		28.1.2013
233	<b>Sporstøl Bilverkstad AS</b>	45	56		11.12.2012
234	<b>Herøy kystmuseum, Prosjekleiar Flåværleia</b>				18.1.2013
235	<b>Tursti frå Tjørnvåg til Sandvika</b>				
236	<b>Roar Lynge</b>	44	4		13.2.2013
237	<b>Eilert-Geir Kvalsvik</b>	7	72		22.2.2013
238	<b>Jon Måløy og Ole Per Måløy</b>	84	1		26.5.2012
239	<b>Feirevikja småbåtlag</b>	83			9.4.2013

# KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025

## KONSEKVENSGREIING FOR KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL



Sist revidert 03.10.2013

Vedtak om utlegging til offentlig ettersyn  
xx.xx.20xx

Offentleg ettersyn: xx.xx.xxxx – xx.xx.xxxx

Kommuneplanen er vedteken i Kommunestyret  
xx.xx.xxxx, K-sak xx/xx

PlanID 1515 20150



## INNHALDSLISTE

1. INNLEIING .....	3
2. VURDERINGSMETODE .....	3
2.1 Forureining og støy.....	4
2.2 Jordvern og kulturlandskap .....	4
2.3 Naturmangfald .....	4
2.4 Kulturminne og kulturmiljø .....	5
2.5 Friluftsliv .....	5
2.6 Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk .....	5
2.7 Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelvegnett .....	5
2.8 Samfunnstryggleik .....	6
2.9 Barn og unge sine oppvekstvilkår.....	6
2.10 Radon.....	6
2.11 Befolkningsutvikling og tenestebehov.....	7
2.12 Strategi for framtidig arealbruk .....	7
3. VERDISETTING .....	8
4. DATAKJELDER – TEMAKART .....	8
5. OVERSIKT OVER VURDERTE AREAL.....	9
6. KONSEKVENSGREIING AV AREALDELEN SAMLA SETT .....	13
6.1 Arealrekneskap for kommuneplanen sin arealdel:.....	16



## 1. INNLEIING

### Nye byggjeareal

*Forskrift om konsekvensutgreiingar og planlegging etter plan- og bygningslova* fastset at det skal gjerast ei konsekvensutgreiing (KU) for alle nye utbyggingstiltak som vert foreslått i arealdelen til kommuneplanen.

KU er eit planverktøy for å fremje ei utvikling som oppfyller aktuelle behov utan å øydelegge moglegheiter for komande generasjonar. Difor er KU sitt formål å sikre at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn vert vurdert i planprosessen. KU skal leggast ut til offentleg ettersyn saman med planforslaget.

KU er gjort utifrå eksisterande kunnskap. I planprosessen er det utarbeidd ulike temakart som er nytta i samband med vurderingane. Kommunen har i arbeidet med KU utarbeidd ei eiga kartbase med oversikt over dei vurderingskriteria som vi meiner skal liggje til grunn i ein KU. Ein har vidare digitalisert dei forslaga som har kome inn til kommunen i same kartbasen og lagt «lag-på-lag» for å avdekke om forslag om nye byggeområde kjem i konflikt med andre interesser i kommunen.

Ein del av registreringane er grovmaske og vil krevje meir detaljerte undersøkingar ved detaljregulering.

### Spreidd busetnad

I KU er det også teke med landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) for spreidd utbygging.

Innanfor områda er det sett eit tak på tal nybygg i planperioden. Omfanget er sett utifrå ei vurdering av områdestorleik, eksisterande busetnad, tilgang på andre tomter i krinsen, faktorar som kjerneområde landbruk, naturtilhøve, mm.

Gjennom planføresegnene gir ein føringar som sikrar at viktige ålmenne verdiar vert ivaretekne

## 2. VURDERINGSMETODE

Utgreiinga er gjort slik at alle områda har blitt kartfesta og sett opp mot nasjonale og lokale databasar og kunnskap. Dei nye byggeareala som er teke inn i planen har blitt konsekvensutgreidd på denne måten og ligg som eige vedlegg. Det er nytta eit eige KU-skjema for alle dei nye byggeområda der følgjande tema/moment er med i konsekvensutgreiinga:

- Støy og forureining (Sjå avsnitt 2.1 og 2.10)
- Sikring av jordressursar (2.2)
- Naturmangfald (2.3)
- Kulturminner og kulturmiljø (2.4)
- Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv (2.5 og 2.9)
- Transportbehov (2.6)
- Teknisk infrastruktur (2.7)
- Befolkningsutvikling og tenestebehov (2.11)
- Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit (2.8)
- Strategi for framtidig arealbruk (2.12)



## Vurderingskriterium

Kriterium for KU er henta for forskrift om konsekvensutgreiing, jf. vedlegg III (FOR 2009-06-26 nr. 855). Kommunen har også lagt til grunn egne databasar som var relevante for å avdekke eventuelle konflikhtar som td. barnetrakkregistrering.

### 2.1 Forureining og støy

Jf. St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal spreining av miljø-gifter frå forureina grunn stansast eller reduserast vesentlig. Dessutan skal lokal luftforureining førebyggast og reduserast.

I konsekvensutgreiinga er det vurdert om eit foreslått byggetiltak vil føre til forureining i området.

Langsiktig arealplanlegging som førebygg støy, er det mest kostnadseffektive tiltaket for å redusere støyplager, jf. statens *handlingsplan for støy 2007-2011*.

For nye byggeområde er konsekvensane vurdert utifrå kva grad utbygging vil verte utsett for støy frå eksisterande støykjelder. Der ein har område som kan vere utsett for støy har kommunen lagt inn krav om reguleringsplan for å avklare behovet for støydempende tiltak gjennom ein detaljplan. For vurdering av støy er det lagt til grunn fylgjande kriterier:

- ÅDT langs nærliggande fylkes- og kommunevegar
- Nærleiken til industribedrifter eller hamner.

Ein har valt å ikkje ta inn støysoner knytt til trafikkstøy i kommuneplankartet, men ein har fått utarbeidd detaljerte kart for trafikkstøy og *rammeplan for trafikkavkjørsle* som ligg vedlagt *Risiko- og sårbarheitsanalyse for Herøy kommune*.

### 2.2 Jordvern og kulturlandskap

Regjeringa har sett som mål at årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast innan 2010 (*St. meld. nr 26 -2006-07 Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*). Vidare skal kulturlandskapet forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfald og tilgang vert oppretthalde.

KU tek utgangspunkt i kartgrunnlaget av kjerneområde landbruk og kjerneområde kulturlandskap utarbeidd av Søre Sunnmøre Landbrukskontor. Kjerneområda er lagt inn som «omsynsoner» i forslag til ny arealdel(sjå planomtale og føresegna).

Kjerneområde landbruk består av to typar areal:

1. verdifulle areal til matproduksjon
2. verdifulle landbruksprega kulturlandskap

Omdisponering av areal innanfor kategori 1 vert vurdert som svært negativt.

Omdisponering av areal innanfor kategori 2 vert ikkje vurdert som negativt, men stiller krav til terrengtilpassing og tilpassing til eksisterande landbruksdrift.

### 2.3 Naturmangfald

Kommunen har ansvar for å ta vare på viktige naturressursar, naturtypar og artar. *St. meld. Nr 26 (2006-07) Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* har som



målsetjing at gjennom bevisst planlegging skal naturgrunnlag og biologisk mangfald sikrast og takast vare på for komande generasjonar. Det gjeld føre-var-prinsippet. I KU er det i størst muleg grad søkt om å ta vare på viktige naturverdiar.

*Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune 2001*, kartlegging av inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON), registreringar i Naturbasen (DN) er lagt til grunn for vurderingane.

#### **2.4 Kulturminne og kulturmiljø**

Databasen "Askeladden" er nytta for å vurdere om det kan vere konflikt med tenkt utbyggingsområde og automatisk freda kulturminner samt SEFRAK registrerte bygg. "Naturbasen" og kartgrunnlag utarbeidd av Søre Sunnmøre Landbrukskontor er nytta i forhold til kulturlandskap.

#### **2.5 Friluftsliv**

«Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennleg ferdsle, opphald og hausting vert fremja og naturgrunnlaget bevart» (*St. meld. nr 26 2006-07 Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*).

Under punktet "Friluftsliv" er det vurdert om utbyggingstiltaket vil redusere viktige friluftsområde.

Dersom det er forslag om bustadområde, vil det i tillegg bli vurdert om tilgangen til gode rekreasjonsområde er tilfredsstillande.

#### **2.6 Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk**

*Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging* (4.9.2009) har som mål å sikre at kommunane går føre i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og å sikre meir effektiv energibruk og miljø-vennleg energiomlegging i kommunane.

Herøy kommune har vedteke ein *Klimaplan for Herøy kommune* vedteken 28.1.2010. Planen er utarbeidd i samarbeid med åtte andre kommunar i regionen, Møreforskning og Høgskulen i Volda. Det er ikkje teke inn forslag eller føringar for konkrete energiløysingar i kommuneplanen sin arealdel då dette vert justert i kommunedelplanen.

*Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging* (T-1057) har som målsetjing at transportbehovet skal minimerast gjennom god arealplanlegging. Dette kan gjerast ved å legge til rette for at folk kan bu der det er kort avstand til daglege gjeremål. På den måten reduserer ein den interne trafikken i kommunen og dermed dei negative konsekvensar dette har for klima, tryggleik og vedlikehaldskostnader.

Ved vurdering i kva grad nye utbyggingar vil føre til av auka trafikk, er det lagt vekt på avstand mellom bustadområde, sentrumsfunksjonar, skule og arbeidsplassar

#### **2.7 Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelvegnett**

Herøy kommune har i dag seks private vassverk i kommunen. Kommunen har fleire stadar offentlege avlaupsnett, men i perifere strøk er det framleis eit stor innslag av privat avlaupsløysingar. Det er ikkje gjort økonomiske vurderingar av byggekostnader korkje for framføring av nødvendige anlegg eller kostnader ved opparbeiding av dei



foreslåtte byggeareala. Vi legg til grunn at dette ev. skal gå inn som del av reguleringsarbeidet.

Avstand til privat vassverk har også eit tryggleiksmoment, då det gir betre tilgang på sløkkjevattn ved brann. Sløkkjevasskapasiteten er kartlagt i ROS - analysen for kommunen og kartfesta i eit eige vedlegg der.

Nærleik til offentleg vatn- og avløpsleidning vert ut frå desse grunnane, vurdert som positivt.

Det vert også vurdert som positivt dersom eit foreslått tiltak ligg nær offentleg køyre-, gang- og sykkelvegnettet.

## **2.8 Samfunnstryggleik**

Det er eit kommunalt ansvar å syte for at nye tiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. I den samanheng er det viktig å unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapte risikotilhøve.

Herøy kommune har gjennom arbeidet med kommuneplanen gjennomført ei ROS – analyse av kommunen som har vore grunnlag for vurderingane i KU-skjemaet. Det er laga temakart som syner naturrisiko, verksemdsrisiko (menneskeskapt), beredskapstilhøve, sårbare objekt og støy.

Kartbasen for samfunnstryggleik som har vore grunnlag for vurderingane har vist *Barnetrakkregistreringa*, beredskapstiltak, skredfare, strandsone (100m beltet), potensiell havnivåstigning (kote 3) og lausmassekart (marine strandavsettingar eller elveavsettingar).

Der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko må det gjerast nærare undersøkingar for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprojekt, ev. utgreiing av avbøtande tiltak som kan sikre planlagt utbygging.

## **2.9 Barn og unge sine oppvekstvilkår**

*Rikspolitiske retningsliner for barn og unge* seier at det ved bustader, skular og barnehagar skal vere god tilkomst til variert og samanhengande grønstruktur med samband til omkringliggjande naturområde. Areal som vert brukt av barn og unge, skal vere sikra mot m.a. forureining, støy og trafikkfare.

Ved vurdering av nemnte konsekvensar, er det særskilt lagt vekt på trafikktryggleik.

Utbygging som kjem i konflikt med areal brukt av barn slik dei er komne fram i barnetrakkregistreringa frå 2012, får negativ verdi.

## **2.10 Radon**

Norge er eit av dei landa i verda som har dei høgaste radonkonsentrasjonane i inneluft. Dette er grunna i både geologiske tilhøve, klima og måten vi bygg husa våre på. Radonkonsentrasjonane varierer med berggrunn- og lausmassetilhøva. Radongass trengjer inn i hus gjennom utette punkt i grunnmuren og kan gi auka konsentrasjonar i innelufta. Grenseverdien for radoninnhald i inneluft er 200 Bq/m<sup>3</sup>. (Statens strålevern)



Det foreligg inga systematisk kartlegging av radonnivået i Herøy. Det har imidlertid ein periode no vore utsett måleutstyr i ein del bygningar fordelt omkring i kommunen. Alle målingane viser radonkonsentrasjonar langt under fastsett grenseverdi og ein kan såleis legge til grunn at dette problemet er fråverande eller i alle høve relativt lite.

Dette vert difor ikkje kommentert vidare i KU for dei ulike innspela.

### 2.11 Befolkningsutvikling og tenestebehov

Herøy kommune har hatt ei jamn auke i folketalet frå 1950 til i dag og folketalet er i dag på det høgaste det nokon gong har vore på 8.847 innbyggjarar pr. 1.1.2013. Særleg siste åra har Herøy hatt sterk vekst på grunn av utanlandsk innvandring.

Gjennom planprosessen har ein avdekkat at dei områda med mest frådeling og byggeaktivitet er i aksen frå Frøystad til Kvalsund, inkludert Leine. Dette viser at omlandet til Bergsøya og Bergsøya er mest attraktiv for ny busetting. Denne trenden passar godt i høve til nærleik til offentlege tenestebehov som barnehage – og skuletilbod, legesenter, omsorgssenter og andre offentlege tenester.

I vurderingane som er gjort er det derfor lagt vekt på om området ligg i nærleiken til Fosnavåg eller om forslaget er fell innfor satsingar i samfunnsdelen som td.:

- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.
- Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.
- Kommunen ynskjer næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.
- Herøy kommune skal auke antal turistar og turismeretta aktivitetar i kommunen.

### 2.12 Strategi for framtidig arealbruk

Innanfor denne kategorien ser kommunen på om området i dag har ein verdi basert på meir mjuke verdiar som td. om området har ein verdi for barn og unge, om området har verdi som friområde og forhold til *Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen*.

I forhold til RPR for strandsoneforvaltning har vi vurdert om:

- forslaget utløyser eit nytt byggeområde
- det er ein vidareutvikling eller utviding av eit eksisterande område
- det er ei stadfesting av eksisterande aktivitet i området.

Strategiar frå kommuneplanen sin samfunnsdel har også vore grunnlag for vurderingane som har blitt gjort i denne kategorien. Av strategiar som har vore tema i denne kategorien kan det nemnast:

- Kommunen skal vidareutvikle industriområdet i Myrvåg og leggje til rette for auka næringsaktivitet.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.
- Alle bygdelag i Herøy kommune skal ha tilgjengelege bustadområde.
- Kommunen ynskjer at det vert etablert område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
- Kommunen ynskjer at det etablerast gangstiar som fremjar folkehelsa. (Utdrag frå forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel datert 1.7.2013).





### 3. VERDISETTING

Ut frå kriteria som er presentert ovanfor er det gjort ei forenkla konsekvensvurdering av alle nye utbyggingsområde.

Gradering av konfliktpotensiale:

Negativ:	-	Utbygginga har negativ innverknad på omgjevnaden
Liten:	0	Utbygginga har ingen eller liten innverknad på omgjevnaden
Positiv:	+	Utbygging har positiv/ikkje negativ innverknad på omgjevnaden

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema.

Om konsekvensar for eitt vurderingskriterium er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd.

Omgrepet "uakseptable negative konsekvensar" inneber m.a.o. at dei negative konsekvensane er så vesentlege at dei ikkje let seg vege opp for andre positive konsekvensar, eller at ulemper ikkje let seg minimere gjennom avbøtande tiltak.

Verdien 0 er brukt der tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

Under *samla vurdering og konklusjon* vil det vere ei kvalitativ vurdering av det som er registrert i skjemaet over og ein konklusjon om område vil vere eigna til utbygging eller ikkje.

### 4. DATAKJELDER – TEMAKART

Kunnskap om planfagleg relevante tilhøve er i størst muleg grad henta frå sentrale datakjelder. Dette for å vere sikra til ei kvar tid oppdaterte data.

Ein har valt å lage ein eigen kartbase for KU og basere denne på tilgjengelege kartbasar frå nasjonal kjelder. Utforminga av vår kartbase vart i innhald svært lik innhaldet i GISLiNK.no, men med lokal tilpassing.

I tillegg er det brukt lokale datakjelder som biologisk mangfald-registrering (2001), barnetrakkregistrering (2012), kartgrunnlag for kjerneområde landbruk (2012) samt risiko- og sårbarheitsanalyse (2012). Det ligg føre fem temakart til ROS-analysen.

#### Oversikt over kartdata i bruk med kommuneplanarbeid

Data	Henta frå
Kulturminer	Askeladden
Verneområder (naturreservat, statlig sikra friluftsområder, verneskog, inngrepsfri naturområder)	Norge digitalt, DIRNAT og <i>Kartlegging av biologisk mangfald i Herøy kommune 2001</i>
Strandsone (3m kote og 100m belt)	Kommune si egen base
Skredfare (snø og stein)	NGU



Kjerneområde landbruk, kulturlandskap	Data frå Søre Sunnmøre Landbrukskontor og DIRNAT
Lausmasse	NGU
Beredskapstiltak (Ikkje sløkkevatn, stor avstand til sløkkevatn, lavt vasstrykk, straumavhengig vasstrykk)	Kommune si egen base
Sårbare objekt (helse og omsorgsbygning, offentleg bygning, tunnel, bru, avløpsanlegg)	Data frå Matrikkel og kommune si egen base
Verksemdsrisiko (Industri og lagerbygning, bensinstasjon, drivstofflager, utsleppspunkt)	Data frå Matrikkel og kommune si egen base
Farleier	Norge digitalt

## 5. OVERSIKT OVER VURDERTE AREAL

Tabellen omfattar alle nye område for framtidig utbygging.

Bustadområde (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)		daa
B 1	Kvalsund	9
B 2	Kvalsund	84
B 3	Kvalsund	190
B 4	Kvalsund	26
B 11	Remøya	144
B 13	Leine	3
B 14	Leine	129
B 16	Nærøya sør	46
B 16	Nærøya	9
B 19	Bø / Arhaug	31
B 20	Torvik	4
B 21	Espeset	37

B 22	Frøystadvågen	9
B 28	Moltustranda	34
B 29	Moltustranda	13
B 30	Moltustranda	38
B 31	Sandvika	18
B 33	Stokksund	80
B 37	Myrvågnes	80
B 38	Myrvåg	63
B 46	Leikong	19
B 49	Stokksund	32
B 50	Mjølstadnes	39
B 52	Bergsøya	4
B 52	Bergsøya	94
B 53	Bergsøya	184



B 58	Bergsøya	25
B 67	Bergsøya	2
B 68	Bergsøya	10
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>1456</b>
<b>Naust (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)</b>		<b>daa</b>
AN 1	Bergsøya	3
AN 2	Bergsøya	3
AN 3	Bergsøya	6
AN 4	Bergsøya	1
AN 5	Bergsøya	1
AN 6	Frøystadvågen	2
AN 7	Kalveneset	5
AN 8	Kvalsund	2
AN 9	Leikong	3
AN 10	Leikong	3
AN 11	Jøsok	3
AN 12	Moltustranda	4
AN 13	Moltustranda	13
AN 15	Moltustranda	4
AN 16	Moltustranda	8
AN 17	Sandvika	5
AN 18	Sandvika	2
AN 19	Stokksund	3
AN 20	Tjørvåg	8
AN 21	Torvik	3
AN 22	Myrvågnes	4

AN 23	Notøya	1
AN 25	Remøya	6
AN 26	Remøya	17
AN 27	Remøya (Sævikane)	1
AN 28	Bø	9
AN 29	Dragsund	10
AN 30	Espeset	3
AN 31	Nærøya	2
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>135</b>
<b>Fritidsbustadar (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)</b>		<b>daa</b>
FB 1	Kvalsund	8
FB 2	Kvalsund	13
FB 3	Kvalsvik	20
FB 4	Kvalsvik	24
FB 5	Runde	8
FB 6	Remøya	8
FB 7	Leine	3
FB 8	Leine	13
FB 9	Leine	1
FB 10	Bø	31
FB 11	Torvik	1
FB 12	Røyra	5
FB 13	Sandvika	18
FB 14	Moltustranda	11
FB 15	Moltustranda	6
FB 16	Tjørvåg	52



FB 17	Djupvik	7
FB 18	Dragsund	17
FB 19	Leikong	1
FB 20	Leikong	1
FB 21	Leikong	7
FB 22	Gjertneset	4
FT 1	Kvalsund	32
FT 2	Kvalsvik	2
FT 3	Kvalsvik	2
FT 4	Runde	4
FT 5	Moltustranda	6
FT 6	Leine	3
FT 7	Aurvågane	23
FT 8	Runde	5
FH 1	Kvalsund	11
FR 1	Kvalsund	26
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>373</b>
<b>Næringsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)</b>		<b>daa</b>
N 2	Kvalsund	5
N 3	Dragsund	67
N 4	Dragsund	150
N 5	Mjølstadnes	13
N 6	Mjølstadnes	23
N 7	Notøya	2
N 8	Sandvika	14
N 9	Sandvika	9

N 11	Torvik	25
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>308</b>
<b>Sentrumsføremål (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)</b>		<b>daa</b>
S 1	Fosnavåg	122
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>122</b>
<b>Råstoffutvinning (jf. Pbl § 11-7 nr. 1)</b>		<b>daa</b>
AN-D1	Dragsund	65
R2	Røyra	79
	<b>Totalt antal daa</b>	<b>144</b>



## LNF-område der spreidd utbygging vert tillate

Nr.	Namn	Antal tillate frådellingar i kommuneplanen frå 2004	Antal frådelt eigeidomar	Antal eigeidomar med bygg	Antal tillate frådellingar i ny kommuneplan
1.	Skorpa	5	2	1	3
2.	Kopparstad	7	0	0	7
3.	Vikane	7	1	0	6
4.	Voldsund	10	5	3	5
5.	Sande	7	1	1	6
6.	Torvik	7	4	3	3
7.	Frøystad	5	0	0	5
8.	Arhaug	7	½ inne	1	7
9.	Bø	10	2	1	8
10.	Vike	5	0	0	5
11.	Goksøyra	7	2	0	5
12.	Espeset	2	0	0	2
13.	Tarberg	7	1	1	6
14.	Slettebakke	7	0	0	4
15.	Stokksund	6	0	0	6
16.	Stynehaugen	4	0	0	4
17.	Tuftene	8	1	0	7
18.	Kalveneset	10	3	3	7
	Myrvåg	3	1	0	Endra til bustadforemål
20.	Raudvika	6	1	1	5
21.	Kleppestranda	6	0	0	6
22.	Jøsok	10	0	0	10
	Kvalsund	6	7	4	Endra til bustadforemål
24.	Aspevik	3	½ inne	0	3
	<b>Nye område</b>				
19.	Leikong				8
23.	Goksøyra 2				3
25.	Runde				10
26.	Remøya				5
27.	Espeset 2				3
28.	Måløya				3
29.	Røyra				4
30.	Kleppane				4



31.	Myrvåg			4
<b>Totalt antal frådelingar tillate i kommuneplanen</b>				<b>164</b>

## 6. KONSEKVENsutGREIING AV AREALDELEN SAMLA SETT

Framlegg til ny arealdel legg opp til eit samla utbyggingsareal på om lag 2.300daa. Størsteparten av dette arealet er avsett til nye område for; bustadar, naust, fritidsbustadar, næringsføremål og sentrumsføremål. Av desse 2.300daa er om lag 270 daa allereie bebyggd areal innanfor «nytt område for bebyggelse».

Fleire av tiltaka ligg innanfor det som vert definert som strandsona, men dei fleste ligg i allereie nedbygde område eller i tilknytning til slike. Kommunen har i desse tilfella lagt vekt på *prinsippet om samlokalisering av tiltak i strandsona*.

### Støy og forureining

Det vil ikkje vere konflikter knytt til støy frå trafikk og nye utbyggingsområde. Der ein ser ei potensiell konflikt er det knytt krav til regulering av område for å vurdere støydempende tiltak langs støykjelda. Nye næringsareal vert lagt til eksisterande industri/næringsområde for samlokalisering av potensielle støykjelder og det vert stil krav om regulering av desse områda for å vurdere behovet for støydempende tiltak.

Tiltaka som er lagt inn i kommuneplanen sin arealdel vil ikkje medføre forureining til jord eller vatn. Der nye utbyggingsområde ligg til sårbare resipientar er det lagt krav om tilkopling til offentleg avlaupsnett om det er tilgjengeleg og krav om at området skal regulerast for å sikre heilskaplege avlaupsløysingar. Krav om regulering gjeld også for nye næringsareal som er lagt inn i planforslaget.

### Sikring av jordressursar

Herøy er ei kystkommune der utbygginga må skje mellom fjorden og fjellsidene. Det har vore i dette beltet all utbygginga har skjedd og ein har forsøkt å bevare mest mogleg av den dyrkbare jorda mot sjøen ved å leggje bustadane opp mot fjellsidene for å drive landbruk på den beste jorda. Det er dette som har vore grunnlaget for busetting langs kysten i Noreg. Slik utviklinga har vore har færre og færre hatt behov for å drive eigenproduksjon på den dyrkbare jorda og busettinga kryp stadig nærmare sjølinja då dette vert oppfatta som dei mest attraktive bustadområda. Herøy kommune har svært få av det ein definerer som «kjerneområde for landbruk» som består av større samanhengande belter med areal til matproduksjon.

Planforslaget legg ikkje opp til utbygging i det som vert definert som «kjerneområde for landbruk», men i område med press har ein lagt opp til ei viss utbygging på dyrkbarjord. Dei konkrete vurdering kring sikring av jordressursar er vurdert i KU for dei aktuelle områda.

Planforslaget legg opp til nedbygginga av om lag 930 daa fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Kjerneområde for kulturlandskap er knytt til oppretthalding av jordbruket sitt kulturlandskap. Kulturlandskapet har kulturhistoriske og biologiske verdiar som kan verte skadelidande ved attgroing eller nedbygging. Desse områda gjev oss grunnlag for kunnskap og opplevingar knytt til tidlegare ressursbruk. Kjerneområde for kulturlandskap vil vere viktig for innbyggjarane i det daglege då det nyttast til



friluftsliv, rekreasjon, oppleving og kan skape identitetsbyggande haldningar til kommunen eller vere grunnlag for helse og trivsel.

Planforslaget legg ikkje opp til nedbygging av kjerneområde for kulturlandskap. Nokre områder er registrert som *LNf-område der spreidd utbygging vert tillate* i kommuneplan frå 2004 og dette er vidareført i forslag til ny arealdel.

### **Naturmangfald**

Herøy har fleire område som er bandlagt gjennom naturmangfaldlova (9 område, sjå planomtale). Bakgrunnen for at vi desse områda er verna er ut frå eit ynskje om å sikre berekraftig bruk og vern av naturen. Desse områda er av nasjonal verdi og ein ynskjer ikkje at det vert sett i gang tiltak innanfor området som kan forringe dei kvalitetane som verneforskrifta har som føremål å sikre. Innanfor eit verneområde skal all aktivitet som ikkje er unnateke søknadsplikt i verneforskrifta vere godkjende av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak innanfor område bandlagt gjennom naturmangfaldlova.

### Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapsgrunnlaget som har blitt lagt til grunn for konsekvensutgreiinga er rekna som god då ein har brukt tilgjengelege nasjonale databasar samt lokale data (sjå kap. 2.3 og 4).

### Føre-var prinsippet

Gjennom konsekvensutgreiingane har ein avdekkja område der det kan vere eit verna eller sårbart naturmangfald har kommunen lagt krav om regulering over området for at ein skal avklare forholdet gjennom ei detaljregulering. Kommunen har såleis brukt føre-var prinsippet for å avklare forholda nærmare.

### Samla belastning

Det vert ikkje lagt vesentleg større belastning på sårbare eller verna naturtypar då planforslaget ikkje legg opp til tiltak innanfor verna område.

### Kostnadane ved miljøforringing

Tema er ikkje relevant for kommuneplanen sin arealdel. Dette må avklarast gjennom detaljregulering.

### Miljøforsvarlege driftsmåtar

Tema er ikkje relevant for kommuneplanen sin arealdel. Dette må avklarast gjennom detaljregulering.

### **Kulturminner og kulturmiljø**

Kulturminne og kulturmiljø er ein del av omgjevnadane våre. Dei bidreg med kunnskap om eldre dagar og til opplevingar som styrkar menneskets liv fysisk og mentalt. Samtidig er det ein ikkje-fornybar ressurs som må takast godt vare på og forvaltast til det beste for kommande generasjonar. Kulturminne og kulturmiljø representerer spor etter det som har skjedd, om korleis det har vore å være menneske før og korleis samfunn har vore organisert. Dette gjev oss grunnlag for å forstå vår eigen tid og til å betre å kunne planlegge for eit samfunn som ligg føre oss.



Planforslaget legg ikkje opp til nye tiltak som vil vere i konflikt med kulturminner eller kjende kulturmiljø.

### **Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv**

Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha høve til å drive friluftsliv som ein helsefremjande, trivselsskapande og miljøvennleg aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Å ferdast ute i naturen har gjennom alle tider vore ein del av det norske folk sin kvardag og fritid, og er ein del av vår felles kulturarv.

Planforslaget legg opp til ei viss nedbygging av strandsone som kan vere attraktiv for nærmiljøa og friluftaktivitetar. Omfanget av nedbygginga er ikkje så stor at det vil forringe bukvalitetane og rekreasjonsområda vesentleg. Områda som er lagt ut som nye byggjeområde er i stor grad område for naust og fritidsbustadar(rorbuer). Det er sikra gjennom føresegna at ålmenta skal kunne ferdast fritt i desse områda og at det vil vere ulovleg med stengsler eller andre tiltak som vil privatisere områda.

### **Transportbehov**

Kommunen ynskjer ei positiv utvikling knytt til satsing på transport på land og til sjøs. Det offentlege har ansvaret for eit godt og moderne kommunikasjonsnett i hele landet. Transport og kommunikasjon er en viktig føresetnad for busetting og næringsutvikling. Sjøtransporten representerer både ein miljøvennleg og kostnadseffektiv transportform, og samtidig en miljømessig trugsel om uhell skjer.

Planforslaget legg opp til nye bustadområde som vil vere sentrumsnært og i distrikta. Behov for transport vil vere større der ein legg opp til busetting i bygdene, men kommunen har ein strategi om at det skal vere attraktive bustadområde i alle bygdelag og ein må såleis akseptere ei viss avstand frå sentrum. Forslag til plan legg også opp til nokre nye løysingar på kritiske vegstrekningar. Behov for oppgraderingar knytt til Fv.654 ser ein som eit av dei viktigaste momenta for å sikre transportnæringa gode rammebetingelsar. Planforslaget legg opp til nye framtidretta kryssingar over «Vaulane» mellom Bergsøya og Nerlandsøya og Leinøya og Remøya.

### **Teknisk infrastruktur**

Med *infrastruktur* meiner vi derfor strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere, som til dømes vegsystem til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele/fibernet.

Planforslaget legg både opp til vidareutvikling av bustadområde med eksisterande veg og avlaupssystem som ein kan knyte seg til samt nye byggjeområde der ein må pårekne ny vegtilkomst av avkjørsle frå fylkes- og kommunevegar, nye straum-, tele- og avlaupsløysingar.

### **Befolkningsutvikling og tenestebehov**

Herøy har sett seg eit mål om 10.000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ein høg ambisjon, men den er framleis mogleg å oppnå med rett satsing. Herøy kommune har hatt ei jamn auke i folketalet frå 1950 til i dag og folketalet er i dag på det høgaste det nokon gong har vore på 8.847 pr. 1.1.2013. Særleg siste åra har vist at Herøy har hatt sterk vekst på grunn av utanlandsk innvandring. Kommunen må utvikle seg i takt med folketalsauka og leggje til rette for tilstrekkeleg areal for offentleg tenesteyting.





Planforslaget legg opp til ei sterk satsing i område der det har vist å vere størst interesse for busetting i kommunen. Dette gjeld særleg på Bergsøya og i omlandet til Bergsøya. I forhold til tenestebehov er det i planforslaget lagt opp til eit nytt sentrumsføremål der ein kan tilrettelegge for privat og offentleg tenesteyting då det i dag er spreidd mellom Fosnavåg og Eggesbønes for ytre Herøy.

### **Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit**

Det er ei kommunal oppgåve å syte for at det vert utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse i samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel. Føremålet med ROS-analysen er å lage ei oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit og det har blitt utarbeidd eit kartgrunnlag som viser område med potensiale for risiko og sårbarheit. Det er utarbeidd ei overordna ROS-analyse følgjer planframlegget (sjå vedlegg 6). I Skjema for KU er enkelttema vurdert. Det er omtala kva omsyn som generelt må takast og kva vidare utgreiingar som må gjerast for dei enkelte byggeområda i tilknytning til søknad om frådelling eller ved regulering av områda.

Planforslaget legg opp til ny arealbruk innanfor område som viser potensiale for risiko og sårbarheit. I dei aller fleste områda det er påvist konflikt med risiko og sårbarheit er det lagt plankrav på området med føremål at ein må avklare forholda nærmare gjennom ei detaljregulering.

### **Strategi for framtidig arealbruk**

Endringane frå gjeldande plan til forslag om ny plan vil vere i hovudsak at ein legg til rette for fleire område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Herøy er ei kystkommune der innbyggjarane alltid har hatt ei sterk tilknytning til sjøen og havet der fleire har hatt sitt livsgrunnlag. Herøyværingane ynskjer å busette seg ved sjøen og vil tilby hytter til utleige og turismeføremål med nær tilknytning til havet. Kva som vert definert som sentrum har vore ei stridens kjerne i Herøy, men nytt planforslag viser no ei klar satsing og vil definere kva Herøy ser som sitt sentrum.

Planforslaget legg opp til at Fosnavåg skal utviklast vidare mot vest mot Igesund der ein har lagt inn forslag om sentrumsføremål. Bysentrum bør definierast som området rundt havna frå Nørvågen til Igesund. Kommunen legg også opp til å styrke bustadtilbodet på Bergsøya og i omlandet til Bergsøya samt å leggje til rette for at det skal vere tilgjengelege bustadområde i alle bygdelag. Utvikling og vidareutvikling av eksisterande bustadområde langs Fv. 654 vert vurdert som positivt. Planforslaget legg også opp til ei satsing på turisme og etablering av hytter og rorbuer med tilknytning til sjøen.

### **6.1 Arealrekneskap for kommuneplanen sin arealdel:**

Talet på nyoppførte bustader varierer ein del frå år til år. I perioden 1.7.2011 – 26.9.2013 er det oppført 73 nye bustadar i kommunen. Det er i same periode gjeve 93 igangsettingstillatelse for bygging. I lys av dette har kommunen ut frå ei behovsvurdering prioritert reguleringsplanar for bustadbygging i relevante område. Ein går ut frå eit behov på om lag 45 bustader i året samla i kommunen.

Område for bustadar:	1.456 daa
Naust:	135 daa
Fritidsbustadar:	373 daa



Næringsføremål: 283 daa  
Sentrumsføremål: 122 daa

**Totalt antal daa vert lagt ut som utbyggingsområde: 2.369 daa.**

**LNF-område der spreidd busetting vert tillate: 164 frådelingar**



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel


<p>Område: Aurvågane FT 7</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritids- og turismeføremål Arealstorleik: 23daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i Aurvågane med Aspevika og forslaget vil leggje til rette for eit nytt område for fritids- og turismeføremål. Det er allereie etablert nokre naust i område, men dette vil opne for at det kan etablerast rorbuer eller utleigehytter i område. Området ligg skjerna til og har potensiale for denne type aktivitet.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støyutsette område eller forureiningar.
Sikring av jordressursar	-	Område på land er registrert som skog, innmarksbeite og fullfyrka jord. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	+	Ingen registrert verdifulle artar eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Etablering av tiltak i område vil opne eit urørt naturlandskap for aktivitet og vil medføre meir aktivitet i området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Ein bør også utvide eksisterande avkjørsle frå Fv. 654 og vegbreidde til område.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vass og avlaupsleidning til området. Ein må pårekne private løysingar og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grønne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å auke aktiviteten knytt til turisme og ynskjer å prøve Aspevike som eit område for fritids- og turismeføremål.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet og delar ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for å utvikle eit nytt område for fritids- og turismeføremål. Kommunen ynskjer å nytte eit område i strandsona der det allereie er etablert tiltak (naust).

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen vil leggje til rette for eit nytte område for fritids- og turisme. Aurvågane ligg skjerna til og kan vere eit attraktivt område for denne type aktivitet. Tiltaket ha negative konsekvensar for omgjevnadane, men kommunen har ei klar satsing på turisme knytt til sjøen og tiltaket er såleis i tråd med kommunen sin strategi for turismenæringa.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritids- og turismeføremål.




Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg inntil Mjølstadnesvegen og har ein ÅDT på 1150. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Området består i stor grad av åpen fastmark og det vil ikkje gå tapt verdifulle jordressursar ved utbygging.
Naturmangfald	-	Området ligg i tilknytning til Straumane som er ein sårbar resipient og har registrert naturtypen undervasseng.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området ligg på ein holme og føremålet er naustområde. Nærmiljø og grønstruktur vil ikkje bli negativt påverka av tiltaket. Området er i barnetrakkregistreringa registrert som badeplass.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Vegen til holmen er privat og det bør stillast krav om utbetring for å tole belastninga av nye naust i området.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vass- og avlaupsleidning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette er ein del av denne satsinga.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området for bustadar ligg i 100m beltet og vil privatisere delar av strandsona i eit allereie pressa område. Utviding av naustområde vil ikkje ha negative konsekvensar for området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Naustområdet er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av attraktive buområder.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen har tidlegare godkjent reguleringsplan på halve holmen som legg til rette for naust og ein ser dette tiltaket som lite konfliktyft då ein i praksis utvidar eit naustområde til å gjelde heile holmen.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust.



<p>Område: Bergsøya B 52</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 94 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Flusund på Bergsøya og ligg ovanfor det som er under regulering kalt «indre Bergsøy». Området ligg i til dels kupert og hellande terreng.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg langt frå Fv. 654 og vil ikkje vere støyutsett. Det er heller ikkje registrert anna forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Store delar er open fastmark og innmarksbeite. Det vil ikkje gå tapt verdifulle jordressursar ved utbygging i området.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert raudlisteartar eller andre naturtypar innanfor området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert eitt større kulturminnefunn, A138379, som strekk seg inn på området. Ei tilpassing vil vere uproblematisk og området ligg så høgt at det er ikkje sannsynleg at det vert gjort fleire funn i dette området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området ligg godt til rette på Bergsøya med nær tilgang til Hornseten turløype og eit større naturområde. Gode forhold for friluftsliv og gode grønne nærmiljø.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg på Bergsøya så det vil vere mogleg å bruke offentleg transport for delar av området. Tilkomst må avklarast gjennom reguleringsplan.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning i området som ein kan knyte seg til. Det er også offentleg avlaupsleidning som ein må knyte seg til.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ei vidare utvikling av eit eksisterande bustadfelt. Lokaliseringa gjer at ein kan nytte gang- og sykkelveggar til og frå området.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Det er ikkje registrert negative konsekvensar av tiltaket.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg på Bergsøya og vil vere ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar. Området er å sjå som i vidareutvikling av eit eksisterande bustadfelt og tiltaket vil såleis ha få negative konsekvensar for området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.



<p>Område: Bergsøya B 52 AN 1</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar og naust Arealstorleik: 8,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg ytterst på Flusund på Bergsøya og nedanfor kommunevegen mot sjøen. Det er brattlendt terreng, men det vil vere mogleg med etablering langs kommunevegne.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg langt frå Fv. 654 og vil ikkje vere støyutsett. Det er heller ikkje registrert anna forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Eit lite område er innmarksbeite. Det vil ikkje gå tapt verdifulle jordressursar ved utbygging i området.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert raudlistearter eller andre naturtypar innanfor området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert tre kulturminner på naboeigedomen i sør og ligg utanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området ligg godt til rette på Bergsøya med nær tilgang til Hornseten turløype og eit større naturområde. Gode forhold for friluftsliv og gode grønne nærmiljø.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg på Bergsøya så det vil vere mogleg å bruke offentlig transport. Det må gjevast løyve til separate avkjørsle til dei nye eigedomane frå kommunal veg.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning i området som ein kan knyte seg til. Det er også tilgjengeleg offentlig avlaupsleidning som ein må knyte seg til.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ei vidareføring av byggetradisjonen ved etablering langs mindre trafikkerte kommunale vegar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet. Det er elles ingen særlege negative verknadar av tiltaket.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar. Flusund er sentrumsnært og kommunen ynskjer å leggje til rette for bustadar i området.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg på Bergsøya og vil vere ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar. Området er å sjå som i vidareføring av byggetradisjonen ved etablering langs mindre trafikkerte kommunale vegar. Tiltaket vil til ei viss grad privatisere strandsona. Det er elles få negative konsekvensar av forslaget.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar med tilhøyrande naustområde.



<p>Område: Bergsøya B53 AN 3</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar og naust Arealstorleik: 8,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg ytterst på Flusund på Bergsøya og nedanfor kommuneveggen mot sjøen. Det er brattlendt terreng, men det vil vere mogleg med etablering langs kommunevegne.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg langt frå Fv. 654 og vil ikkje vere støyutsett. Det er heller ikkje registrert anna forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Eit lite område er innmarksbeite. Det vil ikkje gå tapt verdifulle jordressursar ved utbygging i området.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert raudlisteartar eller andre naturtypar innanfor området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert tre kulturminner på naboeigedomen i sør og ligg utanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området ligg godt til rette på Bergsøya med nær tilgang til Hornseten turløype og eit større naturområde. Gode forhold for friluftsliv og gode grønne nærmiljø.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg på Bergsøya så det vil vere mogleg å bruke offentlig transport. Tilkomst til området må løysast gjennom eksisterande kommunale og private vegar.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning i området som ein kan knyte seg til. Det er også tilgjengeleg offentlig avlaupsleidning som ein må knyte seg til.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ei vidareføring av byggetradisjonen ved etablering langs mindre trafikkerte kommunale vegar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet. Det er elles ingen særlege negative verknadar av tiltaket.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar. Flusund er sentrumsnært og kommunen ynskjer å leggje til rette for bustadar i området.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg på Bergsøya og vil vere ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar. Området er å sjå som i vidareføring av byggetradisjonen ved etablering langs mindre trafikkerte kommunale vegar. Tiltaket vil til ei viss grad privatisere strandsona. Det er elles få negative konsekvensar av forslaget.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar med tilhøyrande naustområde.



<p>Område: Bergsøya B 53 AN4 AN5</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Naust Arealstorleik: Bustadar 180daa, naust 1daa og 1,5daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Berge på Bergsøya mot Straumane. Området ligg godt til rette for vidare utvikling av bustadfeltet som ligg sør-vest for det aktuelle området. Området er flatt og lite kupert. I området er det allereie etablert fleire bustadar heilt i sjøkanten.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Delar av området ligg nærme Fv.654 og ei av dei meir belasta strekningane i kommunen med ein ÅDT på 6250. Ein må pårekne støydempende tiltak langs fylkesvegen.
Sikring av jordressursar	-	Stor delar av området er fylldyrka- og overflatedyrka jord med nokre innmarksbeite og myrområder. Området er avgrensa så det er ikkje eit kjerneområde for landbruk.
Naturmangfald	-	Området ligg i tilknytning til Straumane som er ein sårbar resipient og har registrert naturtypen undervasseng.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert to kjende kulturminner i området: A 101967 og A 136747. Sistnemnde ligg innanfor eitt område som er under regulering.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området ligg frå 600-1200m frå Einedalen skule, med gang- og sykkelveg heilt fram. Området har tilgang til sjø og områder for fri leik. Ved utbygging av eit større område må ein pårekne opparbeiding av felles leikeplassar i området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i tilknytning til Fv. 654 med tilgang til offentleg transport. Strekinga er den med hyppigast bussfrekvens på Bergsøya. Avkjøring må avklarast gjennom reguleringsplan. Ein bør nytte eksisterande avkjørsle for å løyse ut heile byggeområdet.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har bygd ut vassleidning og det er under utbygging offentleg avlaupsleidning. Ein vil få krav om å knyte seg til desse ved etablering av nye bustadar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette er eitt av dei områda med størst potensiale for utbygging i området.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Delar av området ligg innanfor 100m beltet. Det er elles ikkje registrert negative konsekvensar av tiltaket.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Tiltaket har ei klar overvekt av positive konsekvensar. Med bakgrunn i strategisk satsing på Bergsøya som bustadområde er dette ei tungtvegande argument for utvikling. Det vil bli stilt krav om reguleringsplan ved utbygging av området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.






<p>Område: Bergsøya B 58</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 25 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Eggesbønes og grensar i vest til reguleringsplan 198601 for Eggesbønes/Grønhaugen. Områder er flatt og lite kupert.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Det ligg industriområde både sør og aust for området og kan ha negative konsekvensar i form av støy. Det er ikkje registrert anna forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Heile området er i AR5-kart registrert som myrområde
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert raudlisteartar eller andre naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	-	Det er registrert eitt kulturminner i området: A 146185.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har tilgang til sjø og områder for fri leik, godt nærmiljø og moglegheiter for friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i tilknytning til på Bergsøya 400 m frå nærmaste busstopp. Ein kan enkelt kome seg til og frå området med hjelp av offentleg transport. Avkjørsle må avklarast gjennom reguleringsplan. Det vil vere behov for løyve til ei avkjørsle frå kommunale veg.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har bygd ut vassleidning og det er offentleg avlaupsnett i området. Ein vil få krav om å knyte seg til desse ved etablering av nye bustadar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ein del av denne satsinga. Det vil vere tilgang til trygge gang- og sykkelveggar til skule.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Området ligg nærme Marine Harvest sitt lakseslakteri og det vil vere tungtrafikk forbi området. Ein bør ikkje leggje til rette for bustadar nærmare enn det som er foreslått.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Med bakgrunn i strategisk satsing på Bergsøya som bustadområde er dette eit tungtvegande argument for utvikling. Det vil bli stilt krav om reguleringsplan ved utbygging av området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.



<p>Område: Bergsøya B 67</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 1,7 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i Fosnavåg i Nørdrevåg (mot Vågsholmen) og grensar i sør mot områdeplan for Fosnavåg hamn. Terrenget er kupert, men ikkje bratt. Ein ynskjer å utvide eksisterande bustadområde for å leggje til rette for 1-2 tomter i sentrum.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil ikkje medføre støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen jordressurs i området.
Naturmangfald	0	Hornseten på nordsida av Bergsøya er registrert som «kulturbetinga område» med nordvent kystberg og blokkmark. Tiltaket ligg utanfor dette området og vil ikkje påverke området i vesentleg grad.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har god tilgang til friluftslivsaktivitetar mot Hornseten. Tiltaket er ei vidare utvikling av bustadområdet som nærmiljø. Det er ingen interesser knytt til grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i Fosnavåg og har god tilgang til offentleg transport. Ein må nytte eksisterande avkjørsle for tilgang til området.
Teknisk infrastruktur	0	Vatn er ført fram av lokalt vassverk og området har separate anlegg for avlaup. Det er planlagt offentleg avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ein del av denne satsinga.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har teoretisk fare for snøskred og steinsprang.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Tiltaket har ei overvekt av positive konsekvensar og tiltaket er relativt lite. Tiltaket er å sjå som ei utviding av eit eksisterande bustadfelt og konsekvensane vil vere små for nærmiljøet og området det ligg til.


Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.



Område: Bergsøya B68 TJ4

Planstatus/ gjeldande arealbruk:  
Friområde  
Planlagt ny arealbruk: Bustadar og  
tjenesteyting  
Arealstorleik: bustadar 10daa  
tjenesteyting 4daa

Skildring av området: Området ligg i  
Huldal i Fosnavåg. Området er eigd av  
Bergsøy idrettslag og er ei gruslagt  
bane på om lag 100m x 60m. Forslaget  
legg opp til å utvide eksisterande  
bustadområde i Huldal ved å leggje til  
rette for bustadar og kommunen ynskjer  
å stadfeste eit område for  
tenesteyting (barnehage).



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Tiltaket kan medføre auka trafikk gjennom området. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen verdifulle artar eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området har god tilgang til friområde mot Igesund og mot Igesundhetta. Tiltaket er ei vidare utvikling av eksisterande bustadområde. Forslaget legg opp til nedbygging av eit friområde sentralt i Fosnavåg.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i Fosnavåg og har god tilgang til offentleg transport. Endeleg tilkomst må avklarast gjennom regulering. Ein må truleg pårekne å nytte eksisterande avkjørsle for tilgang til området.
Teknisk infrastruktur	+	Vatn er ført fram av lokalt vassverk og området er tilknytt offentleg avlaupsleidning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ein del av denne satsinga.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området har teoretisk fare for steinsprank og snøskred. Dette må avklarast i ein eventuell reguleringsprosess
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar i Fosnavåg og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Forslaget er å sjå som ei utviding av eit eksisterande bustadfelt. Forslaget vil byggje ned eit større friområde som i dag tilfredstiller krava til å vere ein *fellesleikeplass* for eit større buområde. I reguleringa må ein ta omsyn til verdien friområdet har for buområde og sikre tilstrekkeleg areal til leikeplass.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar og tjenesteyting.




## Område: Bergsøya S 1

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF, bustadar, område for natur ferdsel, fiske og friluftsliv og industri.

Planlagt ny arealbruk: Sentrumsføremål

Arealstorleik: 107 daa

Skildring av området: Området ligg på nordsida av Fosnavåg sentrum og består av sjøareal, svaberg og industriområde på land. Tiltaket er å leggje til rette for ei vidare sentrumsutvikling i dette området og skaffe meir areal til utviklinga av sentrum.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området vil skape meir trafikk og det i dag registrert ÅDT: 1700 forbi området. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert interesser knytt til jordressursar.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Kleivavika er eit mykje brukt rekreasjonsområde og ved realisering av området må ein vurdere dei naturverdiane som ligg i området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området vert ein del av Fosnavåg sentrum og vil ha god tilgang til offentleg transport.
Teknisk infrastruktur	+	Vatn er ført fram av lokalt vassverk og det er offentleg avlaupsleidning i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire busette på Bergsøya og dette området er ein del av denne satsinga.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Heile området ligg innanfor 100m beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar i sentrum og vidareutvikle sentrumsområdet.

Samla vurdering og konklusjon: Tiltaket vil gje Fosnavåg eit større handlingsrom og kan leggje til rette for næring, kontor, bustadar og friområder i sentrum. Området er ein del av kommunen si strategiske satsing for å utvikle sentrumsområdet vidare og vinne nytt land då Fosnavåg i stor grad er utbygd.


Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for sentrumsføremål.



Område: Bø B19 SB8

Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF  
Planlagt ny arealbruk: Bustadar og spreidd busetting.  
Arealstorleik: Bustadar 31daa, spreidd busetting 8,5daa

Skildring av området: Området ligg vest og aust for Fv.16 i Bø på Leinøya. Området ligg i tilknytning til Bø/Arhaug bustadfelt, reg. plan ID 198201. Kommunen ynskjer å vidareutvikle Bø/Arhaug-feltet ved å knyte det saman med eit eksisterande bustadområde lenger nord. Kommunen ynskjer også å leggje til eit attraktivt område til SB8.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Fv.16 går gjennom området og har registrert ÅDT:420. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området. Området ligg innafør regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap, fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner innanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit kystlandskap som kan vere attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Ein må nytte eksisterande avkjørsle for å kome til området.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vatn eller avlaup til området. Ein må pårekne private vass- og avlaupsløysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Det vil truleg vere behov for transport til og frå skule då strekninga Frøystad-Torvik er belasta og smal utan gang- og sykkelveg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området har privat vassforsyning med ukjend kapasitet. SB-område ligg innanfor 100m beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag og fortettar i eksisterande bustadområde.

Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å fortette og vidareutvikle eksisterande bustadområde. Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Kommunen meiner forslaget er lite konfliktylt då ein vidareutviklar to eksisterande områder for bustadar.


Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar og spreidd busetting.



## Område: Bø FB 10 AN28

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar,  
hytter og naustområde  
Arealstorleik: Fritidsbustadar 31daa,  
naustområde 9daa

Skildring av området: Området ligg nordvest i Bø på Leinøya. Området er delvis utbygd med naust i dag og kommunen ynskjer å endre arealføremålet frå LNF til område for fritidsbustadar og naust ved sjøen. Arbeidsgruppa for kommuneplanen syntest området kan ha potensiale som eit nytt hytteområde på land og naust mot sjøen.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området. I sjøen utanfor naustområde er det registrert israndavsetningar, glasialt påverka sjøbotn. Området ligg innafør regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap, fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner innanfor området. Det er registrert eitt funn rett vest for området, A25907, som ein må ta omsyn til ved nærare detaljregulering.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit kystlandskap som kan vere attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	-	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Ein må pårekne breiddeutviding av veg til området og etablering av ny avkjørsle frå kommunal veg.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vatn eller avlaup til området. Ein må pårekne private vass- og avlaupsløysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og er i konflikt med det generelle strandsonevernet. Området har privat vassforsyning med ukjend kapasitet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen og samlokalisere naustområde der det allereie er etablert tiltak.

## Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak. Fritidsbustadar med tilknytning til sjøen er eit satsingsområde for kommunen og ein ynskjer å prøve dette som eit område for fritidsbustadar, hytter.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar, hytter.




## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

### Område: Djupvik FB 18

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar, hytte og rorbu.  
Arealstorleik: 7,5daa

Skildring av området: Området ligg aust for Fv.61 i Djupvika og vil gje rom for eit nytt område for fritidsbustadar, hytter.  
Kommunen ynskjer å sjå dette området i tilknytning til Budaneset som ligg lenger sør og som eit område for vidareutvikling av fritidsbustadar.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Området ligg om lag 30m – 150m frå Fv. 61 med ÅDT: 2625. Det må avklarast gjennom detaljregulering om det vil vere behov for støydempende tiltak. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Heile området er skogsområde.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit kystlandskap som er attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	-	Det er lite tilgang til offentleg transport på strekninga Myrvåg – Larsnes og det må påreknast bruk av privat transport til og frå området. Det vil vere behov for ny avkjørsle frå Fv.61
Teknisk infrastruktur	-	Ein må påreknne private vassløysing og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grøne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på fritidsbustadar knytt til sjøen og dette innspelet er i tråd med dei satsingane.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å utvikle eit nytt område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen med tilknytning til Budaneset som ligg lenger sør. Ein bør avklare om det er behov for støydempende tiltak gjennom ei detaljregulering av området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar, hytter og rorbuer.



<p>Område: Dragsund AN4 SH</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF og naust Planlagt ny arealbruk: Naust og småbåthamn Arealstorleik: Naustområde 10daa, småbåthamn 23daa i sjø.</p> <p>Skildring av området: Området ligg i Dragsund og det er foreslått å stadfeste eksisterande naustområde i arealdelen og leggje til eit nytt område for naust. Det er etablert fleire naust og flytebyggjer i området i dag og ein vil gje rom for å vidareutvikle desse ved å stadfeste dei i kommuneplanen sin arealdel.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg ved Fv. 654 med ÅDT:5100. Det vil ikkje vere behov for støydempende tiltak knytt til trafikkstøy og det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Ein mindre del av område er registrert som beitemark og skog. Det er elles ingen verdifull jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	-	det er registrert eitt automatisk freda kulturminne innanfor området, A 16209. Ein må vurdere verdien av dette gjennom ein detaljregulering.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere naturleg å nytte offentleg transport til og frå eit naustområde. Ein må nytte eksisterande avkjørsle frå Fv.654
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere behov for vass- og avlaupsløysingar i eit naustområde.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innfor 100m beltet og under kote 3. Det er elles ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalysa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle eit område etablert naustområde og område for flytebyggjer. Kommunen vil samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ser dette forslaget som ei vidareutvikling av eksisterande naustområde og vil samlokalisere tiltak i strandsona her. Forslaget er elles lite konfliktfylt. Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust og småbåthamn.





## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<b>Område: Dragsund FB 17</b>		
<p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar, hytte Arealstorleik: 17daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg sør for Fv.654 i Dragsund og vil gje rom for eit nytt område for fritidsbustadar, hytter. Grisholmen og Hestholmen er allereie avsett til fritidsbustadar og dette område vil utgjere eit nytt område for fritidsbustadar innanfor eit avgrensa område mot sjøen. Kommunen ynskjer å sjå dette området som eit område for vidare utvikling til fritidsbustadar.</p>		
Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg om lag 200m frå Fv. 654 med ÅDT: 5100. Det er truleg ikkje behov for støydempende tiltak i området. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Om lag heile området er skogsområde. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	-	I Kvennavågen i vest er det registrert velutvikla undervassenger verdsett til B(viktig). Nord for området i Styggesjøen er det registrert eit velutvikla system med brakkvatn som huser spesialiserte brakkvassartar som skruhavgras og er registrert som B(viktig).
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Busshaldeplassen i Myrvåg ligg om lag 1000m frå området. Det må påreknast bruk av privat transport til og frå området. Ein må nytte eksisterande avkjørsle til området, men må påreknne breiddeutviding og oppgradering ved ei samla utbygging.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må påreknne private vassløyising og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grønne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på fritidsbustadar knytt til sjøen og dette innspelet er i tråd med dei satsingane.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.


### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å utvikle eit nytt område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen i eit område der det allereie er realisert liknande tiltak. Ein bør avklare forhold til naturmangfald gjennom ein detaljregulering av området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for fritidsbustadar, hytter.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<b>Område: Dragsund N3, N4, AN-D1</b>		
<p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Næringsføremål, deponi. Arealstorleik: Næringsføremål 150daa og 67daa, deponi 65daa.</p> <p>Skildring av området: Området ligg sør for Fv.654 i Myrvåg og vil gje rom for å leggje til rette for meir næringsareal og område for råstoffutvinning. Kommunen ynskjer å sjå område sør for Fv.654 som eit område for utvikling av meir næringsareal. Intensjonen er at også område for deponi og etablere eit nytt næringsareal også her.</p>		
Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg sør for Fv. 654 med ÅDT: 5100. Det må avklarast om det er behov for støydempende tiltak i området. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Ingen registrert jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	-	I Kvennavågen i vest er det registrert velutvikla undervassenger verdsett til B(viktig). Djupvikvatnet er registrert som område for bla. Tjuvjo, Grågås, Sildemåke, Fiskemåke, Ærfugl, Siland og Svartbak.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Busshaldeplassen i Myrvåg ligg frå 50m – 600m frå området. Det kan nyttast offentlig transport til og frå området. Avkjørselspunkt må avklarast gjennom reguleringsplan. Ein må pårekne ny avkjøring frå Fv.654 eller Fv.61.
Teknisk infrastruktur	-	Det må byggast ut offentlig avlaupsnett til område og privat vassverk må føre fram vassleiding.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle Myrvåg som ein bustad og næringsområde og dette tiltaket er i samsvar med strategi om å vidareutvikle Myrvåg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile område for råstoffutvinning ligg innanfor 100 meters beltet samt delar av næringsareala. Næringsarealet mot Fv.654 har potensiale for marine strandavsettingar og kvikkeire. Turstien langs Djupvikvatnet er registrert som ein mykje brukt sti.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle Myrvåg både som bustadområde og som område for næringslivet. Området har vist seg å vere attraktivt og kommunen vil leggje ut meir areal til denne type aktivitet. Området er lite attraktivt for anna bruk.

### Samla vurdering og konklusjon:


Kommunen ynskjer å utvikle eit nytt område næringsføremål og råstoffutvinning i tilknytning til eksisterande industriområde i Myrvåg. Ein må avklare konsekvensar for naturmangfald og støy gjennom ei detaljregulering. Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for næringsføremål og område for deponi .



## Område: Espeset B21 SB27 AN30

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Bustadar, naust og spreidd busetting  
Arealstorleik: Bustadføremål 37 daa, Spreidd busetting 31 daa, naustføremål 3,5 daa.

Skildring av området: Områda ligg på Espeset langs gamle Fv. 17. Området består av lett hellande terreng mot sjøen. Føremålet er å vidareutvikle bustadområde på Espeset og Frøystad. B21 grensar i vest til godkjend reguleringsplan, 201205 Espeset gnr. 22 bnr. 2. Forslaget legg også opp til å stadfeste eit eksisterande naustområde i arealdelen med moglegheit for ei mindre utviding.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Utbygging vil kunne medføre auke trafikkmengd til og gjennom området, men ikkje i så stor grad at det vil medføre støyplager. Det er i dag registrert ÅDT: 300 på Fv. 17.
Sikring av jordressursar	-	Delar av området er registrert som fulldyrka jord og overflatedyrka jord. Tiltaket vil medføre nedbygging av jordressursar.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området vil ha funksjon som nærmiljø og område for friluftsliv for dei busette på Espeset.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg 280-800m frå nærmaste busshaldeplass. Det vil vere mogleg å bruke offentleg transport til og frå området. Avkjørsle må avklarast gjennom reguleringsplan. Ein bør forsøkje å samordne felles avkjørsle for fleire bustadar.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har ført fram vassleidning og det er delvis utbygd offentleg avlaupsnett. Nye bustadar i området vil få krav om å knyte seg til det offentlege avlaupsnettet eller truleg den strengaste reinsekravet til privat utslepp.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Området vil liggje langs Fv.654 og vere utbygginga vil vere i tråd med prinsippet om bygging langs ferdsselsårer. Ved utbygging av undergang på Frøystadtoppen vil ein ha trygg veg til Einedalen skule.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området vil liggje innanfor 100m beltet og er registrert som område med stor avstand til sløkkevatn. Barnetrakkregistrering viser også at dei fleste born som brukar vegen føler seg utrygg.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av bustadar i langs hovudferdselsåra i kommunen. Området har avgrensa verdi som landbruksområde.

Samla vurdering og konklusjon: Området vil liggje sentralt med gode vegsamband mot Bergsøya og Fosnavåg. Ved planlegging må ein sjå området som ein heilheit og det må stillast krav om regulering før utbygging.  
Tiltaket vil byggje ned dyrkbarjord, men omsyn til samfunnsutvikling vil ein kunne tilrå at området vert lagt ut som byggjeområde for bustadar, spreidd busetting og naust.



<p>Område: Frøystadvågen B22 AN6</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar og naust. Arealstorleik: Bustadføremaal 14, daa, naustføremaal 2,5 daa.</p> <p>Skildring av området: Områda ligg på sørsida av Frøystadvågen. Området er relativt flatt med bustadar på begge sider av vegen. Føremalet er å stadfeste eit naustområde med småbåthamn i sjøen, stadfeste eit eksisterande bustadområde og leggje til eit område for bustadar mot Fv.654.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Utbygging vil medføre auke trafikkmengd til og gjennom området, men ikkje i så stor grad at det vil medføre støyplager. Det er i dag registrert ÅDT: 3450 på Fv. 654.
Sikring av jordressursar	-	Området som ligg mot Fv.654 er registrert som fulldyrka- og overflatedyrka jord. Tiltaket vil medføre nedbygging av jordressursar.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Området vil ikkje ha funksjon som aktivt nærmiljø eller område for friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	+	Området ligg om lag 500m frå nærmaste busshaldeplass. Det vil vere mogleg å bruke offentleg transport til og frå området. Ein må pårekne bruk av eksisterande avkjørsle.
Teknisk infrastruktur	0	Privat vassverk har ført fram vassleidning. Området har separate anlegg for avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Området vil liggje langs Fv.654 og vere utbygginga vil vere i tråd med prinsippet om bygging langs ferdsselsårer. Det vil vere tilgang til gang- og sykkelveg frå Frøystadtoppen medan vegen til Frøystadtoppen er lite trafikkert.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området vil liggje innanfor 100m beltet og er registrert som område utan tilgang til sløkkevatn.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av bustadar i langs hovudferdselsåra i kommunen.

Samla vurdering og konklusjon: Området vil liggje sentralt med gode vegsamband mot Bergsøya og Fosnavåg. Tiltaket vil byggje ned dyrkbarjord, men med omsyn til strategi for samfunnsutvikling vil ein kunne tilrå at området vert lagt ut som byggeområde for bustadar og naust.




## Område: Gjertneset FB22

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF

Planlagt ny arealbruk: Rorbuer

Arealstorleik: 4,5 daa

Skildring av området: Området ligg ytterst på Gjertneset og terrenget er lite kupert. Om lag heile Gjertneset er lagt ut som område for bustadar og ein ser dette som eit supplement til bustadområdet.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Utbygging vil ikkje medføre trafikkauke i så stor grad at det vil medføre støyplager. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	-	Området vil grense til Straumane som er eit viktig naturområde. Det er registrert undervassenger i Straumane og er vurdert som B(viktig).
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området vil ha funksjon som nærmiljø og område for friluftsliv for dei busette på Gjertneset.
Samfunn		
Transportbehov	0	Ikkje relevant
Teknisk infrastruktur	-	Det vil vere behov for opparbeiding av veg til området og vidareføring av vass- og avlaupsleidning. Ein må pårekne bruk av eksisterande avkjørsle frå Fv.17
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Området vil liggje sentralt og i nær tilknytning til Bergsøya.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området vil liggje innanfor 100m beltet, under kote 3 og vil liggje i eit område med stor avstand til sløkkevatn.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er i stor grad allereie nedbygd og ein ser derfor ingen negative konsekvensar av å leggje til rette for rorbuer i området.

Samla vurdering og konklusjon: Området grensar til eit viktig naturområde i Straumane som er ein sårbar resipient med ein registrert viktig naturtype. Kommunen vil leggje til rette for bustadar og fritidsbustadar i tilknytning til sentrum for å auke aktiviteten på ettermiddag- og kveldstider. Ved utbygging i området vil ein få det strengaste reinsekravet ved utslepp.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for rorbuer.



<p>Område: Runde FT 8</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritid og turismeføremål. Arealstorleik: 4,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i Goksøyra på Runde på nordsida av vegen i tilknytning til eit område for turistanlegg. Området vert i dag brukt til turismeføremål i form av campingplass. Føremålet med endringa er å stadfeste dagens aktivitet.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil medføre liten trafikkauke. ÅDT 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert jordressursar i området.
Naturmangfald	+	Det er registrert strandeng og strandsump langs strandsona i området. Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området. Området er ein del av eit nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap som omfattar Runde.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde. Området har god tilgang til naturområder for fri leik. Tiltaket har ikkje negative konsekvensar for området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Tiltaket er campingplass så det vil ikkje vere negative konsekvensar av tiltaket. Ein vil nytte eksisterande avkjørsle.
Teknisk infrastruktur	0	Ein vil vere avhengig av private vass og avlaupsløysingar i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sine målsettingar og strategiar for satsinga på kultur- og reiselivsnæringa.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Tiltaket ligg innanfor 100m beltet og området er potensielt utløpsområde for steinsprang.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er i dag brukt til turismeføremål og ein vil såleis stadfeste eksisterande aktivitet. Området er ein del av ei satsing på kultur- og reiselivsnæringa.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Tiltaket vil ha få negative konsekvensar for området. Tiltaket er ei stadfesting av dagens aktivitet og ein ser det som positivt at ein får registrert denne type områder i kommuneplanen sin arealdel.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritid og turisme.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Goksøyra SB24</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: LNF-kan Arealstorleik: 7,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i tilknytning til eksisterande område for spreidd bustadbygging i Goksøyra på Runde. Det nye området er ei utviding av eksisterande område for spreidd bustadbygging. Området er litt kupert, men godt eigna for bustadbygging.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil medføre ein liten trafikkauke. ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Delar av området er fulldyrka jord og innmarksbeite. Området ligg innafor regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap.
Naturmangfald	+	Det er registrert strandeng og strandsump langs strandsona i området. Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området. Området er ein del av eit nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap som omfattar Runde.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde. Området har god tilgang til naturområder for fri leik. Tiltaket har ikkje negative konsekvensar for området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg i utkanten av kommunen og har begrensa offentleg transport. Ein vil vere avhengig av privat transport. Ein må pårekne bruk av eksisterande avkjørsle for tilgang til området.
Teknisk infrastruktur	0	Området har separate anlegg for vatn og avlaup. Det er spreidd avlaup og har ikkje framført vassforsyning gjennom vassverk. Ein vil vere avhengig av private løysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av busetting på Runde vil vere viktig for å halde kulturlandskapet i hevd og er ein del av kommunen si målsetting om vekst i folketalet og tilbod om attraktive bustadområder i alle bygdelag.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området har bart fjell eller med tynt torvdekke og er potensielt utløpsområde for steinsprang.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltaket er ei fortetting av eksisterande bustadmasser.

### Samla vurdering og konklusjon:

Jordvern, kulturlandskap og potensielt område for steinsprang er konfliktpotensialet i området, men i begrensa omfang. Kommunen ynskjer å legge til rette for busetting på Runde og strategi om fortetting vil vere minst konfliktfylt for området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for spreidd bustadbygging.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Kalveneset AN7 LNF</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF og naust</p> <p>Planlagt ny arealbruk: Naust og LNF</p> <p>Arealstorleik: Naustområde 5,5daa, LNF-område 2,0</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Kalveneset i Tjørvåg og vil leggje til rette for å vidareutvikle eit eksisterande naustområde på land og endre arealføremål på ein holme som i førre kommuneplan var avsett til naustføremål til LNF-område.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støyutsette område eller forureiningar.
Sikring av jordressursar	+	Område på land er registrert som skog og innmarksbeite. Det er såleis ingen særlege verdifulle jordressursar i området.
Naturmangfald	-	Områda er delvis i og grensar til Aspevikvågen der det er registrert undervasseng som er verdsett som B (viktig). Etablering av fleire tiltak i strandsona mot sjøen kan ha negativ konsekvens for naturmangfaldet. Endring av arealføremål på holmen vil truleg ha positive konsekvensar for naturmangfaldet.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Det er etablert naust i området og leggje til rette for fleire naust vil medføre meir aktivitet i området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere naturleg å nytte offentlig transport for å kome til eit naustområde. Ein må nytte eksisterande tilkomst til området og vidareføring av veg.
Teknisk infrastruktur	+	Ikkje relevant. Innanfor naustområde vil det ikkje vere behov for tilgang til vatn og avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet og delar ligg ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for å vidareutvikle eit naustområde. Kommunen ynskjer å samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen vil leggje til rette for ei vidareutvikling av eit eksisterande naustområde og vil bruke prinsippet om samlokalisering av tiltak. Tiltaket vil ha få negative konsekvensar for omgjevnadane.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust.





## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Kalveneset SB 18</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 23daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Kalveneset i Tjørnvåg og vil leggje til rette for å utvikle eit bustadområde i tilknytning til eit eksisterande område for spreidd busetting.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støyutsette område eller forureiningar.
Sikring av jordressursar	+	Område på land er registrert som opne fastmark. Det er såleis ingen særlege verdifulle jordressursar i området.
Naturmangfald	-	Område er delvis i og grensar til Aspevikvågen der det er registrert undervasseng som er verdsett som B (viktig).
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Innspelet vil leggje til rette for utvikling langs eksisterande kommuneveg der det er få interesser knytt til nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Det vil vere behov for ny avkjørsle frå kommunevegen til området og ein må vurdere endeleg tilkomst gjennom regulering. Ein må pårekne breiddeutviding og oppgradering av eksisterande tilkomstveg. Nærmaste tilgang til offentleg transport er busslomme 400-500 ved Fv.654.
Teknisk infrastruktur	-	Det er etablert vassleidning frå privat vassverk gjennom området som ein må knyte seg til. Ein må pårekne privat avlaupsløysing.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Området på Kalveneset har vore lagt ut som område for spreidd busetting og ein vil no leggje til rette for eit område for tettare utnytting av området. Forslaget er i tråd med strategi om busetting i alle bygdelag. Det er gang- og sykkelveg langs Fv.654 til Stokksund skule.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Delar av område ligg innanfor 100m-beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag for å støtte ei framtidig behov.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer at området på Kalveneset skal få auka tilflytting og gjennom tilrettelegging av eit bustadområde vil ein kunne leggje til rette for befolkningsutvikling som kommunen opplever. Ein vil stille krav om regulering for å få ei heilskapleg løysing for område og avklare potensiell konflikt med naturmangfaldet. Etter møte 1.10 i arbeidsgruppa vart det avgjort at området skulle liggje i forslag til arealdel som eit område for spreidd busetting. Endringa er gjort i plankartet.

Området vert tilrådd lagt ut som område for spreidd busetting.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p><b>Område: Kleppane SB30 SB21</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF og spreidd busetting Planlagt ny arealbruk: Spreidd busetting. Arealstorleik: SB21:10daa og SB30:20daa</p> <p>Skildring av området: SB30 ligg aust for vegen i tilknytning til eit bustadfelt vest for vegen. Kommunen ynskjer at ein kan vidareføre busetting langs vegen og vest for Fv.15. Forslaget legg også opp til å utvide eit eksisterande LNF-kan område, SB21, og utvide det mot nord fram til dyrkamarka.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området. FV.15 har registrert ÅDT:300
Sikring av jordressursar	-	Området vest for Fv.15 mot sjøen er mest innmarksbeite med noko overflatedyrka jord. Området aust for Fv.15 er skogsområde. Tiltaket vil medføre nedbygging av dyrkbar jord. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Raudøya – Eiksund.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Det er lite tilgang til offentleg transport på strekninga Myrvåg – Larsnes og det må påreknast bruk av privat transport til og frå området. Ein vil truleg ha behov for nye avkjørsler frå Fv.15 til nye bustadar.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må påreknast private vassløysing og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grøne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på attraktive område for bustadar i alle bygdelag og dette innspelet er i tråd med dei satsingane. Veg til skule vil vere lite trafikkert og utan gang- og sykkelveg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile SB30 ligg innanfor 100 meters beltet. Utviding av SB21 er ikkje i konflikt med 100m beltet
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å leggje til rette for busetting i alle bygdelag. Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om attraktive bustadar i alle bygdelag.

### Samla vurdering og konklusjon:

Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å skape attraktive bustadar i alle bygdelag. Kommunen meiner det ikkje vil vere særlege negative konsekvensar ved å tillate spreidd busetting og fortetting mellom bustadane i dette området. Ein føreset at det vert gitt avkjørselsløyve frå Fv.15, men at ein må tenkje heilskapleg og utløyse flest moglege tomter pr. avkjørsle. Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for spreidd busetting.



<p>Område: Kvalsund B1 FB2</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar og fritidsbustadar. Arealstorleik: 23 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Kvalsund og grensar til reguleringsplan 201280 for Koparstad. Området består av lett hellande terreng og føremålet er å leggje til rette for bustadar og fritidsbustadar slik det er gjort i reguleringsplanen for Koparstad. Ein legg opp til at det kan etablerast hytter og robuer i området.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Tiltaket vil medføre trafikkauke og ein må pårekne å oppgradere vegstandarden til området om tiltaket medfører stor trafikkauke på Fv.21. Det er i dag registrert ÅDT: 200. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Området er ein del av eit større belte med fulldyrka jord og er vurdert som eit kjerneområde for landbruk. Det er om lag 14 daa med fulldyrka og beitemark innanfor området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn i området
Kulturminner og kulturmiljø	-	Det er registrert eitt kulturminne (A 144577) som strekk seg inn på dette området i vest.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Det er god tilgang til naturområde og sjøbasert rekreasjonsområde. Det vil vere gode moglegheiter å drive friluftsliv frå dette området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Det vil vere behov for privat transport til og frå området. Avkjørsle må avklarast gjennom reguleringsplan.
Teknisk infrastruktur	0	Det er ført fram vassleidning frå privat vassverk for området og området har separate anlegg for avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sine målsettingar og strategiar for satsinga på sentrumsnære bustadar og turisme og reiseliv på Kvalsund.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Tiltaket ligg innanfor 100m beltet og store delar av området ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar. Tiltaket er også ein del av ei satsing på turisme- og reiselivsnæringa. Kommunen ynskjer gjennom arealplanen å leggje til rette for turisme på Kvalsund og i Kvalsvik for å auke turismen knytt til sentrum.

Samla vurdering og konklusjon: Etablering av bustadar og fritidsbustadar i dette området er ein del av kommunen si langsiktige satsing på sentrumsnære bustadar og reiseliv og turisme. Kommunen har allereie godkjent områder for turisme lenger ute på Koparstad og ynskjer at det skal kunne leggast til større områder for denne type aktivitet. Ein må vege dei positive og negative konsekvensane opp mot kvarandre for dette forslaget då ein legg opp til å byggje ned fulldyrka jord i eit kjerneområde.


Kommunen ynskjer at konsekvensane for samfunn skal vege tyngst i dette tilfellet og rår at området vert lagt ut som byggeområde for bustadar og fritidsbustadar.



Område: Kvalsund B2 og AA

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF-Kan  
Planlagt ny arealbruk: Bustadar og  
avlaupsanlegg  
Arealstorleik: Bustadar 84 daa og  
avlaupsanlegg 3,5 daa.

Skildring av området: Området ligg sør for Fv.21 og består av lett hellande terreng mot sjøen. Området nord for fylkesvegen består av bustadfelt. Området har tidlegare hatt arealstatus som LNF-kan og i ny plan ynskjer ein å endre dette til bustadføremål då området i stor grad er utbygd og ein ynskjer ei fortetting mellom eksisterande bustadar. Areal for avlaupsanlegg (pumpestasjon) ligg mot sjøen.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil ikkje medføre støy eller forureining i området. Det er i dag registrert ÅDT: 200.
Sikring av jordressursar	-	Områda som ikkje er bebygde er registrert som fulldyrka jord og tiltaket legg opp til nedbygging av denne. Totalt utgjer dei ubebygde områda 31 daa.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Tiltaket vil byggje ned eit grønt belte med fulldyrka jord som går gjennom området. Det vil vere svært gode nærmiljø tilgjengelege og tilgang til område for friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Ein vil vere avgengig av privat transport til området då det er lite tilgang til offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av eksisterande avkjørsle for utvikling innanfor området.
Teknisk infrastruktur	+	Vatn er ført fram av lokalt vassverk og området har tilgang til offentleg avlaupsleidning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Etablering av fleire bustadar på Kvalsund er eit satsingsområde for kommunen. Ein ynskjer at Kvalsund skal vere eit sentrumsnært utviklingsområde til Fosnavåg. Det er ikkje tilgang til gang- og sykkelveggar til skule på Kvalsund.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Ingen negative konsekvensar for risiko og sårbarheit i området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Områda som ikkje er bebygde innanfor området er registrert som fulldyrka jord. Kommunen meiner området har avgrensa verdi då det ligg mellom eksisterande bustadar i eit bebygde område. Kvalsund vil vere eit satsingsområde for kommunen då det ligg sentrumsnært, men samtidig i landlege omgjevningar.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar og avlaupsanlegg.



<p>Område: Kvalsund B3 og B4</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: B3 190 daa, B4 26 daa.</p> <p>Skildring av området: Området ligg ovanfor byggjefeltet på Kvalsund i til dels bratt terreng. Forslaget for B3 går ut på å byggje ut byggjefeltet vidare oppover og forslaget for B4 går ut på å utvide byggjefeltet mot nord.</p>	Sjå kartvedlegg på neste side
--	-------------------------------


Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil medføre auke trafikk gjennom Kvalsund. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Heile området for B3 er registrert som skogsområde B4 er registrert som fulldyrka jord, men er ikkje kjerneområde for landbruk.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området. Det er gjort fleire store funn mark markane sør for B4, men som ligg utanfor det nye området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Det vil vere svært gode nærmiljø tilgjengelege og tilgang til område for friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Ein vil vere avhengig av privat transport til området då det er lite tilgang til offentleg transport til området. Tilkomst til området må avklarast gjennom reguleringsplan. Ein må vurdere utvikling av gang- og sykkelveggar ved ei vesentleg utviding av bustadområde.
Teknisk infrastruktur	0	Det er ikkje ført fram vass eller avalupsleidningar til området. Ein må byggje ny infrastruktur i form av veg for å kome til det nye området for B3. B4 har tilgang til vass og avlaupsleidningar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Etablering av bustadar på Kvalsund er eit satsingsområde for kommunen. Ein ynskjer at Kvalsund skal vere eit sentrumsnært utviklingsområde til Fosnavåg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området innanfor B4 har teoretisk fare for snøras.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen meiner det vil vere meir framtidsretta å byggje ut nordover ovanfor eksisterande bustadfelt og ta ut skog i staden for å byggje ut langs strandsona og byggje ned eit kjerneområde for landbruk. Det vert stilt krav om regulering for å avklare forhold til vegtilkomst og anna teknisk infrastruktur.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar.



Kartvedlegg





<p>Område: Kvalsund FH1, FR1</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF og naust Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustad hytte og fritidsbustad rorbu. Arealstorleik: 29 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Kvalsund mot Teigebogen. Området ligg ved sjøen og har spreidd naust og sjøbuder langs heile strekninga. Terrenget består av større steinar og er lite attraktivt for ålmenta. Forslaget går ut på å endre eit eksisterande naustområde til rorbuer og strekkje dette mot eit større naustområde i tilknytning til Kvalsund hamn. Forslaget legg også opp til hytter på land ovanfor eit område med eldre sjøbuder.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Utbygging vil medføre auka trafikk til eit område med dårleg infrastruktur og ein må pårekne at vegen må utbetrast. I dag er det registrert ÅDT: 700. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Det er ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Tiltaket vil aktivisere eit område som i dag ikkje er i bruk av ålmenta. Det er ikkje registrert verdifulle nærmiljø, grønstrukturar eller område for friluftsliv i området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg på Kvalsund og vil ha avgrensa tilgang til offentleg transport. Ein må pårekne bruk av privat bil til og frå området. Endeleg tilkomst må løysast gjennom regulering. Bruk av eksisterande vegtilkomst bør vurderast.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vatn og avlaup til området. Eksisterande veg bør breiddeutvidast og utbetrast.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tilrettelegging av sjønære hytter og rorbuer på Kvalsund er ein del av kommunen sin strategi retta mot turismesatsinga.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og store delar ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltaket er ein del av kommunen si satsing på sjønære hytter og rorbuer på Kvalsund for å auke turismen knytt til sentrum.

Samla vurdering og konklusjon: Tiltaket vil medføre ein nedbygging av ei strandsone som i dag ikkje er brukt av ålmenta på grunn av at terrenget i stor grad består av større steinblokker. Ein må ta omsyn til eksisterande naust og sjøbuder ved utbygging og eventuelt setje av områder for rekreasjon (grill og bålplassar), men dette må avklarast gjennom ei detaljregulering av området. Ein bør vurdere om området bør leggjast ut som «spreidd busetting» med krav om at det berre skal vere fritidsbustadar (ikkje bustadar) ved sjøen.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for fritidsbustadar hytter og rorbuer med krav om regulering før utbygging.



<p>Område: Kvalsund FT 1</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritid og turismeføremål. Arealstorleik: 32 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Kvalsund i tilknytning til naustområde og hamneområde. Området består av flatt terreng og føremålet er å leggje til rette for fritid og turisme. Ein legg opp til at det i området kan etablerast områder med hytter og rorbuer for utleige.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	-	Tiltaket vil medføre trafikkauke og ein må pårekne å oppgradere vegstandarden til området om tiltaket medfører stor trafikkauke på Fv.21. Det er i dag registrert ÅDT: 200. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	0	Området består av open fastmark og er ikkje attraktivt som landbruksområde. Nord for området ligg eit lang belte med fulldyrka jord og er registrert som kjerneområde for landbruk.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Det er god tilgang til naturområde og sjøbasert rekreasjonsområde. Det vil vere gode moglegheiter å drive friluftsliv med dette området som base.
Samfunn		
Transportbehov	0	Det vil vere behov for privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Det må først fram vassledning for området og ein føresetnad for utbygging vil vere at ein knyt seg til det kommunale avlaupsanlegget og reinseanlegget som ligg rett aust for FT1. Tilkomst må avklarast gjennom regulering. Ein må pårekne breiddeutviding av eksisterande tilkomstveggar eller ny avkjørsle frå Fv. 21.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sine målsettingar og strategiar for satsinga på kultur- og reiselivsnæringa.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Tiltaket ligg innanfor 100m beltet og store delar av området ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av ei satsing på kultur- og reiselivsnæringa. Kommunen ynskjer gjennom arealplanen å leggje til rette for turisme på Kvalsund og i Kvalsvik for å auke turismen knytt til sentrum.

Samla vurdering og konklusjon: Etablering av fritidsbustadar i dette området er ein del av kommunen si langsiktige satsing på reiseliv og turisme. Kommunen har allereie godkjent områder for turisme lenger ute på Koparstad og ynskjer at det skal kunne leggast til større områder for denne type aktivitet. Det vert stilt krav om regulering for å avklare forhold nemnt ovanfor.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritid og turisme.






Område: Kvalsund IDR1, FB1 og AN8

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Idrettsanlegg, fritidsbustadar og naust  
Arealstorleik: Idrettsanlegg 23 daa, fritidsbustadar 8 daa og naust 2,5 daa.

Skildring av området: Området på Koparstad, yst på Kvalsund mot Skorpa, og består av lett hellande terreng mot sjøen. Kommunen ynskjer at det vert lagt inn eit idrettsområde for Go-kartbana for å stadfeste denne aktiviteten. Tiltaket legg også opp til fritidsbustadar på land og naustområder ved sjøen.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	-	Tiltaket kan medføre støy frå Go-kartbilane ved aktivitet. Det er i dag registrert ÅDT: 200.
Sikring av jordressursar	-	Delar av området består av overflatedyrka jord og er registrert som eit kjerneområde for landbruk.
Naturmangfald	-	Det er registrert kystlynghei som ein svært viktig (A) naturtype i område for idrettsanlegg.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Tiltaket vil byggje ned eit kjerneområde for landbruk. Det vil vere svært gode nærmiljø tilgjengelege og tilgang til område for friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	0	Ein vil vere avhengig av privat transport til området då det er lite tilgang til offentleg transport til området. Avkjørsle må avklarast gjennom reguleringsplan.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vass eller avalupsleidningar til området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Etablering av fritidsbustadar på Kvalsund er eit satsingsområde for kommunen. Ein ynskjer at Kvalsund skal vere eit sentrumsnært utviklingsområde til Fosnavåg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Om lag heile området ligg innanfor 100m beltet og naustområdet ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen ynskjer å leggje inn eit område for idrettsanlegg for å stadfeste den aktiviteten som er der i dag og ser ikkje at dette vil ha særlege negative konsekvensar. Kommunen ynskjer at argument for samfunnsutvikling og langsiktige strategiar skal vere tungtvegande i vektning for og mot forslag om fritidsbustadar med tilhøyrande naustområde.

Området vert tilrådd lagt ut som idrettsanlegg bustadar og byggeområde for fritidsbustadar og naust.



<p>Område: Kvalsund N 2</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Næring Arealstorleik: 5,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i vest for fylkesvegen på Kvalsund og består av flatt terreng. Tiltaket er ei stadfesting av eksisterande næringsverksemd.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil ikkje medføre støy eller forureining i området. Det er i dag registrert ÅDT: 1700.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen jordressurs i området då det er allereie utbygd.
Naturmangfald	0	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	-	Det er registrert eitt kulturminne (A 135024) i grensa mellom N2 og GU1. Tiltaket legg ikkje opp til utviding av aktiviteten og det vert difor liten konsekvens av endringa i arealstatus.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje relevant.
Samfunn		
Transportbehov	0	Ein vil vere avgengig av privat transport til området då det er lite tilgang til offentleg transport til området.
Teknisk infrastruktur	+	Vatn er ført fram av lokalt vassverk og området har tilgang til offentleg avlaupsleidning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Ingen konsekvens for risiko og sårbarheit i området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltaket er stadfesting av eksisterande aktivitet har ingen negative konsekvensar for strategi for framtidig arealbruk.

Samla vurdering og konklusjon: Tiltaket er ei stadfesting av eksisterande aktivitet og vil ikkje ha negative konsekvensar for området.

Området vert tilrådd lagt ut som næringsføremål.




Område: Kvalsvik FT2, FT3, FB3, FB4

Planstatus/ gjeldande arealbruk: Hamn og naustområde

Planlagt ny arealbruk: Hamn og fritids- og turistføremål, fritidsbustadar rorbuer.

Arealstorleik: 46 daa

Skildring av området: Forslaget er endring frå eit naustområde til to områder for fritids- og turistføremål (næring) og to større områder for rorbuer. Terrenget er flatt og delvis utfyllt allereie.




Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Tiltaket kan medføre liten auke i trafikk til området, men ikkje i så stor grad at det vil ikkje medføre støyplager. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Området er ein del av Runde-Nerlandsøy som er registrert som eit nasjonalt og regional viktig kulturlandskap som strekk seg frå Kvalsvik og til og med Runde. Det er ikkje registrert verdifulle jordressursar i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit større dyrelivsfredningsområde
Samfunn		
Transportbehov	-	Området ligg i Kvalsvika og det er avgrensa tilgang til offentleg transport. Ein vil vere avhengig av bruk av privat bil. Ein må pårekne bruk av eksisterande tilkomstvegar. Ved større utbygging må tilkomst avklarast gjennom regulering.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har ført fram vassleidning og det er utbygd offentleg avlaupsnett i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer ei auke i turisme og busette i Kvalsvika og ser dette som eit grep som kan auke aktiviteten i Kvalsvika.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Området er avsett i gjeldande plan til naustføremål og ei endring i føremål vil ikkje ha konsekvensar for samfunnstryggleik risiko og sårbarheit.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltak retta mot turisme og reiseliv i Kvalsvik er ei strategisk satsing for å få turistar til Fosnavåg. Arealet innanfor Kvalsvik hamn er i dag lett å opparbeide og ikkje attraktivt for anna enn byggeområde.

Samla vurdering og konklusjon: Endring av føremål frå naust til rorbu og fritids- og turismeføremål vil ikkje ha særlege negative konsekvensar då det allereie er eit miljø for denne type aktivitet i Kvalsvik hamn.

Området vert tilrådd lagt ut som område for rorbuer og fritids- og turismeføremål.



<p>Område: Leikong AN9 AN10 SH</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF og industriføremål Planlagt ny arealbruk: Naust og småbåthamn Arealstorleik: Naustområde 3,5daa og 3,5, småbåthamn 24daa i sjø.</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leikong og det er foreslått å stadfeste eksisterande naustområde i arealdelen og leggje til eit nytt område for naust mot sjøen frå område for forretning. Det er etablert fleire naust og flytebyggjer i området i dag og ein vil gje rom for å vidareutvikle desse ved å stadfeste dei i kommuneplanen sin arealdel.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg ved Fv. 654 med ÅDT:2625. Det vil ikkje vere behov for støydempende tiltak knytt til trafikkstøy og det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Det er ingen verdifull jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Raudøya – Eiksund.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere naturleg å nytte offentleg transport til og frå eit naustområde. Tilkomst til området er via eksisterande vegar.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere behov for vass- og avlaupsløysingar i eit naustområde.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innafor 100m beltet og under kote 3. Det er ellers ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalyses som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle eit område etablert naustområde og område for flytebyggjer. Kommunen vil samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ser dette forslaget som ei vidareutvikling av eksisterande naustområde og vil samlokalisere tiltak i strandsona her. Forslaget er elles lite konfliktylt. Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust og småbåthamn.



<p>Område: Leikong AN11</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Naust Arealstorleik: 1,2daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leikong og det er foreslått å stadfeste eksisterande naustområde. Det er etablert fleire naust og flytebyggjer i området i dag og ein vil gje rom for å vidareutvikle desse ved å stadfeste dei i kommuneplanen sin arealdel.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	+	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Det er ingen verdifull jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Raudøya – Eiksund.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit kystlandskap som er attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	0	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere naturleg å nytte offentleg transport til og frå eit naustområde.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere behov for vass- og avlaupsløysingar i eit naustområde.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innafor 100m beltet og store delar under kote 3. Det er ellers ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalyse som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle eit område etablert naustområde og område for flytebyggjer. Kommunen vil samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ser dette forslaget som ei vidareutvikling av eksisterande naustområde og vil samlokalisere tiltak i strandsona her. Området er ein del av eit kystlandskap som er attraktivt for rekreasjon og friluftsliv. Forslaget er elles lite konfliktfylt. Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust.



<p>Område: Leikong B46</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 19daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt på Leikong. Kommunen ynskjer å leggje til rette for ei vidare utvikling av eit eksisterande bustadfelt og leggje til meir areal til dette feltet. Området ligg nær barnehage og skule og vil truleg verte eit attraktivt område for familiar.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Delar av området er registrert som skogsområde. Det er elles ingen verdifulle jordressursar i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Områda er ikkje brukt til rekreasjon og det vil ikkje vere negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Ein må avklare endeleg tilkomst gjennom regulering. Truleg må ein nytte eksisterande vegar og vidareføre dei før ein gir løyve til nye avkjørsler.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vass- og avlaupsløysing.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdslag. Det vil vere kort avstand til skule på ein lite belasta veg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Det er ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalysa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdslag.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ser dette forslaget som ei utviding av eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar som vil vere grunnlag for å auke busettinga på Leikong. Det vil bli stilt krav om ei heilskapleg regulering av området for å ta omsyn til eventuelle friområde for dei busette.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.




Område: Leikong FB19 FB20

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar,  
hytte.

Arealstorleik: 1daa og 0,7daa

Skildring av området: Området ligg på Nykreimsholmen og vil gje rom til to tomter for fritidsbustadar, hytter. Kommunen ynskjer at eigarane av holmen kan etablere to hytter.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Heile området er skogsområde. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Raudøya – Eiksund.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit kystlandskap som er attraktivt for rekreasjon og friluftsliv. Gjennom barnetrakk har ein også registrert at område er brukt som badeplass for born.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Det er lite tilgang til offentleg transport på strekninga Myrvåg – Larsnes og det må påreknast bruk av privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vassløyseing og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grøne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på fritidsbustadar knytt til sjøen og dette innspelet er i tråd med dei satsingane.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å leggje til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.


**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ynskjer å leggje til rette for to fritidsbustadar med tilknytning til sjøen med tilknytning til Budaneset som ligg rett nord for Nykreimsholmen..

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for fritidsbustadar, hytter.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Leikong FB21</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar, rorbu. Arealstorleik: 7daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leikong i tilknytning til eit etablert hamneområde og vil gje rom for å etablere rorbuer ved sjøen. Kommunen ynskjer å samlokalisere tiltak der det allereie er etablert tiltak. Fritidsbustadar ved sjøen er i tråd med kommune sin strategi knytt til fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg mot Fv.15 med registrert ÅDT:513. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Ingen viktig jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Raudøya – Eiksund.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Området er ein del av eit kystlandskap som er attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Det er lite tilgang til offentlig transport på strekninga Myrvåg – Larsnes og det må påreknast bruk av privat transport til og frå området. Ein må nytte eksisterande avkjørsler frå Fv.15 for tilkomst til området. Det må truleg byggast felles veg for å løyse ut område.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må påreknare private vassløysingar og avlaupsanlegg.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på fritidsbustadar knytt til sjøen og dette innspelet er i tråd med dei satsingane.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.


### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen og samlokalisere tiltak i strandsona. Tiltaket er relativt lite konfliktfylt og ein ser dette som ein utvikling av hamneområde på Leikong. Eit slikt område kan vere med å leggje til rette for auka turisme, noko som vil vere positivt for aktiviteten på Leikong.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar, rorbuer.





<p><b>Område: Leikong gangveg</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Gangveg Arealstorleik: 750-800m</p> <p>Skildring av området: Forslag om å etablere ein gangveg mellom Feirelia bustadfelt reg.plan ID 197901 og SB20 er for å leggje til rette for å etablere ein tryggare skuleveg for born. Det er peika på at det vil vere vanskeleg å etablere ein gangveg langs vegen frå skulen til Fv. 15 på grunn av husa som står tett ved vegbana lengst ned mot Fv. 15. Det er etablert ein skogsveg 450m frå skulevegen mot Feirelia i dag.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Det er ingen verdifulle jordressursar i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Områda er ikkje brukt til rekreasjon og det vil ikkje vere negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket vil betre tryggleiken til born som skal til og frå skule og barnehage som er busett i Feirelia.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Tiltaket vil betre tryggleiken til born som skal til og frå skule og barnehage som er busett i Feirelia.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen vil at nye tilflyttarar busett seg i Feirelia og har trygg veg til og frå skule og barnehage.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Målsettinga ved å gje ein ny tilkomst til skulen er å etablere trygg skuleveg og unngå konflikt med naboar som bur tett inntil vegen frå skulen til Fv.15. Kommunen vil at nye tilflyttarar busett seg i Feirelia og har trygg veg til og frå skule og barnehage gjennom ein etablert gangveg der det i dag er etablert ein skogsveg. Tiltaket vil betre tryggleiken til born som skal til og frå skule og barnehage som er busett i Feirelia.

Området vert tilrådd lagt ut som område for gangveg.




## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

### Område: Leikong IDR2

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Område for idrettsanlegg der det kan etablerast turstiar, skiløyper og gapahukar.  
Arealstorleik: 921daa

Skildring av området:  
Området ligg nord og sør for Fv. 61 på Leikongeidet. Området har opparbeidd fleire turstiar allereie som vert trakka til skiløyper om vinteren. Kommunen ynskjer at dette området kan vidareutviklast slik at det kan etablerast tiltak som stettar denne aktiviteten som td. parkeringsplassar, turstiar, lysløyper, gapahukar ol.




Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Fv. 61 er registrert ÅDT: 1650. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Området består av skog og myr. Tiltaket kan medføre nedbygging av mindre områder med skog.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er mykje brukt til rekreasjon og friluftsliv og endringa i arealplanen vil støtte denne aktiviteten. Det er registrert ein statleg sikra parkeringsplass i område.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Det er lite tilgang til offentlig transport på strekninga Myrvåg – Larsnes og det må påreknast bruk av privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for eit større aktivitetsområde for innbyggjarane i kommunen på Leikongeidet.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Det er ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalysa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen meiner området vil vere attraktivt til rekreasjonsaktivitet og tiltaket vil underbygge dette.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å leggje til rette for eit større aktivitetsområde for innbyggjarane i kommunen på Leikongeidet. Kommunen ynskjer at det kan etablerast parkeringsplassar, turstiar, lysløyper, gapahukar og andre tiltak som stettar dette føremålet. Området vert tilrådd lagt ut som idrettsområde.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Fv. 61 er registrert ÅDT: 1650. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Delar av området er fullfyrka jord, overflatedyrka jord og skog. Tiltaket vil potensielt medføre nedbygging av dyrkbar jord.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Områda er ikkje brukt til rekreasjon og det vil ikkje vere negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Det er lite tilgang til offentleg transport på strekninga Myrvåg – Larsnes og det må påreknast bruk av privat transport til og frå området. Ein må nytte eksisterande avkjørsler frå Fv.61, men vil truleg ha behov for nye avkjørsler frå kommunal veg til nye bustadar.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vass- og avlaupsløysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på å leggje til rette for attraktive buområder i alle bygdelag. Barn og unge vil fylgje Fv.61 mot Leikong og krysse fylkesvegen for å kome til skulen. Strekinga langs Fv.61 er registrert som utrygg i barnetrakkregistreringa medan vegen vidare langs Fv.15 med gang- og sykkelveg er trygg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Det er ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalysa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å leggje til rette for busetting i alle bygdelag. Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om attraktive bustadar i alle bygdelag.

### Samla vurdering og konklusjon:

Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å skape attraktive bustadar i alle bygdelag. Kommunen meiner det ikkje vil vere særlege negative konsekvensar ved å tillate spreidd busetting og fortetting mellom bustadane i dette området. Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for spreidd busetting



<p>Område: Leine B 13</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 3,5 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på ytre Leine vest for fylkesvegen mot sjøen. Området er bebygd i dag og forslaget legg opp til ei mindre utviding av området som vil leggje til rette for 2-3 bustadtomter. Det er bebygd på begge sider av fylkesvegen i dag.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg tett mot Fv.18 som har ein ÅDT på 900. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert dyrkajord i området eller andre jordressursar.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	-	Det er registrert eitt kulturminne liggjande langs fylkesvegen. Området som kulturminnet tilstøytar er allereie bebygd og nye tiltak vil eventuelt kome lenger vekk frå kulturminnet enn eksisterande bebyggelse.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Gjennom barnetrakk er strekning forbi området registrert som farleg. Området har god tilgang til naturområder for fri leik.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Leinøya mot Voldsund og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning forbi området som ein kan knyte seg på. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Etablering av bustadar er i tråd med Herøy kommune si målsetting auke i antal innbyggjarar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire. Området er også registret som potensielt utløpsområde for snøskred.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for bustadar i dei attraktive områda i kommunen og Leine er eitt av satsingsområda for framtidig busetting.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og kan såleis ha utfordringar knytt til støy. Området ligg innanfor 100m beltet og har teoretisk fare for snøskred og kvikkleiregrunn. Etablering av bustadar på sørsida av vegen på denne strekninga bør ein i det heile unngå då dette vil medføre kryssing av Fv.18. Kommunen bør søkje å etablere bustadar på same side som det er planlagt gang- og sykkelveg i framtida. Etter møte 1.10 i arbeidsgruppa har ein valt å halde på dette området i forslag til arealdel då det vil berre vil bli gjort tilgjengeleg 1-2 tomter.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.



<p>Område: Leine B 14</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 129 daa</p> <p>Skiltring av området: Området ligg på Leine ovanfor eit etablert byggjefelt. Området ligg i brattlendt terreng og kommunen ser på dette området som eit vidare utvidingsområde for byggjefeltet på Leine.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Området ligg ikkje i tilknytning til infrastruktur eller næringsverksemd som medfører støy eller forureining.
Sikring av jordressursar	0	Delar av området har fylldyrka jord, innmarksbeite og skog. Ingen av områda vert rekna som særleg verdifulle då dei er små og lite produktive.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området vil ha god tilgang til natur og områder for fri leik.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Leine ligg i nærleiken til Einedalen skule og Fv. 654. Leine er eit område med auka tilflytting og kommunen ser dette som eit attraktivt område som ligg sentrumsnært. Ein må ta sikte på å vidareføre eksisterande veg for å løyse ut øvre delar av byggjefeltet. Endeleg løysing må avklarast gjennom regulering.
Teknisk infrastruktur	+	I området er det tilgang til å knyte seg på vassleidning og offentlig avlaupsnett.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ser det som positivt å leggje til rette for etablering av bustadar på Leine då dette er eit attraktivt sentrumsnært område. Busette i området vil ha tilgang til trygg veg til skule då det er utbygd gang- og sykkelveg heilt fram til Einedalen skule
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området består av tynn morene og delar av området er registrert som eit område med teoretisk fare for snøskred og steinsprang.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området har ingen funksjon som produksjonsareal for landbruket og kommunen ynskjer derfor å satse på Leine som eit område for fleire busette.

Samla vurdering og konklusjon: Det er ei overvekt av positive konsekvensar av tiltaket. Kommunen ser på Leine som eit attraktivt område for busetting, noko som også viser seg i analyser gjort av antal frådeleringar i området. Kommunen vil stille krav om regulering for å sikre ei heilskapleg løysing i forhold til teknisk infrastruktur i området og rasfare i den sørlege delen av området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar.



<p>Område: Leine FB 7</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar Arealstorleik: 3,5 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leinøya mot Kvalsund vest for vegen mot sjøen. Området grensar til fylkesvegen og kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for eit avgrensa antal fritidsbustadar i dette området.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg tett mot Fv.18 som har ein ÅDT på 900. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert dyrkajord i området eller andre jordressursar.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Gjennom barnetrakk er strekning forbi området registrert som farleg. Området har god tilgang til naturområder for fri leik.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Leinøya mot Voldsund og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må påreke bruk av privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning forbi området som ein kan knyte seg på. Ein må påreke privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Kommunen har ein strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor å prøve ytre Leine som eit område for fritidsbustadar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire. Området er også registret som potensielt utløpsområde for snøskred.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar i tråd med strategien knytt til fritidsbustadar med sjøen.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Området ligg innanfor 100m beltet, er registret som område med teoretisk fare for snøskred og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleiregrunn. Kommunen ynskjer å leggje til rette for at strandsona på ytre Leine kan nyttast til føremålet fritidsbustadar. Kommunen ynskjer ikkje at det vert lagt til rette for fast busetting på sørvestsida av Fv. 18 då dette vil medføre auka avkøyringar frå fylkesvegen og kommunen bør satse på ei busetting på same side som det er planlagt gang- og sykkelveg.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar.



<p>Område: Leine FB 8</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar Arealstorleik: 9 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leinøya mot Kvalsund vest for veggen mot sjøen. Området grensar til fylkesvegen og kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for fritidsbustadar i dette området.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg tett mot Fv.18 som har ein ÅDT på 1900. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Delar av området er registrert som innmarksbeite og overflatedyrka jord.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Gjennom barnetrakk er strekning forbi området registrert som farleg. Området har god tilgang til naturområder for fri leik.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Leinøya og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Regulerte avkjørsler må nyttast som tilkomst.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning forbi området som ein kan knyte seg på. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Kommunen har ein strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor å prøve ytre Leine som eit område for fritidsbustadar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire. Området er også registret som potensielt utløpsområde for snøskred.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar i tråd med strategien knytt til fritidsbustadar med sjøen.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og kan ha støyutsette områder. Delar av området er registrert som innmarksbeite og overflatedyrka jord. Området ligg innanfor 100m beltet og er teoretisk utløpsområde for snøskred. Fritidsbustadar i strandsona på Leine er eit satsingsområde for kommunen og ein ynskjer å prøve dette som eit større område for fritidsbustadar. Forslaget har både negative og positive konsekvensar for kommunen samla sett, men ingen vesentlege negative konsekvensar er registrert.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for fritidsbustadar.



<p>Område: Leine FB 9</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar Arealstorleik: 1,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leinøya mot Kvalsund vest for vegen mot sjøen. Kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for fritidsbustadar i dette området.</p>	
---	--


Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg tett mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1900. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Ein liten del av området er registrert som fulldyrka jord.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Gjennom barnetrakk er strekning forbi området registrert som farleg. Området har god tilgang til naturområder for fri leik.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Leinøya og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Det skal nyttast regulert avkjørsle som tilkomst til området.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning forbi området som ein kan knyte seg på. Det er etablert offentlege avlaupsnett for Leine som ein må kople seg på.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen har ein strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor å fremje Leine som eit område for fritidsbustadar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsetningar med potensiale for kvikkleire. Området er også registret som potensielt utløpsområde for snøskred.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar i tråd med strategien knytt til fritidsbustadar med sjøen.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og kan ha støyutsette områder. Ein liten del av området er registrert som fulldyrka jord. Området ligg innanfor 100m beltet og er teoretisk utløpsområde for snøskred. Fritidsbustadar i strandsona på Leine er eit satsingsområde for kommunen og ein ynskjer å fremje dette som eit attraktivt område for fritidsbustadar. Forslaget har både negative og positive konsekvensar for kommunen samla sett, men ingen vesentlege negative konsekvensar er registrert.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for fritidsbustadar.





<p>Område: Leine FT 6</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritid/turisme Arealstorleik: 3 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Leinøya mot Kvalsund vest for vegen mot sjøen. Området grensar til fylkesvegen og kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for eit avgrensa antal fritidsbustadar for utleige i dette området.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg tett mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 900. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert dyrkajord i området eller andre jordressursar.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Gjennom barnetrakk er strekning forbi området registrert som farleg. Området har god tilgang til naturområder for fri leik.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Leinøya mot Voldsund og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av eksisterande avkjørsle og privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	+	Privat vassverk har lagt vassleidning forbi området som ein kan knyte seg på. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Kommunen har ein strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor å prøve ytre Leine som eit område for fritidsbustadar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire. Området er også registret som potensielt utløpsområde for snøskred.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar i tråd med strategien knytt til fritidsbustadar med sjøen.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Området ligg innanfor 100m beltet, er registret som område med teoretisk fare for snøskred og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleiregrunn.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritid/turismeføremål.




## Område: Mjølstadnes B50 N5 N6

Planstatus/ gjeldande arealbruk: Bustadar, planlagt ny trase for innfartsveg og LNF

Planlagt ny arealbruk: Næringsføremål og bustadar  
Arealstorleik: Næringsføremål 36 daa, bustadføremål 40 daa.

Skildring av området: Området ligg langs Mjølstadnesvegen og ligg sentralt i ytre Herøy. Området består av kupert terreng, men relativt flatt. Føremålet er å leggje til rette for meir næringsretta areal knytt til industriområdet på Mjølstadneset og utvikling av eit bustadområde i tilknytning til SB12 som er eit område for spreidd busetting på Espeset.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Utbygging vil kunne medføre auke trafikkmengd til og gjennom området. Fv.17 (Mjølstadnesvegen) har i dag registrert ÅDT: 1150.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området. Heile området består av open fastmark og myr.
Naturmangfald	-	Området vil grense til Straumane som er eit viktig naturområde. Det er registrert undervassenger i Straumane og er vurdert som B(viktig).
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området vil ha funksjon som nærmiljø og område for friluftsliv for dei busette på Espeset og Gjertneset.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Det vil vere behov for transport med privat bil til området. Dersom Fv. 654 vert lagt om med ny innfartsveg vil området ha god tilgang til offentleg transport. Endeleg avkjørsle må avklarast gjennom regulering. Ein må pårekne at det vert gitt avkjørselsøyve frå Mjølstadnesvegen.
Teknisk infrastruktur	+	Det er ført fram vass og avlaupsleidning til området og tilknytning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	-	Området vil liggje sentralt og i nær tilknytning til Bergsøya. Området vil vere med å vidareutvikle industriområdet på Mjølstadnes og bustadområde mot Espeset. Det vil vere mogleg for busette innanfor B50 å nytte Fv.17 mot Frøystad som skuleveg. Det er ikkje gang- og sykkelveg på strekninga, men vegen er lite trafikkert (ÅDT: 300).
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Området ligg ikkje innanfor 100m beltet og har gode forhold for mjuke trafikkantar om ein opparbeidar gang- og sykkelveg til Mjølstadnesvegen.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Området er ein del av kommunen si strategiske satsing på å auke antal innbyggjarar og tilrettelegging av sentrumsnære bustadar og vidareutvikling av industriområdet på Mjølstadneset..

Samla vurdering og konklusjon: Området grensar til eit viktig naturområde i Straumane som er ein sårbar resipient med ein registrert viktig naturtype. Området vil liggje sentralt med gode vegsamband mot Bergsøya og Fosnavåg. Ved planlegging må ein sjå området som ein heilheit og det må stillast krav om regulering før utbygging. Det må også avklarast korleis ny veglinje for innfartsveg til Fosnavåg skal vere.


Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for næring og bustadar.



Område: Moltustranda A AN13 B26

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF, industri/akvakultur, naust og LNF-KAN.  
Planlagt ny arealbruk: Akvakulturanlegg, naust og bustadar.  
Arealstorleik: Akvakulturanlegg 24daa, naustområde 13daa, bustadområde 6,5daa.

Skildring av området: Området ligg på Moltustranda nord for Fv. 10. Forslaget er å leggje til rette for at akvakulturanlegget kan vidareutviklast og justere grensene for naustområde i gamle kommuneplanen. Det er også kome inn forslag om å endre frå eit LNF-KAN område til eit område for bustadar innanfor SB 14 sør for Fv. 10.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Området ligg mot Fv.10 som har ein ÅDT på 350 og ein vil ikkje få støyplager på grunn av nærleiken til fylkesvegen. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i område for A og AN. Område for B26 er registrert som skogsområde.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Områda er ikkje brukt til rekreasjon og det vil ikkje vere negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	-	Området ligg på Moltustranda og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Ein må nytte eksisterande avkjørsler frå Fv.10 som tilkomst til området.
Teknisk infrastruktur	-	Privat vassverk har lagt vassleidning til området som ein truleg må knyte seg til. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket vil leggje til rette for ei vidare utvikling for næringslivet i område. I naustområdet kan ein leggje til rette for fleire naust og innanfor bustadområdet vil ein kunne utnytte eigedomen tettar utnytting av arealet.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Områda er registrert som potensielt område for marine strandavsetningar med kvikkleire.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at akvakulturnæringa i området kan vidareutviklast og legg derfor til meir areal i tråd med deira innspel. Kommunen ynskjer også at området for bustadar kan nyttast meir konsentrert då dette ikkje inngår i eit større kulturlandskap på Moltustranda.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen ynskjer at akvakulturnæringa kan utvikle seg vidare og legg til areal i tråd med deira innspel. Naustområdet er meir av teknisk karakter då ein stadfestar dagens bruk og rettar opp plasseringa av naustområdet i forhold til det som er reelt. Kommunen har vurdert å leggje til eit område for bustadar innanfor eit område med spreidd busetting då dette området ikkje er ein del av kulturlandskapet rundt, men eit skogsområde. Området har vore avsett til spreidd busetting sidan 2004 og ein har ikkje gjort frådeleringar som skal tilseie at det er behov for meir areal til bustadar enn det som har vore. Etter ei samla vurdering ser ikkje vi at det skal vere behov for å endre dette område frå spreidd busetting til busetting. Etter møte 1.10 i arbeidsgruppa vil ein ikkje leggje til rette for busetting, men halde området som eit område for spreidd busetting. Endringa er gjort i plankartet.  
Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust og akvakultur.



<p>Område: Moltustranda B29</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 13daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på sør for Fv. 10 på Moltustranda i tiknytning til eit naustområde og næringsområde. Området grensar til fylkesvegen i nord og kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for bustadar i dette området.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg tett mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1050. Det kan verte behov for støydempeande tiltak i området, men det må avklarast gjennom ein detaljreguleringsplan. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Moltustranda og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Det kan verte behov for ny avkjørsle frå Fv. 10, men det må avklarast gjennom regulering. Denne må då dimensjonast for å kunne løyse ut heile det nye bustadområde.
Teknisk infrastruktur	-	Privat vassverk har lagt vassleidning til B29. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag. Det er ikkje tilgjengeleg gang- og sykkelveg til Moltu skule eller mot Stokksund skule.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Gjennom barnetrakk er vegen til området registrert som farleg. Ein bør sikre trygg tilkomst til området før ein tillet større utbygging.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen kan vere støyutsett Om ein skal krevje støydempeande tiltak må avklarast gjennom ein detaljreguleringsplan. Det vil vere negativt å leggje til rette for bustadar på begge sider av vegen i dette området. Ein bør utvikle området nord for Fv.10 før ein utvidar og byggje sør for fylkesvegen med bakgrunn i krav om trygg skuleveg og tilrettelegging av bustadar på same side som gang- og sykkelveg. Kommunen ser dette forslaget som ei utviding av eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar her. Det vil bli stilt krav om regulering for å avklare forhold til avkjørsle og eventuelle andre forhold. Etter møte 1.10 i arbeidsgruppa vil ein ikkje gå vidare med dette innspelet. Endringa er gjort i plankartet.  
Kommunen vil ikkje gå vidare med dette innspelet på grunn av årsakane som er nemnt ovanfor.



<p><b>Område: Moltustranda B30</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 38daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på sør for Fv. 10 på Moltustranda i tiknytning til grasbanen til Moltu IL. Området er i dag delvis bebygd og kommunen ynskjer å leggje til rette for eit utvida byggeområde då ein ser at området er attraktivt for busetting i dag.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Delar av området ligg tett mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1050. Det kan verte behov for støydempane tiltak i området, men det må avklarast gjennom ein detaljreguleringsplan. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Moltustranda og det er begrensa med offentlig transport til området. Ein må pårekne bruk av eksisterande avkjørsle frå Fv.10 og privat transport til og frå området.
Teknisk infrastruktur	-	Privat vassverk har lagt vassleidning til området. Ein må pårekne privat avlaupsløysing.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag. Det er ikkje utbygd gang- og sykkelveg til Moltu skule og Stokksund skule. Vegstrekninga vert vurdert som utrygg i barnetrakk.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Delar av området ligg innafør 100m beltet. Området som ligg innanfor 100m beltet er etter kommunen sitt skjønn ikkje attraktivt for almen ferdsel eller allereie nedbygd. Det er ellers ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalysa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen kan vere støyutsett Om ein skal krevje støydempane tiltak må avklarast gjennom ein detaljreguleringsplan. Kommunen ser dette forslaget som ei utviding av eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar her.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.



<p><b>Område: Moltustranda FB14 AN12 SH</b> Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar, naust og småbåthamn Arealstorleik: Fritidsbustadar ca. 11daa, naustområde 4,5daa, småbåthamn 11daa.</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Moltustranda nord for Fv. 10. Forslaget er å leggje til rette for å vidareutvikle eksisterande småbåthamn med tilhøyrande naustområde. I kombinasjon med dette ynskjer kommunen å etablere område for fritidsbustadar på land mot Fv.10.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg mot Fv.10 som har ein ÅDT på 350 og ein vil ikkje få støyplager på grunn av nærleiken til fylkesvegen. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er gjennom barnetrakk registrert som ein badeplass. Det vil vere negative konsekvensar knytt til å byggje ned ein badeplass i strandsona. Kommunen meiner likevel at den mest attraktive badeplassen på Moltustranda er Anna-sanden som ligg aust for skulen og at det er i hovudsak denne som vert brukt av dei busette.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg på Moltustranda og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Ein må nytte eksisterande avkjørsle frå Fv. 10 som tilkomst.
Teknisk infrastruktur	-	Privat vassverk har lagt vassleidning til eksisterande naustområde som ein kan truleg kan vidareføre. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor å utvikle Moltustranda og området rundt hamna som eit område for naust, småbåthamn og fritidsbustadar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle hamna på Moltustranda og leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

**Samla vurdering og konklusjon:** Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og hamna på Moltustranda. Kommunen vil leggje til rette for å vidareutvikle hamneområdet med fritidsbustadar, naust og større småbåthamn.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for naust, småbåthamn og fritidsbustadar.




<p>Område: Moltustranda FB15</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar Arealstorleik: 6,5 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Moltustranda nord for Fv. 10. Området grensar til fylkesvegen i sør og kommunen ynskjer at det vert lagt til rette for fritidsbustadar i tilknytning til sjøen i dette området.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Området ligg tett mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 350 og ein vil ikkje få støyplager på grunn av nærleiken til fylkesvegen. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Delar av området er registrert som innmarksbeite og skog.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur. Tiltaket vil ikkje påverke området om det vert brukt til friluftslivsaktivitetar.
Samfunn		
Transportbehov	-	Området ligg på Moltustranda og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Tilkomst må avklarast gjennom regulering.
Teknisk infrastruktur	-	Privat vassverk har lagt vassleidning til SB 13. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor å utvikle Moltustranda og området rundt hamna som eit område for fritidsbustadar.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og delar av området er registrert som innmarksbeite. Fritidsbustadar med tilknytning til sjøen er eit satsingsområde for kommunen og ein ynskjer å prøve dette som eit område for fritidsbustadar. Det vert stilt krav om regulering for å avklare moglegheita for å bruke eksisterande avkjørsle til naust/næringsområde eller om det er behov for ny tilkomst frå Fv.10.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar.



<p><b>Område: Moltustranda GU</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Grav- og urnelund. Arealstorleik: 2,1 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i tiknytning til gravplassen på Moltu. Ein har behov for meir areal innafor planperioden og vil utvide område for grav- og urnelund med om lag 2,1daa.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området er ikkje utsett for støy eller forureining.
Sikring av jordressursar	-	Området er registrert som skog. Utviding av gravplassen vil medføre nedbygging av skog.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Ikkje relevant.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Herøy kommune har befolkningsauke og det vil vere behov for å utvide gravplassen på Moltustranda i planperioden.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Området ligg innanfor 100m beltet. Området er skjerma frå sjøen og vil ikkje ha negative konsekvensar for bruken av strandsona. Det er elles ingen særlege negative konsekvensar av tiltaket.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Behovet for gravplassar heng tett saman med folketalsutviklinga og kommunen set av areal for utviding av gravplassen på Moltustranda.

Samla vurdering og konklusjon: Planarbeidet med å utvide gravplassen på Moltustranda er i ferd med å verte avslutta og kommunen har defor inkludert dette i kommuneplanen sin arealdel.

Området vert tilrådd lagt ut som grav- og urnelund i kommuneplanen sin arealdel.






Område: Moltustranda V, AN14, AN15, AN16, FT5, F, B28

Planstatus/ gjeldande arealbruk: Forretning/ kontor, LNF  
Planlagt ny arealbruk: Naust (tre område), Fritids- og turismeføremål, forretningar, bustadar, ny veglinje.  
Arealstorleik: Fritids- og turisme ca. 6,0 daa, naustområde (tre område) 8,0 daa, 4,2 daa og 2,9 daa, forretning 3,3 daa, bustadar, 34 daa, ny veglinje.


Skildring av området: Forslaget er å vidareutvikle området rundt daglegvarebutikken på Moltu (F) med ein ny tilkomstveg til byggjefeltet sør for butikken og utviding av byggjefeltet mot aust. Kommunen ynskjer også å vidareutvikle dei naustområda som er etablerte på Moltustranda i dag samt å leggje til rette for fritids- og turismeføremål i tilknytning til sjøen.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	-	Området ligg mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1050 det kan vere behov for å gjere støydempende tiltak ved utbygging.
Sikring av jordressursar	-	Utbygging vil medføre nedbygginga av nokre område med fylldyrka jord. Områda ligg mellom eksisterande bebyggelse og representerer ikkje eit heilskapleg landbruksområde.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i område.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i område.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Anna-sanden ligg rett aust for det austlegaste naustområde og ein må ikkje byggje ned dette området. Naustområdet vert difor avgrensa slik at ein kan byggje ut mot vest og ikkje lenger mot aust. Elles er det ingen særlege negative konsekvensar som følgjer av utbygginga.
Samfunn		
Transportbehov	-	Området ligg på Moltustranda og det er begrensa med offentlig transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Til naustområde og bustadområde nord for Fv.10 skal det nyttast eksisterande tilkomst. Stikkvegane i byggjefeltet bør vidareførast til B28 og nyttast som tilkomst. Det kan vere behov for ny avkjørsle til FT5.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ført fram vassledning som ein kan knyte seg til. Ein må pårekne private avlaupsløysingar før kommunen har fått bygd ut offentlig avlaupsledning.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Forslaget er i tråd med kommunen sine målsettingar om å ha attraktive bustadområde i alle bygdelag.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området ligg innanfor 100m beltet og har registrert marine strandavsettingar med potensiale for kvikkleire. Elles er det ingen risiko i området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette for at Moltustranda skal utvikle seg i positiv retning ved å leggje til rette for attraktive bustadområde med naustområde ved sjøen. Kommunen ynskjer også å leggje til rette for ei satsing mot turisme på Moltustranda.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen vil leggje til rette for at Moltustranda skal ha attraktive bustadområde med nære naustmiljø og område for fritids- og turismeføremål. Kommunen vil også setje av området rundt nærbutikken til forretning slik at næringslivet har klare rammer for vidare drift. Det bør også leggest til rette for ny tilkomst til bustadområde sør for område for forretning. Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for veg, naust, fritids- og turisme, forretning og bustadar.



<p><b>Område: Myrvåg B38</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 63daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i Myrvåg mellom fleire reguleringsplanar og det er forslått å utvide bustadområde for å leggje til rette for meir busetting. Bustadområde er ei vidareutvikling av eit eksisterande bustadfelt og område er lite attraktivt for anna bruk. Området er avgrensa for å bevare ein terrengformasjon i grensa mellom B38 og reg.plan. 197801.</p>	
--	--


Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området. Tiltaket vil medføre meir trafikk gjennom området.
Sikring av jordressursar	-	Ein mindre del sør i foreslått område er registrert som beitemark og overflatedyrka jord. Det er elles ingen verdifull jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg om lag 300m frå Fv. 654 og busstasjonen i Myrvåg og det kan nyttast offentleg transport til dette området. Endeleg tilkomst må avklarast gjennom regulering. Det kan vere behov for ny avkjørsle frå kommunal veg.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vass- og avlaupsaløysingar. Avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grønne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag og i tilknytning til dei kommunikasjonsaksane. Det må påreknast transport til og frå offentleg skule. Møre barne- og ungdomskule har trygg tilkomst frå området på ein lite trafikkert veg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området ligg innafor 100m beltet. Det er elles ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalisa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

**Samla vurdering og konklusjon:** Kommunen ser dette forslaget som ei utviding av eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar her. Bustadfeltet er lite konfliktfylt og er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for bustadar i alle bygdelag og i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen. Det vil bli stilt krav om regulering for å sikre ei heilskapleg utnytting av området og greie ut forhold til potensiale for ras og teknisk anlegg. Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar.



Område: Myrvågnes B37 AN22  
Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF  
Planlagt ny arealbruk: Bustadar og naust  
Arealstorleik: bustad 80 daa, naust 4,2 daa

Skildring av området: Området ligg i Myrvågnes og det er forslått å utvide bustadområde og naustområde for å gjere område meir attraktivt for busetting. Bustadområde er ei vidareutvikling av eit eksisterande bustadfelt og område er lite attraktivt for anna bruk. Naustområde er også ei vidareutvikling av eksisterande område for naust.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området. Tiltaket vil medføre meir trafikk gjennom området.
Sikring av jordressursar	-	Delar av bustadområde er registrert som skog og beitemark. Det er elles ingen verdifull jordressurs i området. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har ikkje funksjon som rekreasjonsområde eller friluftsliv i dag og er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur.
Samfunn		
Transportbehov	+	Området ligg om lag 500m frå Fv. 654 og det kan nyttast offentleg transport til dette området. Ein må pårekne å vidareføre eksisterande vegar i området som tilkomst med eventuell breiddeutviding og oppgradering.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vassløyser og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grøne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag og i tilknytning til dei store kommunikasjonsaksane.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området ligg innafor 100m beltet. Det er elles ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalyse som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag. Området er elles lite attraktivt for anna bruk.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen ser dette forslaget som ei utviding av eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar her. Bustadfeltet er lite konfliktylt og er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for bustadar i alle bygdelag og i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen. Naustområde er ei utviding av eit eksisterande naustområde og kommunen meiner området ikkje er attraktivt for anna bruk. Kommunen vil stille krav om reguleringsplan for området der ein må løysa bla. Tilkomst og teknisk infrastruktur.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar og naust.



<p><b>Område: Måløya SB28</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Spreidd busetting, fritidsbustadar. Arealstorleik: 65daa</p> <p>Skildring av området: SB28 ligg på Måløya mellom Leikong og Eika. Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for frittliggjande fritidsbustadar innanfor eit område der det allereie er etablert fritidsbustadar.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Området består av mest skog med noko overflatedyrka jord. Området er registrert som eit nasjonalt viktig kulturlandskap, Raudøya – Eiksund.
Naturmangfald	+	Ingen registrerte naturtypar eller artar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Delar av Måløya er registrert som eit inngrepsfritt naturområde. Området er ein del av eit kystlandskap som er attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Det vil vere behov for transport med båt til øya.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vassløysing og avlaupsanlegg vil truleg få strengaste krav til reinsing då utsleppet vil gå i «den grøne korridor».
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile SB28 ligg innanfor 100 meters beltet. Det er elles ikkje registrert andre negative faktorar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å leggje til rette eit område for spreidd fritidsbusetting på Måløya. Ein vil ikkje tillate tett utbygging og auka aktivitet på øya vil halde vere med å kulturlandskapet på øya i hevd.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ynskjer å leggje til rette for eit ein kan etablere nokre fritidsbustadar på Måløya for å halde kulturlandskapet i hevd. Kommunen vil stadfeste eit område der det allereie er etablert fritidsbustadar og opne for nokre fleire hytter på øya.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for spreidd busetting, fritidsbustadar.



<p>Område: Notøya AN23</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Naust Arealstorleik: 1,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på vestenden av Notøya. Innanfor området er det i dag eitt naust og forslaget legg opp til å etablere fleire naust i tilknytning til dette.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil ikkje medføre støyplager for busette i området. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er ikkje registrert kulturminner innanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Tiltaket vil ikkje medføre nedbygging av rekreasjonsområde eller privatisering av område brukt av ålmenta. Området er ikkje registrert som eit aktivt område for friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Tilkomst skal sikrast gjennom eksisterande vegar.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer at bustadområde med tilgang til nære naustområde vil gjere Notøya meir attraktivt for tilflytting.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Området ligg innanfor 100m beltet og delvis under kote 3, men vil ikkje ha særlege negative konsekvensar for risiko og sårbarheit i området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Bustadområde med nære naustområder er ein måte å gjere utkantområda i kommunen meir attraktive.

Samla vurdering og konklusjon: Forslag om naust i dette området vil vere positivt for å gjere området meir attraktivt og vil ikkje ha særlege negative konsekvensar.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust.



<p>Område: Notøya N7</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Næring Arealstorleik: 1,9 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Notøya mot Herøya og Herøy gard. Området er opparbeidd og ein ynskjer å stadfeste den etablerte aktiviteten i området. Ein legg ikkje opp til utviding av området som vert brukt i dag.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er etablert aktivitet i dag og tiltaket vil derfor ikkje medføre støy ut over det som allereie er i dag. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen jordressurs i området då det allereie er utbygd.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er ikkje registrert kulturminner innanfor området. Området ligg i nærleiken til Herøya og Herøy gard.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er ikkje brukt som rekreasjonsområde, er ikkje ein del av ein samanhengande grønstruktur eller område brukt til friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Tilkomst skal sikrast gjennom eksisterande vegar.
Teknisk infrastruktur	+	Vatn er ført fram av lokalt vassverk. Området har separte anlegg for avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Ingen konsekvens for risiko og sårbarheit i området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltaket er stadfesting av eksisterande aktivitet har ingen negative konsekvensar for strategi for framtidig arealbruk.

Samla vurdering og konklusjon: Tiltaket er ei stadfesting av eksisterande aktivitet og vil ikkje ha negative konsekvensar for området.

Området vert tilrådd lagt ut som næringsføremål.



<p>Område: Nærøya B16 AN 31</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar og naust Arealstorleik: 9,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg på Nærøya mellom Leine og Einedalen skule. Det føreslåtte området grensar til regulert område for bustadar i vest og regulert område for industri i aust. Området ligg nærme Einedalen skule og ligg sentrumsnært til Fosnavåg og Bergsøya.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	+	Området ligg ikkje i tilknytning til infrastruktur eller næringsverksemd som medfører støy eller forureining.
Sikring av jordressursar	-	Store delar av området er overflatedyrka eller innmarksbeite.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert fleire større kulturminner i reguleringsplanen i vest. Det kan vere eit potensielt område for fleire funn, men det er ikkje registrert nokon innanfor det aktuelle området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Området er i stor grad utbygd, men ei tilrettelegging av naustområde ved sjøen vil gje tilgang til friluftsliv ved sjø og båtliv.
Samfunn		
Transportbehov	0	Området ligg lag 600m frå busstoppen ved Einedalen skule. Ein vil såleis kunne nytte offentleg transport til ei viss grad for tilkomst til og frå området. Ein sikre tilkomst gjennom eksisterande vegar.
Teknisk infrastruktur	-	I området er det tilgang til å knyte seg på vassleidning frå privat vassverk, men det er ikkje lagt til rette for offentleg avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ser det som positivt å leggje til rette for etablering av bustadar på Nærøya då dette er eit attraktivt sentrumsnært område. Ved realisering av reguleringsplan 201266 vil ein ha trygg veg til skule med gang- og sykkelveg og lite trafikkert veg.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området har potensiale for marine strandavsettingar og ligg innanfor 100m beltet. Området er i dag sterkt nedbygd og ein ser ikkje at det vil ha vesentlege negative konsekvensar å byggje ut «restarealet» på Nærøya. Etablering av naustområde på i området kan vere privatiserande og ha negative konsekvensar for området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer derfor å satse på bustadar i sentrumsære områder og Nærøya er ein stad som er attraktiv då det ligg nært skule og kommunesenteret.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen kan ikkje sjå at der er vesentlege negative konsekvensar i dette forslaget og ynskjer å leggje til rette for fleire bustadar på Nærøya. Kommunen ynskjer også å leggje ut eit mindre naustområde ved sjøen for å skape aktivitet i strandsona.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar og naust.



<p>Område: Nærøya B 16 sør</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 46 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg sør Nærøya og i tilknytning til Einedalen skule. Området er flatt og eignar seg godt til område for bustadar. Gjennom reguleringsplan på tilstøytande eigedom er det allereie regulert inn tilkomst til området.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg inntil Fv.18 og kan vere utsett for støy frå trafikken. ÅDT: 1900.
Sikring av jordressursar	-	Området består av overflatedyrka jord, innmarksbeite og skog.
Naturmangfald	-	Området grensar til Straumane som er ein sårbar resipient der det er registrert ein viktig (B) naturtype; undervasseng.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området vil ha god tilgang til natur og områder for fri leik. Området ligg også 200m frå Einedalen skule med mange moglegheiter for ballspel og leik på større leikeplass. Tiltaket vil byggje ned ei strandsone i Straumane som kan vere attraktivt område for kajakkpadlarar.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i 200 m frå busshaldeplassen på Einedalen skule og det vil såleis vere moglegheiter for bruk av offentleg transport. Tilkomst til området er sikra gjennom reguleringsplan 201266.
Teknisk infrastruktur	0	Privat vassverk har lagt vassleidning forbi området som det kan knytast seg på. Ein må pårekne private avlaupsløysingar med strenge krav til reinsing.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Området ligg i eit pressområde for utbygging og kommunen ynskjer å leggje til rette for bustadar i dette området. Med den planlagde utbetringa av nærøykrysset vil busette ha trygg tilkomst til skule frå dette området.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og barnetrakkregistreringa viser at det er trygg veg forbi området. Ein må pårekne å etablere gangveg heilt fram til området.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer etablering i sentrumsnære områder og Nærøya er ein del av denne strategien.

Samla vurdering og konklusjon: Det er både positive og negative konsekvensar av dette tiltaket, men kommunen ynskjer at ein legg til rette for bustadar i tilknytning til offentlege transportaksar og i nærleiken av skular. Kommunen vil stille krav om regulering for å sikre trygge vegløysingar for barn og unge og heilskapleg utbygging av teknisk infrastruktur.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar.






Område: Remøya AN 25

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Naust  
Arealstorleik: 6,5daa

Skildring av området: Området ligg sør for fylkesvegen og er ei forlenging av dagens naustområde. Ein ønskjer no å legge til rette for at ein kan etablere naust mellom etablerte naust i dette området.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	+	Tiltaket vil medføre ein liten trafikkauke. ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Dei nordlege delane av området vil gripe inn i beite og myrområder.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
Samfunn		
Transportbehov	+	Tilkomst må sikrast gjennom eksisterande avkjørsler og vegar.
Teknisk infrastruktur	+	Ikkje relevant
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet og ligg under kote 3. Området ligg på marin stronavsetning.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona . Området er ei forlenging av eksisterande naustområde og føremålet er ei fortetting mellom eksisterande naust.


**Samla vurdering og konklusjon:**

Der er ingen særskilde kjende konfliktområder knytt til området forutanom noko inngripen i beite og myrområder.

Området vert tilrådd lagt ut som område for naust.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Remøya AN 26 H N 7</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: Bebyggelsesplan Planlagt ny arealbruk: Naust, hamn og næring Arealstorleik: 17 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg sør for Fv.18 på Remøya. Området står i gjeldande plan som fiskerihamn H8, Remøy fiskerihamn. Forslaget legg opp til å vidareutvikle området rundt hamna ved å leggje til rette for naust og næring for å halde aktiviteten i hamna oppe.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	I dag er det registrert ÅDT: 325. Det er ikkje registrert vesentleg støy eller forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifulle jordressursar i området då det meste er opparbeidd areal.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert verdifulle artar eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert eitt automatisk freda kulturminne rett nord for næringsområde. Det vil truleg ikkje verte konflikt med dette kulturminnet.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Tilkomst er tenkt via eksisterande tilkomstveg.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Kommune vil stadfeste fiskerihamna på Remøya og leggje til rette for næring innanfor hamna i tråd med dagens bruk.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innafor 100m beltet og under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å vidareutvikle hamna på Remøya og skape meir aktivitet. Ein legg såleis til rette for eit naustområde og næringsområde for å halde opp aktiviteten.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer at det skal kunne leggst til rette for naust i tilknytning til hamna på Remøya, men halde arealet innanfor hamna som næringsområde for å halde aktivitet i området. Det er få negative verknadar av forslaget og har meir form av å stadfeste eksisterande aktivitet.

Området vert tilrådd lagt ut som område for naust, hamn og næring.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Remøya AN 27</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF-kan Planlagt ny arealbruk: Naust Arealstorleik: 0,6 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i tilknytning til eksisterande busetnad i Sævikane på Remøya. Innanfor området er det idag etablert flytebrygge med landfeste.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	+	Ikkje relevant
Sikring av jordressursar	+	Ikkje registrert interesser knytt til jordressurser
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
Samfunn		
Transportbehov	+	Tilkomst vil vere gjennom eksisterande tilkomstveggar.
Teknisk infrastruktur	+	Ikkje relevant
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Ikkje registrert risikoer i området
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona

### Samla vurdering og konklusjon:

Der er ingen særskilde kjende konfliktområder knytt til området.

Området vert tilrådd lagt ut som naustområde.



<p>Område: Remøya B 11</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF og Offentleg formål Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 144daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg mellom gamlevegen og nyevegen på Remøya. I den vestlege delen ønskjer ein å endre arealbruken frå offentleg formål til bustad. Resten av arealet er i dag definert som LNF område.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Ei utbygging vil medføre trafikkauke. I dag er det registrert ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Det meste av arealet er klassifisert som fulldyrka eller overflate dyrka jord.
Naturmangfald	-	I området er det registrert artsfunn rødliste for gresshoppesanger og bergirisk.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Endeleg tilkomst må avklarast gjennom regulering. Ein bør unngå fleire avkøyringar frå Fv18 på denne strekninga.
Teknisk infrastruktur	0	Bygt ut vassforsyning gjennom vassverk og avløp er ved private separate anlegg.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av busetting på Remøya vil vere viktig for å nå kommunen sine målsetjingar om folkevekst og tilbod om attraktive bustadområder i alle bygdelag.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg på lausmasse av tykk morene og marin strandavsetning.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for ei sterk bustadsatsing gjennom tilrettelgging av større bustadområder.

### Samla vurdering og konklusjon:

Jordvern og artsfunn av rødlistearter er kjende konfliktområder. Ein bør kartlegge nærare konsekvensane med å legge til rette for bustad nær artsfunn som vist ovanfor. Med omsyn til jordvern er ikkje området innanfor kategorien kjerneområde landbruk. Kommunen vil stille krav om regulering for å sikre ei heilskapleg utnytting av området med tilkomst og teknisk infrastruktur. Kommunen vil leggje ut heile området til bustadar med krav om regulering og ein må påreknne å leggje inn byggjegrænse mot fylkesvegen gjennom ei detaljregulering.

Området vert tilrådd lagt ut som område for bustad, men justeringar må påreknast før slutthandsaming.




## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

Område: Remøya FB6, SH3

Planstatus/ gjeldande arealbruk: Naust  
Planlagt ny arealbruk: Fritidsbebyggelse og småbåthamn

Arealstorleik: Småbåthamn 10 daa,  
fritidsbustadar 8 daa.

Skildring av området: Området ligg sør for fylkesvegen og er i dag for det meste opparbeidd. Området er tidlegare lagt ut til naustformål men ein ønskjer no å legge deler av området til rette for fritidsbebyggelse og få definert det etablerte hamneområdet til småbåthamn.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Tiltaket vil medføre ein liten trafikkauke. ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Ikkje registrert interesser knytt til jordressurser
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Tilkomst vil vere gjennom eksisterande tilkomstveggar og avkjørsler
Teknisk infrastruktur	+	Området har separate anlegg for avlaup. Vatn er ført fram av lokalt vassverk.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet, men er tidlegare avsett til utbyggingsformål.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona . Området er opparbeidd og ligg godt til rette for vidareutvikling til fritidsbebyggelse.

### Samla vurdering og konklusjon:

Der er ingen særskilde kjende konfliktområder knytt til området.

Området vert tilrådd lagt ut som område for fritidsbebyggelse og småbåthamn.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Remøya SB26</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Spredt bebyggelse for bustad, fritid eller næring. Arealstorleik: 44 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg mellom sjøen og nyevegen på Remøya. I den nordaustlege delen er det i dag etablert bebyggelse. Ein ønskjer å legge til rette for ei sterkare klynge med bebyggelse i dette området og ein føreslår å endre arealbruken frå LNF til spredt bebyggelse.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Ei utbygging vil medføre trafikkauke. I dag er det registrert ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Det meste av arealet er klassifisert som fulldyrka eller overflate dyrka jord samt beitemark.
Naturmangfald	-	I det nordvestlige hjørnet av området er det registrert artsfunn rødliste for busttjernaks og rynkerose.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Primært bør ein unngå fleire avkjørsler frå Fv.18, men det kan vere behov for ei ny avkøyrsløse frå fylkesvegen for å løyse ut området.
Teknisk infrastruktur	0	Bygt ut vassforsyning gjennom vassverk og avløp er ved private separate anlegg.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av busetting på Remøya vil vere viktig for å nå kommunen sine målsetjingar om folkevekst og tilbod om attraktive bustadområder i alle bygdelag. Det vil vere behov for transport til og frå skule frå Remøya.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg på marin strandavsetning og er innanfor 100 m beltet og store deler av arealet ligg under kote 3
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for ei sterk satsing på bustad, fritid og næring (fritid) gjennom å tilrettelege gode byggearealer.

### Samla vurdering og konklusjon:

Jordvern og artsfunn av rødlistearter er kjende konfliktområder. Ein bør kartlegge nærare konsekvensane med å legge til rette for tiltak nær artsfunn som vist ovanfor. Med omsyn til jordvern er ikkje området innanfor kategorien kjerneområde landbruk.

Området vert tilrådd lagt ut som område for bustad, fritid og næring fritid, men justeringar må påreknast før slutthandsaming.



<p>Område: Runde FB 5</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Område for fritidsbustadar Arealstorleik: 8,0 daa</p> <p>Skildring av området: Tiltaket er ei utviding av område avsett til fritidsbustadar i gjeldande plan. Området ligg i Goksørvika på Runde og i tilknytning til Christineborg Gjestehus.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil ikkje medføre ei vesentleg trafikkauke for området. ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert dyrkajord eller anna verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Det er ingen kjende artsfunn i området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området. Området er ein del av eit nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap som omfattar Runde.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde. Området har god tilgang til naturområder for fri leik. Tiltaket har ikkje negative konsekvensar for området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg i utkanten av kommunen og har begrensa offentlig transport. Endeleg tilkomst må avklarast gjennom regulering. Det kan vere behov for ny avkjørsle frå Fv.18.
Teknisk infrastruktur	0	Området har separate anlegg for vatn og avlaup. Det er spreidd avlaup og har ikkje framført vassforsyning gjennom vassverk. Ein vil vere avhengig av private løysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av turismesegmentet på Runde vil betre eksistensgrunnlaget for næringane på øya.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Området har bart fjell eller fjell med tynt torvdekke. Området ligg innanfor 100m beltet og kan vere værhardt. Fritidsbustadar må etablerast i høgde for å forhindre negative påverknadar. Ingen andre negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tilrettelegging av fritidsbustadar er med på å skape aktivitet på Runde og kommunen ynskjer å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

**Samla vurdering og konklusjon:** Området ligg i tilknytning til eksisterande område for fritidsbustadar og kommunen vil leggje til rette for at dette området kan vidareutviklast. Det er ingen vesentlege negative konsekvensar av tiltaket, men området ligg mot sjøen og er ein del av 100m beltet der ein må ta omsyn til strandsonevernet. Kommunen vil stille krav om regulering for å sikre tilkomst og utnytting av området.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar med plankrav.



<p>Område: Runde FT 4</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritid/turismeføremål Arealstorleik: 4 daa</p> <p>Skildring av området: Forslaget vil stadfeste dagens aktivitet kring Christineborg gjestehus på Runde som driv turismeretta næring. Forslaget legg også opp til at Christineborg kan utvide sin aktivitet og leggje til rette for turismeretta aktivitet i området.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil ikkje medføre ei vesentleg trafikkauke for området. ÅDT: 325. Det er ikkje registrert støy eller forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området. Området er ein del av eit nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap som omfattar Runde.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde. Området har god tilgang til naturområder for fri leik. Tiltaket har ikkje negative konsekvensar for området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg i utkanten av kommunen og har begrensa offentlig transport. Ein vil vere avhengig av privat transport. Tilkømt vil vere gjennom eksisterande avkjørslar frå Fv. 18 og eksisterande vegar.
Teknisk infrastruktur	0	Området har separate anlegg for vatn og avlaup. Det er spreidd avlaup og har ikkje framført vassforsyning gjennom vassverk. Ein vil vere avhengig av private løysingar. Ein vil bruke eksisterande avkjørsle til Christineborg.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av turismesegmentet på Runde vil betre eksistensgrunnlaget for næringane på øya.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	+	Området ligg innanfor 100m beltet og kan vere værhardt.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sine målsettingar og strategiar for satsinga på kultur- og reiselivsnæringa

**Samla vurdering og konklusjon:**

Det er ingen vesentlege negative konsekvensar av tiltaket, men området ligg mot sjøen og er ein del av 100m beltet der ein må ta omsyn til strandsonevernet. Kommunen ser ikkje føre seg at heile området (område nærast sjøen) kan nyttast til turismeføremål. Kommunen set derfor krav om at området skal regulerast for å avklare konflikt med strandsonevern og kulturinteresser.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritid/turismeføremål med plankrav.





## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Runde SB25</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: LNF-kan Arealstorleik: 173,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i tilknytning til eksisterande område for spreidd bustadbygging på sørsida av Runde. Området omfattar både eksisterande busetnad og nye areal for spredt bebyggelse.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Tiltaket vil medføre ein liten trafikkauke. ÅDT: 325. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Store deler av området som ikkje er bebygd i dag er klassifisert som fulldyrka, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Området er og klassifisert som kjerneområde landbruk. Området ligg innafør regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap.
Naturmangfald	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området. Området er ein del av eit nasjonalt og regionalt viktig kulturlandskap som omfattar Runde.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er registrert som område for dyrelivsfredning på lik linje med resten av Runde. Området har god tilgang til naturområder for fri leik. Tiltaket har ikkje negative konsekvensar for området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	0	Området ligg i utkanten av kommunen og har begrensa offentleg transport. Ein vil vere avhengig av privat transport. Tilkomst må løysast gjennom eksisterande avkjørsler frå Fv.18. Det kan vere behov for vidareføring av eksisterande kommunale og private vegar for å løyse ut området.
Teknisk infrastruktur	0	Området har separate anlegg for vatn og avlaup. Det er spreidd avlaup og delar av området har framført vassforsyning gjennom vassverk. Ein vil vere avhengig av private løysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av busetting på Runde vil vere viktig for å halde kulturlandskapet i hevd og er ein del av kommunen si målsetting om vekst i folketalet og tilbod om attraktive bustadområder i alle bygdelag.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Storparten av området ligg på område med tjukk morene og ligg i område definert som potensielt utløpsområde for steinsprang.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Fortetting av eksisterande bustadmasse.

### Samla vurdering og konklusjon:

Jordvern, kulturlandskap og potensielt område for steinsprang er konfliktpotensialet i området. Kommunen ynskjer å legge til rette for å styrkje busetting på Runde og ønskjer å ha ein strategi om fortetting for dette området.


Området vert tilrådd lagt ut som område for spreidd busetting.



Område: Røyra FB 12 SH 5

Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF  
Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar og småbåthamn  
Arealstorleik: Område for fritidsbustadar 5,0 daa, område for småbåthamn 3,0 daa.

Skildring av området: Området ligg sør for Fv 654 i Røyra. Ein har lagt inn område for fritidsbustadar i tilknytning til reguleringsplan 201253 for slik at ein har moglegheit til å vidareutvikle område for fritidsbustadar. Ein har lagt inn område for småbåthamn for å stadfeste dagens føremål i kommuneplanen sin arealdel.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Området ligg om lag 50m frå fylkesvegen som har ein ÅDT på 3450. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Delar av området er registrert som skog.
Naturmangfald	+	Det er ikkje registrert viktige naturtypar i området
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er ikkje ein del nærmiljøet sitt rekreasjonsområde, området er ikkje eit område for grønstruktur og tiltaket vil ikkje påverke dei med friluftslivinteresser på ein negativ måte.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg ved Fv. 654 og ein kan bruke offentlig transport, men med aktiviteten tiltaket vil medføre det meir nærliggande å tru at det vil bli brukt privat transport til og frå området. Tilkømt må løysast gjennom eksisterande avkjørsle frå Fv. 654.
Teknisk infrastruktur	0	Privat vassverk har lagt vassleidning til området som ein kan knyte seg på. Ein må pårekne privat avlaupsløysing i området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen har ein strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen. Kommunen ynskjer derfor at eit eksisterande område for fritidsbustadar kan vidareutviklast.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og er registrert som utan tilgang til sløkkevatn.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fleire fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og kan ha støyutsette områder. Området ligg innanfor 100m beltet og er registrert som område utan tilgang til sløkkevatn. Fritidsbustadar i tilknytning til sjøen er eit satsingsområde for kommunen og ein ynskjer at dette området kan vidareutviklast. Forslaget har både negative og positive konsekvensar samla sett, men ingen vesentlege negative konsekvensar er registrert.


Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar med småbåthamn i sjøen.



Område: Røyra R 2

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Råstoffutvinning  
Arealstorleik: 79 daa

Skildring av området: Området vert i dag brukt som masseuttak av stein. Kommunen ynskjer å stadfeste denne aktiviteten i kommuneplanen sin arealdel og samstundes legge til rette for utviding av området for masseuttak.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området er i dag brukt som masseuttak og ein ventar ikkje meir aktivitet i området.
Sikring av jordressursar	0	Innanfor området er det registrert skog.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området vil ikkje ha funksjon som aktivt nærmiljø eller område for friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Ikkje relevant.
Teknisk infrastruktur	+	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Området er registrert som område utan tilgang til sløkkevatn.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen har eit behov for uttak av stein til ulike prosjekt og ein ynskjer å setje av større område for denne type aktivitet i kommuneplanen sin arealdel. Ein ynskjer å leggje opp til moglegheit for å ta ut meir masse i områder der det allereie er etablert masseuttak.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen meiner forslaget ikkje har noko negative konsekvensar slik det går fram av KU-vurderinga over. Kommunen ynskjer å leggje til rette for å ta ut meir steinmasse i etablerte masseuttak og meiner dette er ein betre strategi enn å etablere fleire mindre.

Området vert tilrådd lagt ut som område for råstoffutvinning.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Røyra SB 29</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Område for spreidd busetting Arealstorleik: 41,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i Røyra på Leinøya ved Røyrasundet og Herøybrua. Området forslått til spreidd busetting ligg i enden av den kommunale vegen og området består av busetting langs kommunevegen. Terrenget er i stor grad flatt og lett hellande mot sjøen.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Tiltaket vil medføre ein liten trafikkauke. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Delar er registrert som overflatedyrka jord og innmarksbeite. Området ligg innfor regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap, fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	0	Det er registrert eit automatisk freda kulturminne innanfor området. Funnet ligg heilt i sør-aust og vil ikkje vere utsett for frådeling eller andre tiltak.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området vil vere eit potensielt rekreasjonsområde for dei busette i Røyra. Tiltaket er avgrensa til å gjelde spreidd busetting og tiltaket har derfor ikkje negative konsekvensar for området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i Røyra og ein kan nytte offentleg transport til området dersom ein kan gå eit stykke. Nærmaste busshaldeplass ligg om lag 900m frå området. Tilkomst må løysast gjennom eksisterande vegnett i Røyra.
Teknisk infrastruktur	-	Området har separate anlegg for vatn og avlaup. Det er spreidd avlaup og delar av området har framført vassforsyning gjennom vassverk. Ein vil vere avhengig av private løysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Røyra ligg langs Fv.654 som er hovudferdselsåra til Fosnavåg og busetting langs denne aksen vil vere med å auke grunnlaget for offentleg transport langs denne strekninga. Kommunen ynskjer også at det skal leggest til rette for busetting i alle bygdslag i kommunen.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	0	Ytterste delen av området vil har privat vassforsyning med ukjent kapasitet og ligge innanfor 100m beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tilrettelegging av fleire bustadar innanfor eit eksisterande område for bustadar.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å legge til rette for å styrkje busetting i alle bygdslag og ynskjer å ha ein strategi om fortetting for dette området.

Området vert tilrådd lagt ut som område for spreidd busetting.



<p>Område: Sande SB5</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Spredt bebyggelse for bustad. Arealstorleik: 9daa og 1,7daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg i tilknytning til eksisterande SB-område i gjeldande plan og legg opp til å utvide det eksisterande området. Det er etablert bustadar på om lag heile området i dag. Kommunen ynskjer å satse vidare på spreidd busetting i dette området og vil leggje til noko areal til SB5.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støy eller forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	-	Det meste av arealet er registrert som skogsområde.
Naturmangfald	+	Ingen verdifulle artar eller naturtypar er registrert i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Ikkje registrert interesser knytt til nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv
Samfunn		
Transportbehov	-	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Det kan vere behov for avkøyringsløyve til stikkvegar direkte til bustadtomter langs kommunevegen(Sandvegen)
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne privat vass- og avlaupsløysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Styrking av busetting i Sande vil vere viktig for å nå kommunen sine målsetjingar om folkevekst og tilbod om attraktive bustadområder i alle bygdelag.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området er registrert som eit område utan tilgang til sløkkevatn.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å leggje til rette for ei sterk satsing på bustad gjennom å tilrettelegge gode byggearealer.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ser dette tiltaket som ei vidare utviding av eit eksisterande område for spreidd busetting og lite konfliktylt. Med omsyn til jordvern er ikkje området innanfor kategorien kjerneområde landbruk. Ein bør vurdere om det er behov for å leggje inn arealet lengst mot nord og hamna som område for spreidd busetting. Arealet er i dag bebygd og legg ikkje til rette for fleire bustadar. Etter møte 1.10 i arbeidsgruppa vel ein å halde desse nye område som område for spreidd busetting. I praksis medfører det at det som ligg innanfor område for spreidd busetting slepp å søkje dispensasjon dersom ein søker om tilbygg til eksisterande bustad.

Området vert tilrådd lagt ut som område for spreidd busetting.




Område: Sandvika AN17,  
AN18, N8, N9

Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF.

Planlagt ny arealbruk:  
Næringsføremål og naust.  
Arealstorleik: Næringsføremål 23daa  
(fordelt på to område), naustområde  
7daa(fordelt på to område 5daa og  
2daa).

Skildring av området: Området i  
Sandvika på Gurskøya nord for Fv.  
10. Føremålet med forslaget er å  
stadfeste eksisterande  
næringsområde og tilrettelegge for to  
nye naustområde i Sandvika.




Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Området ligg mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1050 og ein vil ikkje få støyplager på grunn av nærleiken til fylkesvegen. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Områda er ikkje brukt til rekreasjon og det vil ikkje vere negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området ligg i Sandvika og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Ein må løyse tilkomst gjennom eksisterande avkøyrsløse frå Fv.10.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vass- og avlaupsleidning til området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket vil leggje til rette for ei vidare utvikling for næringslivet i område. I naustområdet kan ein leggje til rette for fleire naust.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Områda ligg innnanfor 100m beltet og er registrert som potensielt område for marine strandavsettingar med kvikkleire. Det er også teoretisk utløpsområde for steinsprang.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer å stadfeste den næringa som er etablert i området og kan vidareføre drifta. Kommunen ynskjer å leggje til rette for naustområde i eit område som allereie er nedbygd og ikkje attraktivt for anna bruk.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen ynskjer å stadfeste eksisterande næring og leggje til rette for at den kan utvikle seg vidare med forutsigbare rammer. Kommunen meiner ein kan samlokalisere naust i Sandvika til eit område som allereie er nedbygd og ikkje attraktivt for anna bruk.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for naust og næringsføremål.



<p><b>Område: Sandvika B31</b></p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 18daa (fordelt på to område)</p> <p>Skildring av området: Området ligg sør for Fv. 10 i Sandvika. Kommunen ynskjer at ein kan utvikle Sandvika vidare og auke antal etableringar i Sandvika. Kommunen ynskjer å utvide dagens bustadområde mot aust for å kunne nytte det på hensiktsmessig måte samt å leggje til rette for bustadar på delar av dyrkamarka mot Fv.10.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Delar av området mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1050. Det er lite truleg at det vil vere behov for støydempende tiltak då områda ikkje ligg nært inntil Fv.10. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Området mot Fv.10 er registrert som fulldyrka jord og området mot aust er registrert som skogsområde.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Områda er ikkje brukt til rekreasjon og det vil ikkje vere negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Sandvika har begrensa tilgang til offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Tilkomst til områda må løysast gjennom eksisterande avkøyrsløse frå Fv.10 og frå privat og kommunale vegar.
Teknisk infrastruktur	-	Ein må pårekne private vass- og avlaupsløysing.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Ved realisering av gangveg mellom Stokksund og Sandvika vil det vere gang- og sykkelveg mellom skule og bustad.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området som ligg lengst aust er registrert som område med teoretisk fare for snøskred og steinsprang. Det er elles ikkje registrert forhold gjennom risiko og sårbarheitsanalysa som har negative konsekvensar.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag.

Samla vurdering og konklusjon: Kommunen ser dette forslaget som ei utviding av eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar her i Sandvika som vil vere grunnlag for å auke busettinga i Sandvika.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for bustadar.



<p>Område: Sandvika FB13</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar Arealstorleik: 18 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg ved Rysseneset nord for Fv. 10 på Gurskøya. Området grensar til fylkesvegen i sør og kommunen ynskjer å endre arealføremålet frå LNF til område for fritidsbustadar. Arbeidsgruppa for kommuneplanen syntest området kan ha potensiale som eit nytt hytteområde mo sjøen.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Området ligg tett mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 1050 og ein vil ikkje få støyplager på grunn av nærleiken til fylkesvegen. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ikkje registrert verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området ligg ved Rysseneset og kan ha verdi som rekreasjonsområde. Det er derimot ukjent for kommunen om området faktisk verdt brukt til dette føremålet.
Samfunn		
Transportbehov	-	Området ligg mellom Stokksund og Moltustranda og det er begrensa med offentleg transport til området. Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Tilkomst må avklarast gjennom regulering. Ein bør søkje å nytte eksisterande avkjørsler frå Fv.10.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vatn eller avlaup til området.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området ligg innanfor 100m beltet og er i konflikt med det generelle strandsonerettet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

Samla vurdering og konklusjon: Området ligg i tilknytning til fylkesvegen og kan vere støyutsett. Om det vil vere behov for støydempende tiltak må avklarast gjennom detaljplanlegging. Fritidsbustadar med tilknytning til sjøen er eit satsingsområde for kommunen og ein ynskjer å prøve dette som eit område for fritidsbustadar.

Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for fritidsbustadar.





## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Stokksund AN19</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Naust Arealstorleik: 2,8daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg aust for fylkesvegen og vil stadfeste eit eksisterande naustområde og vil gje rom for etablering av fleire naust innanfor ei naturleg avgrensing av området.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Fv. 654 med ein ÅDT: 3300 går forbi området vil ikkje gjere området støyutsett og det vil ikkje vere behov for støydempende tiltak. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artar eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Det er etablert naust i området og leggje til rette for fleire naust vil medføre meir aktivitet i området.
Samfunn		
Transportbehov	+	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere naturleg å nytte offentleg transport for å kome til eit naustområde. Tilkomst til området vil vere via eksisterande tilkomst.
Teknisk infrastruktur	+	Ikkje relevant. Innanfor naustområde vil det ikkje vere behov for tilgang til vatn og avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet og ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for attraktive bustadområder med tilgang til naust. Kommunen ynskjer også å samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen vil leggje til rette for ei fortetting rundt og mellom eit eksisterande naustområde og vil bruke prinsippet om samlokalisering av tiltak.


Området vert tilrådd lagt ut som byggjeområde for naust.



## Område: Stokksund B33 B49 TJ18

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Bustadar  
Arealstorleik: 80 daa og 32 daa

Skildring av området: B33 ligg rett nord for Stokksund skule. Området er relativt flatt og lett å opparbeide. B49 er eit etablert bustadfelt på Storeneset. Det er etablert veg heilt til ut og ein legg opp til å etablere bustadar langs samlevegen. Området er relativt flatt og lett å opparbeide.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	-	Delar av området mot fylkesvegen som har ein ÅDT på 3300. Det kan vere behov for støydempende tiltak då B33 ligg nært inntil Fv.654. Det er ikkje registrert forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Store delar av B33 er registrert som myr. B 49 har både open fastmark og overflatedyrka jord. Det vil vere begrensa ressursar i området.
Naturmangfald	-	Det er registrert både Rødstilk, Tyvjo, Storspove, Fiskemåke og Tjeld innanfor området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Områda er brukt til rekreasjon og det tiltaket kan medføre negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Det kan brukast offentleg transport til og frå området. Endeleg tilkomst må avklarast gjennom regulering. Det kan vere behov for ny avkjørsle frå Fv.654 for å unngå trafikk forbi skuleområdet. B49 må ha sin tilkomst via eksisterande vegnett.
Teknisk infrastruktur	+	Det er opparbeidd offentleg avlaupsnett og vassleiding gjennom privat vassverk.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med kommunen sin strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag og område ligg sentralt i forhold til skule og utdanning.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Delar av området er registrert som leikeområde for born gjennom barnetrakkregistreringa.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag.

Samla vurdering og konklusjon: Ein må gjennom ei detaljregulering avklare forholdet til tilkomst, teknisk infrastruktur og rødlisteartar i området. Kommunen ser dette forslaget som utviding av to eksisterande bustadområde og vil leggje til rette for fleire bustadar i Stokksund som vil vere grunnlag for auka busettinga. Det er lagt til rette for at skuleområdet kan utvidast i søraust.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Tjørvåg AN 20</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Naust Arealstorleik: 8,7daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg aust for Fv.654 og vil stadfeste eit eksisterande naustområde og gje rom for etablering av fleire naust innanfor ei naturleg avgrensing av området. Området strekk seg mot vernegrensa for Tjørvågosen naturreservat, men legg ikkje opp til nye frådelingar på den sørlege delen av eksisterande naustområde.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Fv. 654 med ein ÅDT: 3300 går forbi området vil ikkje gjere området støyutsett og det vil ikkje vere behov for støydempende tiltak. Det er ikkje registrert forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	-	Etablering av fleire tiltak i strandsona mot sjøen kan ha negativ konsekvens for naturmangfaldet.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	0	Det er etablert naust i området og leggje til rette for fleire naust vil medføre meir aktivitet i området.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Ikkje relevant. Det vil ikkje vere naturleg å nytte offentleg transport for å kome til eit naustområde. Tilkømt må løysast gjennom eksisterande avkjørsler frå Fv. 654.
Teknisk infrastruktur	+	Ikkje relevant. Innanfor naustområde vil det ikkje vere behov for tilgang til vatn og avlaup.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile området ligg innanfor 100 meters beltet og ligg under kote 3.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å leggje til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for naust mellom naustgrupper. Kommunen ynskjer å samlokalisere tiltak i strandsona der det allereie er etablert tiltak.


### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen vil leggje til rette for ei fortetting rundt og mellom eit eksisterande naustområde og vil bruke prinsippet om samlokalisering av tiltak.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for naust.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Tjørvåg FB 16</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustadar, hytte Arealstorleik: 52daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg nord for Fv.654 og vil gje rom for eit større område for fritidsbustadar, hytter. Det etablert tilkomstveg(anleggsveg) til område og det er allereie frådelt hyttetomt innanfor området.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Det er ikkje registrert støyutsette område eller forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen verdifull jordressurs i området.
Naturmangfald	0	Etablering av tiltak i området vil truleg ikkje ha konsekvensar for naturmangfaldet.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen registrerte eller kjende kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Delar av området ved sjøen er brukt som badeplass. Denne bør bevarast gjennom ei detaljregulering av området. Det vil elles ikkje vere særlege negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Ein må pårekne bruk av privat transport til og frå området. Endeleg tilkomst må avklarast gjennom regulering. Ein må truleg bruke eksisterande avkjørsle frå Fv.654 med breiddeutviding og oppgradering vegen til føremålet.
Teknisk infrastruktur	-	Det er ikkje ført fram vass- eller avlaupsleidning til området. Ein må pårekne private vassløysingar og ved større utbygging vil det bli krav om opparbeiding av felles avlaupsleidning som vert knytt til det offentlege nettet.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Kommunen ynskjer å satse på fritidsbustadar knytt til sjøen og dette innspelet er i tråd med dei satsingane.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Om lag heile området ligg innanfor 100 meters beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ønskjer å legge til rette for aktiv bruk av deler av strandsona og leggje til rette for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.

### Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å utvikle eit område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen i Tjørvåg. Realisering av dette område vil kunne stette behovet for fleire og samlokalisere denne type tiltak i eit hyttefelt mot sjøen.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for fritidsbustadar, hytter.



## Konsekvensutgreiing for kommuneplanen sin arealdel

<p>Område: Tjørnvåg SB 17</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF Planlagt ny arealbruk: Område for spreidd busetting Arealstorleik: 3,0 daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg sør for Fv. 654 i Tjørnvåg. Området forslått til spreidd busetting ligg i enden av den kommunale vegen Terrenget er brattlendt og registrert som område med fare for skred.</p>	
--	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	+	Tiltaket vil medføre ein liten trafikkauke. Det er ikkje registrert støyutsette område eller forureiningar i området.
Sikring av jordressursar	+	Største delen av området er registrert som skog.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtypar i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Ingen kjende eller registrerte kulturminner i området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området har truleg ingen verdi som rekreasjonsområde og vil ikkje ha negative konsekvensar for nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	+	Området ligg i Tjørnvåg. Det er tilgang til offentleg transport med busstopp om lag 300m frå området. Tilkomst må løysast gjennom eksisterande avkjørsler og private vegar.
Teknisk infrastruktur	-	Området har separate anlegg for vatn og avlaup. Det er spreidd avlaup og delar av området har framført vassforsyning gjennom vassverk. Ein vil vere avhengig av private løysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Området har allereie fleire områder som kan bebyggast innanfor SB17.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Området er registrert som eit område som kan vere utsett for snø og steinsprang. Området er også registrert som eit område med potensiale for marine strandavsetningar og kvikkleire.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tilrettelegging av fleire bustadar innanfor eit eksisterande område for bustadar.

### Samla vurdering og konklusjon:

Gjennom KU er innspelet vurdert slik at ein får svært lite nye attraktivt byggeområde ved å leggje til dette område og sidan det allereie er store område innanfor SB17 som ikkje er bebygd ser ein ikkje fordelane av å leggje til rette for busetting lenger opp. Etter møte 1.10 i arbeidsgruppa vart det vedteke å ta ut område på grunn av grunngevinga ovanfor. Endringa er gjort i plankartet.

Kommunen vil ikkje gå vidare med dette innspelet av årsakane som nemnt ovanfor.



<p>Område: Torvik B20</p> <p>Planstatus/ gjeldande arealbruk:LNF Planlagt ny arealbruk: Bustadar Arealstorleik: 4daa</p> <p>Skildring av området: Området ligg aust for Fv.16 i Torvik på Leinøya. Kommunen foreslår å leggje til eit nytt mindre felt for bustadar i Torvik. Kommunen ynskjer å leggje til rette for ei fortetting mellom to eksisterande bustadar i Torvik.</p>	
---	--

Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
<b>Miljø</b>		
Støy og forureining	0	Fv.16 går gjennom området og har registrert ÅDT:420. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	0	Området består av skog og eit mindre område overflatedyrka jord.
Naturmangfald	0	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området. Området ligg innfor regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap, fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner innanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Området er ein del av eit kystlandskap som kan vere attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
<b>Samfunn</b>		
Transportbehov	-	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Tilkomst må løysast gjennom eksisterande avkjørsler i området. Ein må søkje å finne fells løysingar for området.
Teknisk infrastruktur	0	Det er ført fram vassleidning til området. Ein må pårekne private avlaupsløysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Det er ikkje gang- og sykkelveg på strekning Frøystad – Bø, men det er starta regulering med sikta på å løyse dette.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile område ligg innanfor 100m beltet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag og fortettar i eksisterande bustadområde.

**Samla vurdering og konklusjon:**

Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire bustadar i dette område. Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Kommunen meiner forslaget er lite konfliktfylt då ein vidareutviklar to eksisterande områder for bustadar.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar.




## Område: Torvik N11

Planstatus/ gjeldande arealbruk: Industri

Planlagt ny arealbruk: Næring  
Arealstorleik: 25daa

Skildring av området: Området ligg nord for Fv.16 i Torvik på Leinøya. Området har tidlegare vore utlagt som industriområde, men ein vil no endre dette til næring då det er i tråd med tidlegare arealføremål etter ny plan. Det har tidlegare vore brukt som masseuttak og er ein har foreslått å nytte dette vidare som masseuttak og massedeponi i etterkant.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	0	Fv.16 går gjennom området og har registrert ÅDT:420. Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	+	Det er ingen verdifulle jordressursar i området.
Naturmangfald	0	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området. Området ligg innafor regionalt og nasjonalt viktig kulturlandskap, fjordlandskap mellom Herøy og Ulstein.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner innanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	+	Området er tidlegare masseuttak og er ikkje attraktivt som område for nærmiljø, samanhengande grønstruktur eller område for friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	0	Tilkomst må løysast gjennom eksisterande avkjørsler til området. Endeleg avkjørselsløyseing må løysast gjennom regulering.
Teknisk infrastruktur	0	Ikkje relevant.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	0	Ikkje relevant.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	ROS-analyse viser at det kan vere potensiale for skred i området. Dette må avklarast gjennom reguleringsarbeidet.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Tiltaket er stadfesting av eksisterande aktivitet har ingen negative konsekvensar for strategi for framtidig arealbruk.

## Samla vurdering og konklusjon:

Tiltaket er ei stadfesting av eksisterande aktivitet og vil ikkje ha negative konsekvensar for området. Kommunen vil stille krav om regulering for å sikre at forhold avdekt av KU-en vert vurdert nærmare og avklare vidare bruk for området.

Området vert tilrådd lagt ut som næringsføremål.




## Område: Torvik SB7 AN21 FB11

Planstatus/ gjeldande arealbruk: LNF  
Planlagt ny arealbruk: Spreidd busetting, naustområde og område for fritidsbustadar, rorbuer.

Arealstorleik: Spreidd busetting 5daa, naustområde 2,8daa, rorbu 1,2daa.

Skiltring av området: Området ligg aust for Fv.16 i Torvik på Leinøya. Kommunen foreslår å vidareføre SB7 aust for Fv. 16 og tillate ei fortetting mellom eksisterande bustadar. Kommunen ynskjer også å leggje til eit område for naust ved eit eksisterande naustområde og eit område for fritidsbustadar, rorbuer lenger mot sør. Område mellom naustområde og rorbuer er avsett for å bevare ein etablert badeplass.



Tema	Konsekvens	Vurdering, kommentar
Miljø		
Støy og forureining	+	Det er ikkje registrert støy eller forureining i området.
Sikring av jordressursar	-	Området for rorbuer består av skog og på område for spreidd busetting er det eit mindre område fulldyrka jord.
Naturmangfald	+	Ingen kjende artsfunn eller naturtyper i området.
Kulturminner og kulturmiljø	+	Det er ingen kjende eller registrerte kulturminner innanfor området.
Nærmiljø, grønstruktur og friluftsliv	-	Delar av området er ein del av eit kystlandskap som kan vere attraktivt for rekreasjon og friluftsliv.
Samfunn		
Transportbehov	-	Området har begrensa offentleg transport og framkomstmiddel vil i hovudsak vere ved privat transport. Tilkomst til områda må løysast gjennom eksisterande avkjørsler.
Teknisk infrastruktur	0	Det er ført fram vassleidning til området SB-område. Ein må pårekne private avlaupsløysingar.
Befolkningsutvikling og tenestebehov	+	Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Med ny gang- og sykkelveg til Frøystad vil bustadområde ha trygg veg mellom skule og bustad.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-	Heile naust og rorbu-område ligg innanfor 100m beltet. Delar av område er har teoretisk fare for snøskred.
Strategi for framtidig arealbruk	+	Kommunen ynskjer at ein kan leggje til rette for attraktive bustadar i alle bygdelag og vil fortette i mellom eksisterande bustadar.


## Samla vurdering og konklusjon:

Kommunen ynskjer å leggje til rette for fleire bustadar i dette område. Tiltaket er i tråd med strategi om å leggje til rette for attraktive bustadområde i alle bygdelag. Kommunen meiner forslaget er lite konfliktfylt då ein vidareutviklar to eksisterande områder for bustadar. Kommunen ynskjer også å leggje opp til ein meir aktiv bruk av strandsona gjennom tilrettelegging av naust og rorbuer. Naustområde er ei vidareføring og vidareutvikling av eit etablert naustområde og kommunen meiner tiltaket er lite konfliktfylt. Område for rorbuer er nytt.

Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde for bustadar, naust og fritidsbustadar, rorbuer.



**RISIKO- OG SÅRBARHEITSANALYSE  
FOR HERØY KOMMUNE**



**GROVANALYSE 2013**





## Innhold:

Innleiing	4
Metode	5
<b>NATURRISIKO</b>	<b>6</b>
Snø- og jordras	6
Ustabil grunn	7
Flaum	7
Stormflo/Bølgjepåvirkning	8
Åknes/Tafjord	9
Vind	9
Skog- og lyngbrann	10
Radon	11
<b>VERKSEMDSRISIKO</b>	<b>12</b>
Verksemder med fare for brann eller eksplosjon	12
Verksemder med fare for kjemikalieutslepp eller anna akutt forureining	12
Landtransport av farleg gods	12
Forureina grunn	13
Dambrot	14
Elektromagnetiske felt	15
Trafikkfare	16
Støy	17
Skipsfart	17
Terror	18
<b>BEREDSKAPSTILTAK</b>	<b>19</b>
Utrykningstid	19
Sløkkevasskapasitet	19
Samandrag og konklusjon frå ROS-analyse for Herøy brannvern	19
<b>SÅRBARE OBJEKT</b>	<b>21</b>
Natur	21
Kulturminne	22
Offentlege bygg	22
Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar	23
Trafikknutepunkt	23
El-forsyning	23
Vegar, bruer og tunnellar	24
Drikkevassforsyning	24
Avløpsinstallasjonar	25
<b>KJELDER</b>	<b>26</b>
Vedlegg A: Sjekkliste	27
Vedlegg B: Kart	29



## Innleiing

Kommunal planlegging har mellom anna som mål å bygge trygge og robuste lokalsamfunn. Når kommunen skal planlegge for framtida må difor kjennskap til og kunnskap om ulike risikofaktorar vere eit viktig grunnlag for planarbeidet. Ut frå slik kunnskap kan ein redusere risikoen og med det førebygge ulykker og hindre ulike andre utilsikta hendingar.

I planprogrammet som ligg til grunn for rulleringa av arealdelen av kommuneplanen er følgjande føresetnad nedfelt:

***Det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i kommuneplanen for å vurdere potensielle uønska hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik. ROS-analysen vil vere basert på tilgjengeleg informasjon og gjennomførast i samsvar med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) sine rettleiarar og hovudprinsippa i NS5814:2008 "Krav til risikovurderinger".***

Denne kartlegginga fokuserar på liv og helse og er meint å gi eit grovt oversiktsbilde over ulike risikofaktorar som må leggjast til grunn ved arealplanlegging. Kartlegginga skal vere med på å gi eit betre grunnlag for avgjerd når ein skal utforme den framtidige arealbruken i kommunen.

Ei grovkartlegging som denne, syner areal der meir detaljerte undersøkingar må gjerast ved eventuell endra arealbruk. Krav om kartlegging av risiko- og sårbarheit for alle utbyggingsområde er nedfelt i plan- og bygningslova § 4-3.

Kartlegginga er utført av utviklingsavdelinga i kommunen i samarbeid med ressurspersonar innanfor ulike fagområde. Dette er første gangs samla kartlegging av risiko og sårbarheit i kommunen. Kartlegginga skal oppdaterast etter kvart som ny kunnskap kjem til og nye erfaringar vert gjort og som eit minimum skal ROS-analysen gjennomgåast og vurderast i tilknytning dei faste rulleringane av arealdelen av kommuneplanen. Behovet for oppdatering av ROS-analysen vil for øvrig kunne vurderast i tilknytning til den årlege behandlinga av den kommunale planstrategien.

**Herøy kommune  
utviklingsavdelinga**



## Metode

Temaheftet *Samfunnssikkerhet i plan- og bygningsloven – Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB 2011)* gir viktige føringer for kartlegginga. Rettleiaren *Geografiske informasjonssystem (GIS) i samfunnssikkerhet og arealplanlegging (DSB 2006)* har vore brukt som mal for gjennomføringa. Tema og oppbygging av ROS-analysen byggjer i hovudsak på denne rettleiaren (sjå vedlagt ROS-sjekkliste). Analysen fokuserar på liv og helse.

I arbeidet med analysen er det henta informasjon om tilhøve som er kartfesta i ulike databasar og som inneber mogleg risiko ved utbygging. Vidare er ulike fagpersonar og fagmiljø nytta for å få fram lokal kunnskap om risikotilhøve. Kjeldene er vist i teksten.

Ein grovanalyse inneber at ein avdekkjer område med mogleg risiko. Denne informasjonen vert brukt i ROS-analysen og som der etter vert eit viktig grunnlag for arealplanlegginga så vel som for behandling av enkeltsaker i medhald av plan- og bygningslova.

Kartlegginga omfattar ikkje ei gradering av risikotilhøva. Ved utbygging innanfor risikoutsette område må det gjennomførast detaljkartlegging for å avdekke det meir nøyaktige omfanget av risikoen og for vurdering av moglege avbøtande tiltak.

Krav om kartlegging knytter seg i første rekkje til utbyggingsområda. I Herøy er det både forventa og ønskjeleg med eit visst innslag av spreidd busetjing. Grovanalysen dekker difor heile kommunen.

Kartlegginga omfattar risiko for hendingar som vil få følgjer for større grupper og som går utover ulykker som det vanlege hjelpeapparatet taklar tilfredsstillande.

For sårbare objekt innanfor natur, miljø og kultur vert det vist til registreringar og kartinformasjon som ligg i eksisterande databasar. Dette omfattar verneområde, biologisk mangfald, friluftsområde, kulturminne, verneverdige bygningar m.v. Då desse opplysningane ligg føre i eksisterande kart, både på internett og for nokre tema også i papirutgåve, vert det ikkje produsert eigne temakart i samband med denne ROS-kartlegginga. Dette er tema som likevel vil vere eit viktig grunnlag for all arealplanlegging og arealbruk i kommunen.

Temakart utarbeidd i samband med ROS-analysen vert lagra digitalt i kommunen sin kartbase og gjort tilgjengelege for aktuelle brukarar etter behov.



## NATURRISIKO

### Snø- og jordras

Basert på registreringar frå NGU sine skredkart ([www.skrednett.no](http://www.skrednett.no)) kan det reint generelt seiast at Herøy er svært lite utsett for snø- og jordras. Det er registrert berre 12-15 hendingar av denne type og dette har i all hovudsak skjedd i område der det ikkje bur folk. Eit par vegstrekningar har imidlertid frå tid til anna hatt nokre tilfelle av mindre ras/steinsprang. Dette gjeld FV 20 Kvalsvikstranda og FV 18 mellom Runde og Goksøy.

Det har imidlertid også frå tid til anna vore meldt om enkelttilfelle av steinsprang i eller i nærleiken av bustader. NVE har registrert fleire område i kommunen med potensiell fare for jordskred/steinsprang. På ei prioriteringsliste for nærare kartlegging (faresonekart) er eit område på Remøya gitt prioritet 1 medan ei strekning på Kvalsund/Koparstad er ført opp med prioritet 2.

I prioriteringa av område med potensiell fare for skred vert dette inndelt i 4 klasser avhengig av kor mange personar som kan tenkast å verte berørt av skredet.

	<b>Klasse 1</b>	<b>Klasse 2</b>	<b>Klasse 3</b>	<b>Klasse 4</b>
<b>Antal personar</b>	>25	6-25	1-6	0-1

Klassifisering av skred.

<b>Kommune</b>	<b>Antal område klasse 1</b>	<b>Antal område klasse 2</b>	<b>Antal område klasse 3</b>	<b>Antal område klasse 4</b>
<b>Herøy</b>	7	15	15	3
<b>Ulstein</b>	6	9	11	3
<b>Hareid</b>	4	7	6	2

Oversikt over område med potensiell fare for skred i Herøy samt tilsvarande oversikt for kommunane Ulstein og Hareid.

Trass i den generelle oppsummeringa som vist til ovanfor, kan historiske data fortelje om 4 omkomne som følgje av ras og steinsprang i perioden 1770-1928, 1 som følgje av steinsprang/ras på Løset i 1770, 1 som følgje av sørperas på Leikong i 1897 og 2 omkomne som følgje av steinsprang/ras på strekninga Runde – Goksøyra tidleg på 1900-talet. I nyare tid er det imidlertid ikkje meldt om omkomne eller skadde i denne type ulykker.



Dei seinare års klimaendringar med raske temperatursvingingar kombinert med mykje nedbør og snøsmelting har imidlertid resultert i at flaumras med jord og stein, snø og vatn har vorte meir vanleg og også at dette har skjedd i område som tidlegare ikkje vart vurdert som rasutsett. Dette kan sjølvstgå også gjere seg meir gjeldande i Herøy i tida som kjem sjølv om avgrensa snømengder og små nedslagsfelt også her reduserar denne faren samantlikna med til dømes kommunar i indre fjordstrøk. I NVE sin *Delrapport jordskred og flomskred 2012* er for øvrig Møre og Romsdal eitt av dei fylka der det ikkje er forventta nokon auke i skredhyppigheita.

Gjennom planlegging av og tilrettelegging for nye utbyggingsområde må ein imidlertid uansett søkje å minimalisere risikoen sjølv om den er liten i utgangspunktet. Dette vil i hovudsak måtte skje i lokalt avgrensa område som vert vurdert å kunne vere utsett for denne type hendingar og då gjennom krav om naudsynt dokumentasjon før byggetiltak kan setjast i verk.

## Ustabil grunn

Naturgjevne tilhøve gjer at det i Herøy kommune ikkje er registrert nemneverdige område med ustabil byggegrunn. Generelt er område med marine avsetjingar potensielle risikoområde grunna høgt leirinnhald. I Herøy finn ein marine avsetjingar i store deler av dei bebudde strandområda, med dette består i all hovudsak av sand og grus (NGU Kvartergeologisk kart Herøy). Det er ikkje kjende forekomstar av kvikkleire i Herøy.

Dei øvrige landområda består i stor grad av bart fjell og fjell med tynt dekke. Lokalt kan det vere betydelege innslag av til dels djup myr. Dette er imidlertid kjende forhold der massene uansett må utskiftast eller stabiliserast i tilknytning til evt. utbyggingar og det representerar såleis ikkje noko usikkert faremoment.

Hovudkonklusjonen er såleis at det i Herøy er få innslag av ustabil byggegrunn. Ein må likevel vise vise aktsemd der kvartærgeologiske registreringar syner marine avsetjingar og gjere naudsynte lokale vurderingar av grunntilhøva i samband med planlegging og utbygging av desse områda.

## Flaum

NVE har ikkje kartlagt særskilde flaumutsette vassdrag i Herøy og kommunen er heller ikkje med på noko prioriteringsliste for vidareført flaumsonekartlegging i Møre og Romsdal.

Reint generelt kan det vel seiast at vassdraga i Herøy er små grunna avgrensa nedslagsfelt/tilrenningsområde og kort avstand frå kjelde til sjø. Utfordringane er såleis i hovudsak av lokal karakter og går på vassinntrenging i kjellarar m.v. i avgrensa område. Sistnemnde kan imidlertid like gjerne vere ein følgje av utbyggingar som ofte samlar vatnet og gir raskare avrenning.



Seinare års klimaendringar med aukande og meir intens nedbør gjer imidlertid at ein kan få aukande utfordringar også på dette området. Mykje av dette kan forebyggast gjennom planlegging av framtidige utbyggingsområde. Ei god rettesnor vil her vere å unngå utbyggingar for tett opp til vassdrag og samtidig sikre at desse fortsatt kan renne ope og fritt. Elver og bekkedrag som ved aukande nedbørsmengde kan vere flaumutsette, bør berre unntaksvis leggst i lukka rørleidningar.

## Stormflo/Bølgjepåvirkning

Ved springflo og storm kan vind og bølger presse vatn inn mot land og føre til store skader på bygg og tekniske installasjonar i utsette område. Høgast observerte vasstand i nyare tid er på om lag 2,1 meter over middelasstand (NGO kote 0).

Dei mest utsette områda, i alle fall i omfang, har ein i deler av Fosnavåg sentrum der ein viss del av gatenivået med tilhøyrande bygningsplan ligg mellom 2,0 og 2,5 moh. Einskildbygningar og bygningsgrupper og anlegg andre stader i kommunen er imidlertid også utsett. Det mest vanlege problemet her vil vere vassinntrenging i kjellarar og skade på vegar, tekniske anlegg og anna infrastruktur.

Eit spesielt verfenomen, som tidvis oppstår og som kan gjere ekstra stor skade på sjønære bygningar og anlegg og som for øvrig også gir beredskapsmessige utfordringar, kan oppstå når ein har hatt samanhengande sterk sørleg vind over ein lengre periode. Havet «bygg seg då opp» og ved plutselig dreining til nord- og nordvestleg vind kombinert med høg flo er nokre delar av kommunen særleg utsett. Ved 2 høve har ein slik versituasjon, som nemnt ovanfor, ført til betydeleg skade på Vågsplassen i Fosnavåg. Også hamnemoloar og nord- og nordvestvende område (eks. Goksøyra) har fått merka følgjene av dette.

I tilknytning til orkanen Dagmar i romjula 2011 førte ein liknande versituasjon til at sjøen braut innover fyllingane i Herøybrusambandet og i ein periode stengde vegsambandet mellom ytre og indre del av kommunen.

	Havstigning (cm) 2050	Stormflo (cm) Relativt NN 1954	Havstigning (cm) 2100	Stormflo (cm) Relativt NN 1954
Kommune	Min./maks.	Min./maks.	Min./maks.	Min./maks.
Herøy	14/36	207/229	52/107	249/304
Ålesund	14/36	212/234	51/106	254/309
Bergen	15/37	178/200	53/188	221/276
Trondheim	-1/21	246/268	22/77	274/329

Tabell over forventede havnivåstigning og stormflo for Herøy i 2050 og 2100 og samanlikna med 3 utvalde byar langs kysten. Utgangspunkt for samanlikninga er 2000 og tala er henta frå *Estimater av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner, DSB/Miljøverndep 2009*. NN1954 er normalnull målt i 1954 og repr. nullnivået (NGO kote 0) i dagens landkart.





Som følge av klimaendringar er det forventa ei havnivåstigning i storleiksorden 0,70 meter fram til år 2100. Dette vil naturleg nok auke dei utfordringane ein her talar om. Framtidige problem kan neppe fullt ut løysast/forebyggast, men problemomfanget kan reduserast ved at det i plan- og utbyggingssamanheng vert stilt vilkår om minimumsnivå for bygningar, vegar, kaianlegg m.v. I tillegg til dette bør det også vurderast strengare konstruksjonskrav når det gjeld vegar/bruer og kaier.

Det vert i denne samanheng tilrådd at ny sentrumsbebyggelse inkl. kaier ikkje vert etablert lavare enn NGO kote 2,6 og at minimumsnivået for ny busetnad, vegar og bruer vert sett til NGO kote 3.



Tar høgde for framtidig havnivåstigning.

## Aknes/Tafjord

Flodbølgeproblematikken knytta til evt. ras frå Aknes/Tafjord er eit sentralt og alvorleg tema for kommunane langs Storfjorden og det vil også kunne få konsekvensar for kommunar litt lenger ut mot kysten. For Herøy sitt vedkomande vil imidlertid ikkje konsekvensane av ei slik hending vere av eit slikt omfang at det gir grunnlag for særskilde tiltak.

## Vind

Vind gjer frå tid til anna skade på bygningar, infrastruktur og vegetasjon i Herøy. I tillegg kan det ofte føre til følgjeproblem som til dømes bortfall av straum i lengre periodar, svikt i telekommunikasjon og liknande.


Alle bygg skal vere dimensjonerte for å kunne stå imot pårekneleg vindlast. Byggforsk har utarbeidd berekningsmetodar for dette. Metoden baserer seg på



kjennskap til terreng og bygningar kring byggeområdet samt ei utrekna referansevindhastigheit. Referansevindhastigheit er definert som vindhastigheit over 10 minutt, 10 meter over eit flatt landskap med spreidde små bygg eller tre i vid omkrins. Det er utrekna referansehastigheiter for samtlege kommunar i landet og desse varierar frå 22 m/s til 31 m/s. For Herøy er denne referansehastigheita 31 m/s (Byggforsk – Byggdetaljblad 471.043).

Full storm er rekna frå 24,5-28,4 m/s medan vindhastigheiter over 32,6 m/s i ein samanhengande periode på minst 10 minutt er definert som orkan. Dei kraftigaste og mest kjende orkanane i nyare tid er vel nyttårsorkanen i 1992 og orkanen Dagmar i romjula 2011. For førstnemnde orkan vart det målt vindstyrke på 65 m/s. Under orkanen Dagmar hadde Svinøy målingar på over 40 m/s basert på definisjonen som nemnt ovanfor og med vindkast på opptil 50 m/s.

Det er ikkje mogleg å gardere seg heilt mot skader som følgje av sterk vind/orkan, men skadeomfanget kan reduserast gjennom fornuftig planlegging. I dette ligg mellom anna at ein unngår å legge til rette for busetnad på område som erfaringsvis er ekstra vindutsette og at til dømes straumliner vert lagt i kabel i staden for luftline på særleg verharde strekningar. På eit meir detaljert nivå er det sjølvsagt viktig at dei einskilde bygningane vert oppført med ein standard som minst følgjer krava i gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer.



Stille før stormen?

## Skog- og lyngbrann

Herøy har avgrensa areal, lite skog og ofte kort veg til sjø. I følgje statistikk frå brannvernet er det ikkje område i kommunen som er ekstraordinært utsett for brannfare knytta til skog- eller lyngbrann. Dette var kanskje ei større utfordring tidlegare og skjedde ofte ved at det som starta med avsviing av tørrgras m.v. spreidde seg og kom ut av kontroll. Det har også tidvis vore ein del brannar og



---

branntilløp som følgje av nyttårsrakettar. Med strengare regelverk her er imidlertid heller ikkje dette noko stort problem.

Slik brannvernet vurderar det er det ikkje noko byggeområde som er utsett for spesiell risiko grunna høg skog- og lyngbrannfare. Ein viser elles til generelle reglar om forbod mot bruk av open eld i naturen i perioden 15. april til 15. september og til at brannvernet har ein rimeleg god kontroll på bålbrekking m.v. også i dei øvrige delane av året.

## Radon

Norge er eit av dei landa i verda som har dei høgaste radonkonsentrasjonane i inneluft. Dette er grunna i både geologiske tilhøve, klima og måten vi bygg husa våre på. Radonkonsentrasjonane varierer med berggrunn- og lausmassetilhøva. Radongass trengjer inn i hus gjennom utette punkt i grunnmuren og kan gi auka konsentrasjonar i innelufta. Grenseverdien for radoninnhald i inneluft er 200 Bq/m<sup>3</sup>. (Statens strålevern)

Det foreligg inga systematisk kartlegging av radonnivået i Herøy. Det har imidlertid ein periode no vore utsett måleutstyr i ein del bygningar fordelt omkring i kommunen. Alle målingane viser radonkonsentrasjonar langt under fastsett grenseverdi og ein kan såleis legge til grunn at dette problemet er fråverande eller i alle høve relativt lite. For øvrig viser ein til krava i TEK 10 når det gjeld spørsmål om tiltak/evt. målingar for nye bygg.



## **VERKSEMDRISIKO**

### **Verksemder med fare for brann eller eksplosjon**

Dette gjeld risiko knytta til bruk og lagring av eksplosivar, brannfarlege varer, gass, m.v. Det er pr. dato ikkje etablert ammunisjonslager i kommunen, men ulike entreprenørar har eigne godkjente lager for sprengstoff. Nokre industribedrifter brukar gass i produksjonen og har enten flaskelager eller tanklager, men ein er ikkje kjend med at dette skjer i særleg stort omfang.

Det er vidare 5 bensinstasjonar i kommunen, 1 i Fosnavåg, 2 på Myklebust/Eggesbønes, 1 i Tjørvåg og 1 på Leikong. YX på Myklebust har dessutan LPG-anlegg medan stasjonen i Fosnavåg også leverer drivstoff til båtar.

Ein er ikkje kjend med at det i kommunen har skjedd ulykker knytta til drivstofflager eller andre eksplosivar i kommunen dei seinare år. Reint generelt gjeld imidlertid uansett kravet om auka aktsemd ved planlegging av endra arealbruk nær slik industri/næringsverksemd som her omtala.

### **Verksemder med fare for kjemikalieutslepp eller anna akutt forureining**

Ei rekkje bedrifter i kommunen brukar og lagrar ammoniakk til bruk i produksjonen. Den klart største er Marine Harvest på Eggesbønes medan dei øvrige er lokalisert til Fosnavåg og Moltustranda. Marine Harvest nyttar i tillegg ei rekkje ulike kjemikalier i produksjonen som kan få uheldige konsekvensar ved feil bruk eller om det kjem på avvegar. Bedrifta har eige industrivern.

Inga bedrift i kommunen er pr. dato registrert omfatta av storulykkeforskrifta. Ved planlegging av nye tiltak i nærleiken av verksemder som brukar/lagrar ammoniakk, må det gjennomførast meir detaljerte risikovurderingar og evt. etablerast avbøtande tiltak dersom risikoen vert vurdert til å vere for høg. Tilsvarande gjeld for bruk av ulike kjemikalier der feil bruk eller stoff på avvegar kan få uheldige og/eller farlege konsekvensar.

### **Landtransport av farleg gods**

Transport av farleg gods representerer ein fare i trafikkbildet. Ulykker kan også få konsekvensar utover det trafikkmessige, til dømes ved forureining av drikkevasskjelder, spreining av giftige gassar m.v.


Det er vanskeleg å ha nokon fullgod oversikt over kva som vert transportert på vegane i kommunen, men det er nærliggande å rekne med at hovudtyngda består av



drivstofftransportar (bensin, diesel og fyringsprodukt) til bensinstasjonane i kommunen og forsyningar av ammoniakk til fryse- og kjøleindustrien.

Ei anna utfordring kan vere stykkgodsbilar med innslag av farlege stoff inn imellom alt det vanlege og der ein såleis ikkje vil ha tilstrekkeleg informasjon om kva ein handterer i tilfelle det må aksjonerast på ei ulykke.

I hovudsak vil naturleg nok transport av farleg gods vere knytta til hovudvegnettet i kommunen, dvs. FV 654 og FV 61. Usikkerheita på omfang av og type transport er kanskje størst når det gjeld FV 61 der gjennomgangstrafikken nord/sør går. Det er dei seinare ikkje registrert ulykker av noko omfang når det gjeld transport av farleg gods i kommunen.



Sats på sikker transport.

## Forureina grunn

Det er eit mål for miljøvernstyresmaktene at spreiring av miljøgifter frå forureina grunn skal stansast eller reduserast vesentleg. Med spreiring meiner ein både avrenning til omkringliggande område og eksponering for menneske og dyr som oppheld seg på forureina grunn og planter som er lokalisert der.

Gamle fyllplassar og industritomter er særleg utsett for forureining frå ulike miljøgifter. Ved endra arealbruk må det visast særleg aktsemd der det er registrert eller er mistanke om forureina grunn.

I Fylkesmannen sin database om grunnforureining ([www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)) er det i Herøy er det registrert 4 lokalitetar med forureina grunn, alle med status som mistanke om forureining. Dette gjeld følgjande lokalitetar:

- A/S Vestsink
- Eggesbøvalen
- Fosnavågmyra
- Voldnes Skipsverft



Vestsink er lokalisert på Gurskøya og her gjeld det forureining som følgje av arbeid med galvanisering m.v. Arealet er i kommuneplanen vist som industriområde.

Eggesbøvalen og Fosnavågmyra er tidlegare kommunale fyllplassar. På Eggesbøvalen er det i dag kommunal verkstad og brannstasjon, avfallsmottak og utandørs lagerområde. Arealet er i kommuneplanen vist som offentleg område. I Fosnavågmyra viser kommuneplanen friområde/park. Det er imidlertid under planlegging ny innfartsveg til Fosnavåg sentrum som vil gå over området.

For lokaliteten Voldnes Skipsverft innst i Fosnavåg hamn gjeld det forureining som følgje av den tidlegare skipsbyggingsaktiviteten i området. Skipsverftet er for lengst nedlagt og arealet vert i dag nytta som base for eit fiskebåtreiarlag. Arealet er i kommuneplanen vist som industriområde.

Forureiningane på desse lokalitetane er vurdert til ikkje å representere nokon stor fare slik dei ligg i dag. Ved arbeid på områda gjennom byggetiltak, endra arealbruk m.v. må det imidlertid gjerast undersøkingar som grunnlag for planlagde tiltak for å hindre evt. spreiding/eksponering av miljøgifter.

Det pågår i desse dagar arbeid med ein reguleringsplan for Fosnavåg hamn med sikte på mellom anna å førebu ei utdjuving av det indre hamnebassenget. Dette tiltaket, som skjer i samarbeid mellom Kystverket og kommunen, vil omfatte fjerning og sikker deponering av mest mogleg av dei forureina botnsedimenta i hamna. I samband med kartlegginga av miljøstatusen innanfor Søre Sunnmøre vassområde ([www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)) er miljøtilstanden i Fosnavåg hamn vurdert som moderat.

Tilsvarande vurderingar (moderat miljøtilstand) er gjort når det gjeld sjøområda frå Måløya/Eika til Djupvika og frå Myrvågneset til Røyra, avgrensa mot Notøya i vest. For det mellomliggende sjøområdet, frå Djupvika via Dragsund til Myrvågneset, er miljøtilstanden vurdert som svært dårleg.

Også tilstanden i Straumane, frå Mjølstadnesvegen til Leinevika, er vurdert som svært dårleg medan tilstanden i den sørlege delen mot Eggesbøvågen er vurdert som moderat.

For dei øvrige sjøområda i kommunen er miljøtilstanden vurdert til å vere god. Målsetjinga for arbeidet som vist til ovanfor er at alt vatn, på sjø og land, skal ha ein god miljøtilstand innan 2021.

## **Dambrot**

Dammar kan representere ein fare for liv og helse. Ut frå konsekvensane som kan følgje av eit dambrot, har NVE delt dammane inn i 4 klassar. Fleire ulike moment har betydning når det gjeld vurdering av konsekvensklasse. Dette går nærare fram av tabellen på neste side.



Konsekvens-klasse	Bustadeiningar	Infrastruktur, samfunnsfunksjonar	Miljø og eigedom
4	Over 150		
3	21-150	Skade på sterkt trafikkert veg, jernbane eller annan infrastruktur med spesielt stor betydning for liv og helse.	Stor skade på spesielt viktige miljøverdiar eller spesielt stor skade på framand eigedom.
2	1-20	Skade på middels trafikkert veg, jernbane eller annan infrastruktur med stor betydning for liv og helse.	Stor skade på viktige miljøverdiar eller stor skade på framand eigedom.
1	Midlertidig opphaldstad tilsv. < 1 permanent bustadeining	Skade på mindre trafikkert veg eller annan infrastruktur med fare for liv og helse.	Skade på miljøverdiar eller framand eigedom.

Dammar, der evt. dambrot er forutsett å medføre mindre konsekvensar og som såleis ikkje kjem inn under klassifiseringa ovanfor, vert plassert i klasse 0. Krav til sikkerheit er regulert gjennom damsikkerheitsforskrifta og, for dammar i klasse 0, også i Lov om vassdrag og grunnvatn.

I arkiva til NVE er det innmeldt/registrert 3 dammar i Herøy, alle tilhøyrande Herøy Vasslag. Svartevatn og Vikevatn er plassert i klasse 2 medan Igesundvatn er plassert i klasse 1. Det er i tillegg til dette fleire damanlegg som ikkje er meldt inn til NVE sitt register. Desse damanlegga vert for øvrig heller ikkje vurdert til å representere nokon stor risiko slik dei i dag ligg, men det er uansett dameigar si plikt å melde inn sine dammar til NVE sitt register, jfr. Forskrift om sikkerheit ved vassdragsanlegg.

Etter forespørsel understrekar NVE at kommunen ikkje må ta omsyn til dammane med tanke på kva arealet skal nyttast til. Dersom områda nedstraums vert utbygt kan dette medføre at konsekvensklassene på dammane vert høgare og ein vil kunne få strengare tekniske krav til dammane. Det er dameigar som må ta omsyn til konsekvensane av eit dambrot og ikkje dei som disponerar arealet nedstraums. Som konklusjon kan oppsummerast at det ikkje ligg føre spesielle restriksjonar på arealbruken innanfor flaumsonene knytta til dei ulike damanlegga i kommunen, men at etablering av nye tiltak bør vurderast opp mot risiko.

## Elektromagnetiske felt

Elektromagnetiske felt og mogleg risiko knytt til desse har over lengre tid vore utgangspunkt for diskusjonar. Risikoen varierer avhengig av spenningsnivå og



straumstyrke, avstand til objektet og eksponeringstid. Magnetfelt vert målt i mikrotlesla ( $\mu\text{T}$ ). Internasjonal forskning har vist at det er ein mogleg auka risiko for at barn som veks opp i bustadar der magnetfeltet er over 0,4 mikrotlesla, utviklar leukemi (NVE/Statens Strålevern).

Det ligg ikkje føre nasjonale forskrifter som gir grenseverdiar for eksponering frå elektromagnetiske felt (Strålevernshefte nr. 22). Eit generelt krav er at all eksponering skal haldast så lav som mogleg (Strålevernforskrifta).

Dersom nyetableringar medfører magnetfeltnivå over 0,4 mikrotlesla for berørte bygg, skal forebyggjande tiltak utgreiast nærare (NVE og Statens Strålevern – Bebyggelse nær høyspentanlegg). Statens Strålevern har tilrådingar om generelle avstandskrav som må oppfølgjast dersom det elektromagnetiske feltet skal reduserast til under 0,4 mikrotlesla. For ei 132 kV-line er denne avstanden 35-40 meter, for ei 66 kV-line er avstanden 20-25 meter og for ei 22 kV-line 15-18 meter.

Herøy har ikkje 132 kV-liner innanfor sine grenser. Hovudlina frå Håheim (i Ulstein) til Elsebø sekundærstasjon samt lina over Leikongeidet frå Djupvik mot Sande og lina frå Tjørnvåg til Moltu sekundærstasjon er på 66 kV. Det øvrige interne hovudfordelingsnettet i kommunen er på 22 kV. For ny busetnad og annan sårbar aktivitet nær kraftliner må det takast omsyn til mogleg strålingsfare ved at naudsynte tryggleiksavstandar vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

## Trafikkfare

Trafikkmengde og talet på ulykker heng saman og trafikkbiletet er vidare i stor grad eit resultat av arealbruksmønsteret. På lang sikt er såleis arealplanlegging eit viktig verkemiddel for styring av trafikkstraumane og indirekte også med tanke på reduksjon av trafikkulykkene. Herøy vedtok sin første trafikktryggingsplan i 2002. Denne vart rullert i 2009 og no er arbeidet i gang med ei ny rullering av planen for perioden 2013-2016. Gjennom handlingsprogrammet i planen vert det lagt opp til ei rekkje tiltak med formål å redusere både talet på ulykker og skadeomfanget for dei einskilde ulykkene.

I følgje statistikk frå Statens Vegvesen er det i perioden 2004 – 2011 (8 år) registrert i alt 106 trafikkulykker i Herøy, noko som tilseier eit gjennomsnitt på 13 trafikkulykker pr. år. Over halvparten av ulykkene har funne stad på FV 654. Resten av ulykkene fordeler seg i hovudsak på FV 61, FV 10, FV 16 og FV 18 forutan at det også er registrert spreidde einskildulykker på det kommunale vegnettet og den resterande delen av fylkesvegnettet. I alt 156 personar er registrert som skadde eller drepne i dei ovannemnde ulykkene. Desse fordeler seg på 2 drepne, 15 hardt skadde og 139 lettare skadde.

Sett i ein trafikktryggjingsamanheng vil målet for den overordna arealplanlegginga måtte vere å fremje ein arealbruk som reduserar den samla bruken av bil og som dessutan legg grunnlaget for ein rasjonell og effektiv kollektivtransport. Det må imidlertid leggjast til at trafikktryggleiken også vil vere avhengig av at vegnettet vert drifta og vedlikehalde på ein tilfredsstillande måte.





## Støy

Problemstillinga er i hovudsak knytta til vegtrafikkstøy langs hovudvegane i kommunen. I særleg grad gjeld dette FV 654 på Bergsøya, men også langs øvrige delar av FV 654, langs FV 61 og der dei andre fylkesvegane går gjennom tettstadar må ein vere merksam på utfordringane. Støysonekartet for Herøy byggjer på Statens Vegvesen sitt støysonekart for hovudvegnettet i fylket. Dette er for øvrig basert på trafikkprognoser for 2030 og er utført i samsvar med retningslinene i T-1442.

## Skipsfart

Ei rekkje viktige farleier går gjennom kommunen eller langs kysten av kommunen, noko som samla utgjør ein betydeleg skipstrafikk. Berre hurtigruta med sine daglege anløp på Herøyterminalen representerar det ein kallar regulær trafikk. Det alt vesentlege av den interne trafikken består av fiske- og offshorbåtar til/frå hamn eller med sikte på lossing/lasting. I tillegg kjem trafikken utanfor kysten.

Trafikken til sjøs inneber også i varierende omfang transport av farleg gods. Samla sett representerar dette sjølvstøtt ein viss fare for uhell og ulykker, både direkte og meir indirekte i form av potensielle forureiningsproblem m.v.

Herøy kommune inngår i Sunnmøre IUA (Interkommunalt Utval mot Akutt forureining). Kommunen har gjennom dette samarbeidet, men også med basis i forureiningslova, førstelinansvaret for å aksjonere med sikte på å forhindre eller redusere følgjeskadene ved eit evt. skipsuhell. Ved større og meir omfattande uhell vil IUA eller evt. Kystverket (Staten) overta aksjonsansvaret. Eit viktig forebyggande tiltak vil her vere sikre og godt merka farleier og kommunen må til ei kvar tid søkje å påverke Kystverket, som ansvarleg for sikring og merking, til naudstnt oppgradering av farleiene.



På veg inn på Fosnavåg hamn.



## Terror

Dei seinare tids hendingar har gjort det klart at terror og sabotasje i høgste grad også vil vere påreknelig i Norge. Dette kan skje både gjennom direkte aksjonar og meir indirekte gjennom skade på viktige infrastrukturtiltak som i neste omgang får følgjer for folks liv og helse.

I følgje PST vil det viktigaste ein her kan gjere på lokalplanet, rett og slett vere å ta problemet på alvor og å registrere og om naudsynt varsle forhold der det er misstanke om grobotn for uakseptable aktivitetar.

Offentlege bygningar, teknisk infrastruktur og viktige bedrifter kan reint generelt klassifiserast som sårbare objekt. Det er såleis viktig å ha gode rutiner for sikring, drift og vedlikehald av slike objekt. Ved planlegging av nye tiltak i nærleiken av sårbare objekt bør det dessutan gjennomførast meir detaljerte risikovurderingar.

I Herøy er 3 hamner, Herøyterminalen, Mjølstadneset og Fosnavåg (Fosnavaag Pelagic AS), godkjende som ISPS-hamner (International Ship and Port facility Security). Dette inneber at det for anløp av skip med ISPS-sertifikat, dvs. skip som trafikkerar utanriks, skal gjennomførast visse tryggjingsrutiner. Ved vanleg innanriks trafikk/kystfart har statusen ingen konsekvensar.



## **BEREDSKAPSTILTAK**

### **Utrykningstid**

Det er utarbeidd eiga ROS-analyse for brannvernet. Av denne går det fram at alle ytterpunkta i kommunen kan nåast innanfor ei innsatstid på 30 minutt. Tek ein utgangspunkt i utrykning frå næraste brannstasjon (Fosnavåg eller Myrvåg) vil innsatstida vere vesentleg kortare. Med grunnlag i samarbeidet mellom ambulansetenestene i regionen, er også utrykningstidene for ambulanse fullt ut innanfor det akseptable.

### **Sløkkevasskapasitet**

Av ROS-analysen for brannvernet går det vidare fram at tilgangen på sløkkevatn i all hovudsak er god, med at det finns deler av kommunen utan utbygde vassverk som ved stort vassbehov vil vere avhengig av tilførsel frå tankbil. Dette gjeld i hovusak Runde, Bø/Sande og indre del av Leikong (Jøsok/Voldnes).

## **Samandrag og konklusjon frå ROS-analyse for brannvernet**

Risiko- og sårbarheitsanalysen for Herøy brannvern er meint å skulle gi eit bilete av risikosituasjonen på dei område som direkte eller indirekte kjem inn under brannvernet sitt ansvarsområde. Målet er å få dokumentert om dagens beredskap er tilfredsstillande for å kunne handtere dei ulike pårekna hendingane samt å avdekke område der risikoen som følgje av pårekna hendingar vert vurdert å vere for høg.

Ulike avdekka risikoforhold vil imidlertid også kunne nyttast som grunnlag for avgjerder som må takast på alle nivå i kommunen og forøvrig gi nyttige innspel til kommunen sitt planleggingsarbeid.

ROS-analysen omfattar ikkje store og omfattande hendingar som flystyrt, skipsbrannar og –havari i rom sjø, grunnstøytingar og liknande, det vil i prinsippet seie hendingar der andre organisasjonar (regionale og sentrale) er forutsett å ha beredskapsansvaret. Brannvernet vil sjølv sagt også her delta med delinnsats så langt dette er mogleg både direkte og i samband med følgjekonsekvensar av dei ulike hendingane.

Ein sær sars aktuell følgjekonsekvens i samband med hendingar på sjø vil i denne samanheng kunne vere akutt forureining. Her har kommunen i utgangspunktet førstelineansvaret, men ved større aksjonar vil Sunnmøre IUA eller evt. statleg beredskap kome inn som hovudansvarleg.



Kommunen har vedteke ein kommunal delplan for denne akuttberedskapen som tilsluttar seg beredskapsplanen for Sunnmøre IUA og det vert lagt til grunn, med basis i øvingar og erfaring frå tidlegare aksjonar, at brannvernet her dekkjer sine ansvarsområde på ein tilfredsstillande måte.

ROS-analysen omfattar heller ikkje direkte hendingar knytta til ras, flaum, ekstremver og liknande sjølv om brannvernet naturleg nok også her vil yte innsats. Dette er imidlertid samansette hendingar som vil krevje innsats gjennom koordinering av eit breidt spekter av kommunale tenester og som difor er forutsett dekt gjennom ein samla kommune-ROS.

I den konkrete risikokartlegginga som følgjer hovudrapporten, har ein gjort eit utval av objekt innanfor ulike kategoriar. Det er her lagt vekt på å velje objekt som er forventa å ha høgast risiko utifrå samla vurderingar basert på type objekt, innsatstider, tilgang på sløkkevatn, tilgang på eigna utstyr m.v. Tankegangen her er naturleg nok at dersom dei forutsett «vanskelegaste» objekta har akseptabel risiko, så vil ein også kunne handtere objekt med lavare risiko på ein tilfredsstillande måte.

Med tilvising til ovannemnde har ein i analysen konkludert med at ingen objekt vert vurdert å ha uakseptabel risiko, dvs. at dei hamnar i raud sone i risikomatrissa. Fleire objekt hamnar imidlertid i gul sone, der risikoen i utgangspunktet kan seiast å vere akseptabel, men der det likevel bør vurderast iverksetjing av evt. avbøtande tiltak. Spesielt gjeld dette objekt som vert vurdert å ligge tett opptil raud sone.

I lys av det som her er nemnt og som ein avsluttande konklusjon med basis i gjennomførte risikovurderingar kan ein peike på følgjande område der det vil vere naturleg å vurdere moglege risikoreducerande tiltak:

- **Skaffe utstyr som er egna for brannsløkking og redning av personar frå store høgder.**
- **Tilføre frigjeringsutstyr til Myrvåg stasjon slik at ein reduserar innsatstida i samband med trafikkulykker i indre del av kommunen.**
- **Skaffe til veges og øve på bruk av utstyr for overflateredning av personar på vatn og is.**



## SÅRBARE OBJEKT

### Natur

I Herøy kommune er det oppretta følgjande 5 naturreservat:

- Goksøyrrmyrane
- Myklebustvatnet
- Tjørvågosen
- Muleneset
- Svinøya

Samla areal for dei ovannemnde naturreservata er på om lag 2200 da. Når det gjeld andre kategoriar av verna naturområde har ein følgjande:

- Runde – dyrefredingsområde
- Stokksund/Blikkvågane – dyrefredingsområde
- Runde – dyrelivsfreding

Førstnemnde gjeld 2 avgrensa område på vest- og austsida av Runde. Stokksund/Blikkvågane er sjøområda mellom Tjørvåg/Stokksund og Dimna i Ulstein kommune. Eit nærare avgrensa areal i Ulstein kommune inngår i det same fredingsområdet. Både Runde og Stokksund/Blikkvågane er i kommuneplanen vist som bandlagde område i medhald av naturvernlova.

Runde (dyrelivsfreding) gjeld eit større sjøområde på om lag 92000 da vest, nord og aust for Runde. Området dekkjer også sjøområde i Ulstein kommune inkl. Grasøyane.

Ut over dette ligg det også føre omfattande registreringar av naturtyper, artar og viktige kulturlandskap. Når det gjeld artar så omfattar dette både leveområde, beiteområde, trekkvegar og yngle-/hekkeområde. Kommunen har gjennomført registrering av biologisk mangfald (Jordal/Grimstad - rapport 2001). Offentleg tilgjengelege registreringar ligg i ulike databasar på nett, som til dømes:

- [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)
- [www.gislink.no](http://www.gislink.no)
- [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)

I tillegg ligg det føre registreringar av spesielt sårbare lokalitetar, særleg rovfugl som ikkje er gjort offentleg tilgjengelege.

Kommunen har 6 statleg sikra friluftsområde. Klubben/Toftestøa og eit område på sørsida av Notøya er badeplassar medan det på Runde og Leikongeidet gjeld det parkeringsplassar i tilknytning til friluftsområde, Dei 2 siste gjeld større område på Herøy (Herøy Gard) og Skorpa.



Viktige badeplassar, turstiar, m.v. er avmerka i *Turkart – Ytre Søre Sunnmøre*, eit samarbeidsprosjekt mellom kommunane Sande, Ulstein, Hareid og Herøy. Ein viser for øvrig også til Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Alle registreringane skal nyttast som grunnlag ved arealplanlegging i Herøy kommune. Eksisterande kartfesta registreringar vert nytta og det er difor ikkje utarbeidd egne temakart spesielt for ROS-analysen.

## Kulturminne

I Herøy er det registrert om lag 180 automatisk freda kulturminne (Riksantikvaren – Askeladden). Dei mest kjende av desse er vel funna av Kvalsundskipa på Nerlandsøy, hellerissingane på Rødskar på Gurskøya og gravrøysene på Løsetstranda mot grensa til Sande kommune. Funna er elles spreidde over alle strandflatene i kommunen, men med ein klar hovudkonsentrasjon langs Straumane mellom Bergsøya og Leinøya.

Gjennom SEFRAK-registeret har kommunen oversikt over eldre bygningar med kulturhistorisk verdi. Kartfesta registrering er mellom anna tilgjengeleg i offentlege databasar ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)). Registreringane skal nyttast som grunnlag ved all arealplanlegging i Herøy kommune. Eksisterande kartfesta registreringar vert nytta og det er difor ikkje utarbeidd egne temakart spesielt for ROS-analysen.

## Offentlege bygg

I Herøy kommune er det 10 barnehagar, 5 barneskular, 1 ungdomsskule, 1 kombinert barne- og ungdomsskule samt vidaregåande skule. Ut over dei offentlege skulane er det også ein privat barne- og ungdomsskule i Myrvåg. Kulturhus med idrettshall og badeland er etablert i tilknytning til idrettsområdet på Bergsøya.

Kommunen har 2 sjukeheimar, ein på Eggesbønes og ein i Myrvåg og det er også legekontor/helsestasjon på dei same 2 stadane. I tilknytning til begge sjukeheimane er det etablert omsorgsbustader og ein har for øvrig også ei rekkje andre omsorgsbustader til ulike målgrupper samt aktivitetssenter med lokalisering til Fosnavåg/Bergsøya.

I kommunen er det 3 kyrkjer, i Fosnavåg (Herøy kyrkje), i Stokksund (Indre Herøy kyrkje) og på Leikong (Leikanger kyrkje). Hovudbrannstasjonen ligg i Fosnavåg (Eggesbønes) medan bibrannstasjonen er lokalisert til Myrvåg. Rådhuset i Fosnavåg inneheld det alt vesentlege av kommuneadministrasjonen medan administrasjonen innan pleie og omsorg, bu og habilitering samt helse ligg i tilknytning til sjukeheimen/helsesenteret på Eggesbønes. Offentlege bygg er avmerka med eigen farge i kartmaterialet til ROS-analysen.



## Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar

Med unntak av nokre få avgrensa område er det stort sett god mobildekning (GSM) i heile kommunen. I følgje dekningskarta opererer leverandørane (Telenor og NetCom) med litt ulike dekningsgradar, men også dekninga for 3G (formidling av digitale data) er rimeleg god i dei bebygde delane av kommunen. Med tilvising til dei same dekningskarta er det imidlertid her visse problem i Goksøyra samt for eit avgrensa område i Torvik. 4G er enno ikkje på plass i Herøy.

Når det gjeld radio- og fjernsynssignal (dekningskart Norsk Televisjon, [www.ntv.no](http://www.ntv.no)) så er det god eller svært god dekning for store deler av kommunen. For ein del avgrensa område på Kvalsund, i Torvik, Tjørvåg, Dragsund og på Leikong er det imidlertid, i følgje det same dekningskartet, meir usikker/variabel dekning. Av tryggleiksomsyn er ikkje sendarar kartfesta i ROS-analysen.

Alle dei ovannemnde tenestene vil kunne falle bort ved straumbrot. Det kan i denne samanheng nemnast at Herøy kommune disponerar 3 satelitttelefonar som del av den kommunale beredskapen.

## Trafikknutepunkt

Hurtigruta med sine daglege sør- og nordgåande anløp ved Herøyterminalen i Torvik står for den einaste regulære sjøgåande trafikken i kommunen. I tillegg har terminalen anløp av ein del lastefarty.

Som viktige knute-/samlingspunkt for sjøgåande ferdsel må elles nemnast dei mange fiskerihamnene i kommunen, der dei viktigaste er Fosnavåg, Eggesbønes/Mjølstadneset, Kvalsund, Kvalsvik, Leinevika, Remøy og Runde.

Når det gjeld kollektivtrafikken på landsida er Fosnavåg og Myrvåg dei mest sentrale trafikknutepunkta/buskorrespondanseplassane. I tillegg til dette er det mindre buskorrespondanseplassar på Nærøya/Buholmkrysset og ved Stokksund skule.

## El-forsyning

Hovudforsyninga til Herøy skjer gjennom høgspenline frå Tussa/Ørsta via Håheim/Ulstein. I tillegg til dette er det no etablert ei forsyningsline frå Tafjord over Hareid og Ulstein. Sistnemnde line går også via Håheim. Begge forsyningslinene er på 132 kV.

Hovudlinene internt i kommunen, frå Håheim til Elsebø sekundærstasjon og frå Djuvpik over Leikongeidet mot Sande, er på 66 kV. Det er under førebuing ei ekstra forsyningsline (kabel) over Herøyfjorden frå Moltu til Eggesbønes. Det øvrige hovudforreiningsnettet i kommunen er basert på 22 kV-liner.



## Vegar, bruer, tunnellar

Hovudvegnettet i kommunen er i svært stor grad basert på brusamband utan alternative tilkomstmuligheter. Stokksundbrua og Herøybrua (FV 654) representerar einaste sambandet mellom ytre og indre del av kommunen.

Tilsvarende er Remøybrua (FV 18) einaste samband frå Leinøya til Remøya og Rundebrua einaste samband frå Remøya til Runde. Frå Bergsøya/Fosnavåg til Nerlandsøy og Kvalsvik er Nerlandsøybrua (FV 20) einaste sambandet medan det for Buholmbrua (FV 654) mellom Leinøya og Bergsøya vil det vere omkøyringsmulegheit via FV 17 over Gjertneset.

Det er 3 tunnellar på vegnettet i kommunen, Aurvågtunnelen (FV 654), Sævikttunnelen (FV 18) og Goksøyrtunnelen (FV 18). For den førstnemnde er det omkøyringsmulegheit via kommunal veg medan dette ikkje eksisterar for dei 2 øvrige tunnelane.

Eit sentralt vegsamband som må nemnast i tillegg til bruene og tunnelane, er innfarten til Fosnavåg sentrum over Skarabakken (FV 654), der det heller ikkje eksisterar alternative samband. Dette vil på noko sikt kunne sikrast med basis i den vedtekne reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg via tunnel.

## Drikkevassforsyning

Etter ein del samanslåingar dei seinare år er det no 6 vassverk i kommunen. Alle vassverka er private. Herøy Vasslag er det klart største og forsyner heile Bergsøya, Leinøya med unntak av Torvik/Bø/Sande og Remøya. Kjelde til vasslaget er Mørkevatnet via overføringsleidning over Herøyfjorden og med Vikevatnet som reserve-/naudkjelde.

Mørkevatnet er kjelde også for Moltustranda vassverk medan resten av Gurskøya, Tjørvåg, Myrvåg og Leikong, vert dekt av Stemmedal vasslag og med Stemmedalsvatnet som kjelde. Leidningsnettet til Stemmedal vasslag og Herøy vasslag er bunde saman med overføringsleidning frå Stokksund til Røyra.

For Nerlandsøy vassverk, som forsyner Kvalsund, Teige og Koparstad, og Kvalsvikøy vassverk, som forsyner Kvalsvika, er vassforsyninga basert på grunnvatn via borebrønner i fjell. Runde vassverk er eit mindre vassverk basert på tilsig frå overflatevatn og som forsyner dei sentrale delane omkring hamna. Øvrige deler av kommunen har vassforsyning frå enkeltbrønner eller mindre fellesanlegg basert på grunnvatn.

Nedslagsfeltet for Mørkevatnet, Stemmedalsvatnet og Vikevatnet er avmerka i kommuneplanen og med særskilde restriksjonar for bruken av areala. Utbygginga av vassverka skjer for øvrig i samsvar med Hovudplan for vassforsyninga i Herøy.





## Avløpsinstallasjonar

Det er i dag 15 kommunale kloakkutslepp i kommunen. Utsleppa går til sjøresipientar som mellom anna Herøyfjorden, Holmefjorden, Leinevika, Tjørvåg, Dragsund og Leikong. Av dei ovannemnde utsleppa er 11 basert på felles slamavskiljarar og eitt har silanlegg (Fosnavåg). Kommunen har pr. i dag 3 utslepp som går ureinsa ut, men på eitt av desse (Eggesbønes) er ein i ferd med å bygge nytt silanlegg med forventta ferdigstilling i løpet av året. For eit anna av dei ureinsa utsleppa (Moltustranda) skal det etter planen etablerast slamavskiljar i løpet av 2014.

På leidningsnettet elles er det til saman 26 avløpspumpepestasjonar. Samla lengde avløpsleidningar er om lag 42 km. Dei siste 15 åra er det gjennomført utbygging og utskifting av leidningsnettet i betydeleg omfang, men det står framleis att ein del av det gamle nettet av betongleidningar (kombileidningar). Desse må utskiftast og erstattast med løysingar basert på separatsystem.

Ut over dette er det i kommunen om lag 1550 private slamavskiljarar. Drift og utbygging av kommunale avløpsanlegg skjer i samsvar med kloakkrammeplanen. Nye byggetiltak må anten knytast til eksisterande kommunalt nett eller søkje om separat utsleppsløyve. Separate løyve vert vurdert ut frå gjeldande krav i forureiningsforskrifta. Kommunen har eigne søknadsskjema for utsleppsløyve og for tilkopling til kommunalt avløpssystem.



## Kjelder:

### Litteratur/kartdata:

Byggforsk - Byggedetaljblad 471.043 2003 Vind/vindlast  
DSB - Samfunnssikkerhet i plan- og bygningsloven 2011  
DSB/Statens Kartverk - GIS i samfunnssikkerhet og arealplanlegging 2006, vedl. rev. 2011  
DSB – Håndtering av havnivåstigning i kommunal planlegging 2011  
DSB/Miljøverndep. – Estimerer av framtidig havnivåstigning i norske kystkommuner 2009  
DSB – Kommuneundersøkelsen 2012, status for ROS-arbeidet i kommunene  
2009-04-01 nr. 384: Forskrift om landtransport av farleg gods  
Norges Geologiske Undersøkelser (NGU) - Skredkart [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no)  
NGU - Kwartærgeologisk kart <http://geo.ngu.no/kart/losmasse>  
NGU - Berggrunnskart <http://geo.ngu.no/kart/berggrunn>  
NGU - Radonfare <http://www.ngu.no/no/hm/Geofarer/Radonfare>  
Fylkesmannen i M & R – Database om grunnforureining, [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)  
Fylkesmannen i M & R – Miljøtilstand i vassområde, [www.miljostatus.no](http://www.miljostatus.no)  
Herøy kommune (Jordal/Grimstad) – kartlegging av biologisk mangfald 2001  
Direktoratet for Naturforvaltning (DNF) – Områdeoversikt i naturbase, [www.dirnat.no](http://www.dirnat.no)  
NVE – Flaum- og skredfare i arealplanar  
NVE – Rettleiar, vedlegg 2 til Flaum- og skredfare i arealplanar  
NVE – Delrapport jordskred og flomskred 2011  
NVE – Aktsemdskart for steinsprang  
NVE - Forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg/retteiing til § 4.  
Riksantikvaren - Kulturminne [www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)  
Statens Strålevern - Forskrift for strålevern og bruk av stråling  
Statens Strålevern - Kartlegging av radon i 114 kommune. StrålevernRapport 2001:6  
Statens Strålevern - Strålevernshefte nr 22.  
Statens Strålevern og NVE - Bebyggelse nær høyspentanlegg. Informasjonsbrosjyre 2008  
Herøy kommune – Kommunedelplan for trafikktrygging 2009-2012 (Under revisjon)  
Herøy kommune – Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2011-2014  
Turkart – Ytre Søre Sunnmøre 1998  
ROS-analyse Herøy brannvern 2013  
Telenor - Dekningskart mobil.  
NetCom – Dekningskart mobil  
Norsk Televisjon - Dekningskart radio/fjernsyn, [www.ntv.no](http://www.ntv.no)



## Vedlegg A: Sjekkliste

### Sjekkliste for kommunale areal- og reguleringsplanar

**Viktig:** Denne sjekklista er ikkje komplett, men kan vere eit hjelpemiddel i den kommunale planprosessen vedk. risiko- og sårbarheitsforhold ved utarbeiding av arealplanar. Også andre forhold enn dei som her er oppført, vil kunne ha betydning for planarbeidet og sjekklista må tilpassast lokale forhold.

<b>Naturrisiko</b>	<b>Problemstillingar</b>
Skred/ras/ustabil grunn (snø, is, stein, leire, jord, fjell) Flom i vassdrag Stormflo Vind/ekstremnedbør	Er faren for ras, flaum, stormflo, vind og bølger så stor at areala ikkje bør utbyggast? Bør det stillast krav om spesielle tiltak ved bygging, for eks. sikring av kjellarar mot vassinntrenging? Vert det planlagt utbygging i område der vegnettet er utsett for ras eller flaum m.v. slik at busetnaden står i fare for å verte isolert i periodar? Vil ras utgjere nokon fare for planlagde kraftliner, hovudvassleidningar eller annan infrastruktur?
Skog-/lyngbrann	Er det område med fare for omkringliggende busetnad?
Radon	Vert det planlagt utbygging i område der det har vore registrert høge verdjar av radon i grunn/bygningar?
<b>Verksemdrisiko</b>	<b>Problemstillingar</b>
Verksemdar med fare for brann elles eksplosjon	Ved planar om utbygging i nærleiken av slike anlegg må risiko vurderast: Er ny utbygging i området forsvarleg? Vil ny utbygging i nærleiken avgrense eksisterande anlegg sine mulegheiter for vidareutvikling? Ved etablering av ny verksemd med brannrisiko: Er det busetnad i nærleiken med spesiell stor fare for brannspreiing (f.eks. tett trehusbebyggelse)?
Verksemdar med fare for kjemikalieutslepp eller anna akutt forureining	Er ny utbygging i nærleiken forsvarleg? Vil ny utbygging i nærleiken legge avgrensingar for eksisterande verksemd?
Transport av farleg gods	Vurdering av risiko i forhold til bygging nær veg, spesielt om det ligg føre tilleggsrisiko som skredfare eller høg hyppigheit av trafikkulykker. Spesiell vurdering i forhold til sårbare objekt som drikkevassforsyning eller helseinstitusjonar.
Avfallsområde, deponi, forureina grunn	Kan grunnen/sjøsediment vere forureina frå tidlegare bruk (f.eks. ved planlagt endra bruk av tidlegare industritomter)?
Dambrot	Dersom utbygging skjer i eit område som ligg innanfor ei dambrotssone, må NVE vurdere om dammen må forsterkast.
Elektromagnetiske felt	Vurdering av risiko ved planlagt lokalisering av bygg der menneske oppheld seg over lengre tid nær slike felt.
Trafikkfare	Er trafikktryggleiken vurdert? Vil nye utbyggingsområde gi auka trafikkbelastning på vegstrekingar som frå før har mange trafikkulykker?



<b>Verksemdrisiko, framhald</b>	<b>Problemstillingar</b>
Skipsfart	Vil farleier, straumforhold, vindeksponering m.v. kunne få innverknad i forhold til planar om sjønær utbygging? Vil utbygginga auke faren for utslepp av farleg last, oljesøl samt kollisjonar mellom skip og bygningar eller infrastruktur?
Spesiell fare for terror eller kriminalitet	Plassering av spesielt utsett verksemd i forhold til vanleg busetnad og spesielt sårbare objekt, f.eks. barnehagar.
<b>Beredskapstiltak av betydning for arealplanlegging</b>	<b>Problemstillingar</b>
Utrykningstid brannvern Utrykningstid ambulanse	Er nye utbyggingsområde og lokalisering av institusjonar vurdert i forhold til krav om utrykningstid?
Vasstrykksoner, tilgang på sløkkevatn	Sløkkevasskapasitet må vurderast ved planar om ny utbygging.
<b>Sårbare objekt</b>	<b>Vil planforslaget kunne gi auka risiko for:</b>
Natur	Naturvernområde, andre viktige naturområde, rekreasjons- og friluftsområde.
Kulturminne	Objekt/område med stor kulturhistorisk verdi.
Heise- og omsorgsinstitusjonar	Sjukehus, sjukeheimar, omsorgsbustader, skular, barnehagar.
Viktige offentlege bygningar	Administrasjonsbygg, bygg med viktige tekniske funksjonar.
Trafikkknutepunkt	Bussterminalar, hamner og hamneanlegg.
Ei-forsyning	Kraftverk, høgspenningsleidningar, trafoar, dammar m.v.
Tunnellar, bruer	Har ein alternative vegsamband?
Drikkevassforsyning	Vassverk, drikkevasskjelder, drikkevassinntak, nedbørsfelt, grunnvatn m.v.
Avløp	Leidningsnettverk, pumpestasjonar, renseanlegg, m.v.
Informasjons- og kommunikasjonsinstallasjonar	Fibernettnettverk, radio/TV-installasjonar.



## Vedlegg B: Kart

Til ROS-analysen er det laga 4 digitale kart. Informasjonen i karta er gruppert etter same inndeling som teksten i ROS-analysen, dvs. at følgjande temakart er laga:

- Naturrisiko
- Verksemdsrisiko
- Støyvarselkart
- Beredskapstiltak
- Sårbare objekt 1 og 2

Med unntak av temakart for Beredskapstiltak er alle karta produsert for heile kommunen. Årsaka til dette er at det ikkje ligg føre naudsynte grunnlagsdata for dei aktuelle beredskapstiltaka når det gjeld Gurskøy-delen av kommunen. Karta ligg føre i digital form. Storleik og detaljering gjer at karta ikkje er lagt ved tekstdelen som trykte kart. Karta er tilgjengelege i kommunen sine kartbasar med link:

O:\APPLIKASJONAR\1515\_\_ROS, og vil kunne trykkast opp i den målestokk og papirstorleik som høver i ein kvar plansituasjon.



**TEIKNFORKLARING**



Ikkje sløkkevatn



Stor avstand til sløkkevatn



Straumavhengig vasstrykk



Privat vassforsyning, ukjent kapasitet



**Herøy kommune**  
**ROS - analyse for Herøy kommune 2013**  
**Temakart - Beredskapstiltak**


Kartmålestokk 1:40 000 (A2)

0 500 1000 1500 m



PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

DATO	SIGN	SAKSBEH.
17.7.2013	AF	HR



ULSTEIN

SANDE

VOLDA

VANYLVEN


**TEIKNFORKLARING**

Jordartar	Historisk skredtype
Marin strandavsetting	Steinskred
Elveavsetting	Sneskred
Fareområde	Lausmasseskred
Havnivå stigning	Ukjent
Potensiell skredfare	

Kartmålestokk 1:40 000 (A1)

Herøy kommune  
**ROS - analyse for Herøy kommune 2013**  
 Temakart - Naturrisiko

PLANEN UTARBEIDET AV:	DATO	SIGN	SAKSBEH
Utviklingsavdeling	18.09.2013	AF	HR




**TEIKNFORKLARING**

- Helse/omsorgsbygning
- Offentleg/allmenntilgjengelig bygning
- Høgspente linje 22 kV
- Høgspente linje 66 kV
- Hurtigrutestrekning
- Nedslagsfelt for drikkevann
- Bru
- Tunnel
- Hurtigruta
- Trafikknutepunkt på land
- Trafikknutepunkt på sjø
- Avleipsanlegg

<p><b>Herøy kommune</b>  <b>ROS - analyse for Herøy kommune 2013</b>          Temakart - Sårbare objekt</p>	<p>Kartmålestokk 1:40 000 (A1)</p>						
PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga	<table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 33%;">DATO</td> <td style="width: 33%;">SIGN</td> <td style="width: 33%;">SAKSBEIL</td> </tr> <tr> <td>18.09.2013</td> <td>AF</td> <td>HR</td> </tr> </table>	DATO	SIGN	SAKSBEIL	18.09.2013	AF	HR
DATO	SIGN	SAKSBEIL					
18.09.2013	AF	HR					






**TEIKNFORKLARING**

- Kulturminne
- Naturreservat
- Dyrefredningsområde
- Dyrelivsfredning
- Statleg sikra friluftsområde

<b>Herøy kommune</b> ROS - analyse for Herøy kommune 2013 Temakart - Sårbare objekt 2	Kartmålestokk 1: 40 000 (A1) 			
	PLANEN UTARBEIDET AV:	Utviklingsavdelinga	DATO 17.7.2013	SIGN AF



ULSTEIN

SANDE

VOLDA

**TEIKNFORKLARING**

- Havnterminalen ISPS
- Bensinstasjon
- Utsleppspunkt
- Forureina grunn
- Dammar
- Fare for kjemikaliutslepp
- Moderat miljøtilstand
- Svært dårlig miljøtilstand
- Beregnet støy nivå 55-60 dB
- Beregnet støy nivå over 65 dB
- Høgspenningslinje 66 kV
- Høgspenningslinje 22 kV
- Farleier

**Herøy kommune**  
**ROS - analyse for Herøy kommune 2013**  
**Temakart - Verksendrisiko**

Kartmålestokk 1:40 000 (A1)

PLANEN UTARBEIDET AV: Utviklingsavdelinga

DATO	SIGN	SAKSBEH.
18.09.2013	AF	HR

Referatsaker

Referatsaker

---

**Fra:** postmottak  
**Sendt:** 3. september 2013 11:01  
**Til:** Arkiv  
**Emne:** FW: Høring av Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel

Helsing

**HERØY KOMMUNE**

Postmottak

7008 1300

[www.heroy.kommune.no](http://www.heroy.kommune.no)

<p><b>Fra:</b> Fredhjem Geir [mailto:Geir.Fredhjem@dss.dep.no] <b>Sendt:</b> 3. september 2013 08:29 <b>Til:</b> Kaldager Terje <b>Emne:</b> Høring av Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel</p>
--

**Til:**

Departementene  
Fylkesmennene  
Fylkeskommunene  
Kommunene

**Emne:**

Høring av Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel

**Innhold i e-posten:**

Miljøverndepartementet varsler med dette at forslag til Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel er sendt på høring i henhold til plan- og bygningsloven § 6-2 annet ledd. Høringsdokumentene er lagt ut på departementets hjemmesider, se lenke under.

Frist for å gi uttalelser til forslaget er 25. oktober 2013.

**Høring - Statlige planbestemmelser for kjøpesentre og handel**

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/dok/hoeringer/hoeringsdok/2013/planbestemmelse-kjopesentre-handel.html?id=734894>

Hilsen

Terje Kaldager  
Miljøverndepartementet  
Avdeling for regional planlegging  
Seksjon for miljø og samfunnsutvikling  
Tlf 22 24 59 47

Mobil 930 123 86

 **Tenk miljø - ikke skriv ut denne e-posten med mindre det er nødvendig**